



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2014

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4162, 5576, 5651 og 5652

Innhald

Del I	Innleiande del	9	Kap. 1144 Regionale og lokale tiltak i landbruket	98	
1	Oversikt over budsjettframlegget på programområde 15 Landbruk og mat ..	11	Kap. 1147 Statens reindriftsforvaltning	99	
1.1	Status og hovudprioriteringar	11	Kap. 4147 Statens reindriftsforvaltning	104	
1.2	Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet	12	Kap. 1148 Naturskade – erstatningar	104	
1.3	Oversiktstabellar	19	Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklings- tiltak i skogbruket	106	
1.4	Oppmodingsvedtak	21	Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	111	
1.5	Oversikt over stikkordet «kan overførast»	22	Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	143	
Del II	Budsjettframlegg	23	Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen	144	
2	Nærare omtale av løyvingforslaga	25	Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	147	
Programområde 15 Landbruk og mat ...	25	Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	150	Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	150
<i>Programkategori 15.00</i>			<i>Programkategori 15.40 Forretningsdrift</i>	151	
<i>Administrasjon m.m.</i>	25	Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	151	Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte ...	154
Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet	27				
Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet	28				
<i>Programkategori 15.10 Matpolitikk</i>	29				
Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet ...	34	Del III	Rapportering på dei landbruks- og matpolitiske måla	157	
Kap. 4112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet ...	42	3	Nærare om dei enkelte måla ...	159	
Kap. 1115 Mattilsynet	43	4	Overordna mål: Matsikkerheit	160	
Kap. 4115 Mattilsynet	52	5	Overordna mål: Landbruk over heile landet	166	
<i>Programkategori 15.20</i>		6	Overordna mål: Auka verdiskaping	172	
<i>Forskning og innovasjon</i>	53	7	Overordna mål: Berekraftig landbruk	177	
Kap. 1137 Forsking og innovasjon	56	8	Forskning og innovasjon skal bidra til at dei overordna landbruks- og matpolitiske måla blir nådde	183	
<i>Programkategori 15.30</i>		9	Ei omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning	189	
<i>Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</i>	67				
Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.	77				
Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	81				
Kap. 1141 Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringstiltak i landbruket	86				
Kap. 1143 Statens landbruksforvaltning	93				
Kap. 4143 Statens landbruksforvaltning	98				

Del IV	Særskilde tema	199	13	Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter (nettobudsjetterte verksemder)	208
10	Sektorovergripande miljøpolitikk	201			
11	Likestilling	205			
12	Omtale av tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege verksemder	207		Forslag.....	222

Tabelloversikt

Tabell 2.1	Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskningsinstitutta for 2012	64	Tabell 9.3	Anslag for årsverk fordelt på fagområde for Statens landbruksforvaltning, Statens reindriftsforvaltning og Fylkesmannens landbruksavdeling per 1.1.2013	194
Tabell 2.2	Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskningsinstitutta for 2012 ..	64	Tabell 9.4	Årsverk per fagområde for Mattilsynet per 1.1.2013	194
Tabell 2.3	Oversikt over støtte til organisasjoner, 2012	78	Tabell 9.5	Stillingar og løn etter kjønn i Landbruks- og matdepartementet, per oktober 2011 og 2012	196
Tabell 2.4	Oversikt over støtte i 2013 og budsjettframlegg for 2014	79	Tabell 9.6	Deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeld sjukefråvær etter kjønn i Landbruks- og matdepartementet, 2010, 2011 og 2012	196
Tabell 2.5	Budsjett for kap. 1139, post 70 i 2013 og budsjettframlegg for 2014	82	Tabell 9.7	Stillingar og løn etter kjønn i Mattilsynet per oktober 2011 og 2012	197
Tabell 2.6	Budsjett for kap. 1139, post 71 i 2013 og budsjettframlegg for 2014	85	Tabell 9.8	Deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon, og legemeld sjukefråvær etter kjønn i Mattilsynet, 2011 og 2012	197
Tabell 2.7	Tilsegningsfullmakt naturskadeerstatningar i 2014	106	Tabell 13.1	Utgifter og inntekter fordelte etter art	209
Tabell 2.8	Fylkesvise BU-midlar (ekskl. adm. kostnader og rentestøtte), mill. kroner	116	Tabell 13.2	Inntekter etter inntektskjelde	210
Tabell 2.9	Tilskott til skogbruk og bioenergi i perioden 2010–2012, mill. kroner	120	Tabell 13.3	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2010–2012	211
Tabell 2.10	Disponering av tilbakebetalte reguleringsmidlar	123	Tabell 13.4	Utgifter og inntekter fordelte etter art	212
Tabell 2.11	Prognose for kontantstraumar i LUF	124	Tabell 13.5	Inntekter etter inntektskjelde	213
Tabell 2.12	Oversikt over tildelingsramme for LUF 2013 –2014	125	Tabell 13.6	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2010–2012	214
Tabell 2.13	Helse- og utviklingstiltak sau og geit, avsetning i mill. kroner	131	Tabell 13.7	Utgifter og inntekter fordelte etter art	215
Tabell 2.14	Oversikt over aksjeselskap under Landbruks- og matdepartementet	152	Tabell 13.8	Inntekter etter inntektskjelde	216
Tabell 4.1	Tal på melde tilfelle av nokre viktige næringsmiddelborne infeksjonar der smitten har skjedd i Noreg	161	Tabell 13.9	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2010–2012	217
Tabell 5.1	Sysselsette personar i landbruket per fylke, 2011	169	Tabell 13.10	Utgifter og inntekter fordelte etter art	218
Tabell 6.1	Eigarar av jordbruksbedrifter, etter alder og kjønn 2011	175	Tabell 13.11	Inntekter etter inntektskjelde ..	219
Tabell 9.1	Årsverktutvikling i den statlege landbruks- og matforvaltninga, 2008–2013	192	Tabell 13.12	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2010–2012	220
Tabell 9.2	Årsverk, geografisk/fylkesvis fordeling for Mattilsynet, Statens landbruksforvaltning, Statens reindriftsforvaltning og Fylkesmannens landbruksavdeling per 1.1.2013	193			

Figuroversikt

Figur 1.1	Overordna målstruktur for Landbruks- og matdepartementet	13	Figur 5.1	Grupper av jordbruksverksemdar, etter storleiken på jordbruksareal i drift	167
Figur 2.1	Horisontale og spesifikke verkemiddel	113	Figur 7.1	Omdisponert areal i dekar, fordelt på dyrka og dyrkbar mark, sum jordlov og plan- og bygningslov, 1994–2012	178
Figur 4.1	Utvikling i økologisk og karensareal og økologiske driftseiningar, 2000–2012	163			



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2014

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4162, 5576, 5651 og 5652

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 20. september 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Innleiande del

1 Oversikt over budsjettframlegget på programområde 15 Landbruk og mat

1.1 Status og hovudprioriteringar

Arbeidet med landbruks- og matpolitikken er forankra i Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* og Soria Moria-erklæringa. Landbruks- og matmeldinga er ei melding for ein framtidsretta landbruks- og matpolitikk i Noreg. Meldinga legg til grunn fire overordna mål; *matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk*. Gjennom behandlinga av meldinga slutta Stortinget seg til desse måla.

For regjeringa er det svært viktig å ha eit norsk landbruk som produserer nok og trygg mat for innbyggjarane på ein berekraftig måte. For den norske matproduksjonen er det særskilte utfordringar knytt til ein kort vekstsesong, spreidde landbruksareal og eit kaldt klima. I tillegg er det eit høgt kostnadsnivå og høg konkurranse om arbeidskrafta i Noreg samanlikna med dei fleste andre land. Trass i desse krevjande rammevilkåra, har produksjonen av mat auka dei siste tiåra, blant anna fordi regjeringa har bruka tollvernet aktivt, auka målprisane og auka overføringane til jordbruket. For at denne utviklinga skal halde fram, må det satsast på utvikling av kompetanse i heile verdikjeda. Landbruket må vere ein attraktiv arbeidsplass, både for å sikre eksisterande arbeidsplassar og for å gje grunnlag for ny rekruttering.

Statistikken frå FN sin organisasjon for mat og landbruk (FAO) viser at ei aukande folkemengde krev meir produksjon av mat. For å ha nok mat til 9 mrd. menneske er det nødvendig at matproduksjonen aukar med omkring 70 pst. på verdsbasis innan 2050. Dette er ei stor utfordring.

I følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) vil det i 2030 vere om lag ein million fleire innbyggjarar i Noreg enn det er i dag. Landbruks- og matpolitikken vil difor, der det er eit naturleg grunnlag for det, leggje til rette for meir matproduksjon som dekkjer auka etterspørsel. Matproduksjon frå land og sjø, basert på berekraftig bruk av nasjonale ressursar, er eit fundament for matsikkerheita. Nasjonal matsikkerheit er avhengig av kontinuerleg produksjon av mat, ivaretaking av produk-

sjonsgrunnlaget og eit velfungerande handelssystem. Globale utfordringar med spesielle vêrforhold har ført til auka ustabilitet i den globale kornmarknaden. Avlingsnivå og kvalitet på det norske matkornet har også vist auka ustabilitet dei siste åra og gjort Noreg meir avhengig av import. For å gje auka tryggleik i forsyninga av matkorn til den norske marknaden, gjer regjeringa framlegg om å etablere ei ordning med beredskapslagring av matkorn.

Evna til å produsere nok mat er avhengig av sentrale rammevilkår. Klimaendringane, som bidreg til temperaturauke, endring i nedbørmengder og ustabil vêr, skapar både utfordringar og moglegheiter for landbruket. Dette er nærare omtalt i St.meld. nr. 39 (2008–2009); *Klimautfordringane – landbruket en del av løsningsen*. Regjeringa vil bidra til at landbrukssektoren kan utvikle betre og fleire tiltak for å redusere utsleppa av klimagassar og forsterke dei positive klimabidraga som sektoren allereie gjev gjennom lagring av karbon i skog og jordsmonn. Samanhengane mellom klimautfordringane og sikker tilgang til nok og trygg mat står sentralt her. Målet er å produsere mat med lågast mogleg klimagassutslepp, og å utnytte fornybare ressursar på ein måte som bidreg til så store kutt i klimagassutsleppa som mogleg. Landbruks- og matpolitikken skal bidra til eit meir miljøvennleg landbruk. Av Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*, går det fram at regjeringa legg vekt på å fremje og forsterke gode klimatiltak i landbruket.

Regjeringa vil sikre utøvarane i landbruket ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper. Regjeringa vil difor vidareutvikle inntekts- og velferdspolitikken i landbruket med utgangspunkt i den landbrukspolitikken som er ført etter 2005. Forskingsbasert kunnskap og høg innovasjonsevne er nødvendig for å nå dei landbruks- og matpolitiske måla. Dette er også ein føresetnad for konkurransevne i verdikjeda for jordbruk, reindrift, skog og innanfor dei mange bygdenæringane. Regjeringa vil difor leggje til rette for å vidareutvikle ein målretta og langsiktig forskings- og innovasjonspolitikken som omfattar

heile breidda i norsk landbruks- og matsektor, frå primærledd til industri. Den skal samtidig dekkje spennet frå volumproduksjon av mat og fiber til produksjon av andre varer og tenester basert på dei samla ressursane i landbruket.

Norsk landbruk har gjennomgått store endringar, drive fram av endra rammevilkår, teknologisk utvikling og ny kunnskap. Alt tilseier at det også framover vil vere moglegheiter for vekst i sektoren som resultat av nye produkt og tenester, nye måtar å samhandle på, nye måtar å organisere næringsverksemd på m.m.

Verdikjedene i landbruket er blant dei mest komplette verdikjedene i norsk næringsliv, og omfattar alt frå forskning, produksjon av innsatsvarer, næringsmiddelindustri til forbrukar. Jordbruket sysselsette i 2011 om lag 49 400 årsverk. Matindustrien er den nest største industribransjen i Noreg. Inkludert fisk hadde matindustrien i 2012 ein brutto produksjonsverdi på om lag 161 mrd. kroner, og ei sysselsetjing på om lag 47 500 personar. Ein stor del av matindustrien er avhengig av norske råvarer i produksjonen. Skogbruk og trebasert industri sysselsette i 2011 om lag 24 600 personar. Trebasert industri hadde i 2011 ein brutto produksjonsverdi på om lag 41,9 mrd. kroner, og eksporterte for om lag 12 mrd. kroner. Førstehandsverdien av tømmeret som blei omsett var på om lag 3,1 mrd. kroner.

Skog- og tresektoren står overfor store utfordringar. Låg økonomisk vekst som følgje av den globale finanskrisa, redusert konkurransevne og lågare etterspørsel etter trykkipapir har ført til mindre etterspørsel etter trebaserte produkt, særleg papir og cellulose. Produksjonen på ei av dei største treforedlingsbedriftene i landet, Södra Cell Tofte AS, blei lagt ned i august 2013. Dette har ført til press på avsetning og pris på store mengder massevirke og auka transportkostnadar, med konsekvensar for lønsemd og konkurransevne også til sagbruk og annan tremekanisk industri. Lønssam skogindustri i Noreg er viktig for verdiskapinga frå tømmer, for aktiviteten i skogen og bygdene, og for skogen sine positive energi- og klimabidrag. Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å leggje til rette rammevilkår og satsing på omstilling og lønssam utvikling i sektoren. For å leggje til rette for styrkt konkurransekraft i skogsektoren, vil regjeringa setje ned eit utval som skal utarbeide ein strategi for forskning, utvikling, innovasjon og kunnskapsformidling – Skog22.

Landbruks- og matsektoren har eit breitt samfunnsansvar, og spelar ei viktig rolle for folk og næringsliv over heile landet. Jordbruk, skogbruk, reindrift og andre aktivitetar basert på land-

brukets ressursar er viktig for økonomisk aktivitet og for å halde oppe hovudtrekka i busetjingsmønsteret og å utvikle lokalsamfunna. Landbruket skal vere produsent både av råvarer og tenester og av ulike fellesgode, som matsikkerheit, busetjing, ulike miljøgode, kulturlandskap og karbonlager i skogen og jorda. Eit aktivt landbruk er også eit vilkår for å oppretthalde viktige verdiar, som trygg og lokal mat, vakre kulturlandskap, friluftsliv, jakt og fiske, hagestell og parkanlegg, reiselivsopplevingar og nærleik til sports- og kjæledyr. For å sikre god utnytting av ressursane, er det viktig å ta heile landet i bruk.

Eit gjennomgåande utviklingstrekk er at forbrukarane ønskjer større utval av norske varer. For nokre varetypar gjev dette tilbakegang, mens for andre varetypar gjev dette vekst og nye moglegheiter. Maten er også knytt til kultur, historie og identitet, og er ein del av ein felles kulturarv. Det er til dømes aukande etterspørsel etter mat med lokal forankring, noko som kan gje høve for innovasjon og nyskaping i landbruks- og matsektoren. Det er difor viktig å stimulere til utvikling av matmangfald og matkultur og til god informasjon om dei produkta forbrukarane kjøper.

Samfunnstryggleik og beredskap er eit viktig område innanfor landbruks- og matsektoren. Matpolitikken til regjeringa er basert på at maten skal vere trygg, og forvaltninga arbeider difor kontinuerleg for å vere budd på hendingar som kan utgjere eit trugsmål mot trygg mat og matsikkerheita. Det blir gjennomført tilsyn, kartlegging og overvaking i matproduksjonskjeda, og det blir jamleg gjennomført beredskapsøvingar i landbruks- og matsektoren.

1.2 Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet

Landbruks- og matdepartementet arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle mål- og resultatstyring som styringssystem for landbruks- og matpolitikken. Det har vore eit behov for i større grad å spesifisere dei måla regjeringa ønskjer å nå. I tillegg har det vore eit behov for å utvikle system som gjer det enklare å vurdere samanhengen mellom mål og faktiske resultat, jf. også Dokument 3:12 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av måloppnåelse og styring i jordbruket*. Under blir hovudtrekka i målstrukturen med overordna mål og resultatområde kort presentert. Ei meir detaljert rapportering på delmåla går fram av del III i proposisjonen.

Matsikkerheit	Landbruk over heile landet	Auka verdiskaping	Berekraftig landbruk
Auka berekraftig matproduksjon Trygg mat og fullverdig kosthald Ivareta forbrukerinteresser Etisk forsvarleg hald av dyr Noreg som aktiv internasjonal aktør Vidareutvikle Noreg som matnasjon	Sikre bruk av landbruksareal Styrkje og bidra til sysselsettjing og busetjing Politikk tilpassa regionale moglegheit og utfordringar	Konkurransedyktige verdikjeder og robuste einingar Gode kompetansmiljø Konkurransedyktige inntekter	Beskytte arealressursane Produksjon av miljøgode Sikre naturmangfald Klimautfordringane–landbruket ein del av løysinga Redusere forureininga frå jordbruket
Forskning og innovasjon skal bidra til at dei overordna landbruks- og matpolitiske måla blir nådde			
Ei omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning			

Figur 1.1 Overordna målstruktur for Landbruks- og matdepartementet

Forskning og innovasjon og ei omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning er tverrgående verkemiddel, og skal bidra til at dei fire overordna måla blir nådd.

Matsikkerheit

Auka berekraftig matproduksjon

Den viktigaste oppgåva for landbruket er å produsere nok, variert og trygg mat av god kvalitet. Regjeringa vil difor, innanfor dei gitte handelspolitiske rammene, leggje til rette for auka produksjon av jordbruksvarer som det er naturleg grunnlag for og som marknaden etterspør, slik at sjølvforsyningsgraden kan oppretthaldast om lag på nivået i dag. Tal frå SSB viser at folkemengda i Noreg vil auke med om lag 20 pst. innan 2030. Det er difor viktig å ta heile landet i bruk og leggje til rette for ein variert bruksstruktur med innslag av både små og store bruk. Her er særleg nasjonale ressursar som grovfôr og beite viktige. I tillegg er importvernet nødvendig for å sikre avsetning for norske jordbruksvarer, og for å kunne gje eit grunnlag for at bøndene skal ha gode inntektsforhold. Sjølvforsyningsgraden viser kor stor del av matvareforbruket på engrosnivå, rekna på energibasis, som kjem frå norsk produksjon av jordbruksprodukt. I 2012 var sjølvforsyningsgraden for jordbruksvarer på 48 pst. målt i energi. Eit anna mål er heimemarknadsdelen som vil seie produksjon for heimemarknaden som del av totalmarknaden målt i kroner (verdi). I dag ligg heimemarknadsdelen for matindustrien på 80 pst. For sentrale produkt som kjøtt, potet og meierivarer er heimemarknadsandelen nær 100 pst. Produksjonen av mat har også ein eigenverdi utover det å

ivareta etterspørselen i marknaden, gjennom å gje fellesgode som matsikkerheit, busetjing, kulturlandskap og karbonlager i jord og skog.

Trygg mat og fullverdig kosthald

All mat som blir omsett i Noreg skal vere trygg, utan farlege smittestoff og framandstoff. Det gjeld enten maten er framstilt i Noreg eller utanlands. Det er verksemdene i matproduksjonskjeda som sit med ansvaret for at maten er trygg. Samanlikna med andre land, har Noreg sjeldne førekomstar av matboren sjukdom. Førekomsten av smittestoff i mat er relativt låg. Norsk dyrehelse er i verdstoppen. Det er difor stabil og avgrensa førekomst av sjukdommar hos husdyr som kan overførast til menneske, direkte eller gjennom mat. Antibiotikabruken i norsk husdyrhald er lågare, og til dels svært mykje lågare, enn i andre europeiske land. For å oppretthalde denne gunstige situasjonen er det viktig å sikre gode rutinar og god hygiene i heile matproduksjonskjeda. Det er også viktig med gode førebyggjande tiltak og beredskap. Ernæring og kosthald er viktig i det nasjonale folkehelsearbeidet.

Ivareta forbrukerinteresser

Regjeringa skal styrkje rettane, interessene og tryggleiken til forbrukarane. Difor spelar forbrukarane ei viktig rolle i landbruks- og matpolitikken ved at synspunkt frå forbrukarane og forbrukaromsyn skal kome til uttrykk i den faktiske utforminga av politikken. Det gjeld til dømes faktorar som kvalitet, pris og vareutval. Forbrukarane, matbransjen og styresmaktene har også

merksemd på merking av mat. Det er sentralt at forbrukarane har god og rett informasjon om produkta dei kjøper slik at dei kan gjere informerte val. Økologisk landbruk er viktig for matmangfaldet og kan bidra til å fremje eit meir miljøvennleg jordbruk.

Etisk forsvarleg hald av dyr

God dyrevelferd er viktig for dyra, eit kollektivt gode for samfunnet og eit konkurransefortrinn for norsk landbruk.

Ansvar for dyrevelferda ligg på den som har den daglege omsorgen for dyret. Ei ny og modernisert lov om dyrevelferd blei sett i kraft frå 1. januar 2010. Gjennom denne lova er det lagt til rette for lettare å kunne fange opp alvorleg omsorgssvikt for dyr, samstundes som Mattilsynet har fått fleire nye verkemiddel for effektiv å kunne følge opp brot på regelverket. God dyrehelse er eit viktig grunnlag for god dyrevelferd. Det er både faglege og ressursmessige synergjar i at Mattilsynet har ansvaret for tilsyn med begge desse områda.

Dyrevelferda er gjennomgåande god i Noreg, sjølv om det er utfordringar både i enkelte produksjonar og hos enkeltprodusentar. Tap av dyr på utmarksbeite er eit viktig problem for dyrevelferda. Rovviltforliket i Stortinget 2011 legg til rette for reduserte tap. Likevel er beitedyr som blir drepne av rovvilt innanfor område som er prioriterte til beitebruk, framleis ei stor utfordring.

Regjeringa vil sette ned eit eige utval som skal gjennomgå pelsdyrnæringa med sikte på å gje føreseielege rammevilkår for næringa. Utvalet skal greie ut både eit alternativ med berekraftig utvikling og eit alternativ med styrt avvikling.

Noreg som aktiv internasjonal aktør

Regjeringa legg vekt på at Noreg skal spele ei viktig rolle som konstruktiv internasjonal aktør. Matsikkerheit, under dette også bidrag frå nasjonal produksjon, står høgt på den internasjonale dagsorden.

Noreg deltek aktivt i ulike typar forhandlingar, til dømes i WTO-systemet, der ei viktig oppgåve for Noreg er å sikre framtidig handlingsrom for ein offensiv nasjonal landbrukspolitik. I tillegg legg EØS-avtalen sentrale føringar på regelverk for mat og innsatsfaktorar i Noreg. Det norske regelverket er harmonisert med regelverk i EU-systemet på matområdet. Regjeringa legg vekt på ein aktiv, open og tydeleg europapolitikk.

Regjeringa vil auke støtta til landbruket i utviklingsland, både bilateralt og multilateralt. Dette er eit viktig bidrag til auka matsikkerheit. Klimaendringar skapar også utfordringar for matsikkerheita internasjonalt. Eit sterkt internasjonalt samarbeid for å stoppe tap av genetisk variasjon står difor sentralt. I tillegg er det viktig å følgje det internasjonale samarbeidet om eit meir klimavennleg og berekraftig jord- og skogbruk. Departementet vil prioritere deltaking i dei internasjonale klimaforhandlingane som gjeld skog i arbeidet med ein heilskapelig klimaavtale, i tillegg til andre prioriterte internasjonale prosesser som skal bidra til berekraftig skogforvaltning.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Satsing på produksjon av mat med lokal identitet er viktig for næringsutvikling og verdiskaping i heile landet. For stadig fleire bønder er produksjon av lokal mat ein viktig måte å få nytta ressursgrunnlaget på garden, og på den måten få fleire bein å stå på. Frå 2013 blei Utviklingsprogrammet for lokalmat og Utviklingsprogrammet for grønt reiseliv slått saman for å samkjøre tiltaka knytt til matkultur, reiseliv og unike opplevingar.

Landbruk over heile landet

Sikre bruk av landbruksareal

Eit viktig mål i landbruks- og matpolitikken er å leggje til rette for landbruk over heile landet. Landbruket omfattar jordbruk, skogbruk, reindrift og bygdenæringar. Jordbruksarealet er ein avgrensa ressurs. Knappe 3 pst. av norsk areal er jordbruksareal, og under 1/3 av dette er kornareal. Det er difor viktig å utnytte jordbruksarealet og ta vare på avgrensa ressursar på ein god måte med sikte på busetjing, verdiskaping, sysselsetjing og ivaretaking av kulturlandskapet.

Gjennom beitebruk i utilgjengelege fjellområde og utmark bidreg småfe- og reindriftnæringa til å utnytte norske arealressursar. Den geografiske produksjonsfordelinga må vidareførast for å sikre god utnytting av arealressursane. Regjeringa legg vekt på bruk av nasjonale ressursar som grovfôr og beite. I yngleområda for store rovvilt kan beiteressursane i liten grad nyttast til tradisjonelt utmarksbeite. Skog dekkjer i følgje SSB rundt 40 pst. av landarealet eller 26 pst. dersom ein reknar på den produktive skogen. Skogbruk er difor viktig for verdiskapinga i store delar av landet, både i kombinasjon med jordbruk og som reine skogeigedommar. I klimasamanheng vil regjeringa auke det produktive skogarealet

gjennom tilplanting av nye areal for å utnytte skogens evne til opptak av karbon betre. Det er også eit mål å forvalte eksisterande areal meir optimalt i eit klimaperspektiv, mellom anna gjennom tettare planting, målretta gjødsling av skog og styrkja innsats innan skogplanteforedling.

Styrkje og bidra til sysselsetjing og busetjing

Landbruks- og matpolitikken er viktig for å nå regjeringa sitt mål om å ta heile landet i bruk. Regjeringa vil leggje til rette for å utløyse verdiskapingspotensialet knytt til bredda av landbrukets ressursar, og mobilisere til ny aktivitet og engasjement som kan styrkje utviklinga av dei enkelte lokalsamfunna. Dei om lag 154 100 landbrukseigedommane i Noreg med bustadhus utgjør eit viktig grunnlag for busetjing og sysselsetjing, og for utvikling og produksjon av varer og tenester med utgangspunkt i landbruket.

For å kunne utnytte landbruksressursane på ein betre måte har regjeringa dei siste åra fått gjennomført store endringar i eigeomslovgjevinga. Seinast i 2013 vedtok Stortinget etter forslag frå regjeringa ny jordskiftelov og endringar i odelslova og i delingsføresegna i jordlova. Endringane i jordlova legg til rette for å styrkje busetjinga i distrikta og for å kunne redusere delen leigejord.

Samspel mellom landbruket og andre næringar og sektorar vil også vere viktig for auka utnytting av landbrukets ressursar til sysselsetjing og busetjing.

Politikk tilpassa regionale vilkår og utfordringar

For å fange opp regionale skilnader i moglegheiter og utfordringar, vil regjeringa utforme ein meir regionalt tilpassa landbruks- og matpolitikk. Dei nasjonale ordningane skal ha ein sterk distriktsprofil, det skal bli større rom for å utvikle ein politikk tilpassa regionale føresetnader, og landbruksavhengige kommunar skal ha særskild merksemd på framtidig prioritering av verkemiddel og innsats. Gjennom oppretting av regionale bygdeutviklingsprogram frå 2013 blir ein større del av verkemidla forvalta regionalt. Ved å styrkje det regionale ansvaret er målsetjinga å samordne det regionale miljø- og næringsarbeidet, bidra til auka mobilisering av lokale ressursar og byggje opp under den lokale vekstkrafta. For å styrkje og vidareutvikle landbruket i nordområda og fjellområda, er det sett i verk ei satsing på arktisk landbruk frå 2013, og ei satsing på fjellandbruket kjem i gang frå 2014.

Auka verdiskaping

Konkurransedyktige verdikjeder og robuste einingar

Verdiskaping er viktig for å nå måla om auka matproduksjon og å ha eit landbruk over heile landet. Konkurransedyktige verdikjeder og robuste einingar står difor sentralt i norsk landbruks- og matpolitikk. Norsk landbruks- og matsektor er samansett av mange ulike verdikjeder. I alle ledda i desse verdikjedene er det sjølvstendig næringsdrivande som må vere konkurransedyktige. Dette gjev utfordringar, men også grunnlag for innovasjon og vekst. Regjeringa ønskjer også eit løft for bygdenæringar gjennom å leggje til rette for ei vidareutvikling av lønsame bygdenæringar, gjerne i kombinasjon med tradisjonell produksjon. Her er det eit potensial for utvikling av nye produkt som kan gje potensial for auka verdiskaping. Etterspørsel etter nye produkt gjev moglegheiter for å styrkje inntektsgrunnlaget.

Regjeringa har følgd opp fleire av tiltaka som Matkjedeutvalet tilrådde i si innstilling, NOU 2011: 4 *Mat, makt og avmakt*. I oktober 2012 oppnemnde regjeringa eit ekspertutval som har greidd ut om korleis prinsippet om god handelskikk i daglegvarebransjen og omsynet til forbrukarane kan integrerast i lovgjevinga. Eit samstemd lovutval foreslår ei lov om god handelskikk som vil leie til samfunnsøkonomisk effektive løysingar og som tek vare på viktige forbrukaromsyn som lågare prisar, betre utval, tilgjenge og kvalitet.

Skogressursane er fornybare, og skogbruket er ei viktig næring nasjonalt, regionalt og lokalt. Det er innanlandsk foredling og bruk av skogen som gjer skogen viktig for sysselsetjing og verdiskaping i Noreg. Den tradisjonelle treforedlingsindustrien møter auka utfordringar i marknaden. Framtidig vekst i denne industrien vil truleg måtte komme frå nye produkt og nye produksjonsprosessar. Mykje av det som no blir laga av olje kan også bli laga av tre. Det ligg eit stort potensial i å utnytte dei miljømessige fortrinna til trevirket til nye produkt og auka verdiskaping.

Gode kompetansemiljø

God rekruttering og høg kompetanse er sentralt for å nå måla i landbruks- og matpolitikken. Kompetent arbeidskraft og høg kompetanse i heile verdikjeda er ein føresetnad for ein konkurransekraftig landbruks- og matsektor. Regjeringa vil leggje til rette for dette gjennom å ivareta og

utvikle utdanningssystemet og satse på forskning og innovasjon som grunnlag for nye produkt, produksjonsmetodar, nye tenester og betre effektivitet. God formidling av kunnskap mellom dei ulike aktørane i utdanningsmiljøa og næringa er viktig slik at sektoren kan ta i bruk ny kunnskap. Regjeringa vil styrkje kompetansen og rekrutteringa til landbruksyrka og industri som baserer seg på landbrukets ressursar.

I tillegg til å vidareutvikle det nye universitetet på Ås, vil Regjeringa vidareføre arbeidet med styrking av Høgskolen i Hedmark (HH) og Høgskolen i Nord-Trøndelag (HiNT) som viktige kompetanse- og kunnskapsmiljø for norsk landbruk og for utviklinga av regionalt næringsliv. Det er inngått ein intensjonsavtale mellom Landbruks- og matdepartementet, Nord-Trøndelag fylkeskommune, Steinkjer kommune og HiNT om å vidareutvikle eit robust kompetansmiljø innan agronomi og husdyrbruk. Arbeidet skal styrkjast ytterlegare i 2014. Tilsvarende intensjonsavtale er inngått mellom Landbruks- og matdepartementet, Hedmark fylkeskommune, Hamar kommune og HH om å vidareutvikle deira kompetanse innan agronomi og landbruksteknikk. Vidare gjer departementet framlegg om å styrkje kunnskapsmiljøa innan landbruk og anvendt bioteknologi på Hamar. Målsetjinga er å utvikle eit sterkt miljø som grunnlag for kunnskapsproduksjon og etablering av arbeidsplassar innan dei biobaserte næringane i regionen, jf. nærare omtale i kap. 1137.

Konkurransedyktige inntekter

Eit levedyktig landbruk er avhengig av nyrekruttering og at godt kvalifisert arbeidskraft ønskjer å fortsetje i landbruks- og matsektoren. Eit vilkår for dette er konkurransedyktige inntekter. Ei rekkje rammvilkår har innverknad på inntektsnivået i jordbruket, nokon er innanfor mens andre er utanfor verkeområdet til landbruks- og matpolitikken. Frå 1. januar 2013 blei tollsatsane for ost og kjøtt av storfe og lam lagt om frå kronetoll til prosenttoll, noko som gjev sterkare vern mot import. Regjeringa har på denne måten lagt til rette for auka produsentprisar og inntektsmoglegheiter i landbruket. Regjeringa ønskjer å sikre utøvarane i landbruket ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper. Regjeringa vil difor vidareføre inntekts- og velferdspolitikken i landbruket med utgangspunkt i den landbrukspolitikken som er ført etter 2005.

Berekraftig landbruk

Beskytte arealressursane

Rett vern og bruk av arealressursane er ein føresetnad for å kunne auke matproduksjonen, ivareta eit aktivt landbruk over heile landet og sikre at norsk matproduksjon så langt som mogleg er basert på norske ressursar. Både mengd og kvalitet på jord er avgjerande for landbruket og måloppnåinga i landbruket. Regjeringa legg vekt på ei styrking av jordvernet i heile landet og ein politikk som sikrar god utnytting av jordbruksareala. Det er viktig å unngå nedbygging av dyrka mark. Difor er det eit mål å avgrense omdisponeringa til under 6 000 dekar dyrka mark per år. Eit langsiktig perspektiv er nødvendig for å nå målet om eit berekraftig landbruk. Klimaendringar og press på ressursgrunnlaget utgjør også eit trugsmål mot målet om ein auke i matproduksjonen.

God agronomi er sentralt for å kunne auke produksjonen, sikre god produktivitet og ha ei best mogleg utnytting av jordbruksareala. Regjeringa har innført eit tilskott til grøfting innan SMIL-ordninga i 2013. Gjennom jordbruksoppgjæret 2013 blir rettleiingstenesta i landbruket styrkt og samordna. Norsk landbruksrådgivning (NLR) får ei auka løyving. NLR får i tillegg overført rettleiingsoppgåver innanfor økologisk jordbruk, og det blir lagt til rette for samanslåing med Landbrukets HMS-teneste.

Samisk reindrift bidreg til eit levande landbruk. Oppfølging av dei siidaandelane som har eit for høgt reintal, har høg prioritet i 2014. Ut frå bruksreglane som er etablert er det nødvendig å redusere talet på rein med om lag 40 000 over ein periode på inntil 3 år. Denne reduksjonen skal i all hovudsak gjennomførast i Aust- og Vest-Finnmark reinbeiteområde.

Produksjon av miljøgode

Landbruket er ein viktig produsent av miljøgode, spesielt viktig er skogen og jordas rolle som karbonlager i klimasamanheng, bevaring av biologisk mangfald og pleie av kulturlandskap. Aktivt landbruk i heile landet er svært viktig for bevaring av kulturlandskapa. Slike kulturlandskap er sentrale miljøgode, både for dei som bur i lokalmiljøet og for turistar, og sikrar at ei rekkje sårbare og truga artar får gode levevilkår. Produksjon av miljøgode er ein viktig målsetnad for verkemiddelbruken i landbrukspolitikken.

I Noreg er det om lag 1 000 trua artar knytte til landbrukets kulturlandskap. Aktiv jord- og beitebruk er viktig for å ivareta naturtypar og artar.

Klimautfordringane – landbruket ein del av løysinga

Klimaendringar har innverknad på landbruket. Landbruket har også innverknad på klimaet, både gjennom utslepp, men også gjennom opptak av klimagassar. Landbruket spelar ei viktig rolle i løysinga av klimautfordringane, noko som er presentert i St.meld. nr. 39 (2008–2009). Auka karbonlagring i skog og jord og produksjon av fornybar energi til erstatning for fossile kjelder vil vere viktige bidrag for å redusere dei samla klimagassutsleppa. Skogen er særleg viktig for opptak og lagring av karbon. Eit aktivt skogbruk er ein viktig del av klimapolitikken til regjeringa jf. Meld. St. 21 (2011–2012). Aktuelle tiltak for å styrkje skogens rolle er auka skogplanting og andre skogkulturtiltak og bruk av tre til byggematerialer og fornybar energi. Regjeringa legg vekt på energieffektivisering og produksjon av fornybar energi som ein del av løysinga. Difor har regjeringa eit mål om å auke utbygginga av bioenergi med inntil 14 TWh innan 2020. Sidan all matvareproduksjon fører til klimagassutslepp, er det ei utfordring å auke matproduksjonen samstundes med reduksjon i klimagassutsleppa. Løysinga for landbruket er å redusere eigne utslepp gjennom meir effektiv produksjon.

Redusere forureininga frå jordbruket

Næringsstoffavrenning frå jordbruksareal er ei utfordring for vasskvaliteten i utsette vassdrag og kystområde. Mildare vintrar med kortare frostperiodar har bidrege til å auke utfordringa med avrenning, og har i enkelte tilfelle ført til at avrenninga er stor trass i at fleire tiltak er utførte. I enkelte andre område er det høg tettleik av husdyr. Det kan gje utfordringar med fosforavrenning og ammoniakktap frå husdyrgjødsel dersom gjødsla ikkje handterast på rett måte.

Kjemiske plantevernmidde er innsatsvarer for å kontrollere skadegjerarar som samstundes kan ha uønskte effektar på helse og miljø.

Utfordringane med forureining frå jordbruket blir handterte gjennom ein kombinasjon av juridiske og økonomiske verkemiddel og informasjonstiltak. Landbruks- og matdepartementet har mellom anna starta ei revidering av regelverket for husdyrgjødsel. Dei regionale miljøprogramma er nyleg reviderte. Auka målretting av midla til tiltak som gjer mest miljønytte har vore sentralt i arbeidet.

Forskning og innovasjon skal bidra til at dei overordna landbruks- og matpolitiske måla blir nådde

Befolkningsvekst og klimaendringar inneber store utfordringar, men også betydelege moglegheiter for landbruks- og matsektoren. Høg kunnskapsproduksjon og ein omfattande forskingsinnsats er nødvendig for å nå dei overordna landbruks- og matpolitiske måla i Meld. St. 9 (2011–2012). Landbruks- og matdepartementet legg vekt på forskning for auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat. Forskingsløysingane til betre agronomi, klimatilpassingar og miljøomsyn er auka. I tillegg har to ekspertgrupper vurdert forskingsbehov knytt til auka korn- og storfekjøttproduksjon i Noreg.

Departementet legg vekt på å leggje til rette for auka innovasjon og konkurransekraft i næringsmiddelindustrien. Dette blir følgt opp gjennom løysingar til næringsretta programaktivitet i Noregs forskingsråd.

Landbruks- og matforskinga må følgjast opp med målretta formidling slik at ny kunnskap på ein rask og effektiv måte når ut til aktørane som kan ta kunnskapen i bruk. For å lukkast med dette er det nødvendig å sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike aktørane i landbruks- og matnæringa.

Norsk deltaking i internasjonal forskning på landbruks- og matområdet er nødvendig for å løyse felles utfordringar, fornye norsk forskning og for å kunne forstå og utnytte forskingsresultat frå andre land. Dette krev internasjonal spisskompetanse i forskingsmiljøa. Noreg bør difor oppretthalde høg nasjonal aktivitet innanfor dei områda av landbruks- og matforskinga vi har størst moglegheit til å hevde oss internasjonalt.

Regjeringa har varsla at Noreg skal gå inn som fullt medlem av EU sitt nye forskings- og innovasjonsprogram, Horisont 2020. Programmet samsvarer godt med dei norske forskingspolitiske prioriteringane på landbruks- og matområdet, og det er difor grunn til å tru at kommisjonen sitt forslag til rammeprogram opnar for auka deltaking frå norske landbruks- og matforskingmiljø.

I tillegg til ei styrking av dei landbruksfaglege og bioteknologiske kunnskapsmiljøa i Hamarregionen, vil vidare utgreiing om moglegheitene for eit innovasjonssenter på Ås vere sentralt for å styrkje grunnlaget for auka næringslivssamarbeid og kommersialisering av forskning. Departementet vil følgje opp dette arbeidet.

Ei omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning

Ei velfungerande og omstillingsdyktig landbruks- og matforvaltning er avgjerande for å gjennomføre regjeringas mål for landbruks- og matpolitikken. Dei overordna måla for landbruks- og matpolitikken gjer det nødvendig med eit omfattande verkemiddelapparat. Samtidig må måla realiserast mest mogleg effektivt. Det er viktig at dei landbruks- og matpolitiske virkemidla blir utvikla vidare slik at det blir enklare for dei næringsdrivande, forvaltninga og samfunnet elles.

Landbruks- og matdepartementet vil vidareutvikle landbruks- og matforvaltninga som ei omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning som gjennom dialog med andre styresmakter, organisasjonar og brukarar må evne å endre seg i takt med samfunnsutviklinga. Departementet vil også arbeide for at digitale tenester som forvaltninga og instituttsektoren tilbyr skal vere effektive, moderne, framtidretta og tilpassa både brukarar

og offentleg sektor. Mål- og resultatstyring skal utviklast vidare som eit grunnleggjande prinsipp for departementet si styring, oppfølging og kontroll av landbruks- og matforvaltninga.

Samfunnstryggleik og beredskap

Landbruks- og matdepartementet har eit sektoransvar for samfunnstryggleik og beredskap. Ansvar er i hovudsak knytt til produksjon av mat og mattryggleik og er eit viktig moment i styringa av dei underliggjande verksemdene. Systematisk tilnærming, høg leiarmerksemd og overordna forståing av risiko og sårbarheit er viktige element i departementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Mattilsynet har ei viktig rolle både i å førebyggje og handtere hendingar som utbrot av alvorlege smittsame dyresjukdommar og tilfelle med utrygg mat på marknaden. Tilsynet legg stor vekt på øvingar for å lære og samstundes vere budd på slike hendingar.

Nemning	mill. kr		
	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
<i>Programområde 15 Landbruk og mat</i>			
15.00 Administrasjon m.m.	147,6	150,5	2,0
15.10 Matpolitikk	1 376,8	1 413,2	2,6
15.20 Forsking og innovasjon	425,9	448,1	5,2
15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	15 149,9	15 479,7	2,2
Sum Landbruks- og matdepartementet	17 100,2	17 491,5	2,3

På Landbruks- og matdepartementet sitt budsjettområde er det gjort framlegg om ein auke på 391 mill. kroner, eller 2,3 pst. samanlikna med saldert budsjett 2013. Hovuddelen av løyvingane over departementet sitt budsjettframlegg går til gjennomføring av næringsavtalane for jordbruk og reindrift. Til saman 14,525 mrd. kroner er foreslått løyvd over næringsavtalane. Dette svarar til om lag 83 pst. av Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett.

Hovudprioriteringane i budsjettforslaget for Landbruks- og matdepartementet i 2014 er, i tråd med Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken*:

- Vidareføre arbeidet for sikker og trygg mat
- Auke løyvingane over jordbruksavtalen med prioritering av storfekjøtt, korn og grøntsektoren

- Auke satsinga på forsking og innovasjon innan landbruks- og matsektoren
- Tiltak for skog- og trenæringa

Regjeringa gjer framlegg om løyvingar under kategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak på 15 479,7 mill. kroner. Dette svarer til ei auke på 329,8 mill. kroner frå saldert budsjett 2013. Jordbruksavtalen i 2013 gjev ein auke i løyvingane i 2014, jf. Prop. 164 S (2012–2013) *Jordbruksoppgjøret 2013*, på 500 mill. kroner når ein ser bort frå den ekstraordinære eingongsløyvinga på 275 mill. kroner til Landbrukets utviklingsfond i 2013. I jordbruksoppgjøret blei det også lagt til grunn auka målprisar. Verkemidla under jordbruksavtalen bidreg til å gje næringa eit betydeleg inntektsløft.

Regjeringa gjer framlegg om eit budsjett under programkategori 15.10 Matpolitikk på 1 413,2 mill. kroner. Dette er ein auke på 36,4 mill. kroner. Arbeidet med å sikre trygg mat i heile matproduksjonskjeda held fram. Gjennom budsjettforslaget legg Landbruks- og matdepartementet opp til at det laupande arbeidet med effektivisering, omstilling og forenkling blir ført vidare.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 448,1 mill. kroner under programkategori 15.20

Forskning og innovasjon. Den samla aktiviteten under programkategorien blir dermed auka med 22,2 mill. kroner. Det blir lagt opp til ei satsing på klimatilpassa matproduksjon og forskning som fremjar auka konkurransevne i næringsmiddelindustrien. Regjeringa vil vidareføre forskings-satsinga på fornybar energi og klima på same høge nivå. Det same gjeld forskning som bidreg til berekraftig skogbruk og auka bruk av trevirke for å erstatte materiale som gjev meir klimautslepp.

1.3 Oversiktstabellar

Utgifter fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
01-24	Driftsutgifter	1 621 214	1 584 498	1 620 839	2,3
30-49	Investeringar	19 579	9 773	10 215	4,5
50-59	Overføringar til andre stats- rekneskap	1 901 614	2 182 293	1 970 951	-9,7
60-69	Overføringar til kommunesektoren	125 339	130 154	134 449	3,3
70-89	Overføringar til private	12 947 351	13 193 473	13 755 079	4,3
	Sum under departementet	16 615 098	17 100 191	17 491 533	2,3

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
Administrasjon m.m.					
1100	Landbruks- og matdepartementet	154 161	147 614	150 544	2,0
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>154 161</i>	<i>147 614</i>	<i>150 544</i>	<i>2,0</i>
Matpolitikk					
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	167 763	162 990	168 694	3,5
1115	Mattilsynet	1 253 681	1 213 819	1 244 473	2,5
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>1 421 444</i>	<i>1 376 809</i>	<i>1 413 167</i>	<i>2,6</i>
Forskning og innovasjon					
1137	Forskning og innovasjon	409 514	425 898	448 104	5,2
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>409 514</i>	<i>425 898</i>	<i>448 104</i>	<i>5,2</i>
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak					
1138	Støtte til organisasjonar m.m.	29 456	30 087	29 640	-1,5
1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	39 116	38 913	39 925	2,6
1141	Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringstiltak i landbruket	118 112	122 010	126 631	3,8
1143	Statens landbruksforvaltning	354 843	357 850	372 627	4,1
1144	Regionale og lokale tiltak i landbruket	5 574	6 810	7 048	3,5
1147	Statens reindriftsforvaltning	58 855	63 744	64 899	1,8
1148	Naturskade – erstatningar	247 603	117 200	185 700	58,4
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	97 117	75 665	104 813	38,5
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	13 559 790	14 210 397	14 415 447	1,4
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	97 546	104 500	109 500	4,8
1161	Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	21 969	22 694	23 488	3,5
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>14 629 979</i>	<i>15 149 870</i>	<i>15 479 718</i>	<i>2,2</i>
<i>Sum utgifter</i>		<i>16 615 098</i>	<i>17 100 191</i>	<i>17 491 533</i>	<i>2,3</i>

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
Administrasjon m.m.					
4100	Landbruks- og matdepartementet	19 864	106	110	3,8
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>19 864</i>	<i>106</i>	<i>110</i>	<i>3,8</i>
Matpolitikk					
4112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	18 850	18 893	19 180	1,5
4115	Mattilsynet	135 672	129 945	115 362	-11,2
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>154 522</i>	<i>148 838</i>	<i>134 542</i>	<i>-9,6</i>
Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak					
4143	Statens landbruksforvaltning	47 977	37 718	38 625	2,4
4147	Statens reindriftsforvaltning	1 670	38	39	2,6
4150	Til gjennomføring av jordbruks- avtalen m.m.	40 654	59 520	59 520	0,0
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	100 000	50 000	50 000	0,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	301 149	125 000	125 000	0,0
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>491 450</i>	<i>272 276</i>	<i>273 184</i>	<i>0,3</i>
Forretningsdrift					
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	4 590	5 000	5 000	0,0
5652	Statskog SF – Renter og utbytte	63 112	49 800	125 700	152,4
	<i>Sum kategori 15.40</i>	<i>67 702</i>	<i>54 800</i>	<i>130 700</i>	<i>138,5</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>733 537</i>	<i>476 020</i>	<i>538 536</i>	<i>13,1</i>

1.4 Oppmodingsvedtak

Det er ingen oppmodingsvedtak på Landbruks- og matdepartementet sitt budsjettområde.

1.5 Oversikt over stikkordet «kan overførast»

***Under Landbruks- og matdepartementet blir stikkordet foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30–49*

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2013	Forslag 2014
1100	21	Spesielle driftsutgifter	50	1 069
1138	70	Støtte til organisasjonar		25 603
1138		Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar		
	71	og prosessar	3 582	4 037
1139	70	Tilskott til miljø- og ressurstiltak	432	17 898
1139	71	Tilskott til genressursforvaltning	4 140	22 027
1143	70	Tilskott til beredskap i kornsektoren	722	5 386
1144	77	Regionale og lokale tiltak i landbruket	2 608	7 048
1147	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	2 814	9 520
1147	82	Radioaktivitetstiltak	1 354	2 500
1149	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	49 157	23 866
1149	72	Tilskott til auka bruk av tre	44 336	28 980
1149	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak	17 412	43 470
1149	74	Tiltak for industriell bruk av trevirke		5 000
1150	70	Marknadsregulering	13 576	290 800
1150	74	Direkte tilskott	10 849	8 442 400
1150	77	Utviklingstiltak	8 436	275 790
1150	78	Velferdsordningar	18 652	1 601 754
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	13 687	67 700
1151	79	Velferdsordningar	113	2 600

Del II
Budsjettframlegg

2 Nærare omtale av løyvingforslaga

Programområde 15 Landbruk og mat Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.

Utgifter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1100	Landbruks- og matdepartementet	154 161	147 614	150 544	2,0
	Sum kategori 15.00	154 161	147 614	150 544	2,0

Inntekter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
4100	Landbruks- og matdepartementet	19 864	106	110	3,8
	Sum kategori 15.00	19 864	106	110	3,8

Mål

Departementet sitt ansvarsområde dekkjer heile verdikjeda frå primærprodusent til forbrukar, medrekna juridiske og økonomiske verkemiddel for mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima, miljøtiltak i sektoren og nye landbruksbaserte næringar. Departementet legg stor vekt på samordning med andre sektorar for ei best mogleg tilpassing av politikken.

Landbruks- og matdepartementet vil vidareutvikle landbruks- og matforvaltninga som ei omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning. Forvaltninga må, gjennom dialog med organisasjonar, brukarar og andre myndigheiter, vere i stand til å endre seg i takt med samfunnsutviklinga.

Sjå også omtale under del III.

Forenkling, effektiv ressursbruk og brukarvennlegheit

Det er viktig at dei landbruks- og matpolitiske verkemidla blir utvikla på ein slik måte at dei blir enkle å bruke for næringsdrivande, forvaltninga og samfunnet elles. Landbruks- og matdepartementet vil arbeide for at digitale tenester som forvaltninga og instituttsektoren tilbyr skal vere effektive, moderne, framtidsretta og tilpassa både brukarar og offentleg sektor. Departementet vil vidareføre arbeidet med å forenkle dei landbruks- og matpolitiske verkemidla. Som oppfølging av Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* er det gjort endringar i odelslova, jordlova og det er vedteke ei ny jordskiftelov. Endringane i jordlova gjer det enklare å få samtykke til å dele frå areal som skal brukast som tilleggsjord, og å dele frå tomter til bustadformål. Endringane i odelslova styrkjer odelsretten til dei som har

odelsrett, og frigjer ressursar i dei offentlege organa som handsamar søknadar om odelsfrigjer-
ring.

Den nye jordskiftelova erstattar jordskifte-
loven av 1979. Lova vil vere ein viktig reiskap i
arbeidet til jordskifterettane har med å skape meir
tenlege og nyttige eigedommar, og løyse tvistar
om grenser og rettar på fast eigedom. Endringar
har det også vore i reindriftsloven, der hensikta er
å få ei meir oversiktleg og effektiv forvaltning.

Betre system for samfunnstryggleik og auka beredskap

Departementet er oppteke av at samfunnstrygg-
leiks- og beredskapsarbeidet skal bidra til å redu-
sere risiko for kriser og sikre at kriser som likevel
oppstår, blir handterte på ein best mogleg måte.
Arbeidet med samfunnstryggleik- og beredskap
skal vere sporbart og integrert i departementet
sitt planverk, styringssystem og i styringsdialogen
med underliggjande verksemdar. Departementet
har beredskapsplanar som minimum blir revi-
derte årleg, slik at dei heile tida er ein god reiskap
for handtering av kriser og uønska hendingar.

Departementet legg vekt på meir leiarmark-
semd i og styring av samfunnstryggleiks- og
beredskapsarbeidet. Ein overordna risiko- og sår-
barheitsanalyse for departementet sitt myndig-
heitsområde er eit viktig element her. Arbeidet er
tett integrert i departementet sitt overordna sty-
ringssystem.

I styringsdialogen med underliggjande verk-
semdar får beredskapsarbeidet systematisk merk-
semd, mellom anna gjennom formidling av krav til
beredskap i tildelingsbrev og i verksemdsin-
struksane.

Betre kommunikasjon med brukarane og meir openheit

Landbruks- og matdepartementet skal bidra til
offentleg merksemd om landbruks- og matpolitik-
ken. Ny kunnskap og informasjon skal raskt gje-
rast lett tilgjengeleg på dei aktuelle fagområda.
Dette blir det lagt til rette for mellom anna på
departementet sine nettsider, og i eit tett samar-
beid med departementet sine underliggjande
verksemdar.

Betre og meir målretta styring

Mål- og resultatstyring er det overordna styrings-
prinsippet i statleg verksemd. Innanfor kvart poli-
tikkområde finst det dilemma og målkonflikter.
Departementet legg vekt på å få ein best mogleg
balansert innsats og bruk av dei ulike verkemidla
for å nå måla i landbruks- og matpolitikken. I
Meld. St. 9 (2011–2012) lanserte departementet
ein ny målstruktur som ligg til grunn for styringa i
departementet og for etatsstyringsdialogen med
dei underliggjande verksemdene som rapporterer
til Landbruks- og matdepartementet. Som ei opp-
følging av Meld. St. 9 (2011–2012) og Riksrevisjo-
nen si undersøking om måloppnåing og styring i
jordbruket, jf. Dokument 3:12 (2009–2010), vil
departementet halde fram arbeidet med å betre
framstillinga av mål og resultat i sektoren.

Departementet har identifisert og teke i bruk
mange resultatindikatorar som kan seie noko om
resultatoppnåinga i sektoren. I mange tilfelle vil
samanhengane vere så komplekse at det ikkje blir
fagleg riktig å fokusere berre på konkrete og mål-
bare indikatorar. Måleindikatorar må difor ofte
supplerast med kvalitative analysar for å få fram
eit dekkjande bilete av utviklinga. Dette er eit kon-
tinuerleg utviklingsarbeid som departementet har
stor merksemd mot. Sjå også nærare omtale av
overordna mål og delmål i del III.

Oppdatert kompetanse og rett ressursbruk

For å styrkje og målrette departementet sitt lang-
siktige arbeid med kompetanseutvikling, har
departementet vedteke ein strategi for dette for
perioden 2013–2015. Utviklinga i ressursbruken
for heile landbruks- og matforvaltninga er gjeven
ei eiga omtale i del III.

Prioriteringar

Dei viktigaste prioriteringane for departementet i
2014 på det administrative området blir å halde
fram arbeidet med å forsterke systema for sam-
funnstryggleik og beredskap og å føre vidare
arbeidet med utvikling av mål- og resultatstyringa
i sektoren.

Sjå også omtale av prioriteringane på dei ulike
fagområda under dei respektive budsjettkapitla i
proposisjonen.

Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	140 315	143 663	146 277
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	572	1 033	1 069
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	13 020	2 655	2 926
50	Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	255	263	272
	Sum kap. 1100	154 161	147 614	150 544

Post 01 Driftsutgifter

Formål med løyvinga

Landbruks- og matdepartementet skal dekkje eit breitt forvaltningsområde gjennom ansvaret for landbruks- og matpolitikken. Posten dekkjer dei ordinære driftsutgiftene til departementet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen for departementet, og det blir lagt stor vekt på at dei har god samfunnsforståing, samarbeidsevne, effektivitet i oppgåveløysinga og høg fagleg kompetanse.

Rapportering 2012

Det blei nytta i overkant av 140 mill. kroner til drift av Landbruks- og matdepartementet i 2012. Om lag 70 pst. av løyvinga blei nytta til lønnsmidlar, mens resten blei nytta til husleige, drift og utvikling av IKT, reiseutgifter, kurs og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Departementet hadde per 1.1.2013 om lag 144 årsverk, fordelt på 159 tilsette. Dette er om lag 15 årsverk færre enn i 2010.

Budsjettframlegg 2014

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 146,277 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Formål med løyvinga

Midlane på posten skal nyttast til godtgjering til utgreiingsutval og andre særskilde prosjektrelaterte kostnader i Landbruks- og matdepartementet.

Rapportering 2012

Det blei nytta om lag 500 000 kroner til kjøp av tenester knytt til eigarstyringa av Statskog SF. Verdivurdering og arbeid med mål- og resultatstyring av selskapet var dei sentrale elementa i dette.

Budsjettframlegg 2014

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 1,069 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan

Formål med løyvinga

Løyvinga kan nyttast til finansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinære utgifter i departementet, ved eiedommene til departementet og til delvis dekking av tilsvarande utgifter ved dei ordinære forvaltningsorganene under departementet. Løyvinga kan også nyttast til utgifter knytte til sal og taksering av eiedommar.

I tråd med kongeleg resolusjon som trådte i kraft 1. oktober 2006, og forskrift om freding av statens kulturhistoriske eiedommar, er det utarbeidd landsverneplanar for dei verneverdige eiedommene som sorterer under departementet. Forvaltninga av verneplanar er difor også ein viktig del av departementet sitt generelle vedlikehaldsansvar, og utgifter til dette blir dekte over posten.

Rapportering 2012

Det blei i 2012 nytta om lag 13 mill. kroner over posten. Om lag 9,9 mill. kroner blei nytta ved

departementet sin eigedom på Kjeller i Skedsmo. Om lag 1,7 mill. kroner blei nytta til vedlikehaldsarbeid ved Staur gard i Stange, og om lag 1,4 mill. kroner til departementet si flytting til nye lokale juni 2012.

Budsjettframlegg 2014

Departementet har fått utarbeidd forvaltningsplanar for verneverdige eigedommar under departementet. Desse viser eit etterslep i vedlikehaldet ved fleire av eigedommane. Departementet tek sikte på å gjennomføre nødvendige oppgraderingar og reparasjonar ved ulike eigedommar. Det blei i 2012 inngått ein avtale mellom departementet og Forsvarsbygg om utarbeiding av forvaltningsplan for eigedommane som inngår i leigekontrakten med Bioforsk, og det er venta at dei siste utbetalingane kjem i 2014. Departementet gjer framlegg om ei løyving over posten på 2,926 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg til Stortinget om ei særleg fullmakt knytt til inntekter frå salet av eigedom på Kjeller, jf. forslag til vedtak V, andre ledd.

Det kan også i 2014 bli aktuelt å selje festetomter, tomter, bygningar, areal til utbygging, veggrunn m.m. andre stadar. Departementet gjer difor framlegg til Stortinget om fullmakt til å selje

opphavleg og innkjøpt statseigedom for inntil 16 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V, første ledd. Departementet gjer også framlegg om at unytta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på posten.

Posten sjåast i samanheng med, og kan nyttast under post 50.

Post 50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

Formål med løyvinga

Løyvinga kan nyttast til finansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald ved dei nettobudsjetterte institutta under departementet.

Rapportering 2012

Midlane blei nytta til delfinansiering av måleutstyr hos Bioforsk.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 272 000 kroner over posten i 2014, og vil nytte midlane ut frå dokumenterte behov i instituttsektoren.

Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2012	budsjett 2013	2014
01	Refusjonar m.m.	36	106	110
16	Refusjon av foreldrepenngar	1 027		
18	Refusjon av sjukepenngar	1 826		
40	Sal av eigedom	16 974		
	Sum kap. 4100	19 864	106	110

Post 40 Sal av eigedom

Landbruks- og matdepartementet selde i 2012 eigedom på Kjeller i Skedsmo for til saman

16,722 mill. kroner, og ei tidlegare hesteavlsetter på Bekkelægeret i Oppdal for 255 000 kroner.

Programkategori 15.10 Matpolitikk

Utgifter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	167 763	162 990	168 694	3,5
1115	Mattilsynet	1 253 681	1 213 819	1 244 473	2,5
	Sum kategori 15.10	1 421 444	1 376 809	1 413 167	2,6

Inntekter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
4112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	18 850	18 893	19 180	1,5
4115	Mattilsynet	135 672	129 945	115 362	-11,2
	Sum kategori 15.10	154 522	148 838	134 542	-9,6

Mål og strategiar

Det faglege ansvaret på matområdet er fordelt mellom Fiskeri- og kystdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Fordelinga er fastsett i kongelege resolusjonar. Det er eit omfattande og nært samarbeid mellom desse departementa.

Matpolitikken til regjeringa dekkjer heile matproduksjonskjeda frå jord og fjord til bord. Målstrukturen på dette politikkområdet avvik difor noko frå måla for landbruks- og matpolitikken, slik dei er omtalte i andre kapittel i denne budsjettproposisjonen.

Hovudmåla på det matpolitiske området er:

- å sikre trygg mat og trygt drikkevatn
- å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Andre viktige omsyn er:

- tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt
- sunt kosthald og gode matopplevingar
- nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping
- langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvennleg produksjon

Regjeringa ønskjer at forbrukarane skal ha høg tillit til all mat på marknaden og til norsk matproduksjon. Trygg mat er ein sentral føresetnad for slik tillit. Regjeringa vil leggje vekt på ønskje og behov hos forbrukarane. Ein mangfaldig matmarknad og relevant, lett tilgjengeleg og rett informasjon er viktige føresetnader for at forbrukarane skal kunne gjere informerte val og utøve makt i matmarknaden. Gode merkeordningar for mat skal bidra til dette.

Regjeringa legg vekt på at rammevilkåra for næringsaktørane, mellom anna regelverk og tilsyn, blir fastsette og utøvde på ein slik måte at ein ikkje skapar konkurransevridingar, samstundes som verksemdene må kunne nytte den fleksibiliteten som ligg i regelverket.

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensar krev eit sterkt internasjonalt samarbeid om regelverk og tilsyn. Dette er nødvendig for å sikre trygg mat som møter krava til forbrukarane og for å fremje god plante- og dyrehelse. Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er nødvendig for å påverke utviklinga av standardar og regelverk, for å ivareta norske synspunkt og for å bidra til utveksling og utvikling av kunnskap.

Krava på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Hovuddelen av regelverket på matområdet er harmonisert innanfor EØS. Matområdet er i følgje NOU 2012: 2 *Utenfor og innenfor* det kvantitativt største enkeltområdet under EØS-avtalen med nærare 40 pst. av rettsaktene. Regjeringa legg vekt på ein aktiv europapolitikk, jf. Meld. St. 5 (2012–2013) *EØS-avtalen og Norges øvrige avtaler med EU*.

Noreg tek også aktivt del i internasjonalt samarbeid på matområdet, mellom anna i Codex Alimentarius Commission (FAO/WHO sin organisasjon for matvarestandardar), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og Verdas plantehelseorganisasjon (IPPC). Organisasjonane utviklar standardar som blir lagt til grunn i avtaleverket om mattryggleik, helse og miljø under WTO-avtalen (SPS-avtalen og TBT-avtalen), og som også legg premissar for regelverket i EU.

Den internasjonale handelen med innsatsvarer, planter, dyr og mat må skje i samsvar med internasjonale avtalar og vere basert på internasjonalt fastsette standardar. For at norsk eksport ikkje skal bli hindra av urettvise krav frå importlanda, må Noreg vere leiande på overvaking, risikovurderingar og forskning, særleg når det gjeld sjømat og fiskehelse. Dette legg grunnlaget for at norske synspunkt blir høyrde i internasjonale fora som utformar regelverk og standardar.

Regjeringa la våren 2013 fram Meld. St. 34 (2012–2013) *Folkehelsemeldingen*. God tilgang til sunn og trygg mat og trygt drikkevann er viktig for god helse og eit helsefremmande miljø. Regjeringa vil påverke kunnskap og vanar hos forbrukarane på ein positiv måte, samstundes som det blir teke omsyn til forbrukarane sitt eige ansvar og valfridom. Det er viktig å leggje til rette for tiltak som gjer at det blir enklare for forbrukarane å velje sunne alternativ.

Regjeringa la våren 2013 fram Meld. St. 22 (2012–2013) *Verdens fremste sjømatnasjon* som handlar om korleis Noreg kan utvikle sin posisjon som verdas fremste sjømatnasjon. I meldinga er det skissert tiltak på viktige område som til dømes sjømattryggleik og kvalitet, marknadstilgang og miljømessig berekraftig havbruk, under dette fiskehelse. Ein tek sikte på ein gjennomgang for å oppnå betre samordning av staten sine tilsynsressursar på fiskeri- og havbruksområdet.

Regjeringa la hausten 2011 fram Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* om ein framtidretta landbruks- og matpolitikk i Noreg. Meldinga legg vekt på fire overordna mål; mat-sikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Her peikar regjeringa mellom anna på at trygge innsatsvarer og god plante- og dyrehelse og dyrevelferd blir stadig meir akseptert som ein føresetnad for berekraftig ressursforvaltning og matforsyning, både nasjonalt og internasjonalt. Klimaendringar aukar risikoen for at nye planteskadegjerarar, dyresjukdommar og zoonosar etablerer seg i Noreg. Forventa auke i smittepresset må møtast med god beredskap, effektiv overvaking og forebyggjande tiltak. Regjeringa vil arbeide for å halde oppe den gode norske plante- og dyrehelsa.

Mål for løyvinga

Budsjettframlegget omfattar Mattilsynet og grunnløyvinga til oppgåver innanfor kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap ved Bioforsk og Veterinærinstituttet. Sjå også Prop. 1 S (2013–2014) for Fiskeri- og kystdepartementet for Veterinærinstituttet. Budsjettframlegget er viktig for arbeidet med å nå matpolitiske mål, og skal særleg bidra til å nå måla i matlova, dyrevelferdslova og dyrehelsepersonellova. Ein del av desse måla har ikkje direkte samanheng med matproduksjon. Framlegget omfattar i tillegg Mattilsynet sitt arbeid for å nå måla i kosmetikklova, husdyravsløva og planteforedlarlova.

Gjennomføring av politikken

Mattilsynet er den sentrale myndighetsaktøren i gjennomføringa av matpolitikken. Oppgåvene omfattar regelverksutvikling, tilsyn, rettleiing, kartlegging og overvaking i heile matproduksjonskjeda, frå og med produksjon av innsatsvarer og primærproduksjon til og med omsetnad til forbrukarane. Programkategorien omfattar også tiltak utanfor Mattilsynet sitt ansvarsområde, dvs.

andre matpolitiske tiltak som blir sett i verk av dei tre matdepartementa.

Ansvar for å kjenne til og etterleve regelverket kviler på den enkelte verksemda. Mattilsynet har hovudansvaret for å føre tilsyn med at regelverket blir etterlevd. Når det er nødvendig for å nå måla, vil Mattilsynet handheve regelverket ved å nytte dei verkemidla lovverket stiller til rådvelde. Aktiv rettleiing om regelverket er viktig.

God kunnskap og vitskapleg dokumentasjon er avgjerande for å nå måla i matpolitikken. Som ledd i regelverksutviklinga på matområdet utfører Vitskapskomiteen for mattryggleik uavhengige faglege risikovurderingar for Mattilsynet. Arbeidet krev god samhandling med Mattilsynet og andre kunnskapsinstitusjonar og god kontakt med European Food Safety Authority (EFSA). Sjå også Prop. 1 S (2013–2014) for Helse- og omsorgsdepartementet kap. 703 og 713.

Kunnskapsstøtte frå institusjonar som Bioforsk, Havforskningsinstituttet, Nasjonalt folkehelseinstitutt, Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES) og Veterinærinstituttet er viktig for å gje grunnlag for at forvaltninga er godt fagleg og vitskapleg fundert.

Målet om å sikre trygg mat og trygt drikkevatn

Noreg har ein gunstig situasjon samanlikna med andre land når det gjeld matboren sjukdom. Dette kjem mellom anna av at førekomsten av smittestoff i mat og hos husdyr er relativt liten. Dette er nærare omtalt i kap. 1115 og Del III. Sjølv om mattryggleiken generelt er god, krev det innsats for å halde den oppe og å forbetre den på område der Mattilsynet påviser regelbrot og manglar.

Innsatsvarene og matvarene skal vere trygge, uavhengig av om dei er framstilte i Noreg eller importerte. Regelverket og tilsynet skal leggjast opp slik at ein gjennom innsats i alle ledd i matproduksjonskjeda bidrar til at sluttprodukta er trygge. I arbeidet for å sikre trygg mat er det viktig å redusere risikoen for sjukdom eller helseskade som kan oppstå på grunn av smittestoff eller framandstoff i innsatsvarer, mat eller drikkevatn.

Det er nødvendig med kontinuerleg innsats frå verksemdene for å halde oppe og sikre god hygiene i heile matproduksjonskjeda. Verksemdar som produserer og sel innsatsvarer og mat, varierer mykje i størrelse og karakter. Mange aktørar har god kunnskap og gode rutinar og system for å sikre at dei etterlever regelverket slik at innsatsvarene, maten og drikkevatnet blir trygge. Samstundes viser resultatane frå tilsyn at det er stort rom for forbetringar hos mange.

Særleg viktig er effektive hygienetiltak og gode arbeidsrutinar i verksemdar som framstiller lett forderveleg mat eller som handterer mat som ikkje er innpakka. Det er framleis grunn til å ha stor merksemd på dei hygieniske forholda i omsetnadsledda og i serveringsnæringa. Resultat frå pilotprosjektet med ei smilefjesordning i serveringsnæringa i Trøndelag og Møre og Romsdal har vist at etterlevinga av regelverket har blitt langt betre. Ordninga er også godt motteke av verksemdene og forbrukarane. Ein tek sikte på å gjere ordninga landsdekkande.

Tilsynet med vassverk har avdekkja til dels alvorlege manglar ved forsyninga av drikkevatn. Det er nødvendig med forbetringar i mange vassverk, særleg dei mindre. Ut frå ein nasjonal handlingsplan som Mattilsynet har utarbeidd, blir det arbeidd vidare med å forbetre kvaliteten på drikkevatnet. Strengt verkemiddel må nyttast mot vassverk som ikkje oppfyller krava. For å oppnå resultat, er det i mange tilfelle behov for store investeringar for å utbetre reinseanlegg og leiingsnett. Klimaendringar kan gje nye utfordringar, både når det gjeld råvasskjeldene og leiingsnettet.

Noreg blei i 2010 valt til å leie byrået for WHO/UNECE sin protokoll om vatn og helse. Det er i gang eit arbeid med å fastsetje nasjonale mål for tiltak på vassområdet, noko som vil vere ein del av den norske gjennomføringa av protokollen.

Fleire tilfelle dei siste åra viser den nære samanhengen mellom sjukdom hos dyr og menneske. Tal frå Verdas helseorganisasjon viser at om lag 75 pst. av nye eller kjente infeksjonar som har vore i vekst hos menneske dei siste 30 åra, skuldast smittestoff som kjem frå dyr. Å halde oppe den gode norske dyrehelsa, som er eit resultat av systematisk arbeid gjennom mange år, er viktig både for mattryggleiken og for god helsetilstand i landet.

Utvikling av resistente sjukdomsframkallande mikrobar hos dyr og menneske er eit aukande problem, også i Noreg. Meticillinresistente *Staphylococcus aureus* (MRSA) som er påvist i nokre svinebesetningar, er eit aktuelt døme. Slike mikrobar er påvist både hos dyr og røktarar. Mindre og meir målretta bruk av antibiotika til produksjonsdyr, selskapsdyr og menneske er blant dei viktigaste tiltaka for å motverke denne utviklinga. Sett i internasjonal samanheng er antibiotikabruken til husdyr i Noreg på eit svært lågt nivå. Det er også viktig at Noreg gjennom nordisk og europeisk samarbeid arbeider for å redusere utviklinga av antibiotikaresistens globalt. God

dyrehelse og forsvarleg bruk av legemiddel til alle dyr er sentralt, av omsyn til folkehelse, mattryggleik, dyrevelferd og miljø.

Overvaking av inntaket av framandstoff og næringsstoff er viktig i folkehelsearbeidet og som grunnlag for faglege risikovurderingar. For å kunne overvake inntaket må ein ha kunnskap om kor mykje folk bruker av ulike matvarer og om innhaldet av framandstoff og næringsstoff i matvarene. Mattilsynet samarbeider mellom anna med Helsedirektoratet for å oppdatere eksisterande inntaksdata og for å utvide talet på matvarer som ein har inntaksdata for. Det er også viktig med kunnskap om innhaldet av framandstoff i innsatsvarer og råvarer og om det er miljøforureiningar i vatn eller jordsmonn som kan påverke innhaldet i fisk, dyr og planter.

Regelverket krev at verksemdene skal kunne dokumentere sporing eitt ledd framover og eitt ledd bakover i matproduksjonsskjeda. Kravet til å ha gode system for sporing er viktig dersom helseskadelege produkt kjem ut i marknaden, slik at verksemdene kan trekkje desse tilbake på ein effektiv måte og gje rask, rett og klar informasjon til Mattilsynet og forbrukarane. Samarbeidet mellom styresmaktene og næringane for å styrkje sporingsevna i den norske matproduksjonsskjeda vil bli ført vidare.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn

Ernæringsarbeidet er omtalt i Prop. 1 S (2013–2014) for Helse- og omsorgsdepartementet og ligg i hovudsak under Helsedirektoratet. Mattilsynet har også ei viktig rolle, særleg når det gjeld merking av næringsinnhald, merking med ernærings- og helsepåstandar, sunnheitsmerking og overvaking av kosthaldet og samansetninga av matvarene. Mattilsynet og Helsedirektoratet vil samarbeide om vidareutvikling av kostberekningssystemet Mat på data. Det er viktig med eit nært og godt samarbeid mellom desse etatane.

Forbrukarane, matbransjen og styresmaktene ser merking av mat som eit viktig forbrukaromsyn. Merking er viktig for at forbrukarane skal få rett informasjon om matvarene, mellom anna om kva dei inneheld, korleis dei skal handterast, kor dei kjem frå og kor mykje næring dei gjev. Merkinga skal også gjere det enklare å velje sunn mat.

Det vil bli lagt vekt på å følgje opp den nye forordninga om matinformasjon, som vil avløyse merking av det gjeldande regelverket om merking.

Forordninga oppdaterer og vidareutviklar krava til merking av mat. Ulike delar av forordninga tek til å gjelde i tida frå 2014 til 2016. Mellom anna blir det krav om obligatorisk merking av næringsinnhald for dei fleste matvarene som blir omsett til forbrukarane. Det blir også strengare krav til merking av kor matvarene kjem frå, mellom anna for frukt og grønt og for fleire kjøttslag enn storfe. Det vil bli lagt vekt på å føre vidare norsk medverknad i arbeidet med å følgje opp matinformasjonsforordninga og forordninga om påstandar om ernærings- og helseeffektar knytt til mat, særleg for å få på plass så gode ernæringsprofilar som råd.

Ordninga med frivillig sunnheitsmerking av mat (Nøkkellolet) har gjeve forbrukarane eit auka tilbod av sunne matvarer. I januar 2013 kjenner 98 pst. til ordninga og ein av to seier at merket gjev hjelp til sunnare val. Marknadsdata viser ein auke frå 550 merka produkt, utanom frukt og grønt, i 2010 til 1 738 merka produkt i 2012. Det er i gang arbeid med å vurdere om ei utviding av ordninga til kiosk-, bensinstasjons- og serveringsmarknaden er rett veg å gå for å få betre tilbod og tilgang til sunne alternativ.

Interessa veks for lokal mat og matprodukt med særpreg. Gjennom merkeordninga *Beskytta nemningar* får produsentane eit rettsleg vern mot kopiering av produktnamnet. Ved utgangen av 2012 var det 23 norske produkt og om lag 600 produsentar i ordninga. Det vil bli forhandla med EU om gjensidig godkjenning av merkeordninga *Beskytta nemningar*.

Matdepartementa legg vekt på å bidra i utviklinga av regelverk i EU, slik at ein får minst mogleg innblanding av GMO i tradisjonelt GMO-frie innsatsvarer. Mellom anna blir det arbeidd for ei nullgrense når det gjeld innblanding i såfrø. Departementa vil vidareføre ei restriktiv line når det gjeld GMO.

Fiskeri- og kystdepartementet har fastsett ei ny forskrift om kvalitet på fisk og fiskevarer. Føremålet med forskrifta er å fremje god kvalitet på fisk og fiskevarer til forbrukar og marknadstilgang for norsk fisk og fiskevarer i utlandet. I Prop. L 93 (2012–2013) om den nye fiskesalslagslova er det skissert tiltak for å betre kvaliteten på råstoffet som blir landa. Matdepartementa vil følgje opp dette i løpet av 2014.

Oppfølging av matkjedeutvalet si innstilling og ekspertutvalet som har utgreidd ei ny lov om god handelsskikk i daglegvaresektoren, er også viktig for forbrukarinteresser, sjå nærare omtale i kat 15.30.

Målet om å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Endra klima- og miljøforhold vil krevje høg beredskap mot introduksjon av nye plante- og dyresjukdommar, planteskadegjerarar, zoonosar og mot større utbreiing av allereie kjende sjukdommar hos planter, husdyr og vilt. Planteskadegjeraren furuvednematode og drøvtyggarsjukdommen blåtunge er aktuelle eksempel.

Noreg har generelt god plantehelse, men klimaendringar og aukande import av planter og plantemateriale aukar risikoen for introduksjon av nye sjukdommar og planteskadegjerarar.

Landdyrhelsa i Noreg er framleis generelt god. Dei siste åra er det likevel påvist fleire nye sjukdommar, til dømes blåtunge hos storfe og svineinfluensa hos gris. Det er difor viktig med god overvaking av sjukdomssituasjonen og god beredskap mot hendingar som ikkje er ønskjelege.

Evna til å løyse sjukdomsutfordringane i havbruket har betydning for om det langsiktige vekstpotensialet kan takast ut. Kontroll med sjukdom er også viktig for å minske smittepresset i miljøet og dermed redusere bruk og utslepp av medikament. Lakselus er for tida den største utfordringa og er primært eit problem for villfischen. I sjømatmeldinga blei det presentert indikatorar og grenseverdier for å måle påverknad på villfisk frå lakselus i oppdrettsanlegg.

Produksjonssvinnet i sjøfasen er for høgt. Det skuldast dels dårleg smoltkvalitet, dels tilhøve ved den enkelte lokaliteten og dels sjukdom. Det må arbeidast for å redusere alle tre årsakene.

Arbeidet med å fremje god dyrevelferd er viktig. Det er nødvendig med merksemd både mot hald av produksjonsdyr og sports- og familiedyr. Det er viktig å utvikle gode indikatorar for velferd for produksjonsdyr. Utvikling av kunnskap om effektar på dyrevelferda av avlstiltak, ulike driftsformer og system er også viktig. Dyrevelferd i produksjonen av slaktekylling er eit område det blir arbeidd særskilt med. Oppfølging av nye reglar for tettleiken av dyr i kyllingoppdrett vil bidra til betre dyrevelferd.

I Meld. St. 9 (2011–2012) varsla regjeringa at ho ville gjennomgå pelsdyrnæringa. Regjeringa vil sette ned eit offentleg utval som skal vurdere framtida til pelsdyrnæringa i Noreg, både eit alternativ med berekraftig utvikling og eit alternativ med styrt avvikling skal greiast ut. Lidingar hos og tap av dyr på beite er ei stor utfordring i arbeidet for god dyrevelferd. I delar av landet er det framleis problem med flåttboren sjukdom og alveld som skuldast forgifting frå beiteplanter.

Hovuddelen av auken i tap av dyr på beite dei siste 15 – 20 åra skuldast rovvilt. Rovviltforliket i Stortinget 2011 legg grunnlag for meir effektiv måloppnåing for både rovviltbestandane og moglegheit til levedyktig næringsdrift basert på beitebruk.

Oppdrettsfisk skal haldast, transporterast og slaktast under etisk rette forhold. I denne samanhengen er relevante målemetodar for god fiskevelferd eit viktig element.

Andre omsyn

Tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt

Kontakt med aktuelle styresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Regjeringa gjer framlegg om ei styrking av Mattilsynets budsjett på 10 mill. kroner til arbeidet med å leggje til rette for marknadstilgang i utlandet for norsk sjømat. Norsk sjømat skal vere trygg og av god kvalitet slik at den blir føretrekt på den globale marknaden. Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på at produkta som blir eksportert, er trygge. For Noreg som stor eksportør av sjømat er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda. Mattilsynet sin rolle som tilsynsmyndigheit og evne til kommunikasjon med styresmaktene i importlanda er svært avgjerande for tilliten.

Den gode norske dyrehelsa kan utnyttast i eksportsamanheng, mellom anna når det gjeld avlsprodukt frå husdyr. Også for ein del landbruksprodukt er det viktig med marknadstilgang i utlandet.

Sunt kosthald og gode matopplevingar

Det er framleis behov for meir kunnskap om samanhengen mellom kosthald og helse. Det er viktig at tilgjengeleg fagleg og vitskapleg basert informasjon når fram til forbrukarane på ein tenleg måte. Kostråda til styresmaktene for å fremje folkehelsa og førebygge kroniske sjukdommar er viktige i denne samanhengen. Folkehelsemeldinga legg vekt på tiltak for å gjere det enklare å velje sunt, å leggje til rette for gode måltid i barnehagar, skolar og blant eldre og å styrkje kunnskapen om mat, kosthald og ernæring. Alle elevane i ungdomsskolen får i mat- og helsefaget gratis *Kokebok for alle – Fra boller til burritos* med oppskrifter på lettvin, god og sunn mat. I tillegg kjem *Fiskesprell* som er eit landsdekkande prosjekt med aktivitetar som skal få ungar i barnehagar og i grunnskolen til å ete meir fisk.

Merksemd på matglede og god matkvalitet er også viktig for at forbrukarane skal kjenne til kor maten kjem frå, korleis han blir produsert og samanhengen mellom mat og helse. Det blir gjennomført prosjekt med sikte på å auke tilbodet av lokalprodusert mat og frukt og grønt til barn og unge. *Smakens uke* er ei årleg hending i mange land, også i Noreg, for å auke interessa for matkvalitet og matglede. Andre tiltak er mellom anna matfestivalar, tiltak retta mot barn og unge slik som Geitmyra matkultursenter for barn og Liantunet, TV-programma *Barnas restaurant* og *Smaken av Norge* og synleggjering og premiering av serveringsstader som tilbyr gode og sunne lokale matrettar.

Nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping

Innovasjon og næringsutvikling knytt til produksjon av mat med lokal identitet er viktig for å kunne ha robuste og innovative små og store verksemder. Dette vil igjen føre til større mangfald av produkt i matmarknaden, sjå nærare omtale

under kat. 15.30. Mattilsynet har i denne samanhengen ei viktig oppgåve med å rettleie om regelverket.

Fleire tiltak for betre mattryggleik og god rettleiing om regelverket vil også gje effektar som støttar opp under verdiskapinga i verksemdene.

Oppfølging av målet i matlova om å fremje god plante- og dyrehelse bidreg til å auke verdiskapinga i næringane.

Langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvennleg produksjon

Arbeidet for å sikre langsiktig matforsyning av landbruksprodukt og berekraftig og miljøvennleg produksjon av landbruksprodukt er hovudsakleg omtalt i kat. 15.30.

Arbeidet med å følgje opp handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernemiddel vil bli ført vidare.

Når det gjeld sjømat, sjå Prop. 1 S (2013–2014) for Fiskeri- og kystdepartementet.

Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
50	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet	87 306	85 022	87 998
51	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Bioforsk	63 740	60 699	62 823
52	Støtte til fagsentra, Bioforsk	16 717	17 269	17 873
	Sum kap. 1112	167 763	162 990	168 694

Post 50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet er eit biomedisinsk beredskaps- og forskingsinstitutt innan dyrehelse, dyrevelferd, fôr- og mattryggleik. For styresmaktene er Veterinærinstituttet den viktigaste kunnskapsleverandøren ved førebyggjing, oppklaring og handtering av zoonosar og alvorlege smittsame sjukdommar hos fisk og landdyr. Kunnskapsutvikling og formidling innan fagområda er også viktig som grunnlag for utvikling av lovverk og som støtte til utvikling av ulike samfunnssektorar. Veterinærinstituttet bidreg også i førebyggjing og

handtering av kriser som skuldast smittestoff og andre helseskadelege stoff i fôr og mat.

Veterinærinstituttet er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Veterinærinstituttet får løyvingar til oppgåvene sine innan dyrehelse, fôrtryggleik, dyrevelferd og mattryggleik frå Landbruks- og matdepartementet. Løyvingane til oppgåvene innan fiskehelse og enkelte område innan sjømattryggleik ligg på budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet, sjå kap. 1023, post 51. Forsking er ein sentral del av Veterinærinstituttet si verksemd og er omtala under kap. 1137. Instituttet har ei fri og uavhengig stilling i alle faglege spørsmål.

Veterinærinstituttet yter også tenester og formidlar kunnskap til næring, fagpersonell og dyre-

eigarar og arbeider for at ny kunnskap blir teken i bruk.

Formål med løyvinga

Dei tildelte midlane under kap. 1112, post 50 blir nytta til Veterinærinstituttet sitt arbeid med å gje fagleg støtte til forvaltninga, mellom anna ved å utvikle kunnskap innan kjerneområda. Desse er:

- Beredskap, diagnostikk og rådgjeving
- Overvaking
- Mattryggleik
- Dyrevelferd
- Referansefunksjonar

Mattilsynet er den viktigaste brukaren av kompetansen til instituttet. Veterinærinstituttet vil difor leggje stor vekt på å møte dei behova Mattilsynet har for kunnskap, råd og laboratoriestøtte innan kjerneområda til instituttet.

Vitskapskomiteen for mattryggleik har også behov for kompetanse og data som grunnlag for sine risikovurderingar. Veterinærinstituttet vil vere ein sentral kunnskapsbase og oppdragstakar for komiteen.

Rapportering 2012

Veterinærinstituttet har i 2012 bidrege med diagnostikk, forskning og faglege råd innan fiskehelse, dyrehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik til Mattilsynet og andre styresmakter. Det regionale nærværet har medverka til å sikre god landsdekkjande beredskap mot dyre- og fiskesjukdommar. Kunnskapsutviklinga ved instituttet har auka betydeleg i 2012, mellom anna har EU-finansiert forskning auka med 49 pst.

Beredskap, diagnostikk og rådgjeving

Veterinærinstituttet sitt beredskapsarbeid blei testa i 2012 i ei stor øving saman med Mattilsynet om munn- og klauvsjuka. Beredskapsplanane blei også forbetra i 2012. Veterinærinstituttet deltek i nettverk som samordnar tiltak mot bioterror, og i 2012 blei ressursane innan biosikring av laboratoriedrifta styrkt.

Diagnostikk er ein av hovudaktivitetane ved Veterinærinstituttet, og harmonisering av diagnostikken på ulike område har hatt høg prioritet.

Helsesituasjonen i norske husdyrpopulasjonar er gunstig samanlikna med dei fleste andre land. Likevel er det gjort nokre viktige funn i 2012 som kan nemnast:

- Fleire ulike parasittar og bakteriar som ikkje finst eller er sær s vanlege i Noreg, blei funne i hundar importerte frå utlandet, særleg frå Aust-Europa.
- To alvorlege former for antibiotikaresistente bakteriar blei påviste hos dyr. Meticillinresistente gule stafylokokkar blei funne hos gris og katt, mens ein spesiell variant av *E. coli*-bakterien, såkalla ESBL (ekstendert spektrum beta-lactamase) blei påvist i avlsfjørfe og i kyllingfilet.
- Schmallenbergvirus – eit nytt virus som blei påvist for første gong i verda i Tyskland i 2011, blei også påvist i Noreg – i sviknott samla inn på Sørlandet i september 2012. Seinare på hausten viste undersøkingar at 17 pst av storfebuskapar på Austlandet, Sørlandet og i Rogaland var smitta.
- Framleis var om lag 50 pst av grisebuskapar smitta med influensa A – den pandemiske varianten frå utbrotet i 2009.
- Dei smittsame fjørfesjukdomane infeksjøs laryngotrakeitt (ILT), infeksjøs bronkitt (IB) og infeksjon med *Mycoplasma gallisepticum* blei funne i høvesvis 6, 26 og 13 hobbyfjølleflokkar. Dette kan representere ein potensiell risiko for kommersielle fjølleflokkar.
- Det var eit stort utbrot med lungebetennelse hos moskus på Dovre, der Veterinærinstituttet i etterkant med hjelp av avanserte molekylærbiologiske verkty, har identifisert årsaka til sjukdommen – ein bakterie som truleg stammar frå sau.

Veterinærinstituttet leverte ei lang rekkje høyringssvar og større faglege vurderingar i 2012, dei fleste til Mattilsynet.

Helseovervaking

Veterinærinstituttet overvaker helsetilstanden hos dyr og fisk og fôr- og mattryggleiken. Det er i 2012 jobba med å undersøkje korleis overvakingssystem kan bli meir risikoorienterte, slik at kostnadseffektiviteten kan auke.

I 2012 har overvakinga av Schmallenbergvirus auka både hos dyr og i insektvektorar. Kunnskapen om kva rolle vektorar som hjortelusflue og flått spelar for sjukdomsoverføring til dyr og menneske, er styrkt gjennom aktiv forskning i samarbeid med humane forskingsmiljø.

Veterinærinstituttet nyttar også prøvematerialet som kjem inn til laboratoriet frå ulike brukarar til overvaking. Dette er særleg viktig for å oppdage nye sjukdommar.

Fôr- og mattryggleik

Veterinærinstituttet gjennomførte analysar i to prosjekt på oppdrag for Mattilsynet, eit om *Listeria* i importert ost og eit om smitteemne i grønt. Det blei gjort nokre få funn. Nokre tilfelle av sjukdom hos menneske blei og følgt opp ved at Veterinærinstituttet analyserte prøver av mat.

I 2012 blei det i havre funne mykje mykotoksiner (soppgifter) som kan føre til sjukdom hos dyr og menneske, og soppen mjøldrøye som kan gje store lidningar hos dyr, blei funne i fôr.

Veterinærinstituttet vidareførte sin aktivitet innan GMO. Det er krevjande å følgje utviklinga i den internasjonale marknaden med oppdaterte metodar for å oppdage GMO.

Dyrevelferd

Kunnskapen til Veterinærinstituttet innan dyrevelferd har vore mykje nytta i rådgjeving til styresmaktene i 2012. Veterinærinstituttet har også hatt fleire store oppgåver med å kartlegge dødsårsaka til dyr i samband med dyrevelferdsaker og gjort ulike rettsmedisinske undersøkingar.

Kompetanseutvikling innan dyrevelferd er viktig. Instituttet leiar eit stort internasjonalt forskingsprosjekt og har fleire stipendiatar.

Veterinærinstituttet har vidareført drifta av sekretariata for NORECOPA og for Rådet for dyreetikk.

Referansefunksjonar og kvalitetssikring

Veterinærinstituttet har 28 nasjonale referansefunksjonar. Av desse dekkjer 15 sjukdommar hos landdyr, mens 10 ligg innan området fôr og mat.

Deltaking i samanliknande laboratorietestar er ein del av dei nasjonale laboratoriefunksjonane. Veterinærinstituttet deltok i 2012 i nærare 190 slike testar.

Administrative og organisatoriske tilhøve

Planlegginga av nytt bygg for Veterinærinstituttet på Ås heldt fram med full tyngde i 2012. I tillegg har ein styrkt samarbeidet med Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø og biovitenskap og dei andre institutta på Campus Ås.

Budsjettframlegg 2014

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 87,998 mill. kroner i 2014. Veteri-

nærinstituttet vil føre vidare arbeidet med å effektivisere verksemda og gjere prioriteringar innan ansvarsområdet.

Beredskap, diagnostikk og rådgjeving

Kvalitetssikra diagnostikk er grunnleggjande for dei oppgåvene som Veterinærinstituttet har innan beredskap, overvaking og oppklaring av sjukdomstilfelle, kunnskapsutvikling og som nasjonal referanseinstitusjon.

Arbeidet med beredskap, helseovervaking, dyrevelferd og forskning blir vidareført på bakgrunn av utviklinga i oppgåvemengd og etterspørsel etter tenestene til instituttet dei siste åra. Instituttet vil styrkje beredskapsevna innanfor biotryggleik.

Veterinærinstituttet vil vidareutvikle den landsdekkjande beredskapsevna gjennom å auke harmonisering av diagnostikken og samhandling i kriser der dei regionale laboratoria blir godt inkluderte. Instituttet vil prioritere å utvikle og ta i bruk nye laboratoriemetodar for trugande og eksisterande alvorlege sjukdommar, slik at Mattilsynet kan få raske og sikre resultat ved utbrot.

Overvaking

Globalisering, klimatiske endringar og endra produksjonstilhøve kan gje endra sjukdomsbilete. Veterinærinstituttet vil vere budd på at nye sjukdommar kan bli introdusert i Noreg. Instituttet vil framleis overvake helsa til husdyra slik at nye sjukdommar kan bli oppdaga så raskt og sikkert som mogleg. Arbeidet med zoonosar og nye smittestoff som kjem til landet, vil ha høg merksemd.

I tillegg vil viltlevande dyr vere eit reservoar for nye sjukdommar og zoonotiske smittestoff. Overvaking av viltlevande dyr med tanke på sjukdommar som kan smitte til andre viltlevande dyr, husdyr eller menneske, vil difor halde fram.

Referansefunksjonar

Veterinærinstituttet vil arbeide vidare med å utvikle si rolle med dei nasjonale referansefunksjonane. Innan zoonosearbeidet dekkjer desse funksjonane matvarer, fôr og dyr, og instituttet vil arbeide for å samle og presentere epidemiologiske data gjennom heile verdikjeda. Det er viktig at arbeidet med kvalitetssikring av laborierverksemda held fram, slik at diagnostikken er sikker og kan etterprøvast. Funksjonane omfattar også forskning innan fagområda.

Fôr- og mattryggleik

Veterinærinstituttet vil halde fram arbeidet med å vidareutvikle diagnostikk og kunnskap omkring smittestoff og kjemiske stoff som kan truge fôr- og mattryggleiken.

Veterinærinstituttet vil prioritere å utvikle uavhengige, vitskapleg funderte, faglege råd som set styresmaktene i stand til å utvikle lovverket, handtere og førebyggje sjukdom hos dyr og fisk og helseskadelege stoff og smittestoff i mat og fôr. Veterinærinstituttet vil arbeide vidare med å profesjonalisere si rådgjevarrolle for Mattilsynet og styrkje kompetansen innan mattryggleik. Veterinærinstituttet vil vidareutvikle kunnskap omkring hygieniske forhold i biprodukt frå matproduksjon, slik at desse ressursane kan nyttast meir.

Dyrevelferd

Veterinærinstituttet vil leggje vekt på å utvikle kunnskap som kan nyttast til å fremje dyrevelferd. Instituttet vil prioritere å gje styresmaktene kunnskap innan velferd og vidareføre arbeidet med å utvikle velferdsindikatorar for husdyr. Det er også viktig med støtte til tilsynsarbeidet til Mattilsynet gjennom å utvikle gode teknikkar for å sikre dokumentasjon av brot på regelverket. Veterinærinstituttet vil halde fram med å drifte sekretariata for Rådet for dyreetikk og NORECOPA.

Kommunikasjon

Veterinærinstituttet vil vidareutvikle kommunikasjon med tanke på å effektivisere kunnskapsoverføring til brukarar og allmenta. Nettsider skal leggje til rette for effektiv og målretta kommunikasjon i beredskapssituasjonar og ved formidling av forskning.

Administrative og organisatoriske tilhøve

Det vil bli lagt vekt på å utvikle organisasjonen vidare gjennom å effektivisere arbeidsprosessar og betre utnytting og utvikling av den totale kompetansen. Det vil bli lagt vekt på å vidareutvikle samarbeidet med miljøa på Campus Ås. Det blei i revidert nasjonalbudsjett 2013 gjeve startløyving til det nye Veterinærinstituttet på Ås, eit stort og viktig prosjekt som vil krevje stor innsats i åra som kjem.

Instituttet vil leggje vekt på i aukande grad å nytte informasjonsteknologi og nettløysningar for å gjere oppdatert kunnskap lett tilgjengeleg.

Resultat frå overvaking og diagnostisk verksemd skal nyttast i arbeidet med å gje forskingsbaserte råd som grunnlag for tiltak innan forvaltning og næring.

Veterinærinstituttet ønskjer å yte tenester og kunnskap som medverkar til ei bærekraftig næringsverksemd, gjennom faglege råd og utgreiingar og eit godt diagnostisk tilbod.

Post 51 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Bioforsk

Bioforsk er eit nasjonalt forskingsinstitutt innan landbruk og matproduksjon, plantebiologi og plantehelse, og miljø og ressursforvaltning. Instituttet får løyvingar til kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap direkte frå Landbruks- og matdepartementet og basisløyvingar frå Noregs forskingsråd over kap. 1137. I tillegg er det gjort framlegg om at Bioforsk skal motta midlar over kap. 1150, post 77, underpost 15 til konkrete prosjekt som del av oppfølging av Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernemiddel. Bioforsk er også eit prosjektorientert oppdragsinstitutt som hentar vesentlege inntekter i ein konkurranseutsett marknad, både nasjonalt og internasjonalt.

Bioforsk leverer kunnskapsstøtte til styresmaktene og ulike forvaltningsorgan for å sikre nasjonal kapasitet og beredskap innan matområdet. Beredskapsperspektivet er særleg retta mot evna til å oppretthalde ein høg nasjonal matproduksjon, standardar og tiltak som sikrar trygg og god mat. Bioforsk skal også ha beredskap for å kunne handtere sjukdommar og skadeorganismar som trugar god norsk plantehelse, og som slik sett kan utgjere ein alvorlig risiko for norsk matproduksjon og norsk natur.

Ein viktig del av verksemda ved instituttet er også å levere kunnskap, tenester og løysingar til rådgjevingseiningane og landbruksnæringa over heile landet. Denne aktiviteten bidreg til utvikling av lokalt og regionalt næringsliv. Bioforsk har aukande internasjonal aktivitet, i første rekkje gjennom EU sine forskingsprogram og FoU-samarbeid med asiatiske land.

Bioforsk sitt hovudmål er å vere ein regional, nasjonal og internasjonal konkurransedyktig produsent av kunnskap, tenester og løysingar gjennom forskning og utviklingsarbeid. Instituttet skal bidra til auka innovasjon, betre miljøkvalitet, berekraftig ressursforvaltning og matproduksjon til nytte for næring, forbrukar og samfunn.

Formål med løyvinga

Midlar over kap. 1112, post 51 skal nyttast til Bioforsk sitt arbeid med å sikre nasjonal kompetanse og beredskap på matområdet.

Arbeidet skal medverke til:

- effektiv og konkurransedyktig plante- og husdyrproduksjon i heile landet
- berekraftig og miljøvennleg landbruk
- klimavennleg og energiproduserande landbruk
- god plantehelse
- trygg mat
- kommunikasjon og samfunnskontakt

Rapportering 2012

Arbeidet med kunnskapsutvikling og beredskap for matvareproduksjon og nasjonal matvaretryggleik er ein sentral aktivitet innanfor verksemda til Bioforsk. Kunnskapen som her blir skapt og kommunisert ut til styresmakter og brukarar elles, legg også til rette for faglege synergjar gjennom tilgrensande forskingsprosjekt og samarbeid nasjonalt så vel som internasjonalt. Aktivitetane er fordelt på sju temaområde.

Effektiv og konkurransedyktig plante- og husdyrproduksjon i heile landet, inkludert økologisk

Godt sortsmateriale og god dyrkingspraksis er avgjerande for effektiv plante- og husdyrproduksjon, og ein føresetnad for å nå måla om auka matproduksjon i Noreg. Bioforsk har vidareført utprøvnings- og vegleingsprogram for å skaffe til vege kunnskap og dokumentasjon om plantesortar som er tilpassa ulike produksjonar og produksjonsforhold i norsk jord- og hagebruk. Resultata er gjort tilgjengelege for Norsk Landbruksrådgjeving og andre aktørar innan matsektoren gjennom mark dagar, fagmøte, fagartiklar og rapportar, og representerer eit viktig kunnskapsbidrag for effektiv og klimatilpassa planteproduksjon i heile landet. Noreg utgjer ein liten marknad for utanlandske sortseigarar, og Bioforsk har halde fram arbeidet med å utvikle metodar som passar for frøproduksjon innanlands av dei viktigaste engvekstane. Tiltak som kan bidra til å utvikle jordbruket i Nord-Noreg har vore sentrale gjennom fleire prosjekt, med vekt på mellom anna lokal mat, utnytting av utmarksressursane og ikkje minst ny merksemd på dei agronomiske utfordringane i næringa. Utvikling av kunnskapsgrunnlaget for økologisk land-

bruk har hatt som mål å bidra til auka produksjonspotensial. For å styrkje samanhengen mellom husdyr- og planteproduksjon, er det brukt midlar til drift av Senter for husdyrforsøk (SHF) ved UMB.

Berekraftig, langsiktig jordbruk

Samstundes med at jordbruket produserer fôr og mat, skal det framtidige produksjonspotensialet oppretthaldast. Difor er dei langvarige målingane for å klarleggje langtidsverknadene av ulike produksjonar og produksjonsmetodar på avling, jord og vatn viktige for beredskap og moglege tiltak. Resultata har gjeve grunnlag for praktisk rådgjeving og utforming av tiltak og offentlege verkemiddel for å sikre berekraftig ressursforvaltning. Det er utvikla fleire nettbaserte rådgjevingsverktøy om ulike dyrkingstekniske forhold som er viktig for ein kostnadseffektiv grovfôrproduksjon, mellom anna ei beitehandbok for styring og bruk av beiting i intensive drøvtyggarproduksjonar. Framtidig tilgang på fosfor som næringsstoff for landbruket har vore vektlagt særskilt. I den samanheng har Bioforsk bidrege med kunnskap for å auke resirkulering av fosfor frå ulike avfallsressursar, som til dømes kjøttbeinmjøl, avløpslam og biorest frå avfallsanlegg.

Miljøvennlege produksjonsformer

Produksjonen i landbruket skal skje innanfor regelverket til styresmaktene og ha minst mogleg negativ miljøpåverknad.

Programmet *Jord- og vassovervaking i landbruket* (JOVA) er eit sentralt instrument i arbeidet med erosjon, næringsstoff- og plantevernmiddelavrenning i landbruket samstundes som det og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for internasjonal rapportering og nasjonal oppfølging av miljøbelastninga til landbruket. Kunnskap om prosessane i jord og vatn er viktig for implementering av EU sitt vassdirektiv. Bioforsk yter bistand til regionale og nasjonale landbruks- og miljøstyresmakter i deira arbeid med vassdirektivet og tilliggjande direktiv. I dette ligg også kontakt med internasjonale forskingsmiljø og forvaltningsorgan. Moglege tiltak mot erosjon og avrenning av næringsstoff, som Bioforsk har tilgjengeleg på internett for næring og forvaltning, blir årleg ajourført opp mot ny kunnskap. I lys av klimaendringar, grøftetilstanden i jordbruket og miljøet, har Bioforsk intensivert arbeidet med å utvikle kunnskap om hydroteknikk og grøfting. For optimalisert bruk av både gjødsel og plantevernmiddel arbeider Bioforsk kontinuerleg med verknader av innsatsfak-

torane på avling, produktkvalitet og miljø. Dette er kunnskap som styresmaktene nyttar i arbeidet med forskrifter og tiltak, og som produsentane sjølve har teke i bruk i sine produksjonsplanar.

God plantehelse

Friskt plantemateriale, beredskap og tiltak mot nye skadegjerarar og førebyggjande tiltak i vekstsesongen gjer det mogleg å halde bruken av kjemiske plantevernmiddel på eit lågt nivå. Bioforsk yter plantehesefagleg bistand til Mattilsynet i forvaltninga av nasjonalt og internasjonalt regelverk nedfelt i Matloven og IPPC – International Plant Protection Convention. I dette arbeidet inngår også nasjonal representasjon i fleire internasjonale organisasjonar og ekspertpanel. Kunnskapsstøtte til Mattilsynet omfattar også agronomisk vurdering ved godkjenning av nye plantevernmiddel og bruksutviding av allereie godkjente plantevernmiddel. Bioforsk har delteke i arbeidet med ny norsk plantevernforskrift der nytt EU-regelverk (mellom anna EU-forordning 1107/2009 på marknadsføring av plantevernmiddel og EUs rammedirektiv 128/2009 på berekraftig bruk av plantevernmiddel) blir implementert. Planteklinikken i Bioforsk analyserte siste året nær 11 000 prøver, og det blei gjort fleire funn av karanteneorganismar (farlege skadegjerarar), også nokre som før ikkje har vore registrert i Noreg. Kompetansen til Bioforsk har vore eit viktig grunnlag i beredskapsarbeidet og i dei tiltaka Mattilsynet etablerer. VIPS (Varsling Innen PlanteSkadegjørere) har gjennom ny kunnskap kontinuerleg blitt vidareutvikla av Bioforsk og Norsk Landbruksrådgjeving som ei nettbasert teneste, og er eit avgjerande verktøy for stadig fleire brukarar i arbeidet med å sikre god plantehelse kombinert med redusert bruk av plantevernmiddel. Varslingsmodellane er basert på vêrdata frå lokale vêrstasjonar drifta av Landbruksmeteorologisk teneste (LMT). Både rådgjevingstenesta og bøndene sjølve støttar seg på informasjonen herifrå. Styresmakter og landbruksforvaltning i fleire land er interesserte i det norske beredskapssystemet og varslingsmodellane, og dei moglegeheit det kan ha for å sikre god plantehelse og miljøvennleg produksjon.

Trygg mat fri for rester av plantevernmiddel og andre uønska stoff

Kjennskap til uønskte og potensielt helseskadegjerande stoff i maten er viktig for å sikre trygg mat og tillit hos forbrukarane. Overvåkingsprogrammet i Bioforsk, som i 2012 omfatta 1 425 prøver analysert for 315 stoff, er viktig for å sikre forbrukarane

mat der restar av plantevernmiddel og nedbrytingsprodukta av desse ikkje utgjær nokon risiko. Resultata blir rapportert til Mattilsynet. Bioforsk gjev også innspel til Mattilsynet om nye plantevernmiddel og prøvematerial som bør overvakast. Risiko knytt til naturlege giftstoff i planter og planteråstoff krev auka merksemd. Ei viktig gruppe er soppgifter, ofte kalla mykotoksinar, som no er ein av dei største utfordringane for kornbransjen i Noreg. Bioforsk arbeider med å utvikle matematiske modellar som gjer det mogleg å vurdere risiko for utvikling av mykotoksinar i korn basert på informasjon om klima og dyrkingsforhold. Modellane kan brukast som verktøy for avgjerder blant korndyrkarar når dei vurderer sprøyting mot omfanget av sopp i eigen kornåker. Genmodifiserte organismar (GMO) er eit anna felt kor Bioforsk har utvikla beredskapskompetanse og gjeve råd til styresmaktene. I arbeidet med trygg mat er det nært samarbeid med Vitenskapskomiteen for mattryggleik (VKM).

Klima- og energiriktig landbruk

Landbruksmeteorologisk teneste (LMT) har som primæroppgåve å skaffe meteorologiske data frå viktige jord- og hagebruksdistrikt i landet til bruk i ulike varslingstenester og forskning. Det er vederlagsfri tilgang på data for statlege og private aktørar, mellom anna via eigen nettside og VIPS (Varsling Innen PlanteSkadegjørere). Datagrunnlaget er eit viktig grunnlag i fleire tenester som Bioforsk tilbyr, mellom anna modellar for planteskadegjerarar, grovfôrmodellen, nitrogenprognosar, vatningsinformasjon og JOVA-programmet. Mellom anna Norsk Landbruksrådgjeving er aktive brukarar av både vêrdata og mange av tenestene datagrunnlaget legg grunnlag for. Meteorologisk Institutt (MET) er ein viktig samarbeidspartnar, og ved utgangen av 2012 mottok MET data frå 52 av LMT sine vêrstasjonar. Datagrunnlaget inngår i den nasjonale vêrvarslingstenesta, mellom anna yr.no. LMT leverer også data til Jernbaneverket, Norges Geotekniske Institutt og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Karbonbinding i jord og biomasse, tiltak for reduserte utslepp og tilpassing til endra klima har høg prioritet og har inngått som sentrale tema i ein omfattande formidlingsaktivitet. Landbruket rår over ressursar som kan konverterast til energi, samtidig som klimagassutsleppa blir redusert. Bioforsk har prioritert å finne løysingar for produksjon av biogass frå husdyrgjødsel, organisk avfall og restprodukt. I dette arbeidet har Bioforsk tilgang på eit fullskala anlegg ved Bioforsk Økolo-

gisk og biogasslaboratoriet på Campus Ås. Norsk senter for bioenergiforskning er navet i samarbeidet mellom institusjonane på Ås, og med andre forskingspartnerar og ulike aktørar i oppdragsmarknaden. Bioforsk er norsk representant i *IEA Task Group 37: Energy from Biogas and Landfill Gas*, der det også blir rapportert om Noregs status på området.

Kommunikasjon og samfunnskontakt

Bioforsk driv eit omfattande formidlingsarbeid innanfor områda for denne løyvinga. Stadig meir av den faglege informasjonen for brukarane er no tilgjengeleg på internett. Bioforsk arbeider kontinuerleg med å oppdatere kunnskapen og gjera den meir brukarvennleg. Samstundes blir det registrert at bruken aukar. Elles er artiklar i fagpressa, nyheiter på eigen nettstad, eigne utgjevingar, og ikkje minst foredrag for ulike faglag og organisasjonar, sentrale kommunikasjonskanalar. Ein stor del av dei over 500 foredraga som forskarane heldt i 2012 hadde utgangspunkt i kunnskap frå aktivitetar knytt til kunnskapsutviklingsmidlar. Norsk Landbruksrådgjeving er ein viktig samarbeidspart i kunnskapsformidlinga til dei enkelte næringsutøvarane. Tett dialog i form av møte og annan kontakt med Mattilsynet og andre forvaltningsetatar har vore viktig for å sikre effektiv kunnskapsflyt. Den årlege Bioforsk-konferansen med rundt 500 deltakarar er også utvikla til å bli eit viktig forum for kommunikasjon og samfunnskontakt. Økologisk landbruk har hatt særleg prioritet i kommunikasjonsarbeidet, med nær halvparten av ressursane på dette temaområdet.

Budsjettframlegg 2014

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 62,823 mill. kroner i 2014.

Budsjettframlegget omfattar finansiering av kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap for landbruks- og matsektoren, hovudsakleg Landbruks- og matdepartementet, Mattilsynet, Statens landbruksforvaltning og landbruksrådgjevinga, med særskilt fokus på nasjonalt beredskap innan matområdet.

Løyvinga skal dekkje kostnader knytt til dei ulike resultatområda, inklusiv avsetning til kompetanseutvikling og nødvendige framtidige investeringar.

Innsatsen retta mot samanhengen mellom planteproduksjon og husdyrproduksjon for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for husdyrproduksjonen skal vidareførast.

Løyvingane har følgjande seks målsetjingar:

Effektiv og konkurransedyktig plante- og husdyrproduksjon i heile landet

Bioforsk skal kontinuerleg utvikle kompetanse for auka produktivitet, betre kvalitet og lønnsam planteproduksjon under dei ulike dyrkings- og klimaforholda i Noreg. Næringa skal også ha tilgang til forskingsbasert kunnskap og rettleiing om økologisk produksjon.

Berekraftig og miljøvennleg landbruk

Bioforsk skal ha kompetanse og dokumentasjon på dei langsiktige konsekvensane av ulike dyrkingssystem og metodar for å sikre god ressursutnytting og framtidig produksjonspotensial. Forvaltninga har særleg behov for dokumentasjon om korleis variasjon i klima og dyrkingsmetodar verkar på erosjon og forureining, og kva for tiltak som kan setjas i verk. Mellom anna skal miljørisiko knytt til bruk av plantevernmiddele reduserast.

Klimavennleg og energiproduserande landbruk

Bioforsk skal ha kompetanse på omfang og effektar av utslepp av klimagassar frå landbruket og potensialet for karbonbinding i jord. Dette er grunnlag for framtidige teknologiske og strukturelle val innanfor landbruket, samstundes som landbruket kan produsere energi av eige råstoff og anna avfallsmateriale.

God plantehelse

Bioforsk skal ha kompetanse på ulike planteskadegjerarar og ha fokus på beredskap som kan bidra til friske planter i jord- og hagebruket. Det er særleg viktig at utfordringane knytt til risiko for innføring og spreiding av nye skadegjerarar ved endringar i klima, auka handel og transport over landegrensar blir møtt.

Trygg mat

Bioforsk skal ha beredskap og kompetanse på verkemåtar og effektar av ulike plantevernmiddele og innhaldsstoff med potensielt uheldig verknad i planter. Bioforsk skal ha tilstrekkeleg kapasitet til å utføre analysar som nasjonalt referanselaboratorium.

Kommunikasjon og samfunnskontakt

Næring, forvaltning og samfunn, både nasjonalt og internasjonalt, skal ha tilgang til kunnskap frå Bioforsk, særleg kunnskap utvikla gjennom denne løyvinga.

Post 52 Støtte til fagsentra, Bioforsk

Formål med løyvinga

Aktivitetane under posten skal bidra til å nå måla om lokal og regional næringsutvikling innan landbruk og miljø (FMLA) i nært samarbeid med Fylkesmannens landbruksavdeling i dei aktuelle fylka. Bioforsk har tre fagsenter: Bioforsk Vest Fureneset, Bioforsk Nord Tjøtta og Bioforsk Jord og miljø Svanhovd. Dei viktigaste samarbeidspartnarane for fagsentera er Fylkesmannens landbruksavdeling, Fylkesmannens miljøvern-avdeling, Fylkeskommunane, lokalt og regionalt næringsliv, kommunar og organisasjonane i landbruket. Det er også eit aukande samarbeid med andre FoU-institusjonar både regionalt og nasjonalt.

Rapportering 2012

Bioforsk Vest Fureneset har hovudaktiviteten knytt til landbruket på Vestlandet og miljørelatert FoU i nært samarbeid med andre einingar i Bioforsk og andre FoU-miljø. Prioriteringar av dei regionale fagsenteroppgåvene blir årleg gjort i samråd med dei tre FMLA på nordvestlandet.

Dårleg drenert jord er ei utfordring som påverkar arealproduktiviteten negativt. Fagsenteret har lagt vekt på dette gjennom kunnskapsoppbygging og formidling. Siv, eit aukande problem-ugras i eng og beite, og overvintring i eng sett i samanheng med klimaendringar, er tema i FoU-prosjekt. Ein har funne samanhengar mellom bladvekst om hausten og fotosyntetisk aktivitet, noko som kan bidra til å forstå mekanismene bak vekstavslutting om hausten. I lite tilpassa gras-arter som fleirårig raigras og raisvingel, fører mangel på vekstavslutting til dårleg overvintring. Begge artane er interessante i eit klimaendrings-scenario med lengre vekstsesong.

Gjennomgang av arealstatistikken over jordbruksareal i drift og omfang av beiting på nordvestlandet syner store endringar. Utgreiing av arealekstensiv beitebasert kjøttproduksjon på sau og storfe har vore eit viktig kunnskapsgrunnlag for å auke fôropptaket frå inn- og utmark, og dermed redusera attgroing av verd-

full kulturmark og restareal. Betring av kunnskapsgrunnlaget ved forvaltning av kystlynghei som truga naturtype har vore sentralt i arbeidet dei siste åra, og ein har særleg sett på regional variasjon i revegeteringsdynamikk etter lyngsviing og på kystlynghei som beiteressurs for utgangarsau på heilårsbeite. I verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap er Fureneset involvert i utvikling og gjennomføring av eit langsiktig overvaksingsarbeid for regional forvaltning, der ein også ser på effekten av verkemiddelbruken. Synergieffektar av fagsenterverksemda har lagt grunnlag for regionale oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning og Statens landbruksforvaltning. Fureneset har samarbeidd med Norsk Landbruksrådgeving og FMLA om utviklingsarbeid og formidling innan jord- og plantekultur og kulturlandskap.

Aktiviteten til Bioforsk Nord Tjøtta er knytt til ulike område innan arktisk landbruk- og miljørelatert FoU, i nært samarbeid med fleire av dei andre einingane i Bioforsk. Det siste året har vore prega av eit solid og omfattande samarbeid med regionale aktørar både innan næring, forvaltning og FoU. Fagsentermidla som blei nytta i nær dialog med Fylkesmannen i Nordland, har gjeve gode synergjar ved at dei har løyst ut omfattande regionale midlar, til dømes frå fylkeskommune, Fylkesmannen og Regionale forskingsfond. Av resultat i 2012 kan ein nemne bidrag til auka økologisk kjøttproduksjon gjennom forsøk med gamalnorsk sau som beitedyr i verdifulle kulturlandskap. Arbeid med betre standardkrav knytt til rovdryravvisande gjerde har medverka til minska tap av dyr på beite. Forsøka med å utvikle og utprøve elektronisk utstyr til overvaking av reinsdyr er ført vidare, og legg grunnlag for meir berekraftige driftsrutinar i rein-drifta. Innan storfe- og mjølkeproduksjon har ein sett i gang eit prosjekt knytt til overgang frå bås-fjøs til lausdriftsfjøs. Dette arbeidet tek sikte på å betre både dyrehelse, dyrevelferd, arbeidsmiljø og økonomi, i samband med overgangen til lausdriftsfjøs og bruk av mjølkerobotar. Studietilbod innan regional mat og matkultur som blei gjeve i samarbeid med Høgskolen i Nesna, er utvida og bidreg mellom anna til auka kompetanse og aktivitet hos serveringsverksemdar og småskala matprodusentar. Det er også arbeidd med utvikling av nettverk og samarbeid mellom serveringsverksemdar i regionen, noko som har utløynt eit meir heilskapleg tilbod. Arbeidet med vegetasjonskartlegging og skjøtelsesplanlegging i Vegaøyan verdsarv og ei rekke andre stader i Nordland, har ført til auka satsing innan beite og slått i desse områda. I tillegg har arbeidet med skjøtelsesplanar indirekte lagt

grunnlag for ei meir berekraftig turistnæring i desse områda.

Forsøk med måling av lystgass i eng er vidareført og har gjeve ny kunnskap med sikte på å minske utsleppa av miljøgassar i landbruket. Fagsenteret har hatt aukande aktivitet retta mot hestnæringa i Nord-Noreg. Arbeidet tek mellom anna sikte på å avdekkje utfordringar og kva som er mogleg med tanke på auka bruk av hest i kombinasjon med reiselivstilbod og grøn omsorg. Det har vore aukande aktivitet knytt til kunnskapsformidling gjennom foredrag, fagartiklar, rapportar, utgjeving av faktaark, kronikkar med meir. Dette har gjeve næringsaktørar, forvaltning og allmenta auka kunnskap på landbruks-, mat- og miljøområdet.

Bioforsk Jord og miljø Svanhovd har natur-, miljø- og landbruksfag i Barentsregionen som arbeidsfelt og er knutepunkt for norsk-russisk FoU- og miljøvernsamarbeid i grenseområda. Svanhovd er europeisk leiande på DNA-analysar, bestandsvurderingar og forvaltningsstøtte på brunbjørn. Svanhovd driv eit ISO-akkreditert DNA-laboratorium, ein botanisk hage, eit nasjonalparksenter og eit konferansesenter. Fagsentermidlane har bidrege til å utløyse lokale – regionale og nasjonale prosjekt, og har sikra basis for drift av den botaniske hagen og formidling frå senteret sitt kjerneområde. Midlane har også sikra jamleg stell av departementets jordbrukseigedommar.

I den botaniske hagen er det mellom anna i gang utprøving av vinterherdige roser. Hagen fungerer også som genbank for truga artar og andre artar ein ønskjer å ta vare på i levande form. For småskaladyrkarar blir det arrangert kurs i hagestell og dyrking av grønnsaker tilpassa nordleg klima.

Svanhovd leiar eit stort utviklingsprosjekt for fugleturisme i Finnmark kor 30 reiselivsverksemdar deltek. Svanhovd har også arbeidd med oppgaver relatert til EU sitt rammedirektiv for vatn. Svanhovd blei miljøsertifisert i 2012.

Det blei gjennomført omfattande formidling, kursing og opplæring av ulike alders- og brukargrupper i natur-, landbruk og miljøspørsmål og rovdyrproblematikk i 2012, mellom anna i regi av Øvre Pasvik nasjonalparksenter.

Budsjettframlegg 2014

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 17,873 mill. kroner i 2014.

Fagsentra skal bidra til lokal og regional næringsutvikling innanfor landbruk og miljø. Dei skal vere regionalt forankra og gjere det enklare for lokale næringsaktørar å byggje opp kompetanse og utvikle og ta i bruk nye metodar for produksjon. Fagsentra bør auke samarbeidet med regionale og nasjonale FoU-institusjonar og styrkje formidlingsverksemda.

Kap. 4112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2012	Saldert budsjett 2013	
30	Husleige, Bioforsk	18 850	18 893	19 180
	Sum kap. 4112	18 850	18 893	19 180

Post 30 Husleige, Bioforsk

Ein stor del av eigedommane som blir nytta av Bioforsk, inngår i leigeavtale med staten ved Landbruks- og matdepartementet, som gjeld til

1.1.2016. Leiga blir justert etter endringar i mengda eigedommar i avtalen med 80 pst. av konsumprisindeksen (KPI) årleg. Departementet gjer difor framlegg om ei samla husleige på 19,180 mill. kroner for 2014.

Kap. 1115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	1 233 759	1 200 266	1 227 673
22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	9 356	9 323	12 600
23	eSporingsløysinga, <i>kan overførast</i>	6 397	3 099	
71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	4 169	1 131	4 200
	Sum kap. 1115	1 253 681	1 213 819	1 244 473

Post 01 Driftsutgifter

Organisatoriske forhold

Mattilsynet vidareutvikla i 2012 systema for mål- og resultatstyring. IKT er eit strategisk verkemiddel for å løyse samfunnsoppdraget til Mattilsynet på ein effektiv måte. Mattilsynet blir, som mange andre offentlege verksemdar, ei stadig meir IKT-intensiv verksemd. Mattilsynet har også i 2012 prioritert å vidareutvikle Mattilsynets digitale tilsynsystem (MATS) med vekt på å forbetre løysingane og å gjere systemet meir brukarvennleg. Det har særleg vore merksemd på å forbetre datakvaliteten i MATS og løysingane for automatisert datafangst.

Risikostyring er eit viktig grunnlag for Mattilsynet. Røynsla til Mattilsynet er at risikostyring eignar seg godt som grunnlag for å vurdere overordna prioriteringar, både nasjonalt og regionalt. Det blei våren 2012 utarbeidd eit nytt overordna risikokart.

I 2012 har Mattilsynet lagt vekt på å forbetre og sikre kvaliteten både i planlegging og gjennomføring av store innkjøp, mellom anna rammeavtalar for kjøp av laboratorietenester, IKT-utstyr, telefoni/WAN og leige av bil.

Internasjonalt arbeid og regelverksutvikling

Som det er gjort greie for i NOU 2012: 2 *Utenfor innenfor* står Mattilsynet truleg for den kvantitativt største delen av arbeidet med å gjennomføre EU/EØS-reglar i norsk rett. Mattilsynet følgjer opp europapolitikken til regjeringa. Mattilsynet har etablert gode rutinar for tett dialog med departementa om relevans, prioriteringar og norske posisjonar, og har halde fram arbeidet med å optimalisere prosessane. Mattilsynet freistar å avklare viktige norske posisjonar så tidleg som

råd, er opne om arbeidet, og legg vekt på å få til ein god dialog med interessentgrupper om regelverksarbeidet i Brussel.

Gjennomføring av EØS-regelverk i norsk rett var høgt prioritert saman med utvikling av nasjonalt regelverk på områda fiskehelse, dyrevelferd og drikkevatt. I 2012 blei det fastsett 126 forskrifter på Mattilsynet sitt forvaltningsområde. Av desse var 111 EØS-baserte, mens 15 var nasjonale forskrifter. Delen av EU-rettsakter som blei gjennomført innan fristen var nær 80 pst. i 2012. Dette var ein monaleg auke frå tidlegare år.

Forskrifter som gjennomfører EU-forordningar i norsk rett, er ei utfordring for brukarane. Regelverket er til dels spreidd på mange forordningar og mange av desse er vanskeleg tilgjengelege for brukarane. Mattilsynet har samarbeidd med Lovdata om å utvikle eit verktøy kalla regellesehjelp, som skal gjere det enklare å lese forordningsforskrifter. Regellesehjelp blei lansert tidleg i 2013.

Mattilsynet koordinerer Noreg sitt arbeid i Codex Alimentarius Commission (næringsmiddel), Verdas dyrehelseorganisasjon OIE (dyrehelse) og den internasjonale plantekommissjonen IPPC (plantehelse). Det er lagt vekt på samarbeid med EU og andre alliansepartnarar for å utvikle ei strategisk tilnærming og ta i vare norske interesser.

Tilsyn, rettleiing og områdeovervaking

Mattilsynet har også i 2012 lagt vekt på høg tilsynsproduksjon og kvalitet i gjennomføringa av tilsynet. Tilsynsproduksjonen låg på om lag same nivå som åra før. 2012 var første året der ein hadde eit samla grunnlag for å rapportere på verkemiddelbruk og etterleving av regelverk. Områda fiskehelse, dyrevelferd og drikkevatt blei priori-

tert i tråd med det som blei lagt til grunn i Prop. 1 S (2011–2012) for Landbruks- og matdepartementet.

Mellom anna som oppfølging av forvaltningsrevisjonen til Riksrevisjonen, har Mattilsynet arbeidd med å utvikle eit meir einskapleg tilsyn med særleg vekt på utøving av fagleg skjønn og bruk av verkemiddel. Dette har vore sentrale tema i utviklinga av kompetanse hos tilsynspersonellet. MATS er eit sentralt verktøy i utføringa og utviklinga av tilsynet.

Mattilsynet har også arbeidd for å forbetre klagehandsaminga. Mellom anna blei det teke i bruk eit felles register for klagehandsaming som legg til rette for kunnskapsdeling i organisasjonen. Ein har også styrkt den interne faglege styringa i tilsynet, mellom anna ved å involvere nasjonale og regionale fagfora betre i samordninga av tilsynet.

Mattilsynet legg vekt på å gjennomføre nasjonale og regionale tilsynsprosjekt. Prosjekta gjer det mogleg med ein målretta og koordinert innsats på dei prioriterte områda, og dei er viktige for å vidareutvikle tilsynet. Prosjektresultata gjev verdifull og samordna informasjon om bruk av verkemiddel og etterleving av regelverk på dei prioriterte områda. I to av tilsynsprojekta blei det lagt særleg vekt på å bruke revisjon som tilsynsmetode.

I løpet av 2012 gjennomførte Mattilsynet sine to første nasjonale brukarundersøkingar. Tema var korleis brukarane forstod Mattilsynets kommunikasjon ved tilsyn. Totalt deltok om lag 3000 verksemder innanfor havbruksnæringa og serveringsnæringa. Resultata frå desse undersøkingane har gjeve verdifulle bidrag til utvikling av tilsynet.

Som eit ledd i å modernisere og effektivisere tilsynet er Mattilsynet oppteken av å nytte andre tilsynsmetodar enn det tradisjonelle tilsynet med verksemder. På fiskehelseområdet blir til dømes ein del av tilsynet utført på bakgrunn av register og innsendt dokumentasjon. Mattilsynet legg også vekt på auka samarbeid med andre etatar og aktørar.

Mattilsynet er ein beredskapsorganisasjon og arbeider jamt med å utvikle beredskapen. Alle nivå i organisasjonen legg stor vekt på å gjennomføre øvingar med tanke på å vere budd om det oppstår reelle hendingar. Mattilsynet rapporterer at det i 2012 blei gjennomført i alt 86 øvingar fordelt på stabsøvingar, varslingsøvingar og loggøvingar. To av øvingane var særleg omfattande; ei todagars saneringsøving i samarbeid med Sivilforsvaret og ISS og ei nasjonal øving (Tempest 2012) for dyresjukdommen munn- og

klauvsjuka. Mattilsynet sette nasjonal stab ved tre hendingar i 2012.

Arbeidet med å motarbeide og avgrense ulike fiskesjukdommar har særleg vore retta inn mot Pankreas-sjukdom (PD) og lakselus. Utbrot av PD i sona som skal vere fri frå sjukdommen, kravde stor innsats frå Mattilsynet for å hindre spreiding. For å hindre at PD spreidde seg til Nordland, blei det laga ei ny soneforskrift for PD-virustypen SAV2. Utviklinga når det gjeld lakselus i oppdrettsanlegg har vore positiv. Mattilsynet har også i 2012 pålagt næringa å gjennomføre ei felles avlusing på våren for å redusere smittepresset frå lus på utvandrande villsmolt.

Tilsyn på fôrområdet viste få overskridingar av grenseverdiane for smittestoff og framandstoff i fôrvarer. Verksemdene tek også eit stort tal prøver for salmonella i fôr i samband med pålagt internkontroll.

Også på området dyrevelferd var det stor aktivitet. Fleire regionale tilsynsprosjekt blei gjennomført. Tilsynet med kjæledyr og hobbydyr har vore utfordrande. Mattilsynet har hatt særleg merksemd på å følgje opp rovdyrforliket med omsyn til dyrevelferd for sau på beite og elles prioritert dyrevelferd for rein, pelsdyr og fjørfe. I 2012 kom det inn 6786 meldingar om dårleg dyrevelferd ved hjelp av varslingsknappen på heimesidene til Mattilsynet, ein auke på 12 pst. frå 2011. Distriktskontora følgjer opp meldingane.

I 2012 blei det gjennomført eit nasjonalt tilsynsprosjekt om drikkevatt med særleg merksemd på leidningsnett. Prosjektet blei gjennomført ved 500 revisjonar.

Resultata viser at mange vassverk har eit stort forbettringspotensial når det gjeld vedlikehald og å arbeide førebyggjande for å sikre god styring og kontroll med kvaliteten på vatnet i leidningsnett. Mattilsynet peiker på at mange vassverk har merksemda retta mot tekniske forhold, og i mindre grad mot andre forhold som er viktige for helsa.

Arbeid knytt til eksport av norsk sjømat har kravt særskilt innsats i 2012. Eksporten av norsk sjømat auka også i 2012. Det siste tiåret er produksjonen og eksporten av laks og aure dobla. Landa Noreg eksporterer til, stiller stadig strengare krav til Mattilsynet sitt tilsyn både når det gjeld å dokumentere etterleving av norsk regelverk og eksportlandet sitt regelverk. Krav frå styresmakterne i Russland har kravt særskilt innsats frå Mattilsynet.

Næringsmiddelområdet har vore prega av diskusjonar om villeiande merking. Mattilsynet har

gjennomført tilsynsprosjekt retta mot særskilte område.

Tilsynet med serveringsstader blei gjennomført i same omfang som i 2011. Det er størst utfordring med regelverksetterlevinga i dei største byane, særleg når det gjeld krava til hygiene og kompetanse. Mattilsynet samarbeider tett med andre etatar i samband med tilsyn i mange byar. Pilotprosjektet med ei smilefjesordning i Møre og Romsdal og Trøndelag blei ført vidare.

Kommunikasjon

Kommunikasjon blir nytta som eit strategisk verkemiddel for å nå effektmåla til Mattilsynet.

Mattilsynets nettenester er hovudkanalar for å gjere viktig informasjon tilgjengeleg for brukarane. Moglegheitene befolkninga har til å ta informerte val, blei styrkt då ein ny versjon av nettenesta matvaretabellen.no blei sett i drift i 2012. Utviklinga av den nye versjonen av mattilsynet.no heldt fram i 2012. Den nye nettenesta blei lansert tidleg i 2013.

Verksemda til Mattilsynet har stor offentleg interesse. Det var om lag 14 000 oppslag om Mattilsynet i norske massemedia i 2012. I lys av dette satsar Mattilsynet på ein mest mogleg profesjonell kontakt gjennom ei ordning med pressevakttelefon. I 2012 gjennomførte mange medarbeidarar interne medietreningskurs. I alle viktige saker er det også utvikla medieplanar som skal syte for at budskapet blir konsistent.

Statusen på effektmåla

Målet om å sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt

Førekomsten av sjukdom som skuldast smittestoff i mat og drikkevatt er i Noreg lågare enn i andre land. Noreg har også god status når det gjeld sjukdommar som kan smitte mellom dyr og menneske (zoonosar), mellom anna gjennom mat eller drikkevatt. Førekomsten av smittestoff i mat og husdyr i Noreg er framleis relativt låg. Matvarer frå dyr er mindre viktig som smittekjelde enn i dei fleste andre i-land. Ikkje-desinfisert drikkevatt er meir viktig som smittekjelde enn i dei fleste andre i-land.

Tal frå Folkehelseinstituttet viser at det samla talet på meldte tilfelle av matborne infeksjonar i 2012 hadde ein svak nedgang samanlikna med 2011. Det er ikkje råd å seie noko sikkert kva som er årsaka til at talet på meldte tilfelle varierer. Delen av dei meldte tilfella av matborne infeksjonar som er smitta innanlands, er framleis låg for

dei fleste meldepliktige infeksjonane. Ein stor del av dei meldte tilfella, har blitt smitta under opphald i utlandet.

Campylobacteriose og salmonellose er dei to matborne infeksjonane som blir oftast meldte, både i Noreg og i andre europeiske land. I 2012 blei det meldt frå til Folkehelseinstituttet om 2933 tilfelle av campylobacteriose hos menneske i Noreg mot 3005 tilfelle i 2011. Det blei meldt om 1371 tilfelle av salmonellose hos menneske i 2012 mot 1290 tilfelle i 2011. For campylobacteriose var delen som var registrert smitta i Noreg 38 pst. mens denne delen for salmonellose var 19 pst. For begge desse sjukdommane var talet på meldte tilfelle som var smitta innanlands, høgast på sommaren. Det tyder på at inntak av ikkje-desinfisert drikkevatt på hytter og ute i friluft kan vere ei viktig årsak til smitte innanlands.

Enterohemorragiske *E. coli* (EHEC) er ein farleg variant av tarmpatogene *E. coli*-bakteriar. EHEC er eit aukande problem i industrilanda. Talet på EHEC-tilfelle i Noreg har auka jamt over dei siste 10 – 15 åra. I 2012 auka talet på meldte tilfelle av EHEC i Noreg til 75, mot 47 meldte tilfelle i 2011 og 52 i 2010.

Sjølv om mattryggleiken i Noreg generelt er god, er det kvart år fleire større og mindre utbrot av matboren sjukdom. Talet på varsla utbrot har vore relativt stabilt dei siste åra. I 2012 blei det varsla 43 utbrot der det var mistanke om smitte gjennom mat.

Ein stor del av befolkninga er tilknytt store vassforsyningssystem og får hovudsakleg drikkevatt av god mikrobiologisk kvalitet. Resultata frå eit nasjonalt tilsynsprosjekt i 2012 viser likevel at vassverka har stort forbetringspotensial i det førebyggjande arbeidet og når det gjeld rutinane for internkontroll og beredskap. Det er særleg utfordringar når det gjeld mindre vassforsyningssystem. Leidningsnett for vatn og avløp er også ei utfordring. Leidningsnett i mange område er gammalt og har store lekkasjar. Utreidd bruk av overflatevatn som råvatn er også ein risikofaktor for spreiding av sjukdommar som campylobacteriose og salmonellose.

Overvakinga av mykotoksin (muggsoppgifter) i fôr og næringsmiddel og andre kontrolltiltak syner at delen av prøver med overskriding av grenseverdiane er på eit stabilt lågt nivå. Ut frå analyser av kornvarer på den norske marknaden for ulike mykotoksin i perioden 2008–2012 bad Mattilsynet Vitskapskomiteen for mattryggleik om ei risikovurdering når det gjeld mattryggleik og mykotoksin i korn. Rapporten blei lagt fram tidleg i 2013.

Analysar for restar av plantevernmiddel i vegetabiliske og animalske produkt viser at delen av prøver med overskriding av grenseverdiane er liten og hovudsakleg knytt til importerte varer. Det blei til saman teke ut 1425 prøver som blei analysert for 315 forskjellige virkestoff.

Overvakinga av framandstoff i vegetabilisk mat, animalsk mat og sjømat viser små endringar samanlikna med åra før. Utviklinga når det gjeld framandstoff i sjømat frå hamner og fjordar, blir følgd opp med kosthaldsråd.

Målet om å fremje god helse hos planter, fisk og landdyr

Plantehelse

Plantehelsa i Noreg er god. I 2012 har det vore utbrot av enkelte alvorlege planteskadegjerarar som har blitt motarbeidd på ein effektiv måte. Funn av sjukdommen heksekost på epletre hos sentrale planteprodusentar er i denne samanhengen spesiell. Funna har avdekt store svakheiter i norsk foredlingsarbeid. Foredlinga skjer hos få aktørar.

Fiskehelse

Noreg er fri for mange av dei sjukdommane Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) har listeført for akvatiske dyr. Av 26 listeførte sjukdommar er fem påvist i Noreg dei siste 10 åra. Fiskehelse var eit prioritert område i 2012, og Mattilsynet har halde fram arbeidet med å motverke og avgrense fiske-sjukdommar. Påvisning av ein ny variant pankreassykdom (PD) til område nord for Hustadvika var det mest alvorlege utviklingstrekket i 2012. I 2012 var det to påvisningar av infeksjøs lakseanemi (ILA) i Møre og Romsdal. Noreg har igjen fått fristatus for viral hemoragisk septikemi (VHS) etter ubrota på regnbogeaure i 2007 og 2008 i Storfjorden. Situasjonen når det gjeld lakselus hos oppdrettsfisk har betra seg dei tre siste åra. Nivået av lus i anlegga har gått ned og regelverksetterlevinga er god. I dei mest belasta områda var lakselussituasjonen på villfisk ikkje så god som ønskja.

Dyrehelse

Husdyrhelsa i Noreg er god, men det er ein tankevekkjar at ein sjukdom som Schmollenberg-virus spreidde seg så raskt i Noreg. Hittil har ikkje dette ført til vesentlege produksjonstap. Schmollenberg-virus blir overført med vektor. Sannsynleg smitteveg er infisert sviknott frå Danmark.

Dette viser at Skagerrak ikkje er ein barriere mot spreiding av vektorsjukdommar.

Mattilsynet er uroa over helsesituasjonen i norsk hobbyfjørfehald. I 2012 blei det registrert 26 utbrot av infeksjøs bronkitt. Det blei ikkje registrert utbrot av sjukdommen i kommersielt fjørfehald, men situasjonen i hobbyfjørfehaldet er ein betydeleg risiko for norsk fjørfenæring.

Sjukdomssituasjonen hos norske kjæledyr er vesentlig forskjellig frå mange europeiske land, særleg i Sør- og Aust-Europa. Aktuelle sjukdommar (zoonosar) medfører smittefare for både dyr og menneske. Import av kjæledyr frå desse landa medfører difor risiko for innførsel av framande smittestoff. Dette gjeld særleg import av gatehundar med auka risiko for innførsel av rabies og dvergblendelorm. Omfanget av import av kjæledyr frå visse område er no så stor at det statistisk sikkert vil utgjere ein auka risiko for både dyrehelsa og folkehelsa.

Ein viktig føresetnad for god fiske- og dyrehelse er tilgang på fôr utan smittestoff og framandstoff. Kontrollresultata gjennom fleire år viser få brot på grenseverdiane som gjeld for desse stoffa.

Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr

Dyrevelferda i Noreg er generelt god i forhold til andre land det er naturleg å samanlikne med. Det er likevel nokre klare utfordringar, særleg i dei intensive produksjonane. Samtidig er det viktig å peike på at «industrialiseringa» av husdyrproduksjonen har kome mykje lenger i andre land enn i Noreg.

Landdyr

Reduksjon i talet på sau som blir erstatta grunna rovvilt heldt fram også i 2012. Det har vore eit godt samarbeid med miljøforvaltninga i arbeidet for å redusere tap av sau på beite som følgje av rovviltangrep. Likevel er det framleis store område med til dels omfattande tap. Mattilsynet har vore i dialog med miljøforvaltninga for å bidra til at dyrevelferda blir vektlagt enda sterkare.

Tilsyn med tamrein viser mykje av dei same utfordringane som tilsyn med småfe på beite. Reindrifta i sørsamiske område har særleg store tap. Ei av utfordringane er etablering av forvaltningsområde for jerv innanfor kalvingsområda for tamrein. I Finnmark er det fokus på at talet på rein totalt sett for beiteområdet er for høgt.

Mattilsynet er, mellom anna ut frå funn i regionale tilsynsprosjekt, uroa over utviklinga i hestehaldet. Mange hestar blir eigd eller halden på ein måte som ikkje sikrar dyra tilfredsstillande miljø og stell.

Talet på brannar i husdyrrom er framleis høgt, sjølv om utviklinga har flata noko ut. Svinehald er framleis særleg utsett. Utvida elektrisk kontroll og termografering blir prøvd ut i eit pilotprosjekt med fleire aktørar. Førebelse resultat tyder på at dette kan vere effektive verkemiddel.

Mattilsynet har også i 2012 prioritert tilsyn med pelsdyrhaldet med i alt 245 tilsyn der 71 pst. ikkje var melde. Tilsynet blei utført med utgangspunkt i forskrift om hald av pelsdyr som blei fastsett i 2011.

Eit tilsynsprosjekt viste at dyrevelferda i slaktekyllingproduksjonen generelt ikkje er god nok. Auka merksemd på produksjonsform og oppfølging av nye reglar for tettleik av dyr i kyllingoppdrett har som mål å gje betre dyrevelferd i desse dyrehalda.

Delen dyr som døyr under transport til slakteri, var lågare i 2012 enn i 2011 for alle artar det føreligg tal for. Dette er positivt for dyrevelferda, og kan tyde på at både næringa og Mattilsynet har hatt rett og auka merksemd på problemstillinga.

Framleis er det for mange hendingar der dyr lid på grunn av menneskeleg ansvarsløyse og sjukdom. Dette gjeld både innan næringsmessig husdyrhald og i private dyrehald. Mattilsynet er uroa over at auka merksemd og oppfølging av slike hendingar, både frå forvaltninga og næringa, så langt ikkje har gjeve ønskja reduksjon.

I 2011, som er det siste året det finst tal for, var det ein reduksjon i tal på landdyr i forsøk, mens fisk, som omfattar 97 pst av forsøka, hadde ein liten auke.

Oppdrettsfisk

Dødelegheit fører framleis til store tap i norsk havbruksnæring. Dei første månadane etter sjøsetjing av smolten er dei mest kritiske. Det er stor variasjon i dødelegheit mellom anlegg og lokalitetar. For 2012 var tapa 10,2 pst., noko som er ein betydeleg nedgang frå tidlegare år. Det at fisk døyr under oppdrett er den viktigaste utfordringa når det gjeld velferda til oppdrettsfisken. I tillegg utgjør det eit økonomisk tap for produsentane. Eit prosjekt i Midt-Noreg har avdekkja at smoltkvalitet har stor betydning. Heile 38,0 pst. av dødelegheita i sjøfasen ser ut til å skuldast forhold som kan knytast til settefiskanlegget, mens 37,5 pst. av dødelegheita skuldast forhold ved lokaliteten og

handtering av fisken. Berre 23,5 pst. av dødelegheita kan knytast til smitte i sjøfasen.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn

Kampanjen til Forbrukarrådet retta mot merking av matvarer viste at merking og marknadsføring av mat ikkje alltid er egna til å gje forbrukarane moglegheit til å ta informerte val.

Mattilsynets kontroll med import har også ført til at fleire importparti er stoppa på grunn av feil merking og ulovlege helsepåstandar.

Eit nordisk tilsynsprosjekt som blei avslutta i 2012, har vist at mange verksemdar har for dårlige rutinar for merking og handtering av stoff og ingediensar som er allergene.

Det blei berre gjort eitt funn av genmodifisering i strid med regelverket i 2012. Det blei påvist ulovleg genmodifisert ris i eitt produkt importert direkte frå Kina. Funnet var i ei prøve teke ut i samband med nytt regelverk for import av ris og risprodukt frå Kina. Det blei vedteke forbod mot omsetnad av varepartiet.

Målet om å vareta miljøvennleg produksjon

Omsetnad av plantevernmiddel har variert mykje frå år til år, først og fremst grunna tilpassing av innkjøp til endringar i avgiftsnivået og prisvariasjonar på verdsmarknaden. Det er difor vanskeleg å seie noko sikkert om risikoutviklinga på kort sikt, men sett i forhold til nivået i 1996/1997 har det vore ein reduksjon både når det gjeld helserisiko og miljørisiko.

Sjølv om den totale omsetnaden av plantevernmiddel ikkje er redusert dei siste åra, er bruken vridd mot preparat/stoff med lågare helse- og miljørisiko. Den auka bruken i 2011 og 2012 kom av mykje nedbør i vekstsesongen som førte til auka sprøyting mot soppsjukdommar.

Mattilsynet har delegert ansvaret for å føre tilsyn, og fatte enkeltvedtak knytt til økologisk produksjon og omsetnad til Debio. Debio gjennomførte i alt 3 391 revisjonsbesøk i 2012. Dette er om lag same nivå som i 2011.

Andre omsyn

Mattilsynet fører tilsyn med regelverket som skal medverke til at kosmetikk og kroppspeieprodukt er helsemessig sikre for menneske og dyr. I 2012 blei det registrert 54 meldingar om biverknader av kosmetikk og kroppspeieprodukt mot 61 i 2011. Ei forbrukarundersøking som Mattilsynet har fått utført, tyder på at det berre er ein svært

liten del av tilfella av biverknader som blir rapportert til Biverknadsregisteret for kosmetikk.

Budsjettforslag 2014

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 1 227,673 mill. kroner.

Regjeringa gjer framlegg om ei styrking av Mattilsynets budsjett på 10 mill. kroner til arbeidet med å leggje til rette for marknadstilgang i utlandet for norsk sjømat. Midlane skal gå til auka innsats i arbeidet med dokumentasjonsgrunnlag, utskriving av attestar og dialogen med utanlandske matstyresmakter m. v. Det er særleg viktig å kunne dokumentere mattryggleik, at norske og internasjonale reglar blir følgde, og at produktet ikkje vil utfordre smittebiletet i importlandet.

Marknadstilgang er særleg viktig for sjømatnæringa. Norsk sjømat skal vere trygg og av god kvalitet slik at den blir føretrekt på den globale marknaden. Dei seinare åra har vi sett ein auke i krava til dokumentasjon på at produkta som blir eksporterte er trygge. For sjømatnæringa i Noreg er det avgjerande at Noreg kan dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda. For Mattilsynet ligg det utfordringar knytt til det store talet på marknader og i det store talet på ulike produkt.

Regelverksutvikling og internasjonalt arbeid

Regelverket på matområdet er i stor grad harmonisert over landegrensene. Som følgje av EØS-avtalen blir grunnlaget for det norske regelverket hovudsakleg utvikla i EU. Nærare 90 pst. av alle nye forskrifter og forskriftsendringar på Mattilsynet sitt ansvarsområde er knytt til oppfølging av EØS-avtalen. Codex Alimentarius Commission (FAO/WHO sin organisasjon for matvarestandardar), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og Verdas plantehelseorganisasjon (IPPC) legg også viktige premisser for regelverksutviklinga. Mattilsynet vil følgje aktivt med i dei sentrale delane av arbeidet i desse organisasjonane, mellom anna i Codex Alimentarius Commission sin komité for fisk og fiskevarer, der Noreg leiar arbeidet.

Mattilsynet vil ta aktivt del i arbeidet med å utvikle nytt regelverk i samsvar med norske interesser på utvalde område. Mattilsynet vil prioritere område med særlege norske interesser i regelverksarbeidet. Dette omfattar mellom anna EU sitt arbeid med å utvikle nytt felles regelverk om kontroll på matområdet og arbeidet med nytt felles regelverk om dyrehelse, plantehelse og såvarer.

Matdepartementa legg vekt på samordna og godt førebudd deltaking i internasjonale fora. I det internasjonale regelverksarbeidet er det viktig med tidleg og god dialog med relevante interessentar, jf. Meld. St. 5 (2012–2013) *EØS-avtalen og Norges øvrige avtaler med EU*. Mattilsynet skal også bidra til at oppfølging av dei internasjonale pliktene skjer til rett tid og til at gjennomføring i norsk rett blir gjort på mest mogleg formålstenleg og brukarvennleg vis.

EU er i ferd med å utarbeide ei ny forordning om offentlig kontroll som skal dekkje større delar av matområdet enn den kontrollforordninga som gjeld i dag. Det blir i denne samanhengen vurdert ei harmonisering av finansieringa av kontrollverksenda som kan medføre auka gebyr på området. Arbeidet blir mellom anna sett i samheng med revisjonane av regelverket om plantehelse, dyrehelse og såvarer.

Mattilsynet har i fleire år hatt særleg merksemd på å forenkle og rydde i regelverket. Framover vil dette bli gjort som del av det ordinære arbeidet med å utvikle regelverket. Mattilsynet vil auke innsatsen for å informere betre om regelverket og gjere det meir tilgjengeleg. Mattilsynet vil også leggje vekt på å fremje desse omsyna når dei deltek i internasjonal regelverksutvikling, mellom anna i arbeidsgruppene i EU.

Mattilsynet har i tillegg oppgåver med å skape gjensidig kunnskap og tillit med matstyresmakter i andre land for å leggje til rette for marknadstilgang i utlandet for norske varer.

Tilsyn, rettleiing og områdeovervaking

Mattilsynet vil arbeide vidare for å utvikle eit meir einskapleg tilsyn, slik at regelverket blir tolka og handheva einskapleg i like saker og i samsvar med plikter etter internasjonale avtalar. Ved forvaltning av matlova vil omsynet til trygg mat og trygt drikkevatt bli tillagt størst vekt.

Nærleik til verksemdene og god kunnskap om lokale forhold skal sikre eit effektivt, målretta og godt synleg tilsyn. Mattilsynet vil ved bruk av fagleg skjønn vere løysingsorientert i møtet med verksemdene. Der regelverket stiller funksjonskrav, kan verksemdene sjølv velje ulike løysingar for å oppfylle krava. Dette er særleg aktuelt når det gjeld regelverket om hygiene.

Det er verksemdene sitt eige ansvar å kjenne til og etterleve regelverket. Mattilsynet fører tilsyn med at slik etterleving skjer. Når det er nødvendig for å sikre at måla blir nådde, vil Mattilsynet nytte dei verkemidla lovverket stiller til rådvelde.

Aktiv rettleiing om regelverket er viktig. Aktiv rettleiing og utøvande tilsyn i dei enkelte verksemdene er difor kjerneprodukta til Mattilsynet.

Regelverket om kontroll krev at det skal vere eit effektivt, einskapleg og heilskapleg tilsyn. Regelverket legg vidare vekt på at tilsynet skal skje på det leddet i matproduksjonskjeda der effekten er størst. På mange område betyr dette at tilsyn bør skje tidleg i matproduksjonskjeda.

Omfanget av tilsyn med verksemdene blir tilpassa risikoen for og konsekvensar av regelbrot både generelt og i den enkelte verksemda. Dette krev god kunnskap om tilstanden på dei ulike områda. Nasjonale kontrollplanar skal liggje til grunn for prioritering og rapportering.

Mattilsynet vil også følgje opp dei pliktene til å utføre tilsyn som er fastsette i regelverket.

Mattilsynet forvaltar også regelverk som ikkje er direkte knytt til risiko for helse hos menneske, planter, fisk eller landdyr, mellom anna regelverk som skal ivareta forbrukaromsyn som ærleg omsetnad og kvalitet. Også på desse områda er det viktig med eit målretta og effektivt tilsyn.

Mattilsynet vil innrette arbeidet med kartlegging og overvaking slik at det blir målretta og kostnadseffektivt. Overvåkings- og kontrollprogram knytt til plikter etter internasjonale avtalar eller norske tilleggsгарантиar, vil ha prioritet. Innanfor desse rammene vil prioriteringa av kartlegging og overvaking bli tilpassa risikobiletet til ei kvar tid.

Målet om å sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatn

Mattilsynet vil arbeide for at maten og drikkevatnet skal vere trygt med omsyn til folkehelse.

Regelverket om hygiene og kontroll legg vekt på verksemdene sitt eige ansvar for å etterleve krava, og for å ha system og rutinar som sikrar mattryggleiken i heile matproduksjonskjeda frå og med innsatsvareproduksjon og primærproduksjon til og med omsetnad til forbrukarane. Dette gjeld også ved import.

Regelverket opnar for å utarbeide bransjevise retningslinjer for god hygiene som kan bidra til løysingar som er tilpassa dei ulike bransjane. Utvikling av slike retningslinjer er ei utfordring for enkelte bransjar. Regelverket om hygiene og kontroll stiller store krav til fagkunnskap, både hos verksemdene og i Mattilsynet, særleg for å kunne nytte den fleksibiliteten som dei nye målretta reglane gjev. Arbeidet med å halde oppe gode hygieniske forhold i alle verksemdar i matproduksjonskjeda krev difor kontinuerleg innsats frå verksemdene og aktiv og målretta innsats frå Mattilsynet.

Det er framleis grunn til å ha merksemd på dei hygieniske forholda i serveringsnæringa. Resultat frå pilotprosjektet med ei smilefjesordning i Trøndelag og Møre og Romsdal, har vist at etterlevinga av regelverket har blitt langt betre. Ordninga er godt motteke av forbrukarane og verksemdene. Regjeringa tek sikte på å gjere ordninga landsdekkjande, jf. prop. 1 S frå Helse- og omsorgsdepartementet, der det blir gjort framlegg om ei særskilt løyving over kap. 711, post 21.

Mattilsynet sitt tilsynsprosjekt på drikkevatnområdet viste at dårleg vedlikehald av leidningsnett er ei av dei største utfordringane knytt til kvaliteten på drikkevatn i Noreg. Mattilsynet vil følgje opp resultatata frå tilsynsprosjektet. Mattilsynet vil ta i bruk nødvendige verkemiddel overfor vassverk som ikkje etterlever krava. Regjeringa gjer framlegg om ei styrking av arbeidet på drikkevatnområdet, jf Prop. 1 S frå Helse- og omsorgsdepartementet, kap. 711, post 21.

Protokollen til WHO/UNECE om vatn og helse, som Noreg har slutta seg til, krev at kvart land skal utarbeide nasjonale mål for å betre vatn- og avløpsforholda. Mattilsynet vil halde fram med å følgje opp dei pliktene Noreg har under protokollen, særleg når det gjeld arbeidet med små og mellomstore vassverk. Departementa vil også vurdere om andre tiltak må til for å nå måla.

Resultata frå fleire pilotprosjekt for tilsyn med kosttilskott har vist at mange produkt ikkje er i samsvar med regelverket og at marknaden er uoversiktleg. Mattilsynet la våren 2013 fram ein områdeanalyse for å identifisere dei viktigaste forvaltningsmessige utfordringane på området. Dette vil gje betre grunnlag for planlegging av tilsyn og hensiktsmessig bruk av verkemiddel.

Målet om å fremje god helse hos planter, landdyr og fisk

God plante-, landdyr- og fiskehelse er viktige føresetnader for produksjon av trygg mat og for verdiskaping i næringane. Tiltak og rutinar i næringane for å førebyggje introduksjon og spreieing av sjukdom og skadegjerarar er viktig.

Mattilsynet vil arbeide for at helsetilstanden hos planter, landdyr og fisk framleis skal vere god. Klimaendringar og aukande internasjonal handel kan gje større utfordringar. Det er difor viktig med førebyggjande tiltak og god beredskap mot dei mest frykta planteskadegjerarane og smittsame sjukdommane hos landdyr og fisk. Dette er også viktig for å hindre utbrot av dyresjukdom, som også kan smitte over og gje sjukdom hos menneske (zoonosar). Oppfølging av det

harmoniserte forenkla EØS-regelverket for innførsel av kjøledyr vil vere krevjande. Det er nødvendig med hensiktsmessig informasjon til publikum og styrkja tilsyn.

Mattilsynet vil ha merksemd på arbeidet med fiskehelse, m.a. arbeidet for å redusere førekomsten av lakselus og dødelegheita i oppdrettsnæringa.

Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr

Mattilsynet vil ha merksemd på tilsynet med dyrevelferd, både for produksjonsdyr og familie- og sportsdyr. Mattilsynet vil leggje vekt på å utnytte verkemidla i dyrevelferdslova for å fremje god dyrevelferd.

Mattilsynet vil følgje opp nytt regelverk for hald av slaktekylling som gjev brukarane sterkare insitament til god dyrevelferd fordi dyretettleiken må reduserast i tilfelle der dyrevelferda ikkje er tilfredsstillande.

Lidingar hos og tap av dyr på beite har ulike årsaker og er ei stor utfordring som Mattilsynet vil ha merksemd på. For å finne gode løysingar som kan førebyggje og redusere tap på grunn av rovviltangrep, vil Mattilsynet leggje vekt på god samhandling med miljøstyresmaktene. Dette er også viktig for å følgje opp rovviltforliket i Stortinget frå juni 2011. Forliket legg til grunn at rovviltforvaltninga skal utøvast slik at det ikkje blir nødvendig med beiterestriksjonar etter dyrevelferdslova i område som er definerte som prioriterte beiteområde.

Oppdrettsfisk skal haldast, transporterast og slaktast under etisk rette forhold. Forbodet mot bruk av karbondioksid til bedøving av oppdrettsfisk ved slakting tredde i kraft 1. juli 2012.

Mattilsynet vil følgje opp arbeidet rundt utviklinga av den nye dyrevelferdstrategien til EU.

EU har vedteke nytt regelverk om forsøksdyr. Regelverket er til vurdering for innlemming i EØS-avtalen. Direktivet stiller strengare krav til oppfølging av verksemdar som har forsøksdyr.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn

Mattilsynet skal arbeide for at mat, drikkevatn og innsatsvarer har rett kvalitet og rett innhald, og at regelverket om merking og ærleg omsetnad blir følgt. Regelverket om merking av mat skal sikre at forbrukarane har tilgang til rett informasjon om eigenskapane til maten.

Mattilsynet vil leggje vekt på å følgje opp EU si nye forordning om matinformasjon, som vil avløyse mykje av det gjeldande regelverket om merking (sjå nærare omtale i kategori 1510). Det vil bli lagt vekt på fortsett medverknad i arbeidet med å følgje opp matinformasjonsforordninga og forordninga om påstandar om ernærings- og helseeffektar knytte til mat.

Mattilsynet har også ei viktig rolle i ernæringsarbeidet, særleg når det gjeld tilsyn med merking av næringsinnhald, ernærings- og helsepåstandar, frivillig sunnheitsmerking (Nøkkelholet) og overvaking av kosthaldet og samansetninga av matvarene. Mattilsynet og Helsedirektoratet vil samarbeide om vidareutvikling av kostberegningssystemet Mat på data.

Innhaldet av ulovlege mengder av genmodifisert materiale i næringsmiddel og fôr på den norske marknaden, ser ut til å vere lågt. Problema knytt til sporforureining av genmodifisert materiale synest størst i fôrvarer. Mattilsynet vil føre vidare overvakinga av genmodifisert materiale i både fôr og næringsmiddel.

Mattilsynet har ansvar for tilsynet med økologisk produksjon og økologiske produkt. DEBIO fører tilsyn på vegne av Mattilsynet.

Mattilsynet skal forvalte og føre tilsyn med ordninga *Beskytta nemningar*. Matmerk har ansvaret for den førebuande sakshandsaminga.

Målet om å ivareta miljøvennleg produksjon

Mattilsynet vil bidra til at matlova sitt formål om å ivareta miljøvennleg produksjon blir oppfylt, mellom anna med utgangspunkt i miljøhandlingsplanen til Landbruks- og matdepartementet. Kvaliteten på innsatsvarer som såvarer, gjødsel, plantevernmiddel og fôrvarer er avgjerande for miljøvennleg produksjon, og verkar også inn på kvaliteten på maten.

Arbeidet for å redusere risikoen ved bruk av plantevernmiddel vil bli ført vidare med utgangspunkt i handlingsplanen på området. I jordbruksavtalen for 2014 er det sett av 3,8 mill kr til Mattilsynet til oppfølging av handlingsplanen, sjå kap. 1150, post 77.15.

Andre område

Dyrehelsepersonell

Mattilsynet forvaltar lovgjevinga som skal sikre forsvarleg yrkesutøving hos dyrehelsepersonell. I tilsynet på området vil Mattilsynet leggje vekt på at dyrehelsepersonell driv forsvarleg verksemd,

særleg i samband med utlevering og bruk av legemiddel.

Kosmetikk

Mattilsynet vil føre tilsyn og følgje opp arbeidet med regelverket som skal sikre at kosmetikk og kroppspoleieprodukt er helsemessig sikre for menneske og dyr. EU vedtok i 2009 ei kosmetikkforordning som erstattar det tidlegare kosmetikkdirektivet. Forordninga tok til å gjelde i juli 2013 og er gjennomført i ny norsk kosmetikkforskrift. Mattilsynet vil følgje opp arbeidet med gjennomføring av forordninga.

Post 22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 12,6 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje utgiftene for Mattilsynet til reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser.

Post 23 eSporingsløysinga

I åra 2007–2012 har det blitt gjennomført eit prosjekt for å forbetre sporinga av mat i Noreg (eSporingsprosjektet). Prosjektet starta opp etter E. coli-saka i 2006, der eitt barn døyde og mange blei alvorleg sjuke. Det regjeringsoppnemnte utvalet som evaluerte denne saka, peika mellom anna på svakheiter i sporinga av mat.

Prosjektet blei avslutta i juni 2012, og har omfatta ei rekkje tiltak for å betre evna til å spore mat og ingrediensar. Prosjektet har vore eit samarbeidsprosjekt mellom styresmaktene og aktørar langs heile matproduksjonskjeda, både landbasert mat og sjømat. Eit sentralt tiltak har vore utvikling av ein nasjonal, elektronisk infrastruktur som kan spore mat og ingrediensar, både framover og bakover og på tvers av verdikjeder (eSporingsløysinga).

Landbruks- og matdepartementet fremja i mai 2012 ei reklamasjonssak mot leverandøren av eSporingsløysinga på grunn av eSporingsløysinga si manglande evne til å skalere. Leverandøren tok på seg hovudskulda for mangelen. Ut frå ei totalvurdering av nytte og kostnader ved ei eventuell feilretting ønskte departementet å inngå forlik med leverandøren, framfor å setje i gang arbeid med å

rette i løysinga. Reklamasjonssaka blei avslutta i mai 2013 ved eit forlik mellom partane.

Det har vore ein føresetnad at aktørar i matbransjen skulle overta retten til bruke og å drifte løysinga når ho var ferdig utvikla frå staten si side. Den breie oppslutninga frå næringa var ikkje til stades då levering av løysinga nærma seg i 2012. Det blei difor ikkje vurdert som samfunnsøkonomisk forsvarleg å bruke fleire ressursar på å ferdigstille ei leveranse som ikkje ville bli brukt.

Både matbransjen og styresmaktene har brukt mykje tid og ressursar på arbeidet med å utvikle løysinga. Aktørar i matnæringa har jobba godt i eigne verdikjeder med å styrkje arbeidet med sporing av mat. Sjølv om ein ikkje lukkast med å ferdigstille ei brukbar felles IKT-løysing i eSporingsprosjektet er bransjeaktørar og styresmakter einige om at prosjektet har hatt mange positive effektar, mellom anna styrking av eigne bransjestandardar, betre rutinar, kompetanseheving og utvikling av betre interne system for sporing i dei ulike bransjane.

Det gode samarbeidet som blei etablert i prosjektperioden er vidareført i eit felles *Sporingsforum* som blei etablert i 2012 av Landbruks- og matdepartementet. Næringsaktørane har sjølv ansvar for å arrangere møteplassen.

Landbruks- og matdepartementet gjennomførte ei ny undersøking av sporing av mat i 2012 der resultatata blei presentert i 2013. Resultatata frå undersøkinga var oppløftande, men peika samstundes på utfordringar for å betre sporinga i kvar bransje.

Landbruks- og matdepartementet vil gjennomføre ei evaluering av eSporingsprosjektet.

Post 71 Tilskott til erstatningar

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 4,2 mill. kroner. På posten vil det bli ført utbetalingar til personar som har ytt naudhjelp til dyr etter dyrevelferdslova § 4 der det ikkje er nokon eigar av dyret som kan dekkje kostnaden. På posten vil det også bli ført kostnader for tiltak sett i verk av Mattilsynet i medhald av matlova, dyrehelsepersonellova og dyrevelferdslova i dei tilfella der kostnaden ikkje kan drivast inn frå eigar.

Kap. 4115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Gebyr m.m.	101 729	124 692	109 993
02	Driftsinntekter og refusjonar mv.	2 925	5 253	5 369
15	Refusjon av arbeidsmarknadstiltak	547		
16	Refusjon av foreldrepengear	10 248		
18	Refusjon av sjukepengear	20 222		
	Sum kap. 4115	135 672	129 945	115 362

Post 01 Gebyr m.m.

På posten blir gebyrordningane under Mattilsynet ført. Dette omfattar gebyr for særskilte ytingar som Mattilsynet gjer for konkrete brukarar og gebyr for visse tilsyns- og kontrolloppgåver der desse eintydige rettane seg mot konkrete brukarar.

Gebyrsatsane er klart lågare enn Mattilsynets kostnader ved å yte tenestene. Gebyrsatsane vil bli auka med om lag 5 pst. i tillegg til ordinær lønns- og prisjustering.

Post 02 Driftsinntekter og refusjonar mv.

På posten blir det mellom anna ført diverse driftsinntekter frå oppgåver som Mattilsynet gjer for annan forvaltning, til dømes for tilsyn med omsetnad av reseptfrie legemiddel utanfor apotek, tilsyn med levande GMO, samt oppgåver knytt til miljøretta helsevern for kommunane. Her vil det også bli ført inntekter frå gebyr for særskilte ytingar som Mattilsynet av omsyn til næringsutøvarane yter utanom ordinær arbeidstid.

Programkategori 15.20 Forsking og innovasjon

Utgifter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1137	Forsking og innovasjon	409 514	425 898	448 104	5,2
	Sum kategori 15.20	409 514	425 898	448 104	5,2

Mål for landbruks- og matforskinga

Forskinga skal gjennom høg kunnskapsproduksjon bidra til å nå dei overordna landbruks- og matpolitiske måla – matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk, jf. Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* og St.meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsnin-gen*.

Både nasjonale og internasjonale utviklings-trekk er viktige bakteppe for landbruks- og mat-forskinga, og prioriteringane sektoren gjer på forskingsområdet. Klimaendringane påverkar dei biologiske produksjonssystema som landbruket er ein del av. I 2050 vil det truleg vere 9 mrd. menneske på jorda. FN sin organisasjon for mat og landbruk (FAO) legg til grunn at matproduksjonen må auke med 70 pst. innan då for å sikre mat til alle. I følge Statistisk sentralbyrå (SSB) vil det i 2030 vere éin million fleire innbyggjarar i Noreg enn det er i dag. Regjeringa har i Meld. St. 9 (2011–2012) sett som mål at den landbaser-te matproduksjonen skal auke i takt med etterspørselen frå den veksande befolkninga i Noreg.

Befolkningsvekst og klimaendringar inneber store utfordringar, men også betydelege mogleg-heit for sektoren. Kunnskap blir viktig for å møte utfordringane og realisere potensiala. Sekto-ren har eit godt utgangspunkt gjennom lange tra-disjonar for samarbeid mellom styresmakter, næringsaktørar og kunnskapsmiljø om kunn-skapsutvikling og forskings- og utviklingsarbeid. Samstundes er det viktig med eit omfattande sam-spel mellom landbruket og andre sektorar i arbei-det med å fremje forsking og innovasjon. Dette vil

leggje grunnlaget for synergjar mellom land-bruks- og matnæringane og andre næringar gjen-nom utveksling av kunnskap, teknologi og idear. Landbruks- og matdepartementet vil leggje vekt på god samordning av midlar til forsking frå stats-budsjettet og midlar frå Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt. Departementets løyvingar til forsking må også sjåast i samanheng med dei ulike innovasjonsverkemidla i sektoren, jf. nærare omtale under kat. 15.30.

Landbruket rår over eit betydeleg ressurs-grunnlag som gjev potensial for økonomisk vekst innanfor ei rekkje næringar og innanfor heile verdikjeda, frå primærleddet til forbrukarane. Framover blir det særleg viktig å utvikle kunn-skap om biologiske samanhengar og sikre optimal bruk av dei omfattande biologiske ressursane i sektoren. Auka kunnskap om alt frå grunn-leggjande agronomi til bruk av bioteknologi i sortsutvikling og avlsarbeid vil danne grunnlag for ein meir ressurseffektiv, berekraftig og lønn-sam matproduksjon. Vidare vil ny kunnskap om alternativ utnytting av fornybare biologiske res-sursar leggje til rette for ny næringsverksemd og framtidig vekst i primærnæringa. Landbruks- og matforskinga skal støtte opp under ein berekraftig bioøkonomi der dei biobaserte næringane og til-høyrande industriar står sentralt. Innovasjon Noreg sin bioøkonomisatsing og deira bioraffine-ringsprogram vil også vere sentralt for å leggje til rette for næringsutvikling på dette området, jf. nærare omtale under kap. 1149.

Etablering av kunnskapsklynger er eit viktig verkemiddel for kompetanse og kunnskapsutvik-ling. Høgskolen i Nord-Trøndelag og Høgskolen i Hedmark utgjer, saman med miljøet på Ås, tre viktige miljø for landbruks- og matforsking i

Noreg. Frå 1. januar 2014 er Noregs veterinærhøgskole (NVH) og Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) slått saman til Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU). Den felles lokaliseringa av det nye universitetet og Veterinærinstituttet på Campus Ås, vil saman med dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta danne eit kunnskapsbasert kraftsentrum innanfor undervisning, forskning og innovasjon med basis i produksjonsretta biofag som avl, føring/ernæring, dyrevelferd, dyrehelse/sjukdom og mat/helse. Her ligg Noregs moglegheit for å utvikle eit unikt fagmiljø innanfor desse områda, noko som vil vere av stor betydning for utvikling og konkurranseevne til eksisterande næringar som tradisjonell husdyr-/landbruksproduksjon, havbruk og næringsmiddelindustri, men også som grunnlag for å utvikle ny næringsverksemd innanfor bioøkonomien. Tilsvarende vil dei landbruksfaglege miljøa i Hamarregionen danne ei viktig kunnskapsklynge for norsk landbruk og anvendt bioteknologi.

Den felles lokaliseringa på Campus Ås legg også eit godt grunnlag for å vidareutvikle samarbeid mellom desse miljøa og Nofima. Som det største næringsretta forskingsinstitutt innan akvakultur, fiskeri og matindustri i Europa, har Nofima kompetanse som er sentral for å vidareutvikle og auke konkurranseevna i norsk næringsmiddelindustri. Instituttet bidreg også med viktig kunnskap for forvaltning og politikkkutforming i landbruks- og matsektoren, mellom anna innan forskingsområda trygg og haldbar mat, prosessering og forbrukarforståing. I tillegg er den tverrfaglege tilnærminga til Nofima sentral for å ta ut det potensialet som ligg i samarbeid mellom blå og grøn sektor på matområdet, jf. også Meld. St. 18 (2012–2013) *Lange linjer – kunnskap gir muligheter*. Ikkje minst gjeld dette innovasjonar for å utvikle trygge og sunne matvarer og måltid. Som ei oppfølging av Meld. St. 18 (2012–2013) vil regjeringa setje i gang arbeidet med å utarbeide ein nasjonal strategi for forskning og innovasjon på området mat, ernæring og helse. Formålet med strategien er å skape ein meir heilskapleg og koordinert innsats på området. Auka kunnskap om samanhengen mellom mat, ernæring og helse skal bidra til eit sunnare kosthald i befolkninga og med det betre helse, og leggje grunnlaget for produksjon av sunne og trygge råvarer og produkt, samt auka innovasjon og verdiskaping. Strategiarbeidet vil også vere viktig for å følgje opp regjeringa si målsetjing om betre koordinering av forskning innanfor dette området, jamfør Meld. St. 9 (2011–2012).

Auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat innanfor eit endra klima

For å nå regjeringa sitt mål om å auke den landbaserte matproduksjonen, samstundes som det skal takast nødvendige omsyn til miljø og klima, er det avgjerande å sikre god produktivitet og best mogleg utnytting av tilgjengelege landbruksareal. Kunnskap på agronomiske fagområde og klimatilpassa matproduksjon skal gje auka leveranse frå dei ulike produksjonane og vise korleis matproduksjonen blir påverka og best kan tilpassast klimaendringane. Innanfor korn- og storfekjøttproduksjon vil oppfølging av dei forskingsbehova som går fram av dei to ekspertgruppe-rapportane *Økt norsk kornproduksjon – utfordringer og tiltak* og *Økt storfekjøttproduksjon i Norge* stå sentralt. Forskinga skal også gje viktige bidrag til å oppretthalde ei god plante- og dyrehelse og god dyrevelferd i Noreg.

Auka berekraftig produksjon av skog innanfor eit endra klima

Skogressursane er fornybare, og det er eit stort potensial for auka avverking av skog som grunnlag for berekraftig verdiskaping. Klimaendringane vil påverke skogen og skogbruket når det gjeld utbreiing, vekstvilkår og introduksjon av nye skadegjerarar og driftstekniske forhold. For å ivareta og auke skogproduksjonen trengst det ny kunnskap om slik påverknad. Forsking retta mot klimatilpassa skogbruk, utvikling av klimatilpassa plantemateriale og kunnskap om ulike skadegjerarar vil vere prioriterte område. Dagens treforedlingsindustri har store vanskar i marknaden, men trevirke er eit råstoff med mange ulike bruksområde. Auka satsing på forskning og utvikling er nødvendig for å framskaffe kunnskap om alternativ utnytting av trevirke med sikte på utvikling av nye produkt og produksjonsmetodar, som eit ledd i utviklinga av bioøkonomien. Det skal i 2013 setjast i gang eit arbeid med å utarbeide ein strategi for auka konkurranseevne i skogsektoren – Skog22. Den skal mellom anna ta for seg forskning og utvikling, jf. nærare omtale i kat. 15.30.

Reduksjonar i utslepp til luft og vatn og eit høgt opptak av CO₂ i skog og jord

Utslepp til luft og vatn frå landbruket og tiltak for å optimalisere opptaket av karbon i skog og jord, er nærare omtalt i St. meld. nr. 39 (2008–2009) og i Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*. Jordbruket står for omtrent åtte pst. av dei totale

klimagassutsleppa i Noreg. Det er eit mål å halde utsleppa så låge som mogleg samstundes som produksjonen av mat aukar. Kunnskap som sikrar auka opptak av CO₂ i skog og i jord, auka bruk av tre som bygningsmateriale og produksjon av fornybar energi, medrekna bioenergi, vasskraft og vindkraft, er avgjerande for å optimalisere sektorens bidrag i klimasamanheng. Vidare vil kunnskap som reduserer næringsstoffavrenning til vassdrag framleis ha høg prioritet.

Auka innovasjon og konkurransevne

Ei høg innovasjonsevne i landbruks- og matsektoren er nødvendig for å oppretthalde eit aktivt og variert landbruk i heile landet, og for å sikre høg og berekraftig eigenproduksjon av trygg mat. Dette er også ein føresetnad for konkurransevna i verdikjedene for mat og skog, og innanfor dei mange bygdenæringane. Det er eit mål å vidareutvikle ein kunnskapsbasert landbruks- og matsektor i heile landet gjennom å stimulere næringane i sektoren til å forske meir og til å nytte seg av andres forskning, både nasjonalt og internasjonalt. Dette er spesielt viktig for å styrkje konkurransevna i skogindustrien og næringsmiddelindustrien, der produksjonen er basert på norske landbruksbaserte råvarer. Desse industriane er heilt avhengige av å vere kunnskapsbaserte og fornye seg gjennom innovativ produktutvikling.

Sektoren har gått gjennom store endringar på grunn av endra rammevilkår, teknologisk utvikling og ny kunnskap. Nye produkt og produksjonsmåtar, nye tenester, nye måtar å samarbeide på, nye måtar å organisere næringsverksemd på m.v. vil framover kunne gje moglegheiter for vekst i sektoren. Departementet legg til grunn at kommersialisering og innovasjon med utgangspunkt i kunnskap frå særleg Bioforsk, Skog og landskap, Veterinærinstituttet og Nofima skal aukast og vil leggje til rette for ei slik utvikling. Vidare legg departementet til grunn at samarbeidet mellom dei landbruksfaglege forskingsinstitutta og næringslivet skal utviklast vidare der siktemålet er auka konkurransevne i heile landbruks- og matsektoren. Gjennom løyvingar til Nofima, støtter fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt opp under den langsiktige innsatsen deira for å auke konkurransevna i matindustrien.

God kunnskapsutvikling for forvaltninga

Ei målretta politikktutforming med gode avgjerder for landbruks- og matsektoren krev kontinuerleg tilgang på oppdatert kunnskap. Sentralt står regje-

ringa sitt ansvar for å sikre nok og trygg mat. Utvikling av politikk og forvaltning på dette området må vere forskingsbasert. Andre område der forskning dannar eit viktig grunnlag er dyre- og plantehelse, dyrevelferd, miljøomsyn, genetiske ressursar, verknad av økonomisk støtte til sektoren m.m. Samfunnsvitskapleg forskning skal bidra med kunnskap om landbruket si rolle, fremje lokal og regional utvikling og gje kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket. Det same gjeld forholdet mellom landbruket og samfunnet elles. Samfunnsvitskapleg forskning vil og gje meir kunnskap om samspelet mellom politikk/forvaltning og næring og om korleis ein kan optimalisere avgjerdsprosessar i forvaltninga for at den i størst mogleg grad skal vere ein ressurs for bønder og næring.

Offentlege og private aktørar står i stor grad framfor dei same kunnskapsutfordringane på område som nok og trygg mat, betre ressursutnytting og auka verdiskaping og sysselsetjing i sektoren. Det er difor nødvendig med god dialog mellom næring og forvaltning om forskingsprioriteringar. Siktemålet er å sjå felles kunnskapsbehov i samanheng, og at ressursane til forvaltningsforskning blir nytta effektivt.

Høg kvalitet og relevans i forskinga

Landbruks- og matdepartementet vil vidareføre arbeidet med å byggje opp under sterke kunnskapsmiljø og sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike aktørane innanfor landbruks- og matforskninga. Det er eit mål å ha ein effektiv instituttsektor i landbruket, som driv forskning av høg kvalitet og relevans, som har godt omdømme og høg internasjonal konkurransekraft.

Departementet vil vidareføre arbeidet med sikring av faglege og administrative synergjar mellom institutta og med å bidra til at sektoren får eit samla effektivt og profilert regionalt apparat med utgangspunkt i distriktseiningane til institutta. Saman med institutta arbeider departementet difor med å klargjere deira framtidige regionale roller, interne regionale samarbeidsformer og samarbeidsformer med andre regionale aktørar.

Nasjonale og internasjonale konkurransearenaer, strategiske løyvingar og systematisk oppbygging av kompetanse legg til rette for auka kvalitet i forskingsinstitutta i landbruket. God rekruttering og moderne infrastruktur for forskinga vil også vere viktig for å oppnå auka kvalitet.

Landbruks- og matdepartementet vil auke støtta til næringsrelevant forskning i sektoren gjennom løyvingar til program i regi av Noregs for-

skingsråd. Midlane skal bidra til at næringslivet styrkjer sin eigen forskingsinnsats og i større grad nyttiggjer seg den store mengda forskingsbasert kunnskap som blir utvikla både i Noreg og i andre land. Dette skal gje auka konkurranseevne i heile verdikjeda for mat, tre, energi og tenester. I tillegg til løyvingar over Statsbudsjettet er forskingsfonda til næringa innan mat og tre viktige for å støtte opp under forskingsprioriteringar i næringa.

Høg internasjonalisering av forskinga

Norsk deltaking i internasjonal forskning på landbruks- og matområdet er nødvendig for å løyse felles utfordringar, heve kvaliteten på forskinga her i landet, fornye norsk forskning og for å kunne forstå og nytte forskingsresultat frå andre land. Det er difor eit mål å styrkje internasjonalt samarbeid i sektoren og norsk deltaking i EUs nye rammeprogram for forskning og innovasjon – Horisont 2020 – og andre former for forskings-samarbeid, mellom anna aktivitet knytt til ulike ERA-net (samarbeid mellom nasjonale programmer) og i ulike felles forskingsprogram (Joint Programming Initiatives – JPI). Internasjonal spisskompetanse hos forskingsmiljøa i sektoren er ein føresetnad for å delta i internasjonalt forskings-samarbeid. Vidare vil nordisk samarbeid vere viktig for å løyse felles nordiske forskingsutfordrin-

gar og som plattform for felles nordiske initiativ internasjonalt.

Effektiv kommunikasjon og formidling

Kunnskapssystema i landbrukssektoren er omfattande og består av fleire offentlege og private aktørar på ulike nivå. Det er difor nødvendig at utdannings- og forskingsmiljø, rådgjevingsmiljø, næringsaktørar, forvaltning, kommunar, fylkeskommunar, Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg m.fl. prioriterer arbeidet med å vidareutvikle eit velorganisert og effektivt system for kunnskapsformidling der rolle- og ansvarsdelinga mellom aktørane er så klar som mogleg.

Landbruks- og matforskinga må følgjast opp med målretta spreiding av kunnskap slik at resultat av forskinga raskt og effektivt når ut til aktørane som kan ha nytte av slik forskning. Formidling er difor ei viktig oppgåve for dei landbruksfaglege forskingsmiljøa. Kunnskap må bli formidla både til spesifikke brukargrupper og allmenta elles. Institutta må tilpasse formidlinga slik at forskinga raskt kan nyttast av aktuelle brukarar. Norsk Landbruksrådgjeving vil vere eit viktig bindeledd mellom kunnskapsmiljøa og primærjordbruket. Tilsvarande er Skogbrukets Kursinstitutt ein sentral aktør for opplæring og formidling i skogsektoren.

Kap. 1137 Forsking og innovasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
50	Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd	219 271	233 893	255 951
51	Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	186 147	187 774	187 774
53	Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.	4 096	4 231	4 379
	Sum kap. 1137	409 514	425 898	448 104

Post 50 Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd

Formål med løyvinga

Løyvinga skal bidra til at dei overordna landbruks- og matpolitiske måla samt delmåla på forskingsområdet blir nådde. Posten omfattar løyvingar til forskingsprogram i regi av Noregs forskingsråd.

Rapportering 2012

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd eit felles mål- og resultatstyringssystem for tildelingar av midlar frå departementa til Forskningsrådet. Sjø Prop. 1 S (2012–2013) frå Kunnskapsdepartementet for ei nærare omtale av desse måla. I tillegg til rapportering på dei overordna måla i det felles mål- og resultatstyringssystemet, skal Forskningsrådet vurdere måloppnåing ut ifrå forskingspoli-

tiske mål slik dei går fram av tildelingsbrev frå dei ulike departementa.

Landbruks- og matdepartementets forskingspolitiske mål er tverrgående, og prosjekta på landbruks- og matområdet dekkjer i utgangspunktet forskingsbehova til både næring og forvaltning.

Auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat innanfor eit endra klima

Forskingsløyvingar på matområdet over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett har i hovudsak blitt disponert gjennom Forskingsrådet sitt program *Berekraftig verdiskaping i mat- og biobaserte næringer – BIONÆR* som starta opp 1. januar 2012. BIONÆR er avløyseren til Matprogrammet og Natur og Næring. Programmet si tematiske avgrensing er jordbruks-, skogbruks- og naturbaserte verdikjeder, framfor alt knytt til krinslaupstankegangen i bioøkonomien. BIONÆR finansierer både grunnleggjande og næringsretta forskning, i tillegg til strategisk arbeid med satsingsområdet bioøkonomi. BIONÆR skal utløyse forskning og innovasjon som, i tråd med bioøkonomitankegangen, fremjar Noreg som eit meir biobasert samfunn.

Ved å finansiere langsiktige kunnskaps- og kompetansebyggjande forskingsprosjekt har programmet bidrege til å byggje kompetanse på fleirfaglege område som til dømes helseeffektar av ulike matvarer, heilskapleg måltidsfokus og forbrukarpreferansar for val av sunn mat. Det har mellom anna vore gjennomført prosjekt som analyserer problemstillingar på mat- og helseområdet i eit forbrukarperspektiv, med fokus på forbrukarane sine moglegheiter for og barrierar mot å spise meir fisk og grønnsaker.

Det blei innvilga 32 nye prosjekt med oppstart i 2012. Det inkluderer litt over 20 innovasjonsprosjekt og om lag 10 forskarprosjekt og kompetanseprosjekt for næringslivet. Innanfor dei fleste av fagområda til BIONÆR blei det innvilga gode næringsretta prosjekt i 2012, mellom anna eit stort prosjekt innanfor ny metodikk for kostnadseffektiv gjennomføring av genomisk seleksjon i norske avlsprogram for mjølkekyr, gris, laks og plantar. I tillegg er det starta opp eit næringsretta prosjekt innanfor inseminering for å auke kullstorleiken i produksjonen av svinekjøtt. På områda ressurs- og arealbruksutfordringar, næringspolitikk og rammevilkår i eit internasjonalt perspektiv, blei det i 2012 starta opp fire forskarprosjekt på landbruks- og matområdet.

I 2012 lyste BIONÆR også ut midlar til eit stort prosjekt (10 mill. kroner pr. år) under temaet agro-

nomi. Grunnlaget for utlysinga var *Kunnskapsstatus Betre agronomi* (2010) og *Klimastrategi Jordbruk* (2011), i tillegg til gjentekne innspel frå forskingsmiljøa via dialogarenaer og møteplassar.

I samarbeid med styret for fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen, blei det utarbeidd ein kunnskapsstatus for husdyrforskning. Ein rapport med anbefalingar blei utarbeidd i samarbeid med relevante aktørar frå FoU og næringsliv. Dei prioriterte innsatsområda for forskning i rapporten er nytta som underlag for utlysing av midlar i 2013.

Ei rekkje næringsretta prosjekt blei også avslutta i 2012, mellom anna eit prosjekt som ser på om marknadsorientert tomatproduksjon har auka kunnskapen og dokumentasjonen om kva for tomatar konsumentane ønskjer, og korleis tomatkvalitet kan regulerast gjennom produksjon og lagring. Resultata frå prosjektet tilseier at Noreg no ligg heilt i verdstoppen når det gjeld tomatavlingar i drivhus. Prosjektet har også ført til meir positiv omtale av norske tomatar i massemedia.

Gjennom løyvingar til implementering deltek Forskingsrådet aktivt i fleire ERA-NET innanfor BIONÆR. I 2012 har *Core Organic II* (økologisk landbruk), *EMIDA* (dyrehelse) og *Susfood* (berekraftig næringsmiddelindustri), samt *Wood Wisdom*, stått sentralt. Dei to fellesprogramma (Joint Programming Initiatives JPI) *Agriculture, food security and climate change* (FACCE) og *A healthy diet for a healthy life* (JPI HDHL), der Forskingsrådet deltek aktivt, er også nært knytt til området mat og helse. Det blir dessutan samarbeidd på nordisk nivå innanfor Nordisk komité for jordbruks- og matforskning (NKJ).

Auka berekraftig produksjon av skog innanfor eit endra klima

Eit aktivt og lønsamt skogbruk og konkurransekyktig skogindustri er viktig for busetjing, sysselsetjing og næringsutvikling. Det er nødvendig med forskning for ytterlegare å styrkje skogen sitt bidrag til verdiskaping i heile landet og for å nå energi-, klima- og miljømål. Viktige innsatsområde er auka bruk av trevirke, energiproduksjon basert på tre og aktiv utnytting av skogen i nærings- og klimasamanheng. Det er i første rekke programmet BIONÆR i Forskingsrådet som har hatt ansvaret for forskning på desse områda, men forskingsprosjekt i NORKLIMA og Miljø 2015 gjev også viktige bidrag.

Eit viktig verkemiddel i programmet har vore deltaking i internasjonalt forskningssamarbeid i

Europa gjennom *Wood Wisdom* Net 2. Dette er eit ERA-Net med formål å utvikle samarbeid mellom europeisk skogsektor og skogbasert industri, forskarsamfunnet og styresmakter. I 2012 starta eit prosjekt i WoodWisdom Era-Net-samarbeidet som skal sjå på effekten av auka etterspørsel etter energivirke frå skog, mellom anna for bruk og utnytting av skogareal.

Eit anna prosjekt som blei starta opp i 2012, undersøker moglegheitene for å utnytte aske frå biobrensel til jordforbedrings- og gjødselformål. Målet er å gjere det enklare å utnytte aske som restråstoff. Det blei også starta opp eit prosjekt som tek for seg foredling av gran tilpassa klimaendringar.

Prosjektet *ClimPol – Decision support models for increased harvest and climate-motivated forest policies*, som starta i 2012, skal utvikle nye nasjonale modellar, rammeverk og scenario som illustrerer effekten av ulike typar skogforvaltning med søkjelys på karbonbinding, biodiversitet og klima-effektar. Prosjektet vil kunne gje viktige bidrag til forvaltningsstrategiar og politikktutforming i samband med klimaoptimal utnytting av skog. Mellom anna tek prosjektet for seg beslutningsgrunnlaget rundt val av hogst eller ikkje-hogst, auka bruk av trevirke til bioenergi og skogens klimabidrag.

Løyvinga til programmet Miljø 2015 har finansiert fleire prosjekt innanfor biologisk mangfald, bruk og vern av ressursar, forureining og miljøgifter, kulturlandskap og kulturminne, vilt- og fiskeforvaltning og generell kunnskapsutvikling i skjeringsfeltet miljø- og landbruksforvaltning.

Forsking finansiert gjennom NORKLIMA har testa om utbrot av sommarfuglarten målar kan bli meir intense og storskala etter kvart som klimaet blir varmare i nord. Samanfall mellom tidlig klekking av larver og tidleg utvikling av næringsemna deira (bjørkeblad) kan vere ein føresetnad for at det oppstår massive utbrot. Det at våren kjem tidlegare, som følgje av klimaendringar, kan gje ein hyppigare frekvens av slike samanfall og dermed hyppigare og meir intense utbrot. Massive insektsutbrot har ført til store øydeleggingar og skogdød i store område i Finnmark. Resultata frå prosjektet er av stor verdi for skogforvaltninga i Finnmark. Vidare har NORKLIMA hatt prosjekt om framtidens klima i Noreg. Eit varmare klima vil opne for fleire interessante moglegheiter for norsk landbruk. I tillegg til at vekstsesongen kan auke med mellom ein til to månadar i store deler av landet, vil nye plantesortar kunne dyrkast lengre nord enn i dag. Tilvekst og utbreiing av skog vil auke og tregrensa vil krype enda lengre oppover. Med meir skog vil skogen sitt karbonlager auke.

Det er også sett i gang eit prosjekt som skal sjå på korleis klimaendringar og andre stressfaktorar, som hogst og brann, vil endre økosystemet slik at bøkeskog trekkjer nordover og erstattar gran i framtida. Dette kan få store konsekvensar for biodiversiteten i skogøkosystemet, samt for økosystemfunksjon og -tenester.

Reduksjonar i utslepp til luft og vatn og eit høgt opptak av CO₂ i skog og jord

I Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* og St.meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* blir det lagt opp til betydelege bidrag frå landbruks- og matsektoren i klimaarbeidet. Ein viktig del av innsatsen er å utvikle forskingsbasert kunnskap for å styrkje verdikjeda som produserer fornybar energi. Vidare skal forskinga bidra med kunnskap for å realisere det store potensialet for auka opptak av CO₂ i skog her i landet. Dette er omtala i mellom anna Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*. Det er også nødvendig med kunnskap om korleis opptaket av CO₂ i jord kan aukast.

Tidlegare hadde programmet Natur og Næring ansvaret for forskning på bioenergi. Frå og med 2012 blei hovudansvaret for forskning på bioenergi lagt til RENERGI-programmet i Forskingrådet. Om lag 10 mill. kroner av midlane frå Klimaforliket (Innst. 390 S (2011–2012) til bioenergi blei løyvd gjennom BIONÆR, og er i hovudsak retta mot viktige økologi- og klimautfordringar for skogforvaltninga ved auka uttak av biomasse til energibruk. Den samla innsatsen til RENERGI på bioenergi var i 2012 på 70 mill. kroner, og dekte alle fokusområda til Landbruks- og matdepartementet innanfor bioenergi; biovarme, avfall til biogass og biodrivstoff. Forskinga bidreg til kostnadseffektive energiløysingar ved å byggje kompetanse og utvikle ny teknologi, slik at Noreg for eksempel blir effektive til å hauste og bruke lågverdig skogbiomasse, bruke ny reaktorteknologi og verknadsfulle avfallsblandingar i biogassproduksjonen. Porteføljen er no ført over til ENER-GIX (2013–2022), som hadde første utlysing i 2012.

Innanfor Landbruks- og matdepartementets område er det gjennomført FoU-prosjekt som kan styrkje småskala produksjon av for eksempel biogass og kombinert varme/strøm.

I eit prosjekt er det gjort faktiske målingar av klimagassutslepp i norsk landbruk. Resultata viser at auka nitrogenutnytting i korndyrking kan redusere N₂O-utslepp per eining hausta nitrogen. Vidare har resultata vist at både varsam kalking av

sur jord, god drenering og redusert jordpakking av overflatejord, kan redusere N₂O-utslepp i alle dyrkingssystem. Regionaliserte utsleppsmodellar tilseier at CO₂-utslepp frå dyrka mineraljord er lågare enn det ein først trudde.

Forskinga har etablert ny bioenergikunnskap ved universitet, høgskolar og i instituttsektoren i eit nært samarbeid med næringsliv og styresmakter. Under satsinga på bioenergi er fleire prosjekt avslutta, mellom anna prosjekt under tema ved og vedfyring og fleire prosjekt under tema flisfyring. På området ved og vedfyring har resultatane mellom anna vore ein reduksjon av partikkelutslepp med over 75 pst. i nye reintbrennande eldstader, samanlikna med eldstader selt før 1998. Det er også ein auka verknadsgrad på låg last frå 40 til 80 pst., og det blir no produsert 1 Tw meir varme frå same vedmengda. Innanfor området biovarme har forskinga gjeve betra hausting av avfalls- og biprodukt, tørkesystem og flishoggarar som gjev betre kvalitet, og forbrenningsanlegg som tåler større variasjon og som kombinerer varme og kraft. Forskinga har også vore sentral for utvikling av pelletsproduksjon i Noreg. I porteføljen er det også ei brei kompetansebygging innan biogass. Samarbeid mellom forsking og næringsliv utviklar seg godt, og fleire anlegg er bygd eller er under planlegging.

I 2012 har det vore ein større del av prosjekta som tek for seg bruk av råstoff frå landbruket (trevirke, skogsavfall, jordbruksavfall og anna landbruksavfall) til stasjonær bioenergi og biodrivstoff. Forsking på biogass som energikjelde inngår også i satsinga gjennom fleire prosjekt. Løyvinga frå departementet til bioenergiforsking var på om lag 40 mill. kroner i 2012. Den omfattande satsinga som no skjer på bioenergiområdet skal både auke leveransen av energi til samfunnet og bidra til arbeidsplassar og lønsame verksemdar i sektoren.

Forskingsprogrammet BIONÆR har i 2012 følgt opp føringar om å støtte forsking om korleis skog- og trebasert næringsverksemd kan handtere klimautfordringane. Innanfor temaet skoghandsaming og karbonbinding er det i gang eit stort tverrfagleg forskarprosjekt for å modellere CO₂ effektane av ulik skoghandsaming og avverkningsnivå og effektar på biodiversitet. Klimasatsinga på skogsida er også vidareført i prosjekt som analyserer CO₂-rekneskapan frå stubbe til ferdig produkt i trebaserte verdikjeder (papir, tre som byggemateriale og bioenergi).

Betydelege mengder karbon er lagra i skogsjord og landbruksjord. Eit viktig tiltak for å redusere mengda av klimagassar i atmosfæren er å

halde så mykje som mogleg av karbonet i jorda, og hindre at det igjen kjem ut i atmosfæren. I 2012 har det blitt arbeidd med å utvikle og teste system for karbonovervaking av skog- og jordbruksjord i Noreg.

Forsking gjennom NORKLIMA har sett på samanhengen mellom klimarelaterte faktorar og N₂O-utslipp frå nitrogenmetta skog i Sør-Kina. Fokuset har så langt vore på N₂O-utslepp frå landbruksjord, mens bidraget frå skogsjord har fått lite merksemd. Skogområda i Sør-Kina mottok store mengder nitrogen etter atmosfærisk transport. Resultatane tyder på at særleg i Sør-Kina, med dei varme og fuktige somrane, blir meir enn halvparten av nitrogennedfallet i skog omdanna, noko som kan føre til forholdsvis store utslepp av N₂O. Forskinga tyder på at overforbruk av nitrogen i landbruket med påfølgande lufttransport og nedfall av NH₃ i skog er ei viktig kjelde til sekundær N₂O.

Auka innovasjon og konkurransevne

Ein stor del av løyvinga til Forskringsrådet over Landbruks- og matdepartementets budsjett går til forsking for å styrkje og auke konkurransevna i næringslivet. Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) og tematisk innretta program som BIONÆR og Store program i Forskringsrådet har vore viktige verkemiddel for å mobilisere næringslivet til å investere meir i FoU. Den brukarstyrte forskinga utløyser betydelege private midlar til forsking.

Det blei i 2012 arbeidd vidare for langsiktig vitenskapleg kunnskapsbygging og kompetanse i bransjane, i tillegg til finansiering av forsking for å løyse dagsaktuelle utfordringar og risikoavlasting i verksemda. I samsvar med departementet si prioritering av næringsretta forsking på matområdet, blei det i 2012 utlyst innovasjonsprosjekt for auka konkurransekraft i den norske landbruksbaserte næringsmiddelindustrien med ei samla ramme på 20-25 mill. kroner.

Det er gjennomført fleire prosjekt på området auka innovasjon og konkurransevne. Eit eksempel er eit prosjekt som med bakgrunn i underskotet på storfekjøtt i den norske marknaden, og behovet for å bidra til å betre effektivitet og økonomi i storfekjøttproduksjonen, har bidrege til å utvikle norsk kjøttfeavl vidare. Utrekningar viser ein årleg effekt på om lag 50 mill. kroner i auka effektivitet ute hos produsentane som resultat av den auka genetiske foredlinga. Vidare har prosjektet stadfesta at ein metode som nyttar nærinfrarød teknologi (VIS/NIR-spektroskopi) kan nyt-

tast for å kvalitetssortere storfekjøtt i mørheitskategoriar på slakteriets produksjonslinjer, noko som opnar for store marknadsmessige moglegheiter for nye storfekjøttprodukt.

God kunnskapsutvikling for forvaltninga

Dei handlings- og næringsretta programma til Forskingsrådet er i sin heilskap retta mot både sektoren og kunnskapsbehov i forvaltninga. Forskingsprogramma BIONÆR, Miljø 2015, NORKLIMA, og RENERGI er dei viktigaste verkemidla for kunnskapsutviklinga for forvaltninga. Innanfor BIONÆR har kunnskapsutvikling på områda nok og trygg mat, samt plante- og dyrehelse blitt prioritert i 2012. Blant hovudprioriteringane til BIONÆR i 2012 var forskingsmessig oppfølging av målsetjinga om auka matproduksjon og trygg og sunn mat. BIONÆR har ført vidare arbeidet med møteplassarenaer der ulike aktørar er involvert, mellom anna dialogmøte, kunnskapsstatusarrangement og temamøte.

Miljø 2015 finansierer prosjekt innanfor tema som biologisk mangfald, bruk og vern av ressurser, forureining og miljøgifter, kulturlandskap og kulturminne, vilt- og fiskeforvaltning og generell kunnskapsutvikling i skjeringsfeltet mellom miljø- og landbruksforvaltning. Miljø 2015 blei finansiert med 4,25 mill. kroner frå Landbruks- og matdepartementet i 2012, og hadde eit totalt disponibelt budsjett på 60 mill. kroner.

Løyvinga til NORKLIMA over departementet sitt budsjett var i 2012 på 7 mill. kroner og var retta mot prosjekt som skal auke kunnskapen om tilpassing av landbruket til eit endra klima, samt kunnskap om korleis utslepp av klimagassar frå landbruket kan reduserast. NORKLIMA blir avslutta i 2013 og skal erstattast av eit nytt klimaprogram. I 2011 og 2012 har Forskingsrådet difor arbeidd med eit kunnskapsgrunnlag for ei ny klimasatsing. Arbeidet har mellom anna bestått av ei grundig evaluering av norsk klimaforskning og ei kartlegging av kunnskaps- og forskingsbehov i Noreg. Til saman har desse prosessane gjeve ei oppdatert skildring av *status* for norsk klimaforskning og det framtidige *behovet i samfunnet* for klimakunnskap og forskingsorganisering. Råda i *Kunnskapsgrunnlaget for en ny klimasatsing i Forskingsrådet* har lagt føringar for dei tematiske og strategiske rammene for målsetjingane i det nye klimaprogrammet Stort program for klima – KLIMAFORSK, som har oppstart i 2014.

Næringspolitikk og rammevilkår er eit viktig kunnskapsområde for landbrukssektoren. I 2012 blei det gjennom BIONÆR innvilga midlar til for-

sking knytt til næringspolitikk og rammevilkår i eit internasjonalt perspektiv.

Høg kvalitet og relevans i forskinga

Innsatsen for å nå dette målet skjer mellom anna gjennom forskning på nasjonalt prioriterte område, forskingsbasert innovasjon, forskning i næringslivet, forskning i tråd med kunnskapsbehov i sektoren og forvaltninga i tillegg til internasjonalt forskingssamarbeid.

Forskningsprogrammet BIONÆR, saman med Miljø 2015, Havbruk, NORKLIMA og RENERGI, er sentrale verkemiddel for å nå målet om høg kvalitet og relevans i forskinga. Innsatsen skjer gjennom forskingsprosjekt og tiltak direkte retta mot næringslivet, som innovasjonsprosjekt (IPN) og kompetanseprosjekt (KPN). Handlings- og næringsretta program er i heilskap retta mot sektoren og kunnskapsbehova til forvaltninga.

Det er eit aktivt samarbeid mellom styret for fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og jordbruksavtalen om bransjeretta matforskning. Desse fonda finansierer i hovudsak open forskning til nytte for aktørane i bransjen. Samarbeidet med næringsfonda har som formål å bidra til ei heilskapeleg og effektiv forvaltning av dei samla forskingsmidla innan landbruks- og marin sektor, og å sikre forskingsfagleg kvalitet i prosjekta.

Høg internasjonalisering av forskinga

BIONÆR har i 2012 lagt stor vekt på å vidareføre det europeiske forskingssamarbeidet, særleg gjennom ERA-nett og JPI-ar. På landbruks- og matområdet er JPIen *Agriculture, Food Security and Climate Change* (FACCE) vidareført i 2012. Det har vore stor aktivitet innan denne JPI-en, mellom anna med oppstarten av pilotprosjektet MACSUR, ein såkalla Knowledge Hub med formål om framifrå forskning, kompetansebygging, nettverk og mobilitet.

Norsk matforskning er også representert i internasjonalt samarbeid gjennom fleire ERA-nett, nordisk samarbeid og bilaterale forskingsprosjekt. Noreg er godt representert i ERA-nettet *Wood Wisdom Net 2*. Forskingsrådet deltek i arbeidet i *The European Agricultural Research* (EURAGRI) og i *Standing Committee for Agricultural Research* (SCAR) i samarbeid med Landbruks- og matdepartementet. ANIHWA, som starta i 2012, fokuserer på berekraftig og etisk matproduksjon frå husdyr og fisk og har meir enn 30 partnarar frå 20 land, inkludert Noreg.

Gjennom samarbeidet i Standing Committee on Agricultural Research (SCAR), som er ein rådgjevande komité under EU-kommisjonen, har Noreg i 2012 delteke i ulike samarbeidsgrupper (*Collaborative Working Groups*, CWG), som mellom anna utarbeider felles plattformer for forskingsbehov og infrastruktur. Deltaking gjer det mogleg med norsk koordinering av og deltaking i internasjonal forskning innanfor feltet bioøkonomi.

Noregs deltaking i EUs 7. rammeprogram er god, og deltakinga auka betydeleg i 2012. Norske forskarar er no med i om lag 21 pst. av prosjekta i matdelen av programmet.

Forskningsrådet har i 2012 prioritert samarbeid gjennom dei multilaterale organisasjonane EU, European Science Foundation, European Cooperation in Science and Technology og Nettverk for marknadsorientert FoU – EUREKA. I tillegg kjem ordninga med internasjonale stipend og det nordiske samarbeidet. Nord-Amerika-samarbeidet innanfor mattryggleik, bioenergi og biobaserte produkt er også vidareført i 2012.

Nordisk komité for jordbruks- og matforskning (NKJ) har gjennomført ein strategiprosess for å etablere ei nordisk plattform for samarbeid, der også Nordisk ministerråd er breiare involvert. Eit overordna mål i strategien er å styrkje posisjonen til Norden på den europeiske forskingsarenaen, og bidra til å vidareutvikle det europeiske forskningssamarbeidet på komitéens område. Som eit verkemiddel ønskjer NKJ å etablere større samfinansierte nordiske forskingsprogram. Organisasjonen tok i 2012 initiativ til satsinga *The Nordic Bio-economy Initiative*. Initiativet framhevar kor viktig det er å leggje til rette for forskning og politikktutforming i samband med ei utvikling av dei nordiske landa som berekraftige biobaserte økonomiar. Initiativet blei lagt fram på nordisk ministermøte i 2012, og kan for eine nordisk satsing på grøn vekst med tilsvarende aktivitet i EU.

BILAT-ordninga er eit stimuleringsiltak for auka bilateralt forskningssamarbeid. Ordninga blei lagt om frå og med 2011, med full verknad frå 2012. Også i 2012 blei ordninga avgjerande for at Forskningsrådet kunne delta i ei rekkje ulike internasjonale utlysingar. Dette gjeld både bilaterale utlysingar og utlysingar der Noreg deltek i eit Europeisk konsortium, samt finansiering av Peder Sathersenteret ved UC Berkeley i USA og avtale med Innovasjon Noreg om representasjon i India. Vidare blei ordninga Prosjektetableringsstøtte (PES) vidareført i 2012.

Alliansen *Global research alliance on agricultural greenhouse gases* skal bidra til å danne nettverk

som fremjar kunnskap som kan redusere utslepp av klimagassar frå landbruket. Bioforsk og Universitetet for miljø- og biovitenskap deltek aktivt i etablerte forskingsgrupper innanfor områda til alliansen, og Bioforsk leiar ei arbeidsgruppe i alliansen.

Effektiv kommunikasjon og formidling

God og tilpassa forskingsformidling er viktig for at resultatane frå forskinga kan takast i bruk, både av primærprodusentane og resten av ledda i verdikjeda. Formidling er i stor grad integrert i forskingsaktivitetane og programverksemda. Både brukarstyrte program, dei tematiske programma og nettverksprogram er sentrale for å styrkje kontakten mellom næringsliv og forskingsinstitusjonar. Gjennom VRI-programmet blir det samarbeidd med regionale partnerskap, FoU-miljø og andre relevante utviklingsaktørar for å stimulere til læring, innovasjon og verdiskaping i verksemdar med liten FoU-erfaring. Norsk landbruksrådgjeving er eit bindeled mellom forskinga og landbruket, og har ei viktig rolle i å formidle kunnskap til næringsutøvarane. Forskningskommunikasjonen omfattar tiltak for å fremje dialog mellom forskning og samfunn, og for å bidra til at forskning blir brukt i politikk, forvaltning og næringsutvikling. Det er gjennomført ei rekkje formidlingstiltak gjennom dei landbruksrelevante programma. Programma har gjeve viktige bidrag til formidling av ny kunnskap mellom anna gjennom konferansar, utlysing av konferansestøtte, og stipendiatsamlingar. Fleire program har utarbeidd faktaark for dei pågåande og dei avslutta prosjekta. NORKLIMA-programmet formidlar forskingsresultat gjennom bladet KLIMA som blir gjeve ut av CICERO Senter for Klimaforskning.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om å løyve 255,951 mill. kroner til landbruks- og matforskning i 2014. Løyvinga følgjer dei åtte målområda omtalt i kat. 15.20. Desse følgjer opp forskingspolitiske prioriteringar i Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken*, Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*, St. Meld. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen*, og Meld. St. 18 (2012–2013) *Lange linjer – kunnskap gir muligheter*. Forskningsinnsatsen på områda auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat innanfor eit endra klima, og auka konkurransevne i næringsmiddelindustrien blir styrkt med 20 mill. kroner. Departementet legg

også vekt på å oppretthalde og vidareutvikle gode kunnskapsklynger for norsk landbruk, og gjer framlegg om ei satsing på 3 mill. kroner retta mot dette formålet.

I tråd med dei overordna måla i Meld. St. 9 (2011–2012), skal landbruks- og matforskinga bidra til å auke den landbaserte nasjonale matproduksjonen i takt med etterspørselen frå ei aukande befolkning. Departementet vidarefører satsinga på forskning for betre agronomi og auka kornproduksjon. Løyvinga over posten skal også bidra til kunnskapsutvikling som sikrar god plante- og dyrehelse og dyrevelferd, trygg mat og eit landbruk som tek nødvendige omsyn til natur og miljø.

Klimaendringane skapar utfordringar, men også betydelege moglegheiter for det norske landbruket. Avlingsnivået kan auke, eksisterande plantesorar kan få auka utbreiing og nye plantesorar kan takast i bruk. Matforskinga skal synleggjere moglegheiter og bidra til auka lønnsemd i norsk landbruk innanfor eit endra klima. Regjeringa vil difor auke forskingsinnsatsen for å møte klimaendringar og klimaomstillingar i norsk jordbruk. Satsingane må sjåast i samanheng med internasjonal forskingsaktivitet på desse områda.

Det er viktig at landbruks- og matforskinga bidreg til auka innovasjon og konkurranseevne innanfor dei mange næringane i landbruket. Den brukarstyrte forskinga står sentralt i arbeidet med å framskaffe ny kunnskap om alternativ utnytting av fornybare biologiske ressursar, og leggje til rette for ny næringsverksemd og framtidig vekst i primærnæringa. Landbruks- og matforskinga vil støtte opp under ein berekraftig bioøkonomi der dei biobaserte næringane og tilhøyrande industriar står sentralt.

Næringsmiddelindustrien er Noregs nest største industrigrein og den viktigaste avtakar av råvarer frå landbruket og fiskeria. Denne industrien møter stadig aukande konkurranse. Auka løyvingar til forskning og utvikling som kan bidra til å styrkje konkurranseevna i norsk næringsmiddelindustri, er avgjerande for å sikre framtidig verdiskaping og sysselsetjing. Kunnskapsmiljøa på landbruks- og matområdet er heilt sentrale for den forskingsbaserte utviklinga av norsk næringsmiddelindustri. For å bidra til næringsutvikling og styrkje konkurranseevna i norsk næringsmiddelindustri, vil regjeringa auke innsatsen på dette området.

Forskingsinnsatsen retta mot klima og fornybar energi tek mellom anna utgangspunkt i St.meld. nr. 39 (2008–2009). Over fleire år har forskning på opptak og lagring av karbon i jord

og skog, blitt prioritert. Det same gjeld forskning som bidreg til berekraftig skogbruk, auka bruk av tre med sikte på varig binding av karbon og miljøgevinstar ved at tre erstattar materiale som gjev meir klimautslepp. Ei offensiv satsing på skog i klimaarbeidet er i tråd med Meld. St. 21 (2011–2012). Forskingsinnsatsen på biovarme, biogass og biodrivstoff blir vidareført på eit høgt nivå.

Landbruks- og matdepartementet ønskjer auka kommersialisering av forskingsresultat. For å oppnå dette er det viktig at Innovasjon Noreg, forskingsinstitutta, SIVA – Selskapet for industrivekst og Forskingsrådet samarbeider om å auke innovasjonsgrada i sektoren. Departementet vil føre vidare arbeidet med å leggje til rette for auka samarbeid mellom dei landbruksfaglege institutta og andre kunnskapsmiljø på Campus Ås med sikte på auka kommersialisering av kunnskap frå forskning. Støtta til programmet Virkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI) i Forskingsrådet blir vidareført i 2014.

Høg internasjonalisering av landbruks- og matforskinga er eit mål. Forskingsrådet skal sikre at dei nasjonale forskingsprogramma vidareutviklar sitt strategiske, tematiske og finansielle samspel med EU-forskinga, inkludert mellom anna det nye programmet Horizon 2020. Det skal også arbeidast vidare for å leggje til rette for norsk deltaking i aktuelle ERA-net (samarbeid mellom nasjonale forskingsprogram) og fellesprogram (JPI). Aktiviteten innanfor fellesprogrammet JPI FACCE (*Agriculture, Food Security and Climate Change*) skal videreførast. Utviklinga av bilateralt forskingssamarbeid med særleg Nord-Amerika, Kina og India skal vidareførast. Norske landbruks- og matforskingmiljø skal engasjere seg i forskings- og utviklingsaktivitet som bidreg til å auke matproduksjonen også i andre land.

Nordisk komité for jordbruks- og matforsking, skal støtte opp under forskings- og innovasjonssystema i dei nordiske landa, og vere ei felles plattform for nordiske initiativ internasjonalt. Departementet legg vekt på at ein også i 2014 vidareutviklar det nordiske samarbeidet, mellom anna det pågåande arbeidet med *The Nordic Bioeconomy Initiative*.

Offentlege og private aktørar står i stor grad overfor dei same kunnskapsutfordringane innanfor område som nok og trygg mat, betre ressursutnytting og auka verdiskaping og sysselsetjing i landbruks- og matnæringane. Det er difor nødvendig med god dialog mellom næring og forvaltning om forskingsprioriteringane. Siktemålet er at felles kunnskapsbehov skal sjåast i samanheng, og

at ressursane til forskning skal utnyttast effektivt. Det vil difor vere behov for både brukarstyrt forskning og forskning for forvaltning på landbruks- og matområdet.

Forskningsprosjekta må følgjast opp med målretta formidling slik at ny kunnskap på ein rask og effektiv måte når ut til aktørane som kan ha nytte av den. Formidling er ei viktig oppgåve for alle forskingsinstitusjonane i sektoren. Formidlinga skal vere tilpassa både spesifikke brukargrupper og allmenta og framstillast slik at den kan bli forstått og brukt raskt. Forskningsinstitutta på landbruks- og matområdet må ha strategiar for korleis ny kunnskap frå forskning skal kommuniserast til ulike brukargrupper. Slike strategiar kan gje store gevinstar for samfunnet.

Forskning er sentralt for å støtte opp under forvaltninga sitt behov for kunnskap, og som ledd i utvikling av landbruket sine mange verdikjeder. Sentralt står departementet sitt ansvar for å sikre nok og trygg mat. Andre område der forskning dannar eit viktig grunnlag er dyre- og plantehelse, dyrevelferd, miljøomsyn, genetiske ressursar, verknad av økonomisk støtte til sektoren m.m. Vidare vil samfunnsvitskapeleg forskning bidra med kunnskap om landbrukets rolle, fremje lokal og regional utvikling og gje kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket. Departementet vil setje i verk ein samanlignande studie av utviklingstrekk innan landbruk og landbrukspolitik i Noreg og dei andre nordiske landa dei siste 20 år. Departementet tek sikte på at studiet skal gjennomførast innanfor ei kostnadsramme på inntil 2 mill. kroner.

Landbruks- og matdepartementet fører vidare arbeidet med å styrkje dei landbruksfaglege miljøa ved Høgskolen i Nord-Trøndelag og Høgskolen i Hedmark. Satsinga skal styrkje grunnlaget for å oppretthalde og vidareutvikle gode kunnskapsklynger for norsk landbruk. Den skal også ytterlegare bidra til å nå målet om auka matproduksjon innanfor eit klima i endring, og departementet gjer framlegg om ei auke på 1 mill. kroner til Høgskolen i Nord-Trøndelag. Det må takast sikte på at finansieringa videreførast.

Dei landbruksfaglege miljøa i Hamarregionen dannar ei viktig kunnskapsklynge for norsk landbruk og anvend bioteknologi. Det ligg ikkje minst eit stort potensial i desse miljøas internasjonale satsing innan genetikk og bioteknologi. Her kan Noreg byggje ei næring som har gode moglegheiter til å lukkast internasjonalt. Ei styrking av desse

miljøa er avgjerande for at dette kan bli eit kraftsenter når det gjeld utdanning, kunnskapsproduksjon og etablering av arbeidsplassar i regionen. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3 mill. kroner i 2014. Midlane skal gje miljøet moglegheit til å vidareutvikle verksemda si som pådrivarar for ytterlegare verdiskaping og arbeidsplassar innan dei biobaserte næringane. Det må takast sikte på at finansieringa videreførast i ytterlegare 2 år.

Post 51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd

Forskningsrådet har ansvar for tildeling av basisløyvinga til dei fem forskingsinstitutta i landbruks- og matsektoren: Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), Norsk institutt for skog og landskap, Norsk senter for bygdeforskning (Bygdeforskning) og Veterinærinstituttet. I tillegg til dei fem institutta får Nofima AS strategiske midlar frå basisløyvinga til Landbruks- og matdepartementet.

Bioforsk og Veterinærinstituttet blir omtalt nærare i kap. 1112 og NILF og Norsk institutt for skog og landskap i kap. 1141. Bygdeforskning er ein frittstående nasjonal forskingsstiftelse som bidreg med samfunnsvitskapeleg forskning innanfor bygdesosiologi og fleirfaglege bygdestudiar.

Formål med løyvinga

Formålet med basisløyvinga er å sikre ein sterk instituttsektor som kan tilby brukarretta forskning av høg internasjonal kvalitet til næringslivet og forvaltninga på landbruks- og matområda. Løyvingane skal nyttast til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging, og skal stimulere til vitenskapeleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid, jf. retningslinene for statleg basisløyving av forskningsinstitutt.

Rapportering 2012

Rapporteringa gjeld dei fem landbruks- og matforskningsinstitutta nemnt ovanfor. For omtale av Nofima, sjå fagproposisjonen frå Fiskeri- og kystdepartementet.

Forskningsrådets vurdering er at alle institutta har brukt løyvinga til formål i samsvar med formålet.

Tabell 2.1 Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskningsinstitutta for 2012

	Drifts- inntekter ¹	Drifts- resultat	Grunn- løyving	Løyving til strategiske instituttsatsingar ²	Basisløyving per forskar- årsverk	Basisløyving i prosent av driftsinntektene
	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Forholdstal	Prosent
Bioforsk	455,7	-3,2	78,0	7,4	0,376	19
Bygdeforskning	32,3	-0,3	7,2	1,4	0,453	27
NILF	54,6	0,1	11,8	0,1	0,476	22
Norsk institutt for skog og landskap	205,3	2,3	37,0	3,8	0,583	20
Veterinærinstituttet	365,5	-4,0	19,7	3,0	0,147	6
<i>Sum</i>	<i>1113,4</i>	<i>-5,1</i>	<i>153,7</i>	<i>15,7</i>		
<i>Vekta gjennomsnitt</i>					<i>0,342</i>	<i>15</i>

¹ Samla inntekter eksklusive finansinntekter og ekstraordinære inntekter.

² Tal basert på rapportert forbruk.

Kjelde: Forskningsrådet. Årsrapport 2012, Primærnæringsinstituttene

Dei samla driftsinntektene for dei fem landbruks- og matforskningsinstitutta var i fjor 1 113,4 mill. kroner, ein auke på 17 pst. frå 2008. For første gong i perioden 2008–2012 var det samla driftsresultatet for institutta negativt. Resultat, inntekts- og kostnadsstruktur varierer mellom institutta, og forskjellige faktorar forklarar utviklinga til det enkelte institutt.

For dei fem institutta til saman utgjer forvaltnings- og bidragsinntekter frå departementa 1/3 av inntektene. Basisløyvinga utgjer om lag 1/6, og nesten like stor inntekt kjem frå høvesvis næringsliv og Forskningsrådet, men det er store skilnader i

inntektsstruktur frå institutt til institutt. Basisløyvinga har stor betydning for den vitskapelege produksjonen.

Omrekna til publikasjonspoeng utgjorde publikasjonane til dei fem institutta til saman 296 poeng i fjor, ein auke på sju pst. frå året før (276). Talet på publikasjonar på kvalitetsnivå 2 for institutta samla, har auka frå 19 pst. i 2011 til 23 pst i 2012, noko som speglar ei forbetring av den vitskapelege kvaliteten. Veterinærinstituttet og Bioforsk leverte kvar for seg om lag 1/3 av publiseringspoenga til dei fem institutta. Resultata varierer mykje frå år til år, særleg for små institutt.

Tabell 2.2 Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskningsinstitutta for 2012

	Samla årsverk	Forskarårsverk i prosent av samla årsverk	Tilsette med dr.grad per forskarårsverk	Publikasjons- poeng ¹	Publikasjons- poeng per forskarårsverk
	Tal	Prosent	Forholdstal	Tal	Forholdstal
Bioforsk	413	55	0,74	98	0,43
Bygdeforskning	24	77	0,75	23	1,22
NILF	63	40	0,45	11	0,45
Norsk institutt for skog og landskap	209	33	0,75	62	0,88
Veterinærinstituttet	332	46	0,83	102	0,67
<i>Sum</i>	<i>1041</i>			<i>296</i>	
<i>Vekta gjennomsnitt</i>		<i>48</i>	<i>0,79</i>		<i>0,60</i>

¹ Publikasjonspoeng er eit vekta uttrykk for publiseringsaktivitet og nivå, som gjev eit mål på vitskapeleg produksjon av fagfelle-vurderte artiklar i tidsskrift/antologiar og monografiar.

Kjelde: Forskningsrådet. Årsrapport 2012, Primærnæringsinstituttene

Bioforsk

Bioforsk hadde eit driftsunderskott på 3,2 mill. kroner i 2012, mot eit overskott på 15,1 mill. kroner i 2011. Om lag 25 pst. av driftsinntekta kjem frå næringslivet. Dette gjer Bioforsk til det mest næringsretta av dei fem institutta. Instituttet har i 2012 nytta 85,4 mill. kroner i basisløyving frå Forskingsrådet. Dette fordeler seg med 78,0 mill. kroner i grunnløyving og 7,4 mill. kroner til vidareførte strategiske instituttsatsingar. Basisløyvinga utgjorde 19 pst. av inntektene. Det var 413 årsverk i Bioforsk. Til saman 227 av årsverka var forskarar, ein auke frå 223 året før. Den vitskapelege produksjonen resulterte i 151 artiklar i periodika og seriar og 15 artiklar i antologiar. Bioforsk oppnådde 0,43 publikasjonspoeng per forskarårsverk. Den vitskapelege publiseringa auka med 13 pst. frå året før.

Bygdeforskning

Bygdeforskning hadde eit driftsunderskott på 0,3 mill. kroner i 2012. Det økonomiske resultatet var negativt også i 2010 og 2011. Instituttet hentar 53 pst. av driftsinntekta frå Forskingsrådet. Instituttet har nytta 8,6 mill. kroner i basisløyving frå Forskingsrådet. Løyvinga fordeler seg med 7,2 mill. kroner i grunnløyving og 1,4 mill. kroner i vidareførte strategiske instituttsatsingar. Basisløyvinga utgjer 27 pst. av Bygdeforskning sine driftsinntekter, den høgaste delen på arenaen. Det var 24 årsverk i Bygdeforskning. 19 av årsverka var forskarar. Bygdeforskning oppnådde 1,22 publikasjonspoeng per forskarårsverk. Dette var det høgaste resultatet på arenaen i fjor.

Norsk Institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)

NILF hadde eit driftsoverskott på 0,1 mill. kroner i 2012, mot 0,3 mill. kroner året før. Over 40 pst. av driftsinntekta kjem frå forvaltningsoppdrag. Instituttet har i 2012 nytta 11,9 mill. kroner i basisløyving frå Forskingsrådet. Basisløyvinga fordeler seg med 11,8 mill. kroner i grunnløyving og 0,1 mill. kroner i vidareførte strategiske instituttsatsingar. Basisløyvinga utgjorde 22 pst. av inntektene. Talet på årsverk var 63, ein auke på eitt årsverk frå året før. Til saman 25 av årsverka var forskarar. Den vitskapelege produksjonen resulterte i 16 artiklar i periodika og seriar og 3 artiklar i antologiar. NILF oppnådde 0,45 publikasjonspoeng per forskarårsverk, som var lågare enn året før.

Norsk institutt for skog og landskap

Norsk institutt for skog og landskap hadde eit driftsoverskott på 2,3 mill. kroner i 2012, mot 5,4 mill. kroner året før. Instituttet nytta ei basisfinansiering frå Forskingsrådet på 40,8 mill. kroner. Basisløyvinga var fordelt på 37,0 mill. kroner i grunnløyving og 3,8 mill. kroner i strategiske instituttsatsingar. Basisløyvinga til Norsk institutt for skog og landskap utgjorde 20 pst. av inntektene, ein høgare andel enn i 2011. Instituttet hadde 209 årsverk, mot 203 året før. Forskarar utgjorde 70 årsverk, ein reduksjon på 3 årsverk frå året før. Den vitskapelege produksjonen resulterte i 92 artiklar i periodika og seriar og 12 artiklar i antologiar. Instituttet oppnådde 0,88 publikasjonspoeng per forskarårsverk. Den vitskapelege publiseringa blei 43 pst. høgare enn året før.

Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet hadde i 2012 eit driftsunderskott på 4,0 mill. kroner, mot eit overskott på 0,7 mill. kroner året før. Over 1/3 av inntektene kjem frå forvaltningsoppdrag og tilsvarande frå bidragsinntekter. Instituttet nytta ei basisfinansiering på 22,7 mill. kroner frå Forskingsrådet. Basisløyvinga var fordelt på ei grunnløyving på 19,7 mill. kroner og 3,0 mill. kroner til strategiske instituttsatsingar. Basisløyvinga utgjorde 6 pst. av driftsinntektene til instituttet, det lågaste talet på arenaen. Instituttet hadde 332 årsverk. Forskarar utgjorde 154 årsverk, ein auke med 4 årsverk frå året før. Veterinærinstituttet hadde 0,67 publikasjonspoeng per forskarårsverk i 2012, ein auke frå året før.

Budsjettframlegg 2014

Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet er ansvarlege for basisløyvingane til primærnæringsarenaen. Arenaen omfattar Bioforsk, Bygdeforskning, Nofima AS, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), Norsk institutt for skog og landskap, SINTEF Fiskeri og havbruk, og Veterinærinstituttet.

Den statlege basisfinansieringa av forskingsinstitutta består av grunnløyving og strategiske løyvingar. Grunnløyvinga er sett saman av ein fast del og ein resultatbasert del. Departementet finn det rett å vidareføre den resultatbaserte omfordelinga på 2,5 pst. av grunnløyvingsramma for primærnæringsinstitutta.

Nasjonalt samarbeid og arbeidsdeling mellom dei landbruks- og matvitskapelege forskingsinstitu-

sjonane er ein føresetnad for rasjonell utnytting av ressursane. Departementet har som føresetnad at institusjonane framleis legg stor vekt på auka samarbeid seg imellom.

Retningslinene for statlege basisløyvingar til forskingsinstitutta blei endra 1. juli 2013. Dei reviderte retningslinene forenkler systemet ved at tre av indikatorane for resultatbasert omfordeling er tekne ut. Ordninga med strategiske instituttsatsingar blir vidareført for primærnæringsarenaen med eit tak på 30 pst.

Basisløyvinga blir fordelt på primærnæringsarenaen i tråd med formålet slik det framgår av retningslinene og Prop. 1 S (2013–2014). Det betyr at alle dei sju institutta er med i konkurransen om den resultatbaserte delen av løyvinga. Ut over dei fem institutta som departementet har sektoransvar for, får Nofima midlar til strategiske instituttsatsingar innanfor denne løyvinga. Nofima er eit viktig institutt for utvikling av norsk mat- og næringsmiddelproduksjon innan grøn og blå sektor.

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving på 187,774 mill. kroner til basisløyvingar til forskingsinstitutt.

Det er vidare sett av 0,3 mill. kroner til Nordiske jordbruksforskarars foreining (NJF). NJF er eit forum for personar som er knytt til landbruksvitskapleg forskning, undervisning og rettleiing i Norden. Målet er å fremje jordbruksforskninga og formidle resultatata gjennom utvikling av samarbeid mellom jordbruksforskarar i Norden. Departementet vil i 2014 vurdere framtidig støtte til NJF.

Post 53 Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.

Formål med løyvinga

Vedtaka i Innst. S. nr. 176 (2007–2008) om framtidig lokalisering og organisering av Noregs veterinærhøgskule og startløyvinga i 2013 til nybygg for Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) og Veterinærinstituttet på Ås, fører til store investeringar i infrastruktur og behov for felles utnytting av ressursar. Løyvinga skal ivareta arbeid for å sikre synergjar på faglege, administrative og infrastrukturelle område mellom NMBU, Nofima AS og instituttsektor til landbruket.

Campus Ås blir Noregs biovitskaplege sentrum, og det er nødvendig å auke bruken av forskingsresultat for å skape nye arbeidsplassar. Løy-

vinga vil difor også i 2014 bli nytta til vidare arbeid med utgreiing av moglegheitene for eit innovasjonssenter på Campus Ås.

Rapportering 2012

Også i 2012 gjekk ein stor del av løyvinga til å dekkje delar av kostnadene knytt til planlegging av nytt bygg og organisasjonsutviklingsprosessar for Veterinærinstituttet i samband med den vedtekne flyttinga til Ås.

Som ei oppfølging av departementet sin gjennomgang av instituttstrukturen, har DAMWAD gjennomført ei samfunnsøkonomisk analyse av ein alternativ organisasjonsstruktur for instituttspektoren til Landbruks- og matdepartementet. Analysens konklusjon er at det ikkje er samfunnsøkonomisk lønsamt å slå saman institutt.

Departementet arbeidde i 2012 vidare med moglegheitene for etablering av eit innovasjonssenter på Ås. SIVA har i 2012 utarbeidd ei skisse for eit slikt senter med vurdering av arealbehov og kostnader. Norsk institutt for skog og landskap har også fått midlar til ein prosess for å vurdere konsekvensar av at dei flyttar inn i eit innovasjonssenter.

Som ei vidareføring av arbeidet for å knyte dei landbruksvitskaplege institusjonane fagleg og administrativt nærare saman, er det løyvd midlar til eit forskarseminar for planlegging av felles prosjektsøknader innanfor bioøkonomi, og til konkrete vurderingar av område for felles administrative løysingar.

Budsjettframlegg 2014

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 4,379 mill. kroner. Departementet vil i 2014 arbeide vidare med moglegheitene for eit innovasjonssenter på Ås, og samstundes arbeide for å styrkje grunnlaget for auka næringslivssamarbeid og kommersialisering av forskning i institutta.

Løyvinga skal vidare gå til å dekkje delar av kostnadene til Veterinærinstituttet i samband med flyttinga til Ås, og til å vidareutvikle instituttsektoren med sikte på å hente ut større faglege og administrative synergjar frå samarbeid mellom dei. Nofima AS er ein viktig samarbeidspartnar i denne samanheng.

Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak

Utgifter under programkategori 15.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
1138	Støtte til organisasjoner m.m.	29 456	30 087	29 640	-1,5
1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	39 116	38 913	39 925	2,6
1141	Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringsstiltak i landbruket	118 112	122 010	126 631	3,8
1143	Statens landbruksforvaltning	354 843	357 850	372 627	4,1
1144	Regionale og lokale tiltak i landbruket	5 574	6 810	7 048	3,5
1147	Statens reindriftsforvaltning	58 855	63 744	64 899	1,8
1148	Naturskade – erstatningar	247 603	117 200	185 700	58,4
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	97 117	75 665	104 813	38,5
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	13 559 790	14 210 397	14 415 447	1,4
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	97 546	104 500	109 500	4,8
1161	Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	21 969	22 694	23 488	3,5
Sum kategori 15.30		14 629 979	15 149 870	15 479 718	2,2

Inntekter under programkategori 15.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
4143	Statens landbruksforvaltning	47 977	37 718	38 625	2,4
4147	Statens reindriftsforvaltning	1 670	38	39	2,6
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	40 654	59 520	59 520	0,0
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	100 000	50 000	50 000	0,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	301 149	125 000	125 000	0,0
Sum kategori 15.30		491 450	272 276	273 184	0,3

Mål

Dei fire hovudmåla for landbruks- og matpolitikken er matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Måla er omtalte i den innleiande delen av proposisjonen. Sjå også Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken*.

Programkategori 15.30 inneheld politikk og tiltak for verdiskaping, ressursforvaltning og miljø. Tiltaka på området skal bidra til god måloppnåing innanfor alle dei fire hovudmåla for landbruks- og matpolitikken. Tilskott er eit viktig element i dette.

Skatt og avgifter verkar inn på produksjon og forbruk av varer og tenester basert på landbrukets ressursar, noko som også har konsekvensar for naturmiljøet og bruken av naturressursar. Skatte- og avgiftsspørsmål er ikkje nærare omtalte her. For ein samla omtale av skatte- og avgiftsopplegget, sjå Prop. 1 LS (2013–2014) frå Finansdepartementet.

Prioriteringar i 2014

Noreg som aktiv internasjonal aktør

I WTO-forhandlingane er det lite framgang, og det er ikkje truleg at det kjem ein ny WTO-avtale på kort sikt. Den eksisterande WTO-avtalen skaper utfordringar for norsk landbruk. Departementet må tilpasse verkemiddelbruken i landbrukspolitikken slik at Noreg held seg innanfor dei avgrensningane vi har for produksjonsretta landbruksstøtte.

EØS-avtalen opnar for avtalar mellom Noreg og EU om handel med landbruksvarer. Frå 1. januar 2012 blei ein ny avtale om auka handel med ufoedla landbruksvarer etter artikkel 19 i EØS-avtalen sett i verk. For foredla landbruksvarer, jf. Protokoll 3 til EØS-avtalen, gjeld avtalen som blei sett i verk 1. november 2004. EFTA forhandlar med ei rekkje land om inngåing av handelsavtalar. Mellom desse landa er store land som Russland, India, Indonesia og Vietnam. Handel med både ufoedla og foredla landbruksvarer inngår i forhandlingane.

Regelverket for arealbruk, endringar i arealbruk og skog i Kyoto-protokollen for den gjeldande avtaleperioden blei avklart under konferansen i Durban i 2011. Departementet vil prioritere deltaking i dei internasjonale klimaforhandlingane som gjeld skog i arbeidet med ein framtidig, heilskapleg klimaavtale. I tillegg krev ei integrering av jordbruk og matsikkerheit i klimaforhandlingane både engasjement og brei støtte. Dette arbeidet startar opp på konferansen i Warszawa i

november 2013 der ein i første omgang ser på tilpassing til eit endra klima og på effektiv produksjon av mat. På dette området er det viktig å sikre eit godt samarbeid mellom UNFCCC, FAO, Verdsbanken og aktuelle samarbeidsland.

Arbeidet til FN er viktig og førande for politikkutforminga i Noreg. FN sin organisasjon for mat og landbruk (FAO) er den sentrale organisasjonen for fagleg og politisk samarbeid på fleire felt innanfor jordbruk, trygg mat og skog. FAO vil i 2014 mellom anna følge opp prioriteringane frå toppmøtet i Rio i juni 2012 om berekraftig utvikling, der global matsikkerheit hadde ein sentral plass. Departementet vil leggje stor vekt på å fremje norske interesser i FAO sitt arbeid og for å bidra til berekraftig utvikling verda over. Departementet vil arbeide med ulike utviklingstiltak på feltet matsikkerheit, der mellom anna genetiske ressursar og klimasmart landbruk står sentralt. Departementet vil framleis ta aktivt del i og støtte opp om FAO sitt arbeid med berekraftig skogforvaltning. Departementet vil også ta aktivt del i arbeidet under FAO sin kommisjon for genetiske ressursar og den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk. Dette inneber også vidareutvikling av det globale frølageret på Svalbard. Departementet vil framleis arbeide for å auke støtta til plantetraktatens *Benefit-Sharing Fund*. Dette skal bidra til å auke utviklingslanda sine moglegheiter til å forbetre og nytte kulturplantene i eigen matproduksjon og i tilpassing til klimaendringar og andre behov.

FNs skogforum (UNFF) har ei rolle i å leggje premissar for berekraftig skogforvaltning globalt. Den 11. sesjonen av UNFF blei halden i 2013. Der blei det vedteke eit mandat for ei evaluering av UNFF og ei vurdering av rolla vidare for forumet. På den 12. sesjonen i 2015 er dette hovudtema. Departementet vil følgje opp dette arbeidet fram mot neste sesjon i 2015. Dette vil vere ei avgjerande fase for samarbeidet i FN på dette området.

Det er behov for eit sterkt og forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. Forest Europe er ein arena for dette. Arbeidet i Forest Europe la grunnlaget for å starte forhandlingar om ein rettsleg forpliktande europeisk avtale om berekraftig skogforvaltning. Forhandlingane skal etter planen avsluttast i 2013. Dersom ein får ein avtale vil ein måtte vurdere på kva måte Noreg skal følgje opp, og departementet vil i 2014 halde fram arbeidet med å vidareutvikle det europeiske samarbeidet om berekraftig skogforvaltning i Europa.

Målet med det nordiske samarbeidet er gjennom felles nordisk innsats på viktige område som miljø, klima, energi, forskning, utdanning og innovasjon, å skape meirverdi, «nordisk nytte», for dei enkelte nordiske landa og innbyggjarne deira. Nidarosdeklarasjonen, som blei vedteken på møtet i ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) i Trondheim i 2012, set fokus på samarbeid for auka berekraftig og konkurransedyktig produksjon i sektorane mat, førmiddel, bygnings- og konstruksjonsvirke, bioenergi og innovative produkt frå land, hav og vatn. Oppfølging av deklarasjonen vil også i 2014 vere eit viktig innsatsområde for MR-FJLS. Mellom anna har Island i planen sin for formannskapsåret 2014 løfta fram bioøkonomi som eit sentralt tema i eit samarbeid med ministerrådet for næring, energi og regionalpolitikk og ministerrådet for miljø.

Klimautfordringane – landbruket ein del av løysinga

I Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk* har skogen ei viktig rolle. Regjeringa vil bruke skogen for å sikre eit høgt opptak av CO₂ slik at karbonlageret i skogen stadig aukar. Dette skal mellom anna skje ved å leggje til rette for tettare planting av ny skog etter hogst, etablering av skog på nye areal, meir og betre skogplanteforedling og målretta gjødsling av skog. Det skal utviklast miljøkriterium for fleire av tiltaka. Samstundes skal skogressursane nyttast til å produsere meir fornybar energi og tremateriale. Vidare vil departementet fortsetje arbeidet med å redusere klimagassutslipp frå jordbruket, mellom anna ved satsing på biogass.

Klimaendringar aukar risikoen for at nye plante- og dyresjukdommar og zoonosar etablerer seg i Noreg. Det forventast smittepresset må bli møtt med god beredskap og førebyggjande tiltak. Departementet vil også prioritere midlar til plante-foredling og utvikling av sortar, med sikte på betre klimatilpassing. Det er eit særst langsiktig arbeid å prøve ut eller utvikle nye sortar til bruk i landbruket i Noreg.

Regjeringa meiner Noreg skal vere blant dei leiande landa i arbeidet med produksjon av kunnskap for eit klimatilpassa landbruk, jf. mellom anna Meld. St. 33 (2012–2013) *Klimatilpassing i Norge*. Departementet legg opp til ein koordinert og målretta innsats innan forskning og utvikling (FoU). Departementet vil utvikle det internasjonale forskningssamarbeidet vidare.

Auka matproduksjon og landbruk over heile landet

Matproduksjon frå land og sjø basert på berekraftig bruk av dei nasjonale ressursane våre er eit fundament for matsikkerheit. Statistisk sentralbyrå (SSB) anslår at det vil bli 20 pst. fleire innbyggjarar i Noreg dei neste 20 åra. Regjeringa vil leggje til rette for auka produksjon av landbruksvarer, innanfor gjevne handelspolitiske rammer, som det er naturgjeve grunnlag for og som marknaden etterspør, slik at sjølvforsyningsgraden kan oppretthaldast om lag på dagens nivå. Regjeringa har som målsetjing at produksjonen i landbruket skal auke i takt med etterspørselen til ei aukande befolkning.

Frå 1. januar 2013 blei tollsatsane for ost og kjøtt av storfe og lam lagde om frå kronetoll til prosenttoll som gjev sterkare vern mot import. Regjeringa har på denne måten lagt til rette for betre inntektsutvikling i landbruket.

Verdikjedene i landbruket er blant dei mest komplette verdikjedene i norsk næringsliv, og omfattar alt frå forskning, produksjon av innsatsvarer, næringsmiddelindustri til forbrukar. Jordbruket sysselsette i 2011 om lag 49 400 årsverk. Matindustrien er den nest største industribransjen i Noreg. Matindustrien, eksklusive fiskevarer, hadde i 2010 ein brutto produksjonsverdi på om lag 119 mrd. kroner og ei sysselsetjing på om lag 38 800 personar. Skogbruk og trebasert industri sysselsette i 2011 om lag 24 600 personar. Trebasert industri hadde i 2011 ein brutto produksjonsverdi på om lag 41,9 mrd. kroner, og eksporterte for om lag 12 mrd. kroner. Førstehandsverdien av tømmeret som blei omsett var på om lag 3,1 mrd. kroner.

Jordbruksavtalen

Regjeringa vil sikre bruk av landbruksareal gjennom å vidareføre om lag den same regionvise fordelinga av areal og produksjon og gjennom å oppretthalde ein variert bruksstruktur. Konkurransedyktig råvareproduksjon og næringsmiddelindustri skal gje konkurransedyktige verdikjeder og robuste einingar.

Jordbruksavtalane dei siste åra har lagt til rette for eit løft i inntektene for jordbruksbedriftene. Avtalane har mellom anna prioritert det grasbaserte husdyrhaldet, beiting med husdyr og forbetring av velferdsordningane. Distrikts- og strukturprofilen i budsjettstøtta og fraktordningane er styrkte for å bidra til å nå målet om land-

bruk over heile landet. Samla sett har avtalane lagt til rette for ein inntektsvekst frå 2006 til 2013 (før avtalen i 2013) på 80,5 pst. eller om lag 132 000 kroner per årsverk. Då er verdien av jordbruksfrådraget inkludert, og veksten inneheld kompensasjon for auka folketrygdavgift frå 2012.

Avtalen i 2013 legg til rette for ein inntektsvekst på 10,5 pst., eller 31 000 kroner per årsverk i 2014 i forhold til 2013, før oppgjer. Avtalen vil auke inntekta i 2013 med om lag 11 000 kroner og ytterlegare 20 000 kroner i 2014.

Oppgjeret i 2013 følgjer opp Meld. St. 9 (2011–2012) på sentrale område. Oppgjeret prioriterer storfekjøtt, korn og grøntsektoren, der marknadsmoglegheitene er gode. Oppgjeret gjev ei klar betring av inntektsmoglegheitene, som er eit hovudverkemiddel for å nå dei landbrukspolitiske måla om mellom anna auka matproduksjon. For svin og egg vil inntektene kunne bli vesentleg betre ved betra marknadbalanse. Samstundes blir god fordelingsprofil vektlagt, og investeringsverkemidla og velferdsordningane blir styrkte. Miljøprofilen blir sterkare ved at løyvinga til regionale miljøprogram, spesielle miljøltiltak i landbruket og bioenergi blir auka.

Gjennom oppgjeret blir rettleiingstenesta i landbruket styrkt og samordna. Norsk landbruksrådgiving (NLR) får ei auka løyving på 9,5 mill. kroner. NLR får i tillegg overført rettleiingsoppgåver innanfor økologisk jordbruk, og det blir lagt til rette for samanslåing med Landbrukets HMS-teneste.

Oppgjeret gjev ein auke i målprisane på 580 mill. kroner frå 1. juli 2013, og regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga til gjennomføring av jordbruksavtalen over kap. 1150 i 2014 med 500 mill. kroner når ein ser bort frå den ekstraordinære løyvinga til Landbrukets utviklingsfond (LUF) i 2013.

Ei eiga arbeidsgruppe har sett på korleis ein kan oppnå tydelegare distriktsprofil i nasjonale ordningar. Arbeidsgruppa beskreib dagens verkemiddel og la fram ein meny av potensielle tiltak.

Hovudprinsippet for dei distriktpolitiske verkemidla i landbrukspolitikken, for å nå målet om landbruk over heile landet, har vore å bidra til inntektsutjamning gjennom å kompensere for geografisk bundne driftsulemper. Dagens landbrukspolitikk har samla sett ein sterk distriktsprofil i dei nasjonale ordningane. Regjeringa har styrkt distriktsprofilen i jordbruksoppgjeret med om lag 620 mill. kroner sidan ho blei innsett.

Eigedoms- og busetjingspolitikk

Lovgjevinga er eit viktig verkemiddel for eit aktivt landbruk. Kommunane har ei sentral rolle i gjen-

nomføringa av eigedoms- og busetjingspolitikken etter det gjeldande lovverket.

I 2009 vedtok Stortinget etter forslag frå regjeringa ei rekkje endringar i eigedomslovene i landbruket, med odelslova, konsesjonslova og jordlova som dei viktigaste. Reglane blei enklare og meir målretta, og dei legg til rette for auka aktivitet som grunnlag for busetjing. Det er seinare gjort fleire endringar i eigedomslovene.

Meld. St. 9 (2011–2012) byggjer i all hovudsak på at dei juridiske verkemidla i eigedomspolitikken er oppdaterte for dei behova som ligg føre. For regjeringa er det viktig å leggje til rette for auka verdiskaping, auka matproduksjon og å sikre busetjinga i distrikta. Regjeringa gjorde difor i 2013 framlegg om både ny jordskiftelov og ytterlegare endringar i jordlova og odelslova.

For å nå målet om auka verdiskaping og auka matproduksjon, må det leggjast til rette for ei god arealutnytting. Jordskiftelova er eit arealpolitisk viktig verkemiddel som mellom anna kan redusere arealkonfliktar og leggje til rette for ei effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom til beste for eigarane og samfunnet. For å få ei lov som passar med tida og dei utfordringane vi har framover, vedtok Stortinget 6. juni 2013 etter forslag frå regjeringa ny jordskiftelov. Den nye lova har blitt ein betre reiskap for å gjennomføre byutviklingsprosjekt, såkalla «urbant jordskifte» som frigjev areal og på den måten lettar presset på dyrka jord til utbygging. Lova legg også til rette for ei enklare og meir effektiv sakshandsaming, samstundes som ho vil gje auka rettstryggleik for partane.

I generasjonar har det vore eit sentralt mål i landbrukslovgjevinga at eigar og brukar skal vere den same. Lovgjevinga byggjer på ei oppfatning av at ei slik eigarform tek omsyn til matproduksjon og verdiskaping på best måte. Det er i dag eit stort omfang av leigejord. For å stimulere til at aktive brukarar kan få kjøpe tilleggsareal vedtok Stortinget 6. juni 2013 etter forslag frå regjeringa endringar i delingsføresegna i jordlova. Dei nye reglane legg opp til ei enklare og meir fleksibel delingsføresegn som i større grad opnar for skjønsmessige vurderingar tilpassa lokale behov. Dette gjev kommunane auka handlingsrom til å dele frå areal til tilleggsjord og legg dermed til rette for ei betre harmonisering av eigedoms- og bruksstrukturen. Lovendringa opnar også for at kommunane kan leggje større vekt på omsynet til busetjinga i område der det er vanskar med å oppretthalde folketalet.

Etter forslag frå regjeringa vedtok Stortinget 6. juni 2013 også endringar i odelslova. Odelskrinsen er innskrenka slik at berre barn av eigar med

odelsrett har odelsrett. Dette gjeld både nove-
rande og tidlegare eigarar. I tillegg har også bar-
nebarn av siste eigar med odelsrett odelsrett. Ei
innskrenking av odelskrinsen opnar for at fleire
eigedommar kjem på sal på den opne marknaden,
og gjer det dermed mogleg for folk som ønskjer
seg inn i næringa å sleppe til. Dette kan vere posi-
tivt med tanke på drifta av eigedommen, samstun-
des som det kan gje positive ringverknader i lokal-
samfunnet. Vidare er føresegna om odelsfrigje-
ring der ein odelseigedom er seld som tilleggsjord
oppheva. Dette gjev eit klårare vern av odelsretten
for dei som står att i odelskrinsen. Vidare fører
endringa til regelforenkling og til redusert offent-
leg ressursbruk.

Som oppfølging av landbruks- og matmeldinga
har departementet heva beløpsgrensa for kva for
landbrukseigedommar med bustadhus som skal
omfattast av priskontroll etter konsesjonslova, frå
1,5 mill. kroner til 2,5 mill. kroner. Dette vil kunne
føre til auka takt i omsetnaden av landbrukseige-
dommar.

Regionalt tilpassa politikk

For å styrkje grunnlaget for at det framleis skal
vere landbruk over heile landet, varsla regjeringa
i Meld. St. 9 (2011–2012) tre grep for ein meir
regionalt tilpassa landbruks- og matpolitikk. Dei
nasjonale ordningane skal få ein tydelegare dis-
triktsprofil, det skal bli betre rom for å utvikle ein
politikk tilpassa lokale og regionale føresetnader
og landbruksavhengige kommunar skal ha sær-
skild merksemd i framtidig prioritering av verke-
middel og innsats.

Ei eiga arbeidsgruppe har sett på distriktspro-
filen i dei nasjonale ordningane, jf. omtale over.
Dei landbrukspolitiske verkemidla skal framleis
ha ein sterk distriktsprofil, slik at ressursane kan
utnyttast der dei finst, gjennom eit landbruk i
heile landet.

Samspel i regionale og lokale partnerskap er
viktig for å få til auka innovasjon og verdiskaping i
landbruket. Gjennom oppretting av regionale
bygdeutviklingsprogram frå 2013 blir no ein
større del av verkemidla forvalta regionalt. Mål-
setjinga med å styrkje det regionale ansvaret var å
samordne det regionale miljø- og næringsarbeid-
et, bidra til auka mobilisering av lokale ressursar
og bygge opp under den lokale vekstkrafta. Regi-
onale bygdeutviklingsprogram inneheld regionale
planar og verkemiddel for å fremje verdiskaping
og landbruksbasert næringsutvikling og for å mål-
rette arbeidet med miljø og klima. Programma
består av regionale næringsprogram, regionale

miljøprogram og regionalt skog- og klimapro-
gram. Fylkesmannen har utarbeidd ein samla,
overordna strategi i dei regionale bygde-
utviklingsprogramma i kvart fylke, i samarbeid
med den regionale partnerskapen, der mellom
anna fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og
landbruket sine organisasjonar deltek. Departe-
mentet vektlegg at potensielle synergjar mellom
dei enkelte aktivitetane og elementa i programmet
skal synleggjerast og utnyttast.

Innanfor rammene av ein regionalt tilpassa
politikk vil departementet også ha særskild merk-
semd på område der landbruket spelar ei viktig
rolle for sysselsetjing og busetjing. I første fase er
arktisk landbruk prioritert, med vekt på utvikling
og auka utnytting av arktisk kvalitet som konkur-
ransefortrinn for landbruket i nordområda.
Frå 2014 blir også fjellandbruket prioritert. Sikte-
målet er å styrkje grunnlaget for berekraftig ver-
diskaping i fjellområda gjennom auka vare- og
tenesteproduksjon med basis i ressursane frå
landbruket, både innanfor tradisjonelt landbruk
og bygdenæringar.

Verdiskaping og berekraft

Arealressursane, kulturlandskapet og naturmangfaldet

Sikring av verdifulle jordbruksareal og kulturland-
skap er høgt politisk prioritert og viktige element i
den nasjonale miljøpolitikken.

Regjeringa har som mål å avgrense omdispon-
neringa av dyrka jord (fulldyrka jord, overflate-
dyrka jord og innmarksbeite) til under 6 000
dekar per år. Tala for omdisponering i 2012 viser
at målet ikkje er nådd. Det er difor nødvendig med
sterkare merksemd på jordvern både lokalt og
sentralt, og Landbruks- og matdepartementet vil
framleis, i samarbeid med andre departement,
føre ei restriktiv line for arealdisponering. Regje-
ringa vil ta i bruk verkemidla i plan- og bygnings-
lova for å sikre dyrka mark for framtidig matpro-
duksjon. I tillegg skal omsynet til jordvernet klar-
gjerast og forsterkast i statlege planretningsliner,
som er ei vidareføring av rikspolitiske retnings-
liner.

Skog dekkjer rundt 40 pst. av det norske land-
arealet. Skogbruk er difor viktig for verdiskapinga
i store delar av landet. Regjeringa vil auke det pro-
duktive skogarealet gjennom å plante til nye areal
for å utnytte skogen si evne til opptak av karbon
betre. Det er samstundes eit mål å forvalte eksis-
terande areal meir optimalt i eit klimaperspektiv.

Kulturlandskap forma av landbruket er viktige
for identitet og tilknytning. Det gjev ei ramme for

satsingar på kultur, lokal mat, friluftsliv, busetjing og turisme, og er leveområde for mange artar av planter og dyr. Variasjonen i dette kulturlandskapet må oppretthaldast, og ei målretta forvaltning kan bidra til å nå målet om å stanse tapet av biologisk mangfald og ta vare på kulturminne. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksavtalen skal bidra til å oppretthalde det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar landskapsverdiene i den kommunale planlegginga og lagar planar som kan ligge til grunn for god forvaltning.

Landbruks- og matdepartementet vil også framover samarbeide med Miljøverndepartementet om dei 22 utvalde kulturlandskapa i jordbruket.

I 2014 vil departementet føre vidare deltakinga i det nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald og satsinga på tiltak for miljøplanar for enkeltbruk, skogbruksplanlegging med miljøregistreringar og miljøretta tilskott. Fleirårige handlingsplanar for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar blant planter, husdyr og skogstre og dei ville slektningane deira skal følgjast opp.

Departementet drifrar Svalbard globale frøhvelv som har som mål å lagre sikkerheitskopiar av frø frå verdas viktigaste matvekstar. Frølageret har også ei viktig rolle i å skape auka forståing for genetiske ressursar og det internasjonale samarbeidet om dette, og departementet vil styrkje arbeidet med å gjere frøhvelvet kjent internasjonalt. Departementet vil framleis støtte opp om det nordiske samarbeidet om bevaring av genetiske ressursar i Nordisk genressurscenter (NordGen) og det nordiske partnerskapet for frøforedling, som har som mål å styrkje planteforedlinga og nytte dei nordiske genressursane betre.

Verkemidla i nasjonalt og regionale miljøprogram skal bidra til at jordbruksproduksjonen fører til minst mogleg forureining og tap av næringsstoff. Arbeidet med å redusere utslepp til jord, vatn og luft blir følgt opp gjennom dei regionale miljøprogramma.

Konkurranseskraft og berekraft i jordbruket

Departementet har gjennom fleire år lagt til rette for mangfaldige næringstiltak med grunnlag i landbrukseigedommane. Det har vore god utvikling av ny vare- og tenesteproduksjon, matspesialitetar, grønt reiseliv, Inn på tunet-tilbod, energiproduksjon med vidare. Det er samstundes eit stort uutnytta potensial på mange område. I Meld. St. 9 (2011–2012) blir omgrepet *bygdenæringar* nytta

som eit fellesomgrep på desse næringane. For å vidareutvikle bygdenæringane er det nødvendig å gje auka prioritet til dette området. Ein viktig del av dette arbeidet er å utnytte lokale og regionale særpreg til å skape konkurransefortrinn. Samarbeid mellom landbruk og andre næringar og sektorar er også viktig.

Bygdeutviklingsmidlane er tradisjonelt det viktigaste økonomiske verkemiddelet for næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Gjennom oppretting av regionale bygdeutviklingsprogram frå 2013 og forslaget om å auke løyvinga til bedriftsretta bygdeutviklingsmidlar i 2014, vil Landbruks- og matdepartementet leggje til rette for dei som er villige til å satse på utvikling av bygdenæringar.

Departementet vil vurdere å føre vidare verkemiddelbruken mellom anna gjennom Selskapet for industrivekst SF (SIVA) og Innovasjon Noreg si satsing på inkubasjon blant mat- og naturbaserte verksemder, gjennom Verkemiddel for regional innovasjon (VRI) og ved å utvikle kommunane og fylkeskommunane si rolle som regionale utviklingsaktørar vidare gjennom lokale og regionale partnerskap. Samspelet mellom næring, forskning og forvaltning skal også framover bli vektlagt på alle nivå.

Innanfor satsinga på lokal mat og grønt reiseliv vil regjeringa fortsetje arbeidet med å leggje til rette for auka verdiskaping og produksjon av norske matvarer med høg kvalitet. Det er også sentralt å utvikle lønsame, heilskaplege, landbruksbaserte reiselivsprodukt, som kan styrkje lokal og regional verdiskaping og innovasjonsevne gjennom samarbeid og fellestiltak. Frå 2013 blei satsingane på lokal mat, grønt reiseliv og innlandsfiske slått saman til eitt program på nasjonalt nivå – *Utviklingsprogrammet for lokal mat og grønt reiseliv*. Innanfor matsatsinga vil det også i 2014 bli satsa på moglegheiter for vekstbedrifter og bedrifter i nettverk og forpliktande produsentsamanslutningar, kompetansetilbod og omdømmebygging.

Jakt og fiske har lange tradisjonar i Noreg og er ei kjelde til rike naturopplevingar. Sal av jakt- og fiskeprodukt med tilleggstenester er i dag ein viktig del av det landbruks- og naturbaserte reiselivet, og kan utviklast til å bli enda viktigare og komme enda fleire til gode. Vidareutvikling av samarbeidet mellom grunneigarar om ressursgrunnlaget, utvikling av meir tilrettelagte produkt og opplevingar, merkevarebygging, destinasjonsutvikling og marknadsføring, er sentrale element i dette. Kunnskap og kompetanse er viktig for å få til ei slik utvikling. Regjeringa vil vidareføre samarbeidet med mellom andre Innovasjon Noreg,

Noregs Forskingsråd og Skogbrukets Kursinstitutt på dette feltet.

Inn på tunet er ei næring i vekst. Om lag 1 100 gardar tilbyr tenester innanfor helse, omsorg, arbeid, skule og oppvekst. Det er eit mål at desse tenestene blir ein prioritert del av tenestetilbodet i kommunane. Landbruks- og matdepartementet står, i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, bak nasjonal strategi for Inn på tunet som kom i 2012. Strategien blei følgt opp med ein eigen handlingsplan for Inn på tunet i 2013. Nettverks- og kompetanseutvikling, styrkt samarbeid og rolledeling mellom aktørane, samt forskning, kvalitetssikring og lønnsemd i tenestene, er sentrale tema i handlingsplanen. Hovudoppgåva i 2014 er å følgje opp handlingsplanen. Stiftinga Matmerk forvaltar eit eige kvalitetssikringssystem for Inn på tunet, og har ansvaret for overordna marknadsføring, merkevarebygging og drift av den nye nettstaden for Inn på tunet som blei etablert i 2013.

Matkjedeutvalet si innstilling, NOU 2011: 4 *Mat, makt og avmakt* peikte på vesentlege utfordringar i den norske verdikjeda for mat. Matkjedeutvalet la fram ei rekkje forslag til tiltak og regjeringa har følgt opp fleire av tiltaka.

I oktober 2012 oppnemnde regjeringa, ved Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet og Landbruks- og matdepartementet, eit ekspertutval som har greidd ut om korleis prinsippet om god handelsskikk i daglegvarebransjen og omsynet til forbrukarane kan varetakast i lovgjevinga. Eit samstemd lovutval konkluderte med at forhandlingane og kontraktforholda mellom leverandørar og daglegvarekjedene er av ein slik art at Noreg treng ei lov om god handelsskikk som vil leie til samfunnsøkonomisk effektive løysingar og som tek vare på viktige forbrukarhensyn som lågare prisar, betre utval, tilgjenge og kvalitet. Utvalet foreslo å opprette eit handelstilsyn for å føre tilsyn med og handheve lova. Dagligvarelovutvalets innstilling har vore på høyring, og departementa arbeider no vidare med forslaget.

Matkjedeutvalet anbefalte også ei utgreiing av moglegheitene for ein daglegvareportal som skal samanfatte informasjon til forbrukarar om pris, kvalitet og utval. Forbrukerrådet fekk i oppdrag å utgreie ei informasjonsløysning på nettet. Rapporten er tilgjengeleg på Forbrukerrådet sine nettsider www.forbrukerradet.no.

Matkjedeutvalet tilrådde også at næringsdeklarasjon på daglegvarer blir obligatorisk, og at opphavsmerking, produsent og produksjonsstad skal innførast som ei obligatorisk merking også

for eigne merkevarer (EMV). Her følgjer Noreg prosessen på matinformasjonsforordninga i EU. Noreg har gjort eit viktig arbeid for å påverke EU til å innføre obligatorisk næringsdeklarasjon og utvide opphavsmerkinga. Det blir teke sikte på at forordninga er gjennomført i norsk regelverk innan desember 2014, når overgangsperioden i regelverket har gått ut.

I tillegg til desse tiltaka, er Landbruks- og matdepartementet i samråd med andre aktuelle departement, også i gang med å vurdere andre forslag til tiltak frå Matkjedeutvalet.

Det er alt sett i verk tiltak for å auke marknadstilgangen for småskalaprodusentar, t.d. gjennom Utviklingsprogrammet for lokal mat og grønt reiseliv som er forvalta av Innovasjon Noreg. Departementet vil vurdere ytterlegare innsats på dette området.

Økologisk matproduksjon skal vere ein spydspiss i miljørettinga av jordbruket og bidra til å auke mangfaldet i matvaresektoren. Løyvingane over jordbruksavtalen skal sikre stabilitet for produsentar med økologisk drift, uavhengig av svingingar i marknaden. I 2012 var omsetnaden av økologiske varer rekordstor, med ein auke på 17 pst. frå året før. Det er nyleg gjennomført ei evaluering av produksjonstilskott og midlar til utviklingstiltak til økologisk landbruk. Evalueringa viste at produksjonstilskotta i all hovudsak er innretta på ein fornuftig måte. I følgje evaluator har utviklingsmidlane bidrege til å redusere flaskehalsar og marknadssvikt i verdikjeda. Evalueringa viste også at forvaltningseffektiviteten kan bli betre. Som eit resultat av dette, blei det i jordbruksoppgjret 2013 bestemt å flytte ein del av utviklingsmidlane til rådgjevingstenesta og regional forvaltning, for at utviklingsarbeidet innan økologisk landbruk i større grad skal kunne integrerast i rådgjeving og i det generelle miljø- og næringsutviklingsarbeidet. Det blei også bestemt i jordbruksoppgjret 2013 å avvikle omleggingstilskottet for areal som blir lagt om frå og med 2014. Det blei difor også bestemt å auke prisnedskrivningstilskottet til korn. Den samla satsinga på økologisk produksjon over jordbruksavtalen i 2014, jf. Prop. 164 S (2012–2013), er på om lag 170 mill. kroner.

Verkemidla i nasjonalt og regionale miljøprogram skal bidra til at jordbruksproduksjonen fører til minst mogleg forureining og tap av næringsstoff. Arbeidet med å redusere utslepp til jord, vatn og luft blir følgt opp gjennom dei regionale miljøprogramma. Nasjonalt miljøprogram og dei regionale miljøprogramma har blitt rullerte med verknad frå 2013.

Departementet legg opp til ei vidare satsing for å redusere forureininga frå fosfor, nitrogen og erosjon til vassdrag og kystområde. Departementet har sett i gang ein gjennomgang av regelverket om lagring og bruk av husdyrgjødsel. Målet er ei betre utnytting av næringsstoffa slik at utsleppa til vatn og luft blir mindre.

For å nå måla i *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel (2010–2014)* blir det mellom anna lagt sterk vekt på kunnskap og haldningar hos produsentane, særleg om integrert plantevern, der ulike tiltak og metodar for å redusere bruken av kjemiske plantevernmiddel blir kombinerte.

I Meld. St. 21 (2011–2012) har regjeringa peikt på kva for klimabidrag auka produksjon av biogass i Noreg kan gje. I jordbruksoppgjeret i 2013 vedtok regjeringa å auke den økonomiske støtta til leveranse av husdyrgjødsel til biogassanlegg. Dette vil saman med anna verkemiddelbruk bidra til auka produksjon av biogass basert på husdyrgjødsel.

Konkurranseskraft og berekraft i skogbruket

Skogbruket er ei viktig næring i distrikta, og det er trebasert næringsverksemd i dei aller fleste kommunane i Noreg. Skogbruk og trebasert industri hadde i 2011 om lag 25 000 sysselsette i Noreg. Verdiskapinga skjer i heile verdikjeda, frå skogbruksverksemda, via transport og fram til foredling av trevirket til papir, brensele, konstruksjonsvirke med vidare. Skogsektoren er uskjerma og konkurranseutsett. Skogen tek opp store mengder CO₂, som blir lagra i biomasse og jordsmonn og er difor viktig i klimasamanheng. Auka bruk av fornybar bioenergi og auka bruk av tre framfor meir energikrevjande materiale vil gje viktige bidrag til energiforsyninga og minske utsleppa av klimagassar.

Ein konkurransedyktig treforedlingsindustri er avgjerande for velfungerande verdikjeder frå skog til marknad. Treforedlingsindustrien har slitt med låg lønsemd gjennom mange år, og det har vore fleire nedleggingar og permitteringar og nedjusteringar i produksjonskapasitet dei siste åra. Konjunkturedgangen har halde fram i 2013, og skogsektoren er inne i den største krisa sidan 1930-talet. Produksjonen på ei av dei største treforedlingsbedriftene i landet, Södra Cell Tofte AS, blei lagt ned i august 2013. Dette har ført til press på avsetnad og pris på store mengder massevirke, og auka transportarbeid- og kostnadar, med konsekvensar også for lønsemd og konkurranseevne til sagbruk og annan tremekanisk industri.

Med bakgrunn i denne utviklinga, og dei store ringverknadene for sysselsetjing og verdiskaping i heile skog- og trenæringa, blei det i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2013 vedteke ei tilleggsøyving på 250 mill. kroner til næringa over budsjetta til Nærings- og handelsdepartementet, Samferdselsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet. I tillegg blei kapitalen i Investinor utvida med 500 mill. kroner øyremerkte til skog- og trenæringane. Midlane over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett, totalt 75 mill. kroner, skal gå til infrastrukturtiltak og innovativ trebruk. Det blei løyvd 100 mill. kroner over Samferdselsdepartementet sitt budsjett til utbetring av flaskehalsar for tømmertransport på offentlege vegar. Det er også bestemt å tillate lengre og tyngre tømmervogntog på vegar som toler dette, som tiltak for meir kostnadseffektiv tømmertransport. Vidare blei det løyvd 75 mill. kroner til innovasjonstilskott, forskning og utvikling i næringa over Nærings- og handelsdepartementet sitt budsjett.

Regjeringa legg til grunn at det er behov for ytterlegare styrking av konkurransekrafta i verdikjedene for skogprodukt. Dette med grunnlag i ei brei tilnærming av utfordringane i heile næringa for å sikre betre effektivitet, lønsemd og leggje til rette for utvikling av nye produkt og produksjonsmetodar.

Sjølv om situasjonen for næringa, spesielt innan treforedlingsindustrien, er svært krevjande, er det likevel enkeltbedrifter innan næringa som går bra og har positiv utvikling. Kjenneteikn på desse bedriftene er mellom anna satsing på kostnadseffektiv produksjon av produkt som toler norsk kostnadsnivå.

Det skal i 2013 setjast i gang eit arbeid for å utarbeide ein strategi for auka konkurranseevne i skogsektoren – Skog22. Den skal blant anna ta for seg forskning og utvikling. Strategien skal bidra til å realisere verdiskapingspotensialet i skogsektoren og bidra til utvikling av ein meir bærekraftig økonomi. Norske skogressursar har gjennom fleire hundre år lagt grunnlag for industri og verdiskaping basert på fornybart bioråstoff. Gjennom ny teknologi er det i prinsippet mogleg å produsere mykje av det vi i dag produserer frå olje, frå trevirke. Som eit ledd i dette, er det oppretta eit program i Innovasjon Noreg for industriell bioraffinering i 2013, jf. også omtalen under kapittel 1149, post 74.

I St.meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* og Meld. St. 9 (2011–2012) er det gjort greie for skogens positive verknad på den samla norske klimagassre-

kneskapen, og også i Meld. St. 21 (2011–2012) får skogen ei viktig rolle i klimapolitikken framover. Skogen er også leveområde for mange arter, rik på kulturminne og ei viktig kjelde til friluftsliv og opplevingar.

Regjeringa vil føre ein offensiv skogpolitikk, og legg til grunn at verdiskapinga i skogsektoren kan aukast ytterlegare innanfor rammene av norske miljømål. Regjeringa vil styrkje oppbygginga av skogressursane. Dei viktigaste verkemidla i skogpolitikken er skogfond, tilskott til nærings- og miljøtiltak, tilskott til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar, tiltak for auka bruk av tre og auka produksjon og bruk av bioenergi.

Informasjon og tilgjengeleg kunnskap om skog og skogbruk, klima og miljø/biologisk mangfald er omfattande, og kjem frå mange ulike kjelder. For å lette tilgangen til skogbruks- og miljødata, har departementet teke initiativ til å samle relevant dokumentasjon i ein årleg rapport om berekraftig skogbruk – næring og miljø. Rapporten vil bli utforma slik at den også kan nyttast i rapporteringa til internasjonale skogpolitiske prosessar. Siktemålet er at den første rapporten kjem i løpet av hausten 2013.

Av omsyn til ressursoppbygging og karbonopptak i skog har departementet bede Fylkesmennene og kommunane om å føre betre tilsyn med at skogeigarane følgjer opp foryngingsplikta og at dei prioriterer forynging høgt. Statens Landbruksforvaltning vil i 2014 halde fram med å følgje opp dette arbeidet. Departementet vil føre vidare satsinga på prosjektet Miljøregistreringar i skog (MiS-prosjektet) og innsatsen for skogbruksplanlegging, for å leggje eit godt grunnlag for berekraftig skogbruk.

Regjeringa meiner at auka innsats i skogplanteforedling er ei investering for framtida, og vil forsterke innsatsen på dette feltet. Planteforedling er også nødvendig for god framtidig klimatilpassing og auka opptak av CO₂. I St.meld. nr. 39 (2008–2009) er det vist til at auka innsats i skogplanteforedling kan auke det årlege CO₂-opptaket med 1,3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i løpet av 50 til 100 år.

Produksjon av bioenergi vil ha høg prioritet også i 2014. Auka bruk av skogråstoff til bioenergi og leveranse av biovarme er eit grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping i skognæringa. Auka produksjon av bioenergi skal bidra til å nå målet til regjeringa om større produksjon av fornybar energi og til å redusere utsleppa av klimagassar. Dei viktigaste verkemidla til departementet er Bioenergiprogrammet og tilskott til uttak av skogråstoff til flisproduksjon. Dei to programma

har så langt gjeve gode resultat, og aktiviteten har auka år for år.

Trebasert Innovasjonsprogram er departementet sitt hovudverkemiddel for å auke bruken av tre og styrkje lønnsmda i verdikjeda. Bruk av tre er ikkje minst eit viktig klimapolitisk tiltak fordi trevirke bind karbon gjennom heile livsløpet. Programmet har som mål å auke bruken av tre, mellom anna gjennom å utvikle trebyggeri i byar og tettstader og å utvikle standardar for bruk av tre i landbruksbygg.

Det skjer ei kontinuerleg utvikling av tre som materiale og av trearkitekturen, og den aukande interessa for trebaserte løysingar i byggenæringa har bidrege til at nye konsept og løysingar er blitt utvikla. Nye moglegheiter for bruk av tre er mellom anna knytte til nye byggeskikkar, endra arkitektoniske løysingar, bruk av massivtre, byggsystem i form av stokkar og element med isolasjon, isolert standardverk m.m. Det er venta framleis stor aktivitet i utviklinga av nye konsept og løysingar.

Økonomisk og økologisk berekraftig reindrift

Samisk reindrift bidreg til eit levande landbruk gjennom beitebruk i fjellområde og utmark, og har eit stort potensial for auka verdiskaping. Styresmaktene er inne i sluttfasen av dei prosessane som reindriftslova føreskriv for fastsetjing og reduksjon av talet på rein. Reindriftsstyret har vinteren 2013 fastsett fristar for ein forholdsmessig reduksjon. I dei siidaene som må redusere talet på rein, har den enkelte siidaandelen fått fastsett ein frist for reduksjon av flokken sin. Det er no den enkelte siidaandelen sitt ansvar å følgje opp vedtaka som er fatta og gjennomføre sjølve reduksjonen innan gjevne fristar.

Den 27. mai 2013 vedtok Stortinget ei endring av reindriftslova som inneber ei avvikling av områdestyra og overføring av styra sine oppgåver til fylkesmannen. Samstundes gav Stortinget si støtte til regjeringa sitt framlegg om ei administrativ overføring av områdekontora til Fylkesmannen. Hensikta med endringane er i større grad å harmonisere og inkludere forvaltninga av reindrifta med anna offentleg forvaltning, og å tydeleggjere forvaltningsstrukturen. Vidare vil endringane etter departementet sitt syn, gje ei offentleg forvaltning av reindrifta som er tydeleg og oversiktleg i struktur, oppbygging og oppgåvefordeling. Sjå nærare omtale under kapittel 1147.

For å nå dei reindriftpolitiske måla er det naudsynt at reindriftslova og reindriftsavtalen utfyller kvarandre. Gjennom reindriftsavtalen

2013/2014 er det lagt til rette for dette mellom anna ved at det no blir mogeleg å nytte økonomiske verkemiddel for å følgje opp godkjende bruksreglar. I dette ligg det at siidaandelar som ikkje reduserer talet på dyr i samsvar med reduksjonsplanane, eller følgjer opp med ein forholdsmessig reduksjon gjennom slaktesesongen 2013/2014, vil få ei betydeleg avkorting i tilskotta sine. Reindriftsavtalen 2013/2014 legg til rette for auka slakting og omsetnad av reinkjøtt i alle ledda i verdikjeda. På denne måten bidreg avtalen til ei positiv utvikling og inntening hos den enkelte reindriftsutøvaren. Samstundes underbyggjer avtalen den dreinga ein har hatt dei siste åra, med ei tilrettelegging for dei reindriftsutøvarane som har reindrift som hovudverksemd.

Reindrifta er svært arealavhengig, og inngrep og uro innanfor reinbeiteområda har auka dei siste tiåra. Regjeringa vil difor vidareføre og forsterke innsatsen for å redusere dette problemet. Den nye plan- og bygningslova er den sentrale lova for arealforvaltning. Lova gjev nye moglegheiter for ei meir heilskapleg forvaltning av areal i det enkelte reinbeitedistriktet. For å leggje til rette for ei betre sikring av areal nytta i reindrifta, vil det vere viktig at fylkeskommunar og kommunar i dei samiske reinbeiteområda følgjer opp nasjonale føringar og tek dei nye verkemidla i bruk.

Gode kompetansemiljø, likestilling og rekruttering

Landbruks- og matsektoren sitt arbeid for å sikre god og rett kompetanse i landbruket står sentralt i arbeidet for å sikre eit aktivt landbruk, verdiskaping og busetjing i heile landet. Auka produksjon av mat i tider med endring i klima krev kompetanse i heile verdikjeda. Eit styrkt skogbruk som skal bidra til å nå viktige klimamål, vil også innebere behov for auka rekruttering. Vi må difor få fleire til å velje landbruk som yrke, både innanfor jord- og skogbruk, industri, rådgjeving, forvaltning, utdanning og forskning.

Eit godt heilskapleg utdanningstilbod er viktig for å sikre god kompetanse i næringa. Departementet gjennomfører i 2013 ei evaluering av landbruks- og gartnarutdanninga på vidaregåande nivå og ei kartlegging av samfunnet sitt behov for landbruks- og matfagleg utdanning i fagskulane. Evalueringa og kartlegginga vil gje kunnskap som grunnlag for tiltak for å møte landbrukssektoren sine behov for kompetanse på kort og lang sikt. Departementet vil også sette i verk omdømmetiltak for å sikre fleire studentar innanfor skogbruksfag. Tiltak for å styrkje arbeidet med rekruttering til utdanning innanfor landbruk og matfag på alle nivå, vil bli sett i verk, jf. omtale av rekruttering, likestilling og kompetanseheving under kap. 1150.

Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner frå 2008 er ei felles satsing frå sju departement. Målet for planen er at vesentleg fleire kvinner skal bli entreprenørar og at delen kvinner skal vere 40 pst. innan 2013. Ei midtvegsevaluering av handlingsplanen utført av NIFU i 2011, viser at departementa og verkemiddelapparatet har følgd opp planen.

Departementet har bede Innovasjon Noreg om å prioritere kvinner som målgruppe generelt og å arbeide for ein vesentleg auke i delen som går til kvinner innanfor aktuelle program og tenester. Innovasjon Noreg har følgd opp dette gjennom ei generell forsterka kvinnesatsing, med kvinner som prioritert målgruppe innanfor alle program og tenester, samt eigne kvinnespesifikke tiltak som Årets gründerkvinne og Ledermentor. Innovasjon Noreg er også bede om å arbeide for ein auka del kvinner i styre og leiing for verksemdar som tek imot støtte.

Strategi for likestilling i landbrukssektoren frå 2007 ligg til grunn for næringa sitt arbeid med likestilling. Strategien har mål om 40 pst. kvinnelig representasjon i eigarskap, næringsutøving og styrande organ i landbrukssektoren.

Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Støtte til organisasjonar, <i>kan overførast</i>	24 097	24 737	25 603
71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	5 359	5 350	4 037
	Sum kap. 1138	29 456	30 087	29 640

Post 70 Støtte til organisasjonar

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å bidra til å halde oppe aktiviteten i organisasjonar som arbeider innanfor landbruks- og matpolitiske satsingsområde. Departementet kan gje støtte til organisasjonar på nasjonalt nivå innan landbruks- og matområdet som:

- formidlar kunnskap, interesse og positive haldningar til landbruks- og matsektoren
- fremjar forståing for grønne verdiar hos ungdom spesielt og allmenta generelt
- medverkar til å synleggjere yrkesmoglegheiter knytte til gardsbruk og bygdenæringar
- fremjar miljøarbeid, verdiskaping og næringsutvikling knytt til grøn tenesteproduksjon
- fremjar likestilling i sitt arbeid

Storleiken på tilskotta blir blant anna fastsett ut frå ei vurdering av aktivitetsnivået til organisasjonane, den finansielle situasjonen deira og anna finansiering som organisasjonane mottok.

Innsendte årsmeldingar og revisorgodkjende rekneskap er grunnlag for oppfølging og kontroll. Eventuelle andre vilkår som blir lagde til grunn i tilskottsbrev til den enkelte organisasjonen vil også bli følgt opp.

Rapportering 2012

Landbruks- og matdepartementet fordeler løyvingar til organisasjonar direkte i departementet sin budsjettproposisjon (Prop. 1 S). For 2012 blei det fordelt 24,097 mill. kroner til 23 organisasjonar, jf. Tabell 2.3.

Tabell 2.3 Oversikt over støtte til organisasjonar, 2012

Organisasjon	Støtte 2012
Biologisk-dynamisk forening	175 000
Det norske Skogselskap	1 050 000
Dyrevernalliansen	400 000
Dyrevern Ung	100 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 050 000
Hageselskapet	1 100 000
Hanen	2 050 000
Hest og Helse	200 000
Jenter i skogbruket	172 000
Natur og Ungdom	200 000
Norges Birøkerlag	200 000
Norges Bygdekvinnelag	450 000
Norges Bygdeungdomslag	200 000
Norges Vel	2 100 000
Norske lakseelver	500 000
Norsk Gardsost	250 000
Norsk Kulturarv	350 000
Norsk Landbruksmuseum	3 250 000
Norsk seterkultur	250 000
OIKOS – økologisk landslag	2 900 000
Slipp oss til – ungdom inn i landbruket	250 000
ZERO – Zero Emission Resource Organisation	100 000
4H Norge	6 800 000
Sum	24 097 000

Budsjettframlegg 2014

Landbruks- og matdepartementet har motteke 29 søknader for 2014, og blant desse er det 12 nye søkjarar. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 25,603 mill. kroner for 2014, fordelt på 25 organisasjonar, jf. Tabell 2.4. Organisasjonar på nasjonalt nivå som arbeider innanfor landbruks- og matpolitiske satsingsområde er prioriterte i framlegget.

Som ein del av ordninga har departementet frå 2013 inngått samarbeidsavtalar med enkeltorganisasjonar. Innhaldet i samarbeidsavtalane er

fastsett i dialog med dei aktuelle organisasjonane. Avtalane kan bli inngått for inntil tre år, mens løyving blir gjeve for eitt år om gongen, og med atterhald om løyving frå Stortinget i avtaleperioden.

Det er inngått treårige samarbeidsavtalar med 14 organisasjonar frå 2013: Norges Vel, 4H Norge, Norsk Landbruksmuseum, OIKOS – økologisk landslag, Slipp oss til – ungdom inn i landbruket, Norges Bygdekvinnelag, Norsk Kulturarv, Hageselskapet, Jenter i skogbruket, Det Norske Skogselskap, Hest og Helse, Hanen, Norske lakseelver og Bondens marked.

Tabell 2.4 Oversikt over støtte i 2013 og budsjettframlegg for 2014

Organisasjon	(i kroner)	
	Støtte 2013	Forslag 2014
Biologisk-dynamisk Foreining	175 000	150 000
Bondens marked	500 000	500 000
Det norske Skogselskap	1 140 000	1 140 000
Dyrevernalliansen	400 000	400 000
Dyrevern Ung	100 000	100 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 050 000	1 500 000
Geitmyra matkultursenter for barn	-	400 000
Hageselskapet	1 100 000	1 100 000
Hanen	2 050 000	2 050 000
Hest og Helse	200 000	200 000
Jenter i skogbruket	172 000	172 000
Natur og Ungdom	-	100 000
Nobio – norsk bioenergiforening	-	170 000
Norges Birøkterlag	220 000	221 000
Norges Bygdekvinnelag	400 000	400 000
Norges Bygdeungdomslag ¹	200 000	-
Norges Vel	2 000 000	2 000 000
Norske lakseelver	500 000	500 000
Norsk Gardsost	250 000	250 000
Norsk juletre – rådgiving juletre og pyntegrønt ¹	80 000	-
Norsk Kulturarv	350 000	350 000
Norsk seterkultur ¹	250 000	-
OIKOS – økologisk landslag	2 900 000	2 900 000
Slipp oss til – ungdom inn i landbruket	250 000	250 000
Spire	100 000	100 000
TreSenteret	-	300 000
Vitenparken ²	3 250 000	3 250 000
4H Norge	7 100 000	7 100 000
Sum	24 737 000	25 603 000

¹ Norges Bygdeungdomslag, Norsk juletre og Norsk seterkultur har ikkje søkt om støtte for 2014/ har ikkje søkt om støtte innan søknadsfristen.

² Norsk landbruksmuseum endra i 2013 namn til Vitenparken.

Post 71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar

Formål med løyvinga

Posten omfattar midlar som skal dekkje Noreg sin del av finansieringa av internasjonale skogpolitiske prosessar, tilskott til organisasjonar, kostnader knytte til rapportering og anna. Departementet vil leggje opp til å nytte kompetanse og personar ved norske institusjonar, som til dømes Norsk institutt for skog og landskap, i det internasjonale skogpolitiske arbeidet.

Noreg arbeider for eit sterkt og forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. FN sitt skogforum (United Nations Forum on Forests) er ein viktig arena for dette globalt, mens Forest Europe er den sentrale arenaen for samarbeid om skogpolitikk på regionalt nivå i Europa. Forest Europe samlar dei europeiske landa og ei rekkje internasjonale og frivillige organisasjonar om strategiar for å møte utfordringar og moglegheiter som skogsektoren i Europa står overfor. Forest Europe legg også til rette for ei regional oppfølging av det globale samarbeidet om berekraftig skogforvaltning.

Løyvinga skal også nyttast til medverknad frå Noreg i andre fora for internasjonalt samarbeid om skogspørsmål, som til dømes FN sin organisasjon for mat og landbruk (FAO) og European Forest Institute (EFI).

Rapportering 2012

Over posten blei det løyvd midlar til internasjonalt skogpolitisk arbeid. Noreg har lagt stor vekt på det skogpolitiske samarbeidet i Forest Europe, og hadde formannskapet for samarbeidet mellom 2008 og 2011. I 2012 blei det arbeidd med å følgje opp vedtaka frå ministerkonferansen i Oslo i 2011. Noreg bidreg til finansieringa av prosessen gjennom ein årleg kontingent. I 2012 var denne på om lag 1 mill. kroner, tilsvarande 16 pst. av det samla budsjettet for sekretariatet.

Hovudtyngda av det europeiske skogpolitiske arbeidet i 2012 var oppfølginga av vedtaket på ministerkonferansen om å starte forhandlingar om ein europeisk avtale om berekraftig skogforvaltning. Noreg deltek i byrået som har ansvar for å drive arbeidet med ein europeisk skogavtale framover, og har vore blant bidragsytarane til forhandlingane.

Løyvinga på denne posten blei også nytta til å støtte Noreg sin medverknad i United Nations Economic Commission for Europe (UNECE). UNECE har ein tømmerkomité som legg til rette informasjon og statistikk om mellom anna skogressursane og marknadsforhold for skogprodukt. Departementet gav tilskott til norske institusjonar og organisasjonar som tok del i dette arbeidet.

Departementet bidrog i 2012 med midlar til ein konferanse om skog og matsikkerheit som FAO arrangerte i mai 2013.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,037 mill. kroner til internasjonalt skogpolitisk arbeid.

Forest Europe vil i 2014 i hovudsak arbeide med å følgje opp vedtaka frå ministerkonferansen i Oslo i 2011. Budsjettet til sekretariatet for Forest Europe blir finansiert av ei gruppe land som inngår i koordineringsgruppa for Forest Europe. Spania er for tida leiar av arbeidet i Forest Europe og vil dekkje hovuddelen av budsjettet. Noreg vil framleis vere medlem av koordineringsgruppa saman med Tyrkia, Spania, Slovakia og Tyskland. I 2014 vil Noreg sin obligatoriske kontingent vere om lag 8 pst. av det samla budsjettet.

Forhandlingane om ein rettsleg bindande skogavtale i Europa vil etter planen bli avslutta i 2013. Dersom ein får ein avtale vil ein måtte vurdere på kva måte Noreg skal følgje opp denne. Bidrag til finansieringa av avtalen og til arbeidet i sekretariatet for avtalen vil bli vurdert frå denne posten.

Løyvinga kan også nyttast til å støtte opp om institusjonar som driv internasjonal utgreiingsverksemd og kunnskapsutvikling, til dømes EFI. EFI er oppretta som ein internasjonal organisasjon der Noreg er medlemsstat og deltek i møte i styrande organ. EFI driv forskning og utgreiing av europeiske skogspørsmål, og er ein viktig aktør i denne samanheng.

I tillegg deltek Noreg i ei rekkje andre forum for internasjonalt samarbeid om skogspørsmål, mellom anna i UNECE, FAO og FN sitt skogforum. Løyvinga vil difor også bli nytta til medverknad frå Noreg i slike forum. Med sikte på å nytte kompetanse og kunnskap i Noreg på ein effektiv måte i internasjonalt samarbeid, er det aktuelt å nytte løyvinga til oppdrag til norske institusjonar og organisasjonar.

Departementet har utnemnd SLF til ansvarleg myndigheit for oppfølging av forordning 995/2010 om handel med tømmer og treprodukt. Det er gjort ei rammeoverføring på 1,5 mill. kroner frå

denne posten til kap. 1143 post 01. Løyvinga skal nyttast til arbeidet SLF utfører innanfor oppfølging av forordninga.

Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Tilskott til miljø- og ressurstiltak, <i>kan overførast</i>	17 850	17 293	17 898
71	Tilskott til genressursforvaltning, <i>kan overførast</i>	21 265	21 620	22 027
	Sum kap. 1139	39 116	38 913	39 925

Post 70 Tilskott til miljø- og ressurstiltak

Formål med løyvinga

Over post 70 blir det gjeve støtte til tiltak og spreiding av kunnskap på målområdet *berekraftig landbruk*, med særskilt vekt på resultatområda *sikre naturmangfald og redusere forureininga frå jordbruket*. Det er nødvendig med god kunnskap om og godt oversyn over miljøverdiar og ressursar for å få til berekraftig arealbruk og næringsverksemd. Over posten gjev departementet støtte til vedlikehald av digitale markslagskart som gjev næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet, og til kartlegging og overvakingsprogram for biologisk mangfald i kulturlandskap og skog. Rapportering og resultatkontroll som reknar på effektar av miljøtiltak slik at ein kan vurdere omfanget av miljøforbetringane og måloppnåing i jordbruk og skogbruk blir også støtta. I tillegg støttar departementet informasjonsarbeid og mindre prosjekt som fremjar miljøtiltak og ressurskunnskap i jordbruket og skogbruket over posten.

Rapportering 2012

Over post 70 blei det løyvd 8,071 mill. kroner til vedlikehald av digitale markslagskart, som gjev næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet. Midlane er, i tråd med jordbruksavtalen inngått i 2011, knytt til framtidig vedlikehald av DMK/AR5-kartgrunnlaget, som landbruket bidreg med i det nasjonale kartsamarbeidet Geovekst. Dette sikrar at føretaka i landbruket har rett til gratis kartdata og flybilette. Karta ligg til grunn for tenesta *Gardskart på inter-*

nett frå Norsk institutt for skog og landskap, og gjev alle eigarar av landbrukseigedom tilgang til kart og arealstatistikk for eigdommen sin.

Landbruks- og matdepartementet gav også i 2012 støtte til vidare utvikling av eit standardisert og godt dokumentert miljøregistreringsopplegg for biologiske miljøverdiar i skog – Miljøregistreringar i skog (MiS). MiS-prosjektet har også ein kulturminnedel, og totalt blei det tildelt 4,607 mill. kroner til dette arbeidet i 2012.

Miljøregistreringane blir i hovudsak utført samstundes med andre ressursregistreringar i samband med utforming av skogbruksplanar for skogeigedommane. MiS-prosjektet er lagt til Norsk institutt for skog og landskap, og instituttet har i 2012 publisert resultat frå arbeidet, henta inn kunnskap for å forbetre registreringane og arbeidd med praktisk oppfølging av miljøregistreringsarbeidet. Det meste av det produktive skogarealet er no kartlagt, og det blei starta eit arbeid for å ajourføre og oppdatere desse i den nettbaserte innsynsløysinga Kilden ved Skog og landskap. Enkeltfunn av arter og tilfeldige observasjonar er ikkje eigna til å forvalte areal etter, men ei systematisk kartlegging av livsmiljø for raudlistearter, som ein får gjennom MiS, gjev eit samanliknbart og godt dokumentert avgjerdsgrunnlag. Desse livsmiljøa blir også registrerte i Landsskogtakseringa, noko som gjev god statistikk for omfang og utvikling av livsmiljø på nasjonalt og regionalt nivå. Resultata blir nytta i skogbruksplanlegging, men også i arbeidet med naturtypekartlegging i kommunane. I MiS-delprosjektet om kulturminne har Norsk institutt for skog og landskap i 2012 samarbeidd med Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) om bruk av fjernmålingsdata (laser) for kulturminneregistreringar.

Det er også starta opp eit arbeid for å kvalitetssikre allereie tilgjengeleg informasjon om kulturminne gjennom å leggje dei inn blant miljødata i Kilden.

I 2012 blei det løyvd midlar til Bioforsk til gjennomføring av informasjonstiltak for å redusere bruken av og risikoen ved bruk av plantevernmidler, med særleg vekt på området integrert plantevern. Midlane har mellom anna blitt nytta til formidling av kunnskap til brukarane, rettleiingsteneasta og allmenta, til deltaking på mark dagar og møte, til vidare utvikling av plantevernleksikonet og av temasider om integrert plantevern.

Over posten blei det også løyvd midlar til produksjon av den årlege rapporten *Jordbruk og miljø – resultatkontroll jordbruk* frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Det er også starta opp arbeid med ei utvalsgranskning som skal bli utført av SSB for å betre kunnskapsgrunnlaget for bruken av husdyrgjødsel. Undersøkinga held fram i 2013.

Tilskottet til miljøinformasjonstiltak i skogbruket, medrekna mellom anna økologi i fjellskogen på Hirkjølen i Oppland fylke, blei vidareført. Posten er også nytta til å finansiere resultatkontroll i skogbruket. Kontrollen er knytt til overvaking av

utviklinga av skogtilstanden og til planlegging og gjennomføring av konkrete tiltak i skog, slik som skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging, jf. nærare omtale under kap. 1150. Resultatkontrollen krev innsats frå kommunane og fylkesmennene, og resultatata blir samordna fagleg av Norsk institutt for skog og landskap i nær kontakt med Statens landbruksforvaltning. Resultatkontrollen viser mellom anna at det blir gjort for lite for å forynge skogen etter hogst.

Det blei også utlyst midlar frå denne posten til prosjekt for å betre og formidle miljø- og ressurskunnskap innanfor jordbruk, kulturlandskap og skogbruk, med sikte på meir berekraftig forvaltning av ressursane på landbruksareala. I alt 1,643 mill. kroner blei gjeve i støtte til 13 organisasjonar og føretak til prosjekt i tråd med kriteria i kunngjeringa.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 17,898 mill. kroner på post 70 og legg opp til ei fordeling av midlane over posten slik Tabell 2.5 viser.

Tabell 2.5 Budsjett for kap. 1139, post 70 i 2013 og budsjettframlegg for 2014

Tiltak	(i 1 000 kr)	
	Budsjett 2013	Framlegg 2014
Digitale markslagskart (DMK)	8 071	8 071
Prosjektet Miljøregistreringar i skog (MiS-prosjektet)	4 607	4 607
Informasjonstiltak o.a. knytt til jordbruk og kulturlandskap o.a.	2 350	2 768
Informasjonstiltak o.a. knytt til ressurs- og miljøforvaltning i skogbruket o.a.	1 052	1 239
Nasjonalt program for naturmangfald	1 213	1 213
Sum kap. 1139, post 70	17 293	17 898

I 2014 vil departementet føre vidare arbeidet med å forbetre miljø- og ressurskunnskapen. Betre kunnskap er ein føresetnad for berekraftig areal- og ressursbruk og næringsverksemd. Slike tiltak blir finansierte både over dette kapitlet og over kap. 1112 *Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet*.

Departementet gjer framlegg om å vidareføre løyvinga på 8,071 mill. kroner til vedlikehald av digitale markslagskart ved Norsk institutt for skog og landskap. Løyvinga skal bidra til å halde oppe kvaliteten av dette nyttige kartverket som gjev næringsdrivande og forvaltninga tilgang til

arealinformasjon av høg kvalitet, og jordbruket vil framleis ha rett til gratis kartdata.

Skog og klima er omtalt i St.meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* og sist i Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*. Aktiv bruk av skogen er eit viktig tiltak i klimapolitikken, og det er eit mål å auke tilplantinga på nye areal. Dette skal gjerast etter ein strategi der også miljøkriterium må inn. Miljøkriterium for skogbruket ligg mellom anna i skogbrukslova med forskrifter, i miljøstandarden til skogbruket, i naturmangfaldloven og i forskrift om utanlandske treslag.

Sterkere satsing på å byggje opp skog, meir bruk av tre i byggsektoren og til energi krev god kunnskap om viktige miljøverdier i skogen. Det er heilt sentralt å vidareføre satsinga på ei kunnskapsbasert forvaltning og følgje med på korleis ulike miljøverdier utviklar seg. Gamle tre og daud ved er rekna som viktige element for biologisk mangfald. Som følgje av at skogbruket i lang tid har avverka mindre enn tilveksten og slik sett overhalde skogen, viser tal frå Landsskogtakseringa at både mengda store og daude tre og mengda daud ved har auka kraftig i løpet av dei snart hundre åra Landsskogtakseringa har overvaka utviklinga av skog i Noreg. Dette tyder på at det er grunnlag for ei positiv utvikling for mange raudlistearter i skog.

Departementet vil vidareføre satsinga på MiS-prosjekta om biologisk mangfald og om kulturminne, og slike miljøregistreringar i skogbruk-splanlegginga, slik at skogbruk og utmarks-næring har best mogleg kunnskap om miljøverdiene i skogen og kan ta omsyn til desse. Hovudinnsatsen til MiS-prosjekta vil i 2014 vere knytt til å publisere, formidle og marknadsføre relevant kunnskap. Konkrete råd om særskilte omsyn ved skogtiltak vil såleis kunne vidareutviklast. Til no er ikkje dei lågare bonitetane prioriterte, men i det vidare arbeidet med miljøregistreringar vil også slike areal takast med. Dette vil gjere det mogleg å erstatte livsmiljø i område der skogbruksinteressene er store med mindre tilgjengelege livsmiljø med tilsvarende verdier på lågare bonitetar. Prosjekta må også yte fagleg støtte til departementet i konkrete tilfelle, som til dømes i nordiske samarbeidssaker, og leggje til rette oppdatert og tilgjengeleg kunnskap som kjem fram gjennom det arbeidet som blir gjort i MiS.

Departementet legg stor vekt på å betre kunnskapen om truga og sårbare arter slik at ein kan ta målretta omsyn. Departementet vil arbeide med slike spørsmål både gjennom det nasjonale programmet for naturmangfald og i direkte kontakt med faginstitusjonar som Norsk institutt for skog og landskap og Artsdatabanken. Departementet vil framleis delta i oppfølging av Nasjonalt program for naturmangfald med underprogramma Norsk naturkartlegging og Norsk naturovervåking.

Departementet gjer framlegg om å auke løyvingane til informasjonstiltak knytt til mellom anna jordbruk, kulturlandskap og til ressurs- og miljøforvaltning i skogbruket med til saman 0,6 mill. kroner. Det vil vere aktuelt å nytte midlar til informasjon og mindre prosjekt om jordvern, jordbruket sitt kulturlandskap og berekraftig forvaltning

av biologisk mangfald, kunnskapsformidling for eit berekraftig skogbruk og andre tiltak og prosjekt i tråd med miljøstrategien til departementet.

Departementet vil støtte informasjonsarbeid og utgreiingar i regi av Bioforsk som kan bidra til å nå måla om redusert bruk av og redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel. Det er også sett av midlar til Statistisk sentralbyrå (SSB) sin årlege rapport *Jordbruk og miljø* som rapporterer på miljøtilstand og på effektar av miljøtiltak i jordbruket. Rapporten gjev også grunnlag for nasjonal og internasjonal rapportering. Arbeidet som er sett i gang for å betre kunnskapsgrunnlaget om avrenning av næringsstoff og effektar av tiltak i jordbruket vil bli ført vidare. Departementet vil også gje støtte til utarbeiding av ein årleg rapport om berekraftig skogbruk i regi av Skog og landskap.

Departementet vil kunngjere at det er mogleg å søkje om midlar frå denne posten til miljøinformasjonstiltak som skal bidra til å betre og formidle miljø- og ressurskunnskap knytt til jordbruk, kulturlandskap og skogbruk, med sikte på å vidareføre ei berekraftig forvaltning av ressursane på landbruksareala. Slike tiltak vil omfatte tilskott til produksjon av informasjonsmateriell og tiltak for kunnskapsoppbygging som seminar og samlingar, retta mot både offentleg og privat verksemd.

Post 71 Tilskott til genressursforvaltning

Formål med løyvinga

Over post 71 blir det gjevne støtte til tiltak innanfor resultatområdet *Sikre naturmangfald* som ligg under det overordna målet *berekraftig landbruk*. Tiltaka vil også kunne lenkast til resultatområdet *Noreg som aktiv internasjonal aktør innanfor det overordna målet matsikkerheit*. For å sikre biologisk mangfald og mattryggleik, livskvalitet og velferd i framtidige generasjonar og å møte klimautfordringar, er det grunnleggjande å ta vare på genetiske ressursar og sikre ei berekraftig forvaltning av desse. Løyvingar over posten omfattar tiltak til styrking av arbeid nasjonalt og internasjonalt med å ta vare på og sikre berekraftig bruk av genressursar i jord- og skogbruket.

Rapportering 2012

Koordineringa av det nasjonale arbeidet med genressursforvaltning er lagt til Norsk genressurs-senter, som er ei eining ved Norsk institutt for skog og landskap. Det er gjort greie for verksemda i senteret under kap. 1141, post 52.

Over post 71 blir det løyvd tilskott til tiltak og aktivitetar i genressursforvaltninga etter råd frå genressursutvala for planter, skogstre og husdyr og på grunnlag av handlingsplanar for vern og berekraftig bruk av genetiske ressursar i dei tre sektorane. Gjennom desse prosjekta fører Genressurscenteret vidare eit aktivt samarbeid med aktørane i genressursarbeidet. Resultat frå prosjekta blir publiserte på heimesidene og ofte vidare i ymse media. Dette gjev verdifull informasjon til næringsaktørar og forvaltning, i tillegg til generell informasjon om genetiske ressursar til allmenta.

Innanfor husdyrsektoren er det gjeve tilskott til ymse tiltak for verneverdige rasar, mellom anna sædbank for småfe, og implementering av låst rasekode i sauekontrollen. Genbanken for fjørfe fekk tilskott til drift og det er sett i gang eit tre-årig prosjekt for å dokumentere verdien av verpehøns-materialet.

Innanfor plantesektoren har vern og bruk av genetisk mangfald hos viktige fôr- og matplanter hatt høg prioritet. Langsiktig utvikling av lokaltilpassa landsortar av timotei, engsvingel og raudkløver skjer no femten ulike stadar i landet, i hovudsak ved naturbruksskular. Nyttige eigenskapar hos bevarte planter er også undersøkt. Som del av eit større europeisk arbeid er det laga ein strategi for in situ bevaring av slektingar av kulturplantene i vill norsk flora, der ein i samarbeid med miljøstyresmaktene tek sikte på å ta vare på eit utval populasjonar av dei viktigaste artene av viltveksande nytteplanter i verna område.

For skogstre er det mellom anna gjeve tilskott til kartlegging og vern av villeple og verdifull svarator, utvikling av norske sortar av skogstre til grøntanlegg og hagebruk og mogleg lagring av skogfrø på Svalbard.

Det nordiske genressursarbeidet er samla i NordGen, som har sete med administrasjon og plantegenetisk verksemd i Alnarp, Sverige, mens faglege oppgåver knytte til husdyr og skogstre er samlokalisert med Norsk genressurscenter på Ås. NordGen fekk 1,6 mill. kroner i støtte til denne delen av verksemda. Det blei også løyvd midlar til det nordiske prosjektet *Verdisetting av Nordens grønne kulturarv* i oppfølging av programmet til det norske formannskapet i Nordisk ministerråd i 2012.

Det blei utbetalt 674 900 kroner til den internasjonale plantetraktaten sitt fond for nyttefordeling (Benefit Sharing Fund). Dette svarar til 0,1 pst. av verdien av omsett såvare i Noreg i 2011.

Svalbard globale frøhvelv er eit sikringstiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet i landbruket, særskilt vekstar av stor verdi for den glo-

bale matforsyninga. Dette spesialbygde fryselageret, som er lagt inn i permafrosten i fjellet, husar sikkerheitskopiar av frø frå heile verda. 27 institusjonar la til saman inn 58 028 nye frøprøvar i 2012. Ved utgangen av året var nær 775 000 sikkerheitsprøvar deponert frå totalt 53 genbankar. Frølageret har ei viktig rolle i det internasjonale samarbeidet om genetiske ressursar. Noreg var i september 2012 vertskap for eit internasjonalt møte om Access and Benefit-sharing i Longyearbyen på Svalbard. Møtet samla om lag 100 deltakarar. FAO sin kommisjon for genetiske ressursar for mat og landbruk hadde teke initiativ til dette regionalt samansette arbeidsgruppemøtet for å følgje opp vedtaka i Nagoyaprotokollen om tilgang og godefordeling (ABS) for genetiske ressursar på området mat og landbruk og førebu saka for neste møte i kommisjonen i 2013. Det blei løyvd midlar over posten i støtte til teknisk gjennomføring av Svalbardmøtet. Ut over dette gjekk midlane i 2012 til husleige og drift av frølageret, gjennomgang av drifta, møte i det internasjonale rådet for frøhvelvet og arbeid med ymse informasjonstiltak.

Departementet gav også, over post 71, økonomisk støtte på 4,15 mill. kroner til Det norske Skogfrøverk til forvaltningsoppgåver. Oppgåvene omfattar kontrolloppgåver etter forskrift om skogfrø og skogplanter, produksjons- og utviklingsoppgåver og informasjons- og opplæringstiltak knytte til anlegg for frøproduksjon. Løyvinga er avtalefesta med Skogfrøverket, jf. ein avtale om forvaltningsoppdrag frå 1995. Departementet gav også ei ekstraløyving til Skogfrøverket frå kap. 1149, post 71 for å styrkje arbeidet med langsiktig skogplanteforedling og til ei utgreiing av den framtidige lokalisering og modernisering av Skogfrøverket.

Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter fekk til saman 2,86 mill. kroner i støtte. Desse sentera har ansvar for allsidig verksemd for å fremje dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Talet individ innanfor desse rasane er no svært lågt. Sentera er engasjert i arbeidet med å bevare rasane og har mellom anna delteke i arbeid med å spesifisere eigenskapar der rasane har fortrinn (signalaktivitetar) framfor andre hesterasar. Desse kan utviklast vidare og nyttast i tevlingar som fremjar interesse for desse rasane, noko som i sin tur kan skape etterspørsel.

Over posten blei det også løyvd midlar til stiftinga Det norske arboret til arbeidet med samlingar av tre og busker eigna for norske forhold og til formidlingsverksemd. Norsk Hjortesenter fekk tildelt midlar for å vedlikehalde og vidareutvikle seg som kompetansesenter for hjort både i vill tilstand og i oppdrett.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 22,027 mill. kroner på post 71. Det er gjort ei rammeoverføring på 0,350 mill. kroner til kap. 1141,

post 52 som går til administrasjon, drift og vedlikehald av kuregister og andre nasjonale register i genressursforvaltninga ved Norsk genressurscenter. Departementet legg opp til ei fordeling av løyvinga slik Tabell 2.6 viser.

Tabell 2.6 Budsjett for kap. 1139, post 71 i 2013 og budsjettframlegg for 2014

Tiltak	(i 1 000 kr)	
	Budsjett 2013	Framlegg 2014
Genressurstiltak	7 216	7 273
Svalbard globale frøhvelv	4 363	4 363
Nordisk genressurscenter (NordGen)	1 600	1 700
Skogfrøforsyninga	4 150	4 300
Nord-Norsk Hestesenter og Norsk Fjordhestesenter	2 867	2 867
Stiftelsen Det norske arboret og Norsk Hjortesenter	1 424	1 524
Sum genressursforvaltning	21 620	22 027

I eit internasjonalt perspektiv vil trugsmåla mot genetisk variasjon hindre utvikling av eit berekraftig landbruk. Einsrettinga av planteutvalet i moderne jordbruk trugar den genetiske variasjonen blant matplanter som er utvikla gjennom tusenårig jordbruksdrift. Internasjonal dominans av nokre få husdyrassar trugar likeeins dei husdyrgenetiske ressursane. Ein ser at enkelte husdyrassar har problem med helse og fertilitet grunna einsidig avl på få produksjonsegenskapar. Avskoging, marginalisering av populasjonar, sjukdomsutbrot og i aukande grad klimaendringar trugar dei skogstregenetiske ressursane. Endra klima er ei utfordring for alle tre sektorane og vil krevje tilpassa plante- og dyremateriale. Internasjonale konvensjonar og avtalar stadfestar at Noreg har eit ansvar for å forvalte dei genetiske ressursane sine på ein berekraftig måte.

Over denne posten blir det løyvd midlar til ei rekkje tiltak og prosjekt som er viktige for å følgje opp handlingsplanane for vern og berekraftig bruk av genetiske ressursar i kulturplanter, husdyr og skogstre for perioden 2011–2014. Midlane går til prosjekt ved Norsk genressurscenter og mange samarbeidspartnarar rundt om i landet. Dette er med på å oppretthalde eit nettverk av institusjonar, organisasjonar og privatpersonar som alle bidreg med aktivitet for bevaring og bruk av dei genetiske mangfaldet i landbruket. Sikker drift og utviding av genbankar og kartlegging av nasjonale genressursar innanfor planter, husdyr og skogstre er sentrale oppgåver. Vidare er god kontakt med

eit aktivt og stort nettverk av aktørar, som på ulike vis bidreg til berekraftig vern og bruk av genetiske ressursar i landbruket ei prioritert oppgåve. Genressurscenteret skal bidra til berekraftige avlsprogram for små populasjonar av nasjonale husdyrassar og rett skjøtsel av klonarkiv og av dei genetiske og biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Det skal også leggjast vekt på meir generelle tiltak. Slike tiltak er mellom anna klargjering av rett til, tilgang til og handsaming av genetiske ressursar i tråd med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar, og utgreiing av følgjene av nye utfordringar som t.d. klimaendringar. Løyvingane til genressurstiltak omfattar også støtte til Genbanken for fjørfe og lag for verneverdige rasar.

Det er viktig å ta del i nordisk og internasjonalt samarbeid om genetiske ressursar for å sikre ein mest mogleg effektiv bruk av desse ressursane. Departementet vil aktivt følgje opp samarbeidet under Nordisk ministerråd og i Nordisk genressurscenter (NordGen). Innanfor NordGen er den faglege verksemda knytt til husdyr og skogstre lokalisert i Noreg. Departementet gjer framlegg om å auke støtta til denne verksemda i NordGen til 1,7 mill. kroner. Det er eit mål å utnytte synergieffektar som ligg i samlokalisering. Det europeiske regionale knutepunktet for husdyrgenetiske ressursar er eit viktig organ for samarbeid om oppfølginga av den globale handlingsplanen. Midlar frå posten vil gå til drift av sekretariatet for dette dersom Noreg blir vald som vertskap for *European Regional Focal Point for*

national coordinators for farm animal genetic resources (ERFP) 2014–2017. Det er også sett av midlar til plantetraktaten sitt fond for nyttefordeling til oppfølging av lovnaden Noreg gav ved opninga av Svalbard globale frøhvelv, om å gje ei årleg støtte som svarar til 0,1 pst. av verdien av årleg omsett såvare til dette fondet. Midlane går til bønder i utviklingsland og den berekraftige bruken deira av plantemangfald for å sikre lokal mattryggleik.

Over posten vil det bli gjeve tilskott til drift av Svalbard globale frøhvelv, til tekniske utbetringar som følgje av gjennomgangen av drifta og til informasjonsverksemd. Oppslutninga om frølageret på Svalbard blant verda sine genbankar er god, og det er innleidd langsiktig samarbeid med mange av desse. Den store interessa for det globale frølageret i internasjonale media og hos allmenta held fram. Dette viser at Svalbard globale frøhvelv er eigna til å gje auka forståing og medvit om plantemangfald og matvaresikring, og det er ei viktig oppgåve å følgje opp denne rolla.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,3 mill. kroner for å sikre dei langsiktige oppgåvene innanfor frøforsyninga i skogbruket og utvikling av Det norske Skogfrøverk. Dette er ein auke

på 0,15 mill. kroner. Løyvinga må sjåast i samanheng med tilskott til skog-, klima- og energitiltak i kap. 1149, post 73.

Departementet vil også auke støtta til stiftinga Det norske arboretet, der departementet er ein av stiftarane, til 0,4 mill. kroner. Stiftinga arbeider for å vidareføre og vidareutvikle ein brei representasjon av tre og busker eigna for norske forhold. Det skal også bidra til at dette plantematerialet blir gjort tilgjengeleg for forskning, hagebruk, skogbruk, kommunal forvaltning, undervising og allmenta. Arboretet samarbeider med Norsk genressursersenter og tek aktivt del i informasjonsarbeidet om bevaring og bruk av genetiske ressursar.

Departementet foreslår vidare å støtte Norsk Hjortesenter med om lag 1,1 mill. kroner. Hjortesenteret arbeider med kunnskapsspreiing om hjort generelt, og for at hjort kan gje grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping i landbruket spesielt. Tilskott til Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter til oppgåver dei utfører mellom anna i samarbeid med raselaga, for å fremje og bevare dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest, er foreslått ført vidare.

Kap. 1141 Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringstiltak i landbruket

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2014
		2012	budsjett 2013	
50	Næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse	23 142	23 906	24 743
52	Kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling om arealressursar, skog og landskap	94 970	98 104	101 888
	Sum kap. 1141	118 112	122 010	126 631

Post 50 Næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse

Formål med løyvinga

Midlane på posten skal nyttast til å få fram kunnskap om føretaksøkonomi, nasjonal og internasjonal landbrukspolitikk og analyse av verdikjeda for matvarer. Dette er viktig i arbeidet for å nå landbrukspolitiske mål om nok og trygg mat, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Sjå elles omtalen av måla til departementet i innleiinga i proposisjonen.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)

Posten omfattar løyvingar til Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) si kunnskapsutvikling m.m. for statsforvaltninga.

NILF er eit institutt som driv med forskning, utgreiing og analyse/dokumentasjon innanfor føretaks- og næringsøkonomi i landbruket og landbruksbasert industri. Instituttet har ein tverrfagleg profil. Instituttet tek oppdrag på kjerneområdet sitt, men også innanfor fiskeri- og havbrukssektoren, med vekt på handelspolitikk. Vidare har instituttet ein rådgjevande funksjon overfor departementet og anna forvaltning på fagområda sine.

NILF er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Landbruks- og matdepartementet. Instituttet får løyving direkte frå departementet over kap. 1141, post 50 for å fylle målsetjingane om næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse. Instituttet mottek også basisløyving frå Noregs forskingsråd over kap. 1137. NILF har hovudkontor i Oslo og distriktkontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Ein viktig del av NILF si verksemd er å levere eit godt grunnlag for økonomiske og politiske avgjerder med stor betydning for produksjon og omsetnad av landbruksprodukt, næringsmiddelindustri og matvaremarknader, bygdenæringar og landbruket si rolle i bygdesamfunnet. Instituttet utarbeider materiale som grunnlag for arbeidet til Budsjettnemnda for jordbruket, og er sekretariat for nemnda etter avtale med Landbruks- og matdepartementet.

Oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet er ein vesentleg del av verksemda til NILF. Dette arbeidet kan delast inn i tre hovudområde:

- Næringsøkonomisk dokumentasjon, under dette sekretariatsarbeid for Budsjettnemnda for jordbruket
- Driftsøkonomisk rettleiing og styring, under dette kursverksemd
- Drifts- og føretaksøkonomisk dokumentasjon, under dette rekneskapsundersøkingar i jord- og skogbruk

NILF har i tillegg ein del særskilde utgreiingsprosjekt der departementet er oppdragsgjevar.

NILF skal styrkje samfunnspektivet ved å sjå landbruks- og matsektoren i samheng med fellesgode og heile verdikjeda for landbruksprodukt. Utviklinga i internasjonale råvaremarknader, endringar i handelspolitiske rammevilkår og konsekvensane av dette for norsk landbrukspolitikk og matproduksjon, er også aktuelle tema. NILF skal bidra til auka kunnskap om skattlegging av landbruksverksemd og om entreprenørskap og næringsutvikling med basis i landbruksnæringa. Departementet legg vidare vekt på auka bruk av data frå driftsgranskingane til forskning og utgreiing, og på at det framleis er ei vesentleg brukarfinansiering av mellom anna kursverksemd innan driftsøkonomisk rettleiing og styring.

Rapportering 2012

NILF har i 2012 utarbeidd driftsgranskingar for 2011 med rekneskapsstatistikk frå 857 gardsbruk

over heile landet. Denne rekneskapsstatistikken er mellom anna basis for referansebruksutrekningar som blir nytta i samband med jordbruksforhandlingane. Driftsgranskingane viser saman med spesialundersøkingar, både gjennomsnittstal for og variasjonar i lønnsemd mellom bruksstorleikar, produksjonsformer og regionar. Frå 2005 er det lagt vekt på ein grundigare analyse av skattepolitikk, samdrifter i mjølkeproduksjon, tilleggsnæring og anna næring på driftsgranskingbruka. Granskingane omfattar 37 samdrifter i mjølkeproduksjon. For 2011 er resultatane frå 30 økologiske mjølkebruk analyserte særskilt.

Som sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket, har NILF i 2012 utarbeidd grunnlagsmateriale for jordbruksforhandlingane, nasjonalbudsjett og nasjonalrekneskap, matvareforbruksutrekningar og rapportering til internasjonale organisasjonar.

I 2012 har NILF på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet også hatt oppgåver knytte til mellom anna førebuing og deltaking på OECD-møte, oppfølging av internasjonale råvareprisar, dokumentasjon av prisutviklinga i ulike ledd i matvarekjeda og utgreiing om prisdiskriminering på daglegvareleddet.

Budsjettframlegg 2014

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 24,743 mill. kroner. NILF skal i 2014 føre vidare dei faste oppgåvene dei har for forvaltninga. I tillegg til dei faste oppgåvene, vil departementet framleis ha behov for utgreiing av særskilde problemstillingar i landbruks- og matpolitikken.

Post 52 Kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling om arealressursar, skog og landskap

Formål med løyvinga

Midlane på posten skal nyttast til å få fram kunnskap om ressursar og miljøverdiar. Slik kunnskap er ein føresetnad for å sikre berekraftig verdiskaping og næringsutvikling basert på arealressursane, og for ei god genressursforvaltning. Dette er viktig i arbeidet for å nå landbrukspolitiske mål om nok og trygg mat, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk, jamfør omtalen av måla til departementet i innleiinga i proposisjonen.

Norsk institutt for skog og landskap

Midlane på posten blir i hovudsak tildelte Norsk institutt for skog og landskap, som er eit nasjonalt institutt for kunnskap om arealressursar.

Instituttet er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Formålet og rolla til instituttet er å forske og skaffe fram kunnskap knytt til skog, jord, utmark og landskap. Norsk genressurssenter er ei avdeling ved instituttet.

Instituttet får også basisløyving til forskning over kap. 1137 og midlar til kunnskapsutvikling og -formidling, under dette midlar til Genressurs-senteret, direkte frå Landbruks- og matdepartementet.

Forskinga ved instituttet skal dekkje behov for kunnskap knytt til heile den skogbaserte verdikjeda, og til arealbruk og landskap. Departementet legg særskilt vekt på ei berekraftig utnytting av ressursane i skog og utmark, noko som mellom anna krev både økonomiske vurderingar og analysar av dei komplekse, dynamiske og sårbare økosystema. Instituttet arbeider med oppbygging av landskapsforskning som eit eige fagområde. Forskinga skal vere på høgt internasjonalt nivå.

Instituttet er ansvarleg for nasjonale ressursundersøkingar innanfor fagområda jord, skog, utmark, landskap, arealdekke og -tilstand. Instituttet skal byggje opp og vedlikehalde den nødvendige kompetansen som eit nasjonalt faginstitut. Instituttet skal også formidle kunnskap for berekraftig forvaltning og verdiskaping til styresmakterne, næringslivet og allmenta. Instituttet skal utvikle samarbeidet med Universitetet for miljø- og biovitskap (UMB) og miljøforskningsinstitutta. Norsk institutt for skog og landskap har saman med Bioforsk og UMB etablert eit samarbeid om bioenergi i Norsk senter for bioenergiforskning. I denne alliansen skal instituttet vere med å byggje opp kunnskap som grunnlag for framtidige teknologiske og strukturelle val for næringsutøvarar som vil satse på bioenergi.

Instituttet har ei fri og uavhengig stilling i faglege spørsmål. Instituttet må ha ein aktiv og målmedviten kontakt med styresmakter, næringsliv og organisasjonar med sikte på oppdrag både nasjonalt og internasjonalt.

Rapportering 2012

Midlane på posten blei i 2012 tildelte Norsk institutt for skog og landskap. Rapporteringa under følgjer inndelinga i verksemdsområda ved instituttet.

Ressursundersøkingar og overvaking

Norsk institutt for skog og landskap har i 2012 ført vidare dei nasjonale ressursundersøkingane. Desse undersøkingane gjev viktige data om tilstand og utvikling av arealressursane, og dei er såleis eit viktig grunnlag for politikktutforminga både i landbruket og innanfor andre sektorar. Dei nasjonale oppgåvene er knytte til kartlegging og overvaking av arealressursar, som også omfattar jordsmonn, utmarksbeite, kulturlandskap og skog.

Instituttet tek gjennom klimasenterfunksjonen del i rapporteringa frå Noreg til Klimakonvensjonen og Kyoto-protokollen. Gjennom metode- og modellutvikling har instituttet auka kunnskapen om historisk og framtidig opptak av karbon i skogen i Noreg. Denne kunnskapen dannar mellom anna grunnlag for Noreg sitt arbeid i dei internasjonale klimaforhandlingane.

Arealressurskarta ligg mellom anna til grunn for produksjon av tenesta *Gardskart på internett*, sjå omtale under avsnittet om geodatatenester. Dette detaljerte kartverket gjev næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet. Arealressurskarta blir nytta ved søknad om og kontroll av arealtilskott. Karta blir også brukte til mange oppgåver innanfor forvaltning og planlegging. Kartbasen over markslag og arealforhold er ajourført for alt jordbruksareal. Vidare vedlikehald av arealressurskartet skjer både i kommunane og ved instituttet.

Jordsmonndata blir mellom anna nytta til å redusere erosjon, styrkje jordvernet, fremje nisjeprodukt og arbeide med klimatiltak. Om lag halvparten av jordbruksarealet er no kartlagt. Kartlegginga er i 2012 ført vidare med 48,6 km². Det er utvikla eit kart over jordkvalitet som blir ein del av det offentlege kartgrunnlaget. Kart og informasjon er gjort enkelt og fritt tilgjengeleg på internett. Dette aukar nytten av karta i planarbeid og jordvernsaker.

Instituttet kartlegg ressursgrunnlaget for beite i utmark og gjev råd om beitebruk. Utmarksbeite er ein viktig del av fôrgrunnlaget i landbruket og ein viktig reiskap for skjøtsel av landskapet. I 2012 blei 435 km² kartlagt. Denne informasjonen synleggjer beiteinteressene i utmarka og gjev auka avkastning for beitebrukarane gjennom tilrettelegging for betre beitebruk. Informasjonen blir nytta for å finne løysingar i konflikhtar om arealbruk i utmark, til dømes mellom beitebruk og rovdyr og hyttebygging. Kartleggingsprosjekta blir prioriterte etter tilgangen på medfinansiering frå beitebrukarane.

Gjennom Landsskogtakseringa skaffar instituttet fram informasjon om tilstanden til og utviklinga av skogressursane i Noreg. Dei lange tidsseriane med informasjon frå Landsskogtakseringa står sentralt i arbeidet med politikktutvikling og berekraftig forvaltning av skogressursane, og er samstundes sentrale for skogforskning knytt til skogen si utvikling, biologisk mangfald og klimaeffekter på skog. Landsskogtakseringa gjev, saman med annan arealressursinformasjon frå instituttet, eit viktig grunnlag for rapporteringa om karbon i skog og anna som Noreg gjer under Klimakonvensjonen og Kyoto-protokollen. Næringsorganisasjonane, regionane og større føretak har behov for informasjon om skogressursane, særleg knytt til satsinga på auka karbonbinding, bioenergi, auka bruk av tre og miljøsmyna i skogbruket. I 2012 har Landsskogtakseringa utvikla metodar som gjer det mogleg å leggje til rette for meir lokal informasjon slik som til dømes ressursoversikter for kommunar.

Overvakingsprogrammet for skogskadar (OPS) blei ført vidare i 2012. OPS er ein del av den generelle skogovervakinga i Noreg. Metodar og resultat frå OPS blir koordinerte på europeisk nivå under FN-konvensjonen om langtransporterte grenseoverskridande luftforureiningar (LRTAP), og nytta i rapportering til FN. Instituttet arbeider også med overvaking for å førebyggje skogskadar knytte til klimaendringar, sopp- og insektangrep og anna, og har også sett på faren for at det blir ført nye artar inn til landet.

Landbruket forvaltar mykje av den nasjonale kulturminneskatten. For å dokumentere og styrkje grunnlaget for kulturminnearbeidet i landbruket, rapporterer instituttet status for kulturminne i jordbrukslandskapet. Granskinga av status i seterlandskapet blei ført vidare i 2012, og etter fire år er to tredelar av dette arbeidet no ferdig. Status og utvikling i jordbruket sitt kulturlandskap blir også dokumentert gjennom det nasjonale programmet for overvaking og resultatkontroll. I 2012 blei den regionvise rapporteringa for heile landet slutført. Data frå overvakinga blir nytta til dokumentasjon av utviklinga i landskapa, og i utforminga av verkemiddel i dei regionale miljøprogramma.

Det er eit prioritert politisk mål å fremje næringsutvikling ved aktivt landbruk over heile landet. I dette arbeidet treng brukarane og forvaltninga på regionalt og lokalt nivå kunnskap om ressursane dei kan nytte og om dei miljømessige tolegrensene for auka næringsverksemd i dei ulike områda. Arealrekneskap for utmark gjev slik informasjon. I 2012 blei 94 nye område undersøkte. Til saman er nær 90 pst. av landet no dekt i

denne undersøkinga. Arealrekneskapen er eit nasjonalt, statistisk representativt oversyn over norsk natur og utmarksressursar og har eit stort potensial som informasjonsgrunnlag for arealpolitikken innanfor fleire samfunnssektorar enn landbruket.

Norsk institutt for skog og landskap har vore med i fleire internasjonale samarbeidsorgan som faginstans på vegne av Noreg. Instituttet tek også del i internasjonale prosessar og samarbeider med liknande organisasjonar i andre europeiske land om harmonisering av metodar og utvikling av meir effektive rutinar for kartlegging og overvaking. Instituttet samarbeider med Statistisk sentralbyrå (SSB) om å utarbeide representativ nasjonal arealstatistikk. SSB publiserte i 2012 ein nasjonal arealstatistikk, og instituttet leverte datagrunnlag til denne statistikken. Instituttet har rolla som National Reference Centre for arealovervaking innanfor EEA-nettverket Eionet og ansvar for det norske bidraget til det europeiske arealdekkekartet (Corine Land Cover).

Noreg har slutta seg til EU sitt Inspire-direktiv (Directive 2007/2/EC) om etablering av ein infrastruktur for geografisk informasjon. Instituttet leia arbeidet med å utvikle spesifikasjonane for to temaområde i direktivet: Jordsmonn og Arealdekke. Dette arbeidet blei avslutta i 2012.

Geodatatenestene

Data frå kartleggingsprogramma og ressursundersøkingane blir gjort tilgjengelege for forvaltninga og dei næringsdrivande. Dette aukar samfunnsnyttan av instituttet si verksemd. Systematisk og langsiktig arbeid med lagring og dokumentasjon av geodata i databasar er ein føresetnad for desse tenestene og for deling av data med dei andre partane i Noreg Digitalt-samarbeidet.

Den internettbaserte tenesta *Gardskart på internett* gjev alle eigarar av landbrukseigedom tilgang til kart og arealstatistikk for eigen eigedom. Dette er eit viktig bidrag til realisering av mål for mellom anna *Noreg digitalt*-samarbeidet. Statistikk for bruken av gardskart på internett viser framleis ein kraftig auke. I den internettbaserte karttenesten *Kilden*, får landbruket, forvaltninga og allmenta innsyn i ei rekkje elektroniske kart. Dette er instituttet sine eigne kartdata, flybilette og data frå andre offentlege leverandørar av kartdata.

Det nasjonale programmet for flyfotografering av heile landet er ført vidare med fotografering av 40 300 km² i 2012. Bilette og andre data frå fotograferinga blir forvalta og distribuerte i samarbeid med partane i *Noreg digitalt*. Det er etablert ei

samordna nasjonal løysing for forvaltning og distribusjon av både flybilete og ortofoto. Denne løysinga er teken i bruk av eit stort tal brukarar, og samordna finansiering og gjennomføring av flyfotograferinga gjev betre ressursutnytting og betre tilgang på flybilete.

I samarbeidet mellom offentleg og privat sektor om etablering av geodata, *Geovekst*, er instituttet ansvarleg for landbruksparten, og går inn med arealressurskartet AR5 i samarbeidet. Instituttet har arbeidd for å samordne landbruket og sikre at landbruket både dekkjer pliktene sine og får tilgang til kartdata i Geovekstprosjekt i kommunane.

Forskning

Rapport og budsjettframlegg for forskinga ved Norsk institutt for skog og landskap er omtalt under kap. 1137, post 51.

Rådgjeving, kunnskapsformidling og forvaltning

Instituttet har ytt kompetansenester innanfor skogbruksplanlegging. Informasjon om status og omfang av skogbruksplanlegginga med miljøregistreringar blir kontinuerleg lagt ut i geografiske innsynsløysingar på internett. Dette arbeidet er viktig for å sikre eit godt fundament for auka berekraftig bruk av skogressursane og auka oppbygging av skog.

Informasjonsverksemda og rådgjevinga omkring aktuelle skadar på skog av sopp og insekt har vore god, og Norsk institutt for skog og landskap har levert viktig informasjon både til allmenta og forvaltninga. Instituttet har også hatt ei omfattande informasjonsverksemd knytt til kunnskap om bruk av skogråstoff til bioenergi og bruk av tre som byggjemateriale. Instituttet har formidla resultat frå både overvaking, ressursundersøkingar og forskning.

Norsk genressurscenter

Genressurssenteret kartlegg og overvakar status for nasjonale genressursar og er eit fagleg ressurscenter for eit omfattande nettverk innanfor nasjonalt genressursarbeid. Genressurssenteret drifrar slektskapsdatabasen Kuregisteret som blir brukt til kontroll av produksjonstilskott til verneverdige storferasar, til overvaking av utviklinga av rasane og som grunnlag for berekraftig avl. Senteret har også ein database over alle verneområde i skog i Noreg. Databasen blei oppdatert i 2012. I samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning

er det etablert 23 genressursreservat for ulike treslag. Feltarbeidet i desse blei avslutta i 2012. Senteret koordinerer vidare nasjonale genressursaktivitetar innanfor husdyr, kulturplanter og skogstrebevaring og deltek aktivt i det nordiske og internasjonale samarbeidet om genetiske ressursar. Genressursenteret er nasjonalt kontaktpunkt for oppfølging av internasjonale prosessar innanfor dei ulike fagområda og har møtt i ulike samarbeidsfora på nordisk, europeisk og globalt nivå. Genressurssenteret har også gjeve fagleg støtte til Landbruks- og matdepartementet ved førebuingar til møte i dei internasjonale arbeidsgruppene til FN sin organisasjon for mat og landbruk (FAO) sin kommisjon for genetiske ressursar i landbruket.

Genressurssenteret har i 2012 halde fram med å publisere informasjon frå genressursarbeidet på nettsida som nyhendeinnslag og fagartiklar, og i faglege føredrag. Senteret har også vore aktivt på mange arenaer med informasjonsmateriale om genetiske ressursar, og har sett i verk arrangement og møte, mellom anna det nordiske seminaret *Genetic resources – a treasure trove for the future?* som var ein del av markeringa av Noreg sitt formannskap i Nordisk ministerråd i 2012.

Budsjettframlegg 2014

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 101,888 mill. kroner for 2014. Midlane vil bli nytta til kunnskapsutvikling og anna knytt til arealressursar, skog, jord, utmark, landskap og støtte for gjennomføring av landbruks- og matpolitikken. Løyvinga vil i all hovudsak bli nytta til aktivitet ved Norsk institutt for skog og landskap. Framlegget inkluderer ei rammeoverføring på 0,350 mill. kroner frå kap. 1139, post 71 til kap. 1141, post 52. Desse midlane skal gå til administrasjon, drift og vedlikehald av Norsk genressurssenter sitt kuregister og andre nasjonale register som er nødvendige verktøy for genressursforvaltninga.

Norsk institutt for skog og landskap

Norsk institutt for skog og landskap vil i 2014 ha ei rekkje oppgåver innanfor forskning, jf. også omtale i kap. 1137, og kunnskapsutvikling knytt til skog, landskap og arealressursar.

Aktiviteten ved instituttet vil i hovudsak vere knytt til fem hovudverksemdsområde; ressursundersøkingar og overvaking, forskning, geodatatester, forvaltning og rådgjeving og Norsk genressurssenter.

Ressursundersøking og overvaking er langsiktige program som skaffar informasjon om tilstand og utvikling av ressursar landbruket nyttar og forvaltar. Dette er nødvendig kunnskap for å nå måla i Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* og Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*. Sentrale oppgåver er vedlikehald av det nasjonale arealressurskartet (AR5), Landsskogtakseringa og Arealrekneskapen for utmark. Vidare omfattar programma mellom anna systematisk overvaking av kulturlandskapet, kulturminner og jordsmonn, eit internasjonalt forankra overvakingssopplegg for skogskadar (OPS) og vegetasjonskartlegging for å betre utnyttinga av beiteressursane. Det siste er viktig for å auke matproduksjonen i utmarka, slik regjeringa legg opp til i Meld. St. 9 (2011–2012).

Departementet meiner det er viktig å sikre kontinuitet i eksisterande statistiske undersøkingar og å sikre vedlikehald av kartgrunnlaget for arealtilstand. Undersøkingane gjev viktig informasjon om korleis landbrukspolitikken verkar og grunnlag for målretta og langsiktig forvaltning og verdiskaping basert på arealressursane. Instituttet skal framleis leggje vekt på at dei data som blir samla inn gjennom ulike kartleggingar og overvaking blir tekne i bruk og kjem til nytte for samfunnet og brukarane i arbeidet for berekraftig verdiskaping og forvaltning av areal og andre ressursar. Instituttet skal samarbeide med Statens rein driftsforvaltning om å leggje til rette instituttet sine arealressursdata for bruk innanfor reindrifta.

Næringsutvikling, matproduksjon, klimapolitikk, gjengroing, bioenergi og effektiv tilskottsforvaltning er døme på viktige område der eksisterande arealressursundersøkingar gjev informasjon som er tilpassa kunnskapsbehova.

Instituttet arbeider kontinuerleg for å sikre god samanheng og struktur i det samla kartleggings- og overvakingssarbeidet, og tek i bruk nye metodar og teknologi der det gjev effektive løysingar som dekkjer måla i kartleggings- og overvakingssarbeidet.

Klimautfordringa er eit område med stort behov for kunnskapsutvikling. Regjeringa har i Meld. St. 21 (2011–2012) lagt stor vekt på skogen si rolle i klimasamanheng. Dette aukar behovet for kunnskap og tenester frå instituttet. Norsk institutt for skog og landskap bidreg til å skaffe fram viktig informasjon om korleis klimaendringane verkar på naturen og landbruket. Instituttet utgjer saman med SSB og Miljødirektoratet, det nasjonale systemet for Noreg si internasjonale klimarapportering. Instituttet skal fortsetje arbeidet med å få fram betre data om karbonbinding i skog

og jord. Dette vil styrkje grunnlaget for den internasjonale klimarapporteringa.

Siktemålet er at instituttet vidareutviklar metodar og opplegg for bidrag til klimagassrekneskapen, slik at rekneskapen for landbruket blir fundert på best moglege data og at instituttet vidareutviklar klimasenterfunksjonen og rolla det har innanfor internasjonal rapportering. Kunnskap om status for og utvikling av arealbruk og biomasse fører med seg internasjonal merksemd som følgje av klimautfordringa. Instituttet utviklar kunnskap om korleis skogen påverkar klimaet og korleis klimaet påverkar skogøkosystemet, og bidreg slik til at det blir utvikla klimavennlege og klimatilpassa forvaltningsstrategiar for norsk skog. Departementet legg til grunn at instituttet gjennom dette har kompetanse som bør nyttast aktivt ved utforminga av nasjonale strategiar til ein ny global klimaavtale som skal gjelde frå 2020.

Forskinga ved instituttet er i første rekkje ei vidareføring av skog- og miljøforskinga frå tidlegare Skogforsk, og instituttet har eit hovudansvar for skogforskning og landbruksgeografisk forskning i Noreg. Instituttet sin kompetanse på desse fagområda er komplementær til kompetansen i andre forskingsinstitutt og difor også eit godt grunnlag for vitskapeleg samarbeid mellom institutta. I tillegg til løyvinga over denne posten, får instituttet også midlar til forskning frå Noregs forskingsråd, jf. omtale i kat. 15.20 og kap. 1137. Instituttet arbeider med oppbygging av landskapsforskning som eit eige fagområde.

Instituttet skal, med basis i dei midlane som er foreslått løyvd over denne posten for 2014, kunne utføre avgrensa forskings- og utgreiingsoppdrag for departementet på tema som ressursgrunnlag og produksjon, infrastruktur og hogst av skog, skogskadar, berekraftig verdiskaping og skog- og miljøspørsmål.

Instituttet skal forske, skaffe fram informasjon om og utvikle metodane for registrering av arealressursar, biologisk mangfald og kulturminne. Instituttet skal ha enkelte oppgåver knytt til internasjonale prosessar og møte, både på skogområdet og i andre samanhengar. Instituttet skal føre vidare langsiktige feltforsøk på viktige norske treslag. Desse feltforsøka er viktige for historisk dokumentasjon av skogutviklinga, som grunnlag for vidare utvikling av eit berekraftig skogbruk og som grunnlag for kunnskap om skogen si rolle i klimapolitikken.

Noreg har slutta seg til den innleiande driftsfasen av EU sitt program for jordobservasjon. Programmet, som tidlegare gjekk under namnet *Global Monitoring of Environment and Security*

(GMES), har no bytta namn til *Copernicus – the European Earth Observation Programme*. Ved hjelp av satellittar tilbyr programmet data for å overvake hav, miljø, klima, skog, skred og ras. Satellittbaserte tenester for navigasjon og posisjonering blir nytta til mange formål innanfor næringane i landbruket. Kartverket og Norsk institutt for skog og landskap er med i utviklinga av landtenesta i GMES/Copernicus. *Global Navigation Satellite Systems* (GNSS) blir brukt som eit felles namn på globalt dekkjande system for satellittnavigasjon. Om nokre år vil det truleg vere heile fire system for dette i verda, med USA, Russland, Kina og EU som eigarar. Gjennom å vere med i ESA, er Noreg med på utviklinga av Galileo; neste generasjon system for satellittnavigasjon. Galileo har blitt eit EU-program som ESA skal gjennomføre. Noreg deltek i Galileoprogrammet gjennom EØS-avtalen. Instituttet skal yte kompetansestøtte på landbruksrelaterte tema innanfor satellitt- og romfartsrelaterte program for posisjonering og overvaking.

Geodatatenestene ved instituttet er særleg knytte opp mot produksjon, organisering og forvaltning av data, og inngår i den felles nasjonale infrastrukturen *Noreg digitalt*. For å auke samfunnsnyttan av instituttet si verksemd skal data frå kartleggingsprogramma og ressursundersøkingane bli gjort tilgjengelege for forvaltninga og dei næringsdrivande i form av geodata og tenester på internett. Geodatalova set også formelle krav til instituttet om deling av data som må følgjast opp. Systematisk og langsiktig arbeid med lagring og dokumentasjon av geodata i databasar er føresetnaden for desse tenestene. Instituttet skal ta vare på landbruket sine interesser i nasjonale kart- og datasamarbeid slik som *Noreg digitalt* og *Geovekst*, og medverke til auka samhandling mellom landbruksetatane og landbruksinstitutta innanfor geodataområdet.

Geovekstmidlane skal forvaltast saman med midlar til arealressurskart, markslagskartlegging og flybilete, med sikte på at landbruket skal få rett til å nytte alle kartdata som blir etablerte innanfor Geovekst. Her må instituttet ha god kontakt med brukarane som nyttar produkta frå kart- og datasamarbeidet. Saman med vidareføring av satsinga, vedlikehald av arealressurskarta og regelmessig nasjonal omløpsfotografering, skal dette vere med på å gje ei god dekning av detaljerte kart og flybilete av jord- og skogbruksareala. Instituttet skal gje kommunane kunnskapsstøtte til oppdatering og vedlikehald av karta, og generelt bidra til å fremje bruk av ressurskarta i planarbeid og sakshandsaming.

Instituttet skal støtte SSB sitt arbeid med nasjonal arealstatistikk og EEA sitt arbeid med Europeisk arealovervaking. Instituttet skal også bidra i internasjonale prosessar for auka samordning av og samhandling om geodata på tema instituttet har ansvar for. EU sitt Inspire-direktiv om etablering av ein infrastruktur av geografisk informasjon, kan føre med seg auka kostnader til avlevering av data på harmonisert form til Europeiske institusjonar.

Rådgjeving, kunnskapsformidling og forvaltning omfattar dei oppgåvene instituttet har i kontakt med brukarar og samfunn, og ein del oppgåver der instituttet utfører særskilde forvaltningsoppgåver for departementet.

Instituttet skal bidra til effektivisering, kvalitetsheving og auka skogeigarmedverknad i skogbruksplanlegginga. Instituttet utfører kompetansenester knytte til skogbruksplanlegginga på oppdrag frå departementet. Ei arbeidsgruppe peika ut av departementet la våren 2013 fram ein rapport med tilrådingar om organisering og gjennomføring av skogbruksplanlegginga framover. Skogbruksplanlegginga får midlar over jordbruksavtalen, og departementet vil ta opp tilrådingane i rapporten i samband med fordelinga av LUF-midlar til skogbruk hausten 2013.

Klimaendringane gjev grunn til å halde høg beredskap for å sjå skadar på skog i ein tidleg fase og til å førebyggje mellom anna at nye og skadegjerande soppar og insekt etablerer seg i Noreg. Instituttet skal difor drive generell informasjon, rettleiing og rådgjeving om patologiske og entomologiske skadar på skog, mellom anna gjennom nordisk samarbeid og informasjon over internett. Det er viktig at instituttet arbeider for å sikre ei effektiv og heilskapleg organisering og drift av relevant skogskadeovervaking og beredskap. Internasjonalt samarbeid er viktig, som til dømes det FN-relaterte arbeidet i UN/ECE ICP Forests.

Informasjon og tilgjengeleg kunnskap om skog og skogbruk, klima, biologisk mangfald og ulike miljøverdiar er omfattande, og kjem frå mange ulike kjelder. For å gjere slike skog- og miljødata lettare å finne, har departementet teke initiativ til å samle relevant dokumentasjon i ein årleg rapport om *berekraftig skogbruk – næring og miljø*. Norsk institutt for skog og landskap har ansvar for å gje ut rapporten, og siktemålet er at den første rapporten skal komme i løpet av hausten 2013. Rapporten blir utforma slik at den også kan nyttast i rapporteringa til relevante internasjonale prosessar.

Departementet legg til grunn at instituttet skal ha høg kompetanse og opptre ryddig i arbeidet med forvaltningsoppgåver. Det er også viktig at instituttet tek på seg forvaltnings-, rådgjevings-, konsulent- og informasjonsoppdrag i relevante marknader.

Departementet legg til grunn at instituttet skal ha høge ambisjonar om å formidle konkrete resultat som når ut til dei som kan ha interesse og nytte av resultatane, både frå ressursundersøkingar, overvaking og forskning. Det er særleg viktig at instituttet har gode internettsider som gjev forvaltning, næring, organisasjonar og allmenta god tilgang til dei produkta instituttet arbeider fram.

Norsk genressurscenter

Arbeidet med forvaltninga av landbruket sine genetiske ressursar er samla i Norsk genressurscenter. Over posten blir det løyvd midlar til drift av senteret og genressursutvala for husdyr, kulturplanter og skogstre, som gjev råd til senteret og departementet.

Informasjonsverksemd med presentasjon av aktuelle genressurstema gjennom heimesidene til

senteret, media og anna, skal framleis ha høg prioritet ved Genressurscenteret.

Genressurscenteret skal arbeide i nær kontakt med Nordisk Genressurscenter (NordGen), jf. kap. 1139, post 71. Senteret er nasjonalt kontaktpunkt for oppfølging av internasjonale prosessar innanfor fagområda og møter i ulike samarbeidsfora på nordisk, europeisk og globalt nivå. Senteret skal bidra til nasjonal oppfølging av internasjonale avtalar og prosessar på genressursområdet, mellom anna rapportering til FAO sin kommisjon for genetiske ressursar for mat og landbruk (CGRFA) og *Den internasjonale traktaten om plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk* (ITPGRFA).

Genressurscenteret skal også følgje opp nasjonale handlingsplanar for vern og bruk av genetiske ressursar innanfor kulturplanter, skogstre og husdyr og samarbeider med mange aktørar om dette. Samarbeidet med foredlings- og avlsorganisasjonane om berekraftig avl og foredling og med miljøforvaltninga om in situ ivaretaking er viktig.

Det er eit stort potensial for meir aktiv bruk av genetiske ressursar i næringsverksemd og innsatsen på dette arbeidsområdet skal aukast.

Kap. 1143 Statens landbruksforvaltning

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter	185 896	180 411	185 880
60	Tilskott til veterinærdekning	125 339	130 154	134 449
70	Tilskott til beredskap i kornsektoren, <i>kan overførast</i>	298	373	5 386
72	Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	270	302	302
73	Tilskott til erstatningar m.m. ved tiltak mot dyre- og plantesyjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	39 061	45 610	45 610
74	Tilskott til prosjekt innan planteforedling og oppformering, <i>kan overførast</i>	3 774		
75	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagd beitenekt	204	1 000	1 000
	Sum kap. 1143	354 843	357 850	372 627

Formål med løyvinga

Statens landbruksforvaltning (SLF) er eit forvaltningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Brukarretta og effek-

tiv forvaltning av tilskottsordningar og juridiske verkemiddel, kontroll, rådgjeving og dokumentasjon står sentralt. SLF skal bidra til eit heilskapleg vurderingsgrunnlag for landbruks- og matpolitikken.

SLF skal ha oversikt over utviklingstrekk i heile verdikjeda, bidra til erfaringsutveksling med

næringa og anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatoppnåinga for gjeldande politiske mål og gje innspel til Landbruks- og matdepartementet om utvikling av verkemiddel. SLF skal gje råd på eige initiativ, og rådgivinga skal ha høgt fagleg nivå. Formidling av landbruks- og matpolitikken og formidling av fag- og forvaltningskompetanse til regional og lokal forvaltning skal inngå i dette.

SLF sin verksemdsidé er å gje faglege råd, setje i verk landbrukspolitikken og leggje forholda til rette for landbruket og matindustrien. Ny strategi for SLF blei vedteken i april 2013, med følgjande hovudmål:

- SLF skal forvalte verkemidla brukarretta og effektivt
- SLF skal gje råd om forbetring av forvaltning og verkemiddel

Hovudmål for resultatområda

Ressurs, skogbruk og areal

På resultatområdet areal, skogbruk, ressursforvaltning og økologisk landbruk skal SLF bidra til å sikre ressursgrunlaget for berekraftig landbruk over heile landet. Arbeidsområda omfattar utvikling og forvaltning av verkemiddel og tiltak innan arealbruk, eigedom, miljø, klima, skogbruk, kulturlandskap og økologisk landbruk. Forvaltning av erstatningsordningane i landbruket, sekretariatsoppgåvene for naturskadeordninga og det koordinerande ansvaret i SLF overfor fylkesmannsembeta ligg også under dette området.

Landbruksproduksjon

På resultatområdet inntekts- og velferdspolitiske tiltak i landbruket skal SLF bidra til å sikre matproduksjon og stabil matforsyning. Arbeidsoppgåvene er utvikling og forvaltning av inntekts- og velferdsordningar og dei produksjonsregulerande verkemidla melkekvoter og husdyrkonseksjon. Felles for ordningane er at dei har primærproduzentane som målgruppe. Sekretariatsoppgåvene for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, forskingsmidlane over jordbruksavtalen og Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk ligg også under dette resultatområdet. Det same gjeld ansvaret for kontroll av økonomiske verkemiddel innanfor SLF sitt ansvarsområde.

Handel og industri

På resultatområdet marknadstiltak, handel og industri skal SLF bidra til å sikre ein godt fungerande næringsmiddelindustri og ein stabil marknad

som gjev avsetnad for norske jordbruksråvarer til stabile prisar. Omsetnadsledd og næringsmiddelindustri er sentrale målgrupper. Viktige ansvarsområde er importvernet for landbruksvarer, sekretariatsfunksjonen for Omsetningsrådet, ordningar retta mot næringsmiddelindustrien og pris- og marknadsovervaking. SLF bidreg med faglege analysar og grunnlagsmateriale i internasjonale forhandlingar med mellom anna WTO, EU og EFTA.

Administrasjon

På resultatområdet administrasjon har SLF oppgåver innan organisasjonsutvikling, personalforvaltning, rekneskapsføring, økonomistyring, beredskap, IKT drift og utvikling og andre fellestenester som sentralbord og arkiv. Målet er å bidra til ei velfungerande verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgjeving sikrar brukarane effektive tenester.

Rapportering 2012

SLF har i 2012 utvikla retningslinjer for og starta handsaminga av søknader på den nye tilskottsordninga til tømmerkaier som det blei løyvd midlar til i samband med revidert nasjonalbudsjett 2012. Planteaktiviteten har dei siste åra vore låg. SLF bad difor i 2012 kommunane utføre intensivert kontroll av foryngingsplikt etter hogst. Det er difor positivt å registrere at planteaktiviteten auka med 15 pst. i 2011 og 11 pst. i 2012. Omfanget av ungskogpleie har også auka i 2012, med 9 pst.

Regionale miljøtilskott er viktige for ein målretta miljøinnsats, og i 2012 blei 45 pst. av midlane brukte på forureiningstiltak og 32 pst. på kulturlandskapstiltak. Resten blei fordelt på andre tiltak, mellom anna kulturminne og biologisk mangfald. Nytt elektronisk fagsystem for utbetaling av regionale miljøtilskott blir teke i bruk hausten 2013.

SLF er sekretariat for Nasjonalt utviklingsprogram for klimatiltak i jordbruket. I 2012 blei det løyvd til saman 4,997 mill. kroner frå programmet til 11 ulike prosjekt.

For 2012 blei det avsett 44 mill. kroner til utviklingstiltak innan økologisk landbruk. 52 ulike prosjekt har fått støtte. Prosjekta har tiltak både innan produksjon og forbruk. Tildeling av midlar til regionale handlingsplanar og føregangsfylkesatsinga er vidareført også i 2012. Prosjekt som har fått utviklingsmidlar er omtalte på nettsidene til SLF.

I 2012 blei det handsama ekstraordinært mange erstatningssaker på naturskadeområdet.

Totalt 3 439 erstatningssaker, inkludert klagesaker, blei handsama i 2012, mot 1 671 saker i 2011 og om lag 1 000 saker i eit gjennomsnittår. Det blei tilkjend erstatning på totalt 305,4 mill. kroner i 2012, jf. kap. 1148, post 71. Ein stor del av sakene som blei handsama i 2012 gjaldt pinseflommen i 2011.

I 2012 blei det utbetalt 87 mill. kroner i erstatning for klimarelaterte skadar, noko som i hovudsak gjeld avlingssvikt i planteproduksjonar i landbruket. Dette er om lag dobbelt så mykje som i eit gjennomsnittår og skuldast tap i 2011, då det var stor avlingssvikt i Sør-Noreg.

Av post 73 Tilskott til erstatningar m.m. ved tak mot dyre- og plantesjukdommar, blei hovuddelen av erstatninga utbetalt til motarbeiding av biepest (open yngelrâte), plantesjukdommar i veksthusproduksjon og heksekost på frukttre.

Post 74 Tilskott til prosjekt innan planteforedling og oppformering blei flytta til kap. 1150, post 77, underpost 15 frå 2012. Det er likevel utbetalt 3,8 mill. kroner på post 74 i 2012. Årsaka er at 75 pst. av løyvinga blei utbetalt i 2011. Den resterande delen, 25 pst., blei utbetalt i 2012 etter innsending av rekneskap og årsrapport frå Graminor AS.

SLF har utarbeidd faglege utgreiingar og grunnlagsdokumentasjon til jordbruksoppgjeret i 2012. Det var særleg merksemd omkring tilpassing av regelverket for å oppnå betre målretting og utfordringar med kontroll av tilskott.

I 2012 har SLF arbeidd med vidareutvikling av meir brukarvennlege løysingar og kvalitet knytt til søknad, sakshandsaming, kontroll og utbetaling av tilskott. Ny forskrift om kvoteordninga for mjølk blei implementert i 2012.

SLF følgjer opp at Fylkesmannen utfører det regionale kontrollansvaret på ein god måte. SLF bad i fullmaktsbrevet i 2008 til Fylkesmannen om at det blei gjennomført forvaltningskontroll på tilskottsområdet i alle kommunane innan 2012. Denne ambisjonen er nådd i 16 av fylka. Avvik som blir oppdaga gjennom forvaltningskontrollane har gjeve grunnlag for vidareutvikling av både tilskottsforvaltning og kontrollaktiviteten.

Som sekretariat for styra for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og forskingsmidlar over jordbruksavtalen, legg SLF stor vekt på nettpublisering av forskingsresultata.

SLF har i 2012 arbeidd med å sikre god forvaltning av importvernet for landbruksvarer og dei ulike marknadsordningane for jordbruksråvarer.

I 2012 er det gjennomført ei evaluering av pristjammingsordninga for mjølk.

SLF har også i 2012 utført arbeid i samband med forhandlingar med EU, frihandelsavtalane under EFTA, WTO-avtalen og GSP-ordninga for landbruksvarer. Gjennom GSP-ordninga kan utviklingsland eksportere landbruksvarer til Noreg med låg eller ingen toll.

I 2012 er det arbeidd med ny strategi for SLF for perioden 2013-2018. Arbeidet med strategien blei fullført i 1. tertial 2013.

Innanfor IKT-området har SLF prioritert risikoreduserande arbeid og aktivitetar som bidreg til gevinstar og betre tenester for brukarane. Dette omfattar både utvikling av nye elektroniske system og vidareutvikling av eksisterande løysingar. Det er vektlagt standardisering og bruk av statlege fellesløysingar som mellom anna Altinn. Fleire system er ferdigstilte i 2012.

Nærare omtale av aktiviteten i SLF i 2012 finst i årsrapporten for 2012 på www.slf.dep.no.

Budsjettframlegg 2014

I 2014 vil det vere viktig å utvikle verksemda vidare. For å nå måla, blir det viktig å gjennomføre strategiane som er lagde til grunn.

Ein viktig del av arbeidet med å utvikle SLF vidare, er arbeidet på IKT-området. Det er nødvendig å halde fram satsinga på IKT for å auke tilgjenge og service i tenesteytinga overfor brukarane. Viktige brukargrupper, som bønder og aktørar i næringsmiddelindustrien, ønskjer at det skal vere mogleg å kommunisere elektronisk med SLF når dei måtte ønskje det. Bruk av IKT vil bidra til dette, og inneber ei betre forvaltning for brukarane av tenestene. Innhenta og lagra data er også ein viktig ressurs i SLF sin informasjon til forvaltning, næring og samfunn.

Ein effektiv og kvalitativ god kontroll og rett oppfølging av brot på regelverk, er viktig for næringslivet, for tilliten til forvaltninga og for legitimiteten til landbrukspolitikken. SLF vil vidareføre arbeidet med målretta kontroll av økonomiske verkemiddel på SLF sitt ansvarsområde. Vurderingar av risiko og vesentlegheit er grunnlaget for kontrollverksemda. Erfaring viser at auka merksemd på kontroll avdekkjer fleire brot på regelverk og feil frå søkjar som må følgjast opp. SLF vil prioritere raskare oppfølging av klagesakene. Oppfølging av fylkesmannsembeta på dette området er viktig.

Under følgjer nærare omtale av viktige oppgåver innanfor dei enkelte resultatområda til SLF i 2014.

Ressurs, skogbruk og areal

SLF vil i 2014 vidareutvikle innsatsen på skogområdet for å sikre ei berekraftig og miljøtilpassa utvikling av skognæringa. SLF vil følgje opp skogtiltaka i dei siste meldingane til Stortinget som omhandlar klima- og landbrukspolitik. Oppfølging av verke- midla i den ekstraordinære tiltakspakka retta mot skogbruksnæringa og skogindustrien, som Stortinget gav tilslutning til våren 2013, samt oppfølging av EU-forordning 995/2010 om handel med tømmer og treprodukt, vil vere prioriterte oppgåver.

På klima- og miljøområdet vil SLF halde fram med forbetring av status- og resultatrapportering for ulike miljøtiltak, utgreiing og utvikling av tiltak på klimaområdet, særleg knytt til jord, gjødsling og husdyrgjødsel. Regional og lokal oppfølging av vassdirektivet og oppfølging og implementering av naturmangfaldlova i landbruksforvaltninga, samt arbeid med jordvern og kulturlandskap vil også vere sentrale oppgåver i 2014.

SLF vil i 2014 leggje vekt på å utvikle samarbeidet med Miljødirektoratet på desse områda.

SLF vil leggje til rette for utvikling av økologisk landbruk og omsetnad av økologiske produkt retta mot målet om 15 pst. produksjon og forbruk innan 2020.

SLF vil i 2014 leggje vekt på å ha tilstrekkeleg med ressursar til god og effektiv handsaming av den forventta store mengda med søknader om naturskadeerstatning som vil komme som følge av flaumen i mai 2013.

Landbruksproduksjon

Innspel til målretting og forbetringar av dei økonomiske og juridiske verkemidla over jordbruksavtalen er også viktig i 2014.

I 2014 vil SLF leggje vekt på å vidareutvikle den nettbaserte forvaltninga av tilskott og kvoteordninga for mjølk, med sikte på å bli meir brukarvennleg og å auke kvaliteten i forvaltninga.

Handel og industri

SLF vil i 2014 arbeide for å sikre ei god forvaltning av dei ulike marknadsordningane for jordbruksråvarer. Det vil vere ei prioritert oppgåve å sikre like konkurransevilkår for aktørane i prisutjamningsordninga for mjølk. SLF vil vidareføre arbeidet med faglege analysar og grunnlagsmateriale til bruk i internasjonale forhandlingar (WTO, EU, EFTA). Marknadsovervaking med rapportering og analyse av nasjonale og internasjonale marknader for jordbruksråvarer er viktig.

SLF vil halde fram med å følgje nøye med på konkurransesituasjonen til den mest konkurranseutsette industrien som foredlar jordbruksråvarer (RÅK-industrien).

SLF vil forvalte importvernet for landbruksvarer i tråd med internasjonale forpliktingar, med mål om å sikre avsetning for norske landbruksvarer.

Administrasjon

SLF vil i 2014 halde fram med å vidareutvikle data-systema slik at desse blir meir brukarvennlege, men også for å redusere risiko og sikre ei stabil drift. I tillegg ønskjer SLF å tilby brukarane nye elektroniske tenester gjennom Altinn. SLF har som mål å utvikle alle tenestene sine digitalt og etablere eit heilskapleg og effektivt sakshandsamingssystem.

SLF vil fortsetje arbeidet med informasjonssikkerheit, der haldningsskapande arbeid vil vere ein sentral del. Beredskapsarbeidet vil også vere eit viktig område i 2014. SLF skal også vidareføre arbeidet med mål- og resultatstyring i verksemda og det generelle arbeidet med å effektivisere verksemda og tenestene.

Merknader til dei enkelte postane

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje SLF sine driftsutgifter. For å kunne oppretthalde nødvendig fleksibilitet, vil det framleis vere aktuelt å belaste tilskottsordningane under kap. 1150 med visse utgifter, særleg av utviklings- og utgreiingskarakter, ved evalueringar m.m. Departementet gjer framlegg om følgjande endringar:

- Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 1,6 mill. kroner for å dekkje administrative kostnader knytt til kvalitetsgradering og faglige tiltak for norsk ull, mot tilsvarande reduksjon i løyvinga på kap. 1150, post 73 Pristilskott.
- Landbruks- og matdepartementet har utnemnt SLF som ansvarleg myndigheit for oppfølging av EU-forordning 995/2010 om handel med tømmer og treprodukt. Dette gjev SLF eit ansvar for vidareutvikling av systema sine for registrering av tømmer, kontroll av verksemdar og oppfølgingsorganisasjonar, informasjon og rettleiing. Departementet gjer difor framlegg om å auke løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon i løyvinga på kap. 1138, post 71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og proses-

sar. Midlane skal dekkje utgifter SLF har til oppfølging av tømmerforordningan. SLF kan også nytte midlane til anna arbeid på skogområdet.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på kap. 1143, post 01 på 185,880 mill. kroner for 2014.

Post 60 Tilskott til veterinærdekning

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 134,449 mill. kroner i tilskott til veterinærdekning i kommunane.

Formålet med tilskottet er å bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Tilskottet vil bli gjeve til kommunane, som etter dyrehelsepersonellova skal sørgje for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell (veterinærar).

Hovuddelen av den føreslåtte løyvinga på posten, om lag 116,9 mill. kroner, vil bli nytta til å dekkje kostnader til vaktgodtgjering for veterinærar som deltek i klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid. Midlane blir fordelte mellom kommunane ut i frå vaktinndeling. Vaktinndelinga og satsar for godtgjersle blir fastsett av kommunesektoren sin organisasjon KS etter at dei har innhenta råd frå Den norske veterinærforening.

Framlegget til løyving omfattar også om lag 12,6 mill. kroner som kommunane kan nytte til stimuleringsiltak for å sikre generell tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringsvake distrikt. Midlane vil bli prioriterte til kommunar som har problem med å få stabil tilgang til veterinærtenester, og som legg planar for gode, lokale løysingar. Departementet legg til grunn at om lag ein firedel av kommunane i landet vil fylle kriteria for å kunne søkje midlar frå denne delen av løyvinga.

I framlegget er det også lagt inn om lag 4,95 mill. kroner til administrative kostnader for kommunane.

Post 70 Tilskott til beredskap i kornsektoren

Departementet gjer framlegg om å etablere ei ordning med beredskapslagring av matkorn. I Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken*, blei det varsla eit utgreiingssarbeid om nasjonale beredskapslagre av matkorn. SLF har på oppdrag frå departementet vurdert behovet, og tilrår gjeninnføring av beredskapslager for matkorn tilsvarende forbruk i 6 månader, om lag 100 000 tonn.

Departementet viser til at globale utfordringar med spesielle verforhold har ført til auka ustabilitet i den globale kornmarknaden. Avlingsnivå og

kvalitet på det norske matkornet har også vist auka ustabilitet dei siste åra og gjort Noreg meir avhengig av import. Samstundes har fleire store korneksporterande land i periodar innført eksportrestriksjonar, seinast hausten 2012.

Departementet har stor merksemd på risiko, tryggleik og beredskap. Uventa hendingar kan skje også når det gjeld kornforsyninga. Departementet meiner at gjeninnføring av nasjonale beredskapslagre av matkorn vil gje auka tryggleik i forsyninga av matkorn til den norske marknaden.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om ei løyving på 5 mill. kroner til etablering av ei ordning med beredskapslagring av matkorn. Nærare retningsliner må utformast før ordninga kan bli sett i verk.

Posten omfattar også beredskapsordninga for mjøl til bakeribransjen i områda fra Ofoten/Vestfjorden og nordover. Ordninga byggjer på avtale mellom Norgesmøllene og SLF. I avtalen forpliktar Norgesmøllene seg til, i tillegg til eigne driftslager, å halde eit beredskapslager av kornbaserte råvarer tilsvarende sal til bakeria i området i ein periode på 20 dagar. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 386 000 kroner til dette for 2014.

Post 72 Erstatningar

Departementet gjer framlegg om ei overslagsløyving på 302 000 kroner som skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen, jf. føresetnadene i overskjønnet heimla av Frostating lagmannsrett 2. september 1999. Dei årlege erstatningane på posten blir i tråd med Trollheimenskjønnet oppjusterte kvart femte år.

Post 73 Tilskott til erstatningar m.m. ved tiltak mot dyre- og plantesjukdommar

Formålet med tilskottet er å gje produsentar erstatning for tap og dekning av visse utgifter i samband med pålagde tiltak mot sjukdommar, smittestoff og skadegjerarar hos dyr og planter, jf. § 22 i Ot.prp. nr. 100 (2002–2003) *Om lov om matproduksjon og mattryggleik mv. (matlova)*. Tilskottet skal også dekkje meirutgifter og tap i samband med tiltak som blir sette i verk som følgje av for høgt innhald av radioaktivitet i storfe og småfe, samt visse andre kompensasjonar for å lette etterleving av krava i matlova og plikter i primærproduksjonen, jf. matlova § 31.

Departementet gjer framlegg om ei overslagsløyving på 45,610 mill. kroner for 2014.

Post 75 Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagd beitenekt

Løyvinga på posten skal nyttast til å gje dyreeigarar økonomisk kompensasjon når Mattilsynet som

følgje av fare for roviltangrep, med heimel i dyrevelferdslova, har gjort vedtak om beiterestriksjonar for storfe og småfe.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 1 mill. kroner for 2014.

Kap. 4143 Statens landbruksforvaltning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsinntekter m.m.	44 822	37 718	38 625
16	Refusjon av foreldrepengar	1 213		
18	Refusjon av sjukepengar	1 943		
	Sum kap. 4143	47 977	37 718	38 625

Post 01 Driftsinntekter m.m.

Posten gjeld driftsinntekter som SLF har knytt til m.a. sekretariatet for Omsetningsrådet, Styret for fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og

Utviklingsfondet for skogbruket, administrasjon av ulike fond, prisutjammingsordninga og kvoteordninga for mjølk og sal av tenester. Inntekter frå gebyr blir også førte på posten. Det er budsjettert med 38,625 mill. kroner i inntekter for 2014.

Kap. 1144 Regionale og lokale tiltak i landbruket

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
77	Regionale og lokale tiltak i landbruket, <i>kan overførast</i>	5 574	6 810	7 048
	Sum kap. 1144	5 574	6 810	7 048

Post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å:

- bidra til desentralisering av ansvar og myndighet til kommunane på landbruksområdet
- styrkje Fylkesmannen si rolle som kompetansesenter for kommunane
- styrkje innsatsen til Fylkesmannen og kommunane sitt arbeid innanfor miljø- og ressursforvaltning og næringsutvikling

Rapportering 2012

I 2012 blei det nytta 5,6 mill. kroner til kommuneretta arbeid og til arbeid innan miljø- og ressursforvaltning over kap. 1144, post 77.

Tilskotta til kommuneretta arbeid blei nytta til å utvikle dialogen mellom Fylkesmannen og den politiske og administrative leiinga i kommunane, og til kompetansehevande tiltak for den kommunale landbruksforvaltninga. I tillegg har løyvinga blitt nytta til samarbeidsavtalen med KS (kommunesektoren sin interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon), som blei avslutta 31.12.2012. Avtalen har ført til at samarbeidet med kommunesektoren sentralt og regionalt har blitt styrkt. Gjennom avtalen har landbrukssektoren blitt meir synleg og integrert i kommunane sitt samfunns- og næringsutviklingsarbeid.

Det blei tildelt 2,3 mill. kroner til utviklingsprogrammet for fjellregionen (Alvdal, Folldal, Tolga, Os, Tynset, Rendalen og Røros). Denne tildelinga blei disponert av Fylkesmannen i Hedmark. Løyvinga er nytta til utviklingsarbeid innanfor små-

fenæringa i regionen, med vekt på rettleiing til småbrukarar og til forskings- og utviklingstiltak for å fremje næringsutvikling.

Kommunane rapporterer på forvaltning av landbruksareal etter jordlova, plan- og bygningslova, konsesjonslova og odelslova gjennom KOSTRA. Det har i 2012 blitt nytta midlar til vidareutvikling og oppfølging av dette rapporteringssystemet. Det blei også løyvd midlar til heving av kompetanse i samfunnsplanlegging via Sekretariat for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (Samplan/SEVS).

Det blei i 2012 løyvd midlar til Fylkesmannen sitt arbeid innanfor rovviltforvaltning, og til å følgje opp EU sitt rammedirektiv for vatn i fylke med mykje arealavrenning. Midlar har også gått til prosjektsamarbeid på landbruksområdet mellom Noreg og Russland. Fylkesmannen i Finnmark har koordineringsansvaret for norsk-russiske landbruksprosjekt.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer for 2014 framlegg om ei løyving på 7,048 mill. kroner.

Det vil blant anna bli sett av midlar for å styrkje samhandlinga og dialogen med kommunane på landbruksområdet, og til å vidareføre Fylkes-

mannen sitt arbeid innan rovviltforvaltning og rammedirektivet for vatn.

Samarbeidet med KS blir vidareført gjennom prosjektet *Landbruk som en aktiv del av lokal samfunnsutvikling*, der målet er å utvikle ein metode for å auke forståinga og kompetansen om korleis landbruk kan bli meir integrert i arbeidet med lokal samfunnsutvikling. Departementet har starta opp eit prosjekt i samarbeid med Miljøverndepartementet for å styrkje den samla kompetansen i kommunane innanfor plan, miljø og landbruk. I samband med dette er det gjeve støtte til eit pilotprosjekt i Sør-Trøndelag: *Fylkespilot for å styrke plan-, miljøvern- og landbrukskompetansen i kommunene i Sør-Trøndelag*. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har fått ansvar for å utvikle dette pilotprosjektet, som i hovudsak vil gå ut på å heve kompetansen innanfor områda plan, miljøvern og landbruk.

Løyvinga til Sekretariat for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (Samplan/SEVS) og midlar til oppfølging og drift av rapporteringssystemet KOSTRA vil bli vidareført.

Det vil også bli løyvd midlar til prosjektsamarbeidet på landbruksområdet mellom Norge og Russland, som Fylkesmannen i Finnmark koordinerer.

Kap. 1147 Statens reindriftsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2014
		2012	budsjett 2013	
01	Driftsutgifter	44 920	44 203	44 840
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 559	7 118	7 289
70	Tilskott til fjellstover	679	725	750
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	5 825	9 198	9 520
82	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i>	871	2 500	2 500
	Sum kap. 1147	58 855	63 744	64 899

Endring i organiseringa av reindriftsforvaltninga

I samband med framlegginga av budsjettet for 2012, blei det orientert om at regjeringa har gjort framlegg om at det skal gjennomførast endringar i organiseringa av den offentlege forvaltninga av reindrifta. Forslaget er forankra i regjeringa si politiske plattform for 2009–2013.

Målet med endringane er i større grad å harmonisere og inkludere denne forvaltninga med anna offentleg forvaltning, og å tydeleggjere forvaltningsstrukturen. Vidare vil endringane etter departementet sitt syn, gje ei offentleg forvaltning av reindrifta som er tydeleg og oversiktleg i struktur, oppbygging og oppgåvefordeling.

Proessen med endring av organiseringa av reindriftsforvaltninga har teke lenger tid enn venta. Dette har samanheng med at konsultasjo-

nar med Sametinget og Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL) om saka har vore krevjande, og det blei ikkje oppnådd semje om ny forvaltningsmodell. På siste konsultasjonsmøte den 21. januar 2013 melde departementet at ein etter nye vurderingar i lys av konsultasjonane, kom fram til at det opphavlege forslaget måtte oppretthaldast, men med enkelte justeringar. Det blei difor konstatert at partane ikkje blei samde, og at konsultasjonane skulle avsluttast.

Den 27. mai d.å. vedtok Stortinget ei endring av reindriftslova som inneber ei avvikling av områdestyra og overføring av styra sine oppgåver til Fylkesmannen. Samstundes gav Stortinget si støtte til regjeringa sitt framlegg om ei administrativ overføring av områdekontora til Fylkesmannen. Sjå nærare omtale i Prop. 89 L (2012–2013) *Endringer i reindriftsloven mv. (avvikling av områdestyrene)*, Innst 307 L (2012–2013) og Lovvedtak 65 (2012–2013).

Overføringa av områdestyra si myndigheit til fylkesmennene er føresett å skje parallelt med ei administrativ overføring av områdekontora til Fylkesmennene. Fylkesmannen vil dermed bli den statlege regionale fagstyresmakta i den offentlege forvaltninga av reindrifta, jf. også Fylkesmannens tilsvarende rolle på landbruksområdet og på miljøområdet.

Områdekontora blir framleis lokaliserte der dei er i dag. Vidare blir Statens reindriftsforvaltning (SRF) halde ved lag som før. Reindriftsstyret blir vidareført og skal halde fram med å bidra til å sikre samisk deltaking i den offentlege forvaltninga av reindrifta. Landbruks- og matdepartementet vil halde fram med å ha det overordna faglege ansvaret for den offentlege forvaltninga av reindrifta.

Samisk medverknad og reindriftsfagleg kunnskap vil vere viktig også i ein ny forvaltningsmodell. Landbruks- og matdepartementet vil invitere Sametinget og NRL til dialog om utvikling av rammes for samisk og reindriftsfagleg medverknad i ei ny regional forvaltning, jf. Prop. 89 L (2012–2013). Dette skal sikre kontakt mellom fylkesmannsembeta, reindrifta og Sametinget. Formålet er at partane får ein formell arena for drøfting av tema av betydning for reindrifta. Kontaktforuma får ikkje oppgåver etter reindriftslova, eller anna avgjerdsmyndigheit. Fylkesmennene får ansvaret for å følge opp dei rammene som blir utarbeidde.

Endringane med ei avvikling av områdestyra og overføring av områdekontora til Fylkesmannen vil tre i kraft frå 1. januar 2014, og regjeringa legg opp til at også Fylkesmannen sine utgifter blir dekte over kapittel 1147 i 2014.

Post 01 Driftsutgifter

Formål med løyvinga

Hovudformålet med løyvinga er drift av Statens reindriftsforvaltning. SRF er eit utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale reindriftpolitiske verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for departementet. SRF har ei sentral rolle i gjennomføringa av reindriftpolitikken, og det er lagt opp til at forvaltninga i vesentleg grad også skal ha ei rådgjevande rolle. Tilrettelegging og aktivt arbeid for at måla i reindriftpolitikken blir nådde står også sentralt. SRF forvaltar reindriftslova og verkemidla under reindriftsavtalen, og er også sekretariat og utøvande organ for Reindriftsstyret.

Rapportering 2012

I 2012 har hovudoppgåva for forvaltninga vore å følge opp distrikta sine godkjende bruksreglar. Ved utgangen av 2011 hadde alle sommar- og heilårsdistrikt fått godkjent bruksreglane sine. Dette gjeld både beitebruksreglane og talet på rein for den enkelte siidaen. For ein del førte klagehandsaming til at det endelege vedtaket låg føre i 2012. Ut frå godkjende bruksreglar skal talet på rein reduserast med om lag 40 000 rein. Nesten alle distrikt i Vest-Finnmark og enkelte distrikt i Aust-Finnmark skal redusere talet på rein. Det er 12 distrikt som skal redusere med 30-49 pst. Svært få av siidaene i desse distrikta blei samde om ein reduksjonsplan i samsvar med lova. Dette førte til at Reindriftsstyret hausten 2012 sendte ut varsel om gjennomføring av forholdsmessig reduksjon av reintalet. Reindriftsstyret har følgd opp varselet og fatta vedtak om tidsfristar for reintalsreduksjon for ei rekkje distrikt/siidaer i Vest-Finnmark og Aust-Finnmark reinbeiteområde. Heile reduksjonen er forventet å vere gjennomført i løpet av 1-3 år, avhengig av kor mange dyr distriktet skal redusere med. Arbeidet med å tilpasse talet på rein til beitegrunlaget har vore utfordrande. Utfordringane har auka i styrke jo nærare ein har komme det tidspunktet der Reindriftsstyret skulle fatte vedtak om fristar for forholdsmessig reduksjon.

SRF har vidare lagt til rette for at Fylkesmannen kan få eit betre og meir effektivt grunnlag for erstatningsutbetalingane for rein som har blitt tekne av rovdyr.

Det er gjennomført møte i dei områdevisse beredskapsutvala. Forvaltninga har starta eit arbeid med ein gjennomgang av mandatet for dei områdevisse beredskapsutvala, inkludert kva for oppgåver utvala skal ha.

Det er gjennomført ei oppdatering av rein-drifta sine arealbrukskart for dei tre områda som ligg lengst sør. Desse karta er lagt ut på Noreg Digitalt. Arbeidet med digitalisering av karta i Troms og Finnmark startar opp i 2013. Ein stor del av områdekontora si tid går til oppfølging av planprosessar i kommunar. For å auke kompetansen om gjeldande regelverk, er det gjennomført fleire seminar om plan- og bygningslova for reinbeitedistrikt i Nordland. SRF har utarbeidd retningslinjer for si eiga involvering i kommunal planlegging. Det er også tydeleggjort ansvarslinjer mellom reinbeitedistrikta, kommunane og SRF. I samanheng med handsaminga av konsesjonssøknader om vindkraftutbyggingar, har forvaltninga utført fire tematiske konfliktvurderingar.

SRF er sekretariat for Marknadsutvalet for reinsdyrkjøtt. Aktiviteten i dette utvalet har vore større enn først tenkt. Dette skuldast fleire forhold, blant anna ein vanskeleg marknadssituasjon for reinsdyrkjøtt dei siste åra og manglande planmessig marknadsarbeid over fleire år.

Teljing av rein er eit verkemiddel for å føre kontroll med om tilskottsutbetalingane er rette. SRF har gjennomført offentlege teljingar i 2012. Det er avdekka få tilfelle av underrapportering av rein. I dei tilfella der underrapportering er avdekka, er det sett i verk tiltak.

For at den årlege tilskottshandsaminga skal vere i samsvar med økonomiregelverket i staten, er det gjennomført kontroll med om lag 5 pst. av dei handsama søknadene om tilskott og utbetalningar i 2011. Det er også etablert rutinar i datasystemet Grunnmur for kontroll av dei tala som er gjeve av den enkelte siidaandelen og dei tala som blir oversende frå Skatteetaten.

Budsjettframlegg 2014

Posten skal dekkje Statens reindriftsforvaltning sine driftsutgifter.

Endringar i forvaltninga av reindrifta vil skje i 2014, men det vil ikkje bli flytta midlar frå Landbruks- og matdepartementet til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sitt budsjett før i 2015. Dei auka utgiftene for Fylkesmannen i 2014 vil difor bli dekte over kapittel 1147 i 2014.

Reindriftslova er basert på at reindrifta er avhengig av dei biologiske ressursane på beiteareala, og at tilgangen til og bruken av desse må vere berekraftig i eit langsiktig perspektiv. Godkjente bruksreglar vil utgjere fundamentet i ressursforvaltninga framover og vere ein føresetnad for at ei rekkje av reglane etter lova skal komme til bruk. I dei tilfella der distrikta ikkje følgjer opp i samsvar

med godkjente bruksreglar, skal forvaltninga setje inn tiltak.

I dei siste åra har enkelte distrikt i fleire reinbeiteområde hatt ein låg produksjon. I Finnmark indikerer det høge reintalet i enkelte område at ressurs situasjonen her framleis er kritisk. Høge tap til rovdyr, sjukdom og vedvarande dårlege klimatiske vilkår på vinterbeite er andre årsaker til den låge produksjonen. Det er naudsynt med auka kunnskap om dei ulike årsakene til tap i reindrifta og om samspelet mellom desse. Det er difor viktig at forvaltninga hjelper aktivt til med å auke kunnskapsgrunnlaget om tapa. Vidare er det viktig å halde fram arbeidet med å stimulere til auka slaktning og til ein reduksjon av reintalet i Finnmark. For å ha kontroll med utviklinga i reindrifta, skal forvaltninga hente inn og gjere tilgjengeleg naudsynte grunnlagsdata, mellom anna om beiteforhold og slaktevekter.

SRF skal halde fram med å etablere nettverk og alliansar med andre offentlege organ og gjere desse kjende med reindrifta sine behov for samanhengande areal og konsekvensane av ulike tiltak innanfor reinbeiteland for reindrifta. Vidare skal SRF arbeide aktivt for å få dokumentert reindrifta sin arealbruk og gjere denne kjent for kommunar og fylke.

SRF skal vere ein aktiv pådrivar for endringar av lover og forskrifter som styrer arealbruken. Vidare skal SRF satse på auka kompetanse rundt det gjeldande regelverket mellom eigne tilsette, representantar i Reindriftsstyret og hos reindriftsutøvarane.

SRF skal ferdigstille arbeidet med å få oppdatert og digitalisert reindriftskarta og gjere karta lett tilgjengelege på internett.

I samband med at det er etablert ein metode for konfliktvurdering av særskilde område ved vindkraftutbygging, skal SRF jamleg utarbeide ei tematisk konfliktvurdering knytt til reindrift av melde og omsøkte vindkraftprosjekt.

Forhandlingane med Sverige om ein ny reinbeitekonvensjon er slutførte. Konvensjonen har vore på høyring. SRF skal bidra til å effektivere den nye konvensjonen.

Det blir forhandla om ein ny reingjerdekonvensjon mellom Noreg og Finland. SRF skal leggje til rette og hjelpe til under forhandlingane om ein ny konvensjon og ved ein eventuell effektivisering av ny konvensjon i 2014.

SRF skal vere ein bidragsytar for auka verdiskaping i reindrifta, og skal stimulere næringa til auka produksjon og produksjonsoptimalisering. Saman med næringa sine organ og andre aktørar, skal SRF bidra til at dei økonomiske ressursane

over reindriftsavtalen blir nytta på ein formålstenleg måte som gjev størst effekt og verdiskaping. I samband med dette skal SRF, i nært samarbeid med Innovasjon Noreg, arbeide for at verkemidla frå Reindrifta sitt Utviklingsfond (RUF) og Reinprogrammet blir sette i samanheng med kvarandre, slik at den samla effekten blir størst mogeleg. Ei viktig oppgåve for SRF er å skape heilskap og samspel i verdikjeda. Det er difor nødvendig å prioritere fellestiltak i reindrifta framover. SRF skal arbeide aktivt for å synleggjere kvinnene sin innsats og leggje til rette for å styrkje kvinner si stilling i reindrifta.

SRF er sekretariat for Reindrifta sitt marknadsutval. Forvaltninga skal sikre at møta i utvalet blir gjennomførte og følgje opp bruken av midlane.

SRF skal bidra til at tilskottsordningar blir forvalta effektivt, trygt og nytta systematisk for å oppnå høgare verdiskaping gjennom eit enklare og betre regelverk. Rettleiingsmaterialet skal ligge føre både på norsk og nordsamisk. SRF skal føre vidare arbeidet med å leggje til rette for elektroniske sjølvbetjeningsløysingar og gje innspel til forenklingar i dei økonomiske verkemidla over reindriftsavtalen. Vidare skal SRF arbeide for å sikre rask og lik handsaming av dei enkelte utøvarane i dei ulike reinbeiteområda. Som ein del av kontrollarbeidet skal SRF halde fram med å telje rein i dei ulike reinbeiteområda. Ved større avvik mellom teljing og utøvarane sine eigne rapporteringar skal det bli sett inn tiltak.

SRF skal delta aktivt i arbeidet med å utvikle konfliktførebyggjande tiltak i forholdet til andre næringsinteresser. SRF skal også bidra til at forskingsmidlane blir nytta til å framskaffe og formidle kunnskap med sikte på å nå målet om ei berekraftig reindrift.

SRF må drive aktiv informasjonsverksemd om ansvarsområda sine overfor eit større publikum og formidle informasjon om utviklinga i reindrifta og dei sentrale verdiane som reindrifta tek vare på.

Dokumentasjon og formidling av reindrifta sin arealbruk og rettar er avgjerande for næringa si framtid. Dette stiller krav om nær kontakt mellom næringa sine representantar, SRF og andre offentlege organ for å opparbeide tillit og forståing for samarbeid som eit avgjerande grunnlag for å nå målet om ei berekraftig utvikling. Dette er særleg viktig i arbeidet med å fastsetje dei påkravde vilkåra i reindrifta.

SRF skal arbeide aktivt for å profilere reindrifta sine positive sider og leggje til rette for ein betre kunnskap om reindrifta i Noreg.

SRF skal vere ei verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjen-

nom forvaltning og rådgjeving sikrar brukarane effektive tenester. SRF skal halde fram med vidareutvikling og betring av IKT-system, HMS, ein-sarta forvaltning, personal- og lønspolitikk, arbeidsmiljø, kompetanseoppbygging, organisasjonsutvikling, økonomistyring, leiarutvikling og interne driftsoppgåver. Når det gjeld kompetanseoppbygging, skal forvaltninga særleg prioritere opplæring av dei tilsette i samisk språk.

Formålet med den administrative overføringa av områdekontora til Fylkesmannen er å få ei meir oversiktleg og effektiv forvaltning som kan inngå i eit breiare fagleg miljø, og som samla sett gjev kompetansemessige vinstar. For å oppnå denne effekten, vil det vere sentralt å ha stor merksemd omkring gjensidig kompetanseoppbygging. Det vil til dømes vere naudsynt å styrkje kompetansen på reindriftsområdet hos Fylkesmannen, samstundes som det blir lagt til rette for å behalde, vidareføre og vidareutvikle dagens kompetanse på reindriftskontora.

SRF vil få ein sentral rolle i gjennomføringa av ulike nettverks- og kompetansetiltak i etterkant av den administrative overføringa 1. januar 2014. Kva tiltak som skal prioriterast, vil måtte vurderast etter at ein har fått kartlagt behovet.

Landbruks- og matdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under posten med inntil 0,5 mill. kroner ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. framlegg til vedtak III.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 44,840 mill. kroner for 2014.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje utgiftene til ei oppfølging av Noreg sitt ansvar for grensegjerda mot Sverige, Finland og Russland. Posten skal også dekkje utgiftene til effektivering av reinbeiteavtalar i Rørosregionen. I tillegg skal posten dekkje eventuelle erstatningskrav frå finske styringsmakter i samsvar med den gjeldande reingjerdekonvensjonen mellom Noreg og Finland.

Rapportering 2012

SRF har følgd opp vedlikehaldsansvaret sitt for gjerde mot Sverige og Finland.

I samanheng med Landbruks- og matdepartementet sitt arbeid med å leggje til rette for reindrift i dei områda der reindrifta ikkje er tilkjent beiterett i Rørosregionen, har forvaltninga etablert ein årleg dialogarena mellom Femunden

reinbeitedistrikt, grunneigarutvalet i Korssjøfjellet og SRF.

Budsjettframlegg 2014

SRF skal sikre at Noreg sitt ansvar for grensegjerda mot Sverige, Finland og Russland blir ivaretekne. Vidare skal posten dekkje eventuelle erstatningskrav frå finske styresmakter for norsk rein som har kryssa grensa til Finland.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 7,289 mill. kroner for 2014.

Post 70 Tilskott til fjellstover

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å halde oppe tryggleiken i veglaust terreng for mellom anna reingjetarar. Departementet har i dag tre statseigde fjellstover og i tillegg kontrakt med fire private om fjellstovehald. Fjellstovene blir drivne på kontrakt med SRF. Fjellstovene har plikt til å halde ope heile året.

Rapportering 2012

Det er gjeve tilskott til alle fjellstovene.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 750 000 kroner i 2014.

Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark

Formål med løyvinga

Utfordringa med å nå målet om ei berekraftig reindrift har vore og er størst i Finnmark. Formålet med løyvinga til omstillingstiltak i Indre Finnmark er å finansiere ulike tilpassingar og tiltak for å leggje til rette for ei berekraftig reindrift i Finnmark.

Fram til og med 2013 har løyvinga mellom anna dekt utgiftene til forlenga omstillingsløn.

Reindriffta har store tap, og det er ein stor differanse mellom det som det blir søkt om og det som blir erstatta som tap av rein til rovdyr. Dette har ført til auka konflikt mellom næringa og styresmaktene om tapsårsaker. Auka kunnskap om produksjon og tap vil vere viktig, både for å dempe konfliktar og for ei berekraftig forvaltning av reindriftnæringa. Utgifter for auka kunnskap om produksjon og tap i reindriffta blir dekte over denne posten.

Utover dette har formålet med løyvinga vore å dekkje ei rekkje tiltak for å følgje opp reindrifftslova av 2007, samt enkelte utviklings- og utgreiingskostnader.

Rapportering 2012

Det er utebetalt i underkant av 300 000 kroner til forlenga omstillingsløn i 2012.

Det er gjennomført offentlege teljingar av rein både i Aust-Finnmark reinbeiteområde og i Vest-Finnmark reinbeiteområde. Der det er avdekkta underrapportering er det sett i verk økonomiske tiltak.

Det er betalt 2,436 mill. kroner til Norsk institutt for naturforvaltning (NINA) for å dekkje departementet sin del av prosjektet for auka kunnskap om produksjon og tap i reindriffta.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei samla løyving på 9,520 mill. kroner til omstillingstiltak i Indre Finnmark.

Utfordringa med å følgje opp godkjende bruksreglar er størst i dei distrikta i Finnmark der reintalet ikkje er i samsvar med beiteressursene, og der talet på utøvarar er for høgt til at målet om økonomisk berekraft blir nådd. Det krev ekstra innsats å følgje opp desse distrikta. Utover bruk av reindrifftslova sine reglar, inneber oppfølginga mellom anna at ein skal leggje til rette for fellestiltak for betre infrastruktur og at ein framleis stimulerer aktivt til auka slakting og omsetnad av reinkjøtt. Kva for tiltak som blir sette i verk og finansierte over denne posten, vil vere avhengig av mellom anna situasjonen i det enkelte distriktet og den til ei kvar tid gjeldande marknadssituasjonen.

Som ein del av kontrollarbeidet og oppfølginga av godkjende bruksreglar, skal forvaltninga telje rein. Utgifter til teljing av rein i Finnmark blir dekte over denne posten.

Reindriffta har betydelege tap. Differansen mellom omsøkt og erstatta rovdyrtap er særleg stor i Finnmark, og den har auka konfliktnivået mellom styresmaktene og næringa. Utgifter til å framskaffe ny kunnskap om auka produksjon og tapsårsaker blir dekte over denne posten.

Som eit ledd i arbeidet med å få synleggjort reindriffta sin bruk av areal er utbetringar av eksisterande arealkart påkravd. Vidare er ei utbetring naudsynt ved ei verdiklassifisering av areala. Arbeidet må vidare sjåast i samanheng med distrikta sitt arbeid med bruksreglar og distriktspla-

nar. Utgifter til digitalisering av kart i Finnmark blir dekte over denne posten.

Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane blir dekte direkte innanfor løyvingane til drift av SRF. For å kunne oppfylle krava om fleksibilitet, vil det likevel vere aktuelt å belaste enkelte utviklings- og utgreiingskostnader på posten. I den samanhengen blir det vist til behovet for å utgreie og klargjere praktiseringa av nokre av reglane i reindriftsloven. Behovet for ei slik avklaring er viktig no når oppfølginga av prosessen med reinstallpassing er kome lenger. Det er også naudsynt å greie nærare ut om forholdet mellom reindriftslova og anna lovverk, som mellom anna forvaltningslova og areallovgevinga.

SRF vil få ein sentral rolle i gjennomføringa av ulike nettverks- og kompetansetiltak i etterkant av den administrative overføringa 1. januar 2014. Dei tiltaka som skal prioriterast blir finansierte over denne posten. Det same gjeld evalueringar og kostnader til vidareutvikling og betring av forvaltninga sitt IKT-system, samt samordning og koordinering opp mot fylkesmannsembeta sitt IKT-system.

Kap. 4147 Statens reindriftsforvaltning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Refusjonar m.m.	652	38	39
16	Refusjon av foreldrepengar	725		
18	Refusjon av sjukepengar	292		
	Sum kap. 4147	1 670	38	39

Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	247 603	117 200	185 700
	Sum kap. 1148	247 603	117 200	185 700

Post 71 Naturskade, erstatningar

Formål med løyvinga

Statens naturskadeordning gjev erstatning for dei naturskadane det ikkje er mogleg å forsikre seg

Post 82 Radioaktivitetstiltak

Formål med løyvinga

Staten sitt ansvar for å dekkje kostnader som følge av radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulykka har som prinsipielt utgangspunkt det vedtaket som regjeringa fatta om økonomisk skadesløyse 31. juli 1986. Regelverket for radioaktivitetstiltak blir fastsett etter dei same prosedyrane som forskriftene etter reindriftsavtalen.

Rapportering 2012

Forbruket på posten varierer etter behova for tiltak. I år med mykje sopp aukar behovet. I 2012 har det vore behov for færre tiltak enn først anteke.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,5 mill. kroner i 2014.

mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning. Statens naturskadeordning er organisert med eit styre og ei ankenemnd. Statens landbruksforvaltning (SLF) er sekretariat for styret og ankenemnda. SLF førebur sakene for styret og ankenemnda og gjer etterarbeidet som følgjer av vedtaka. SLF har også

det administrative ansvaret for ordninga. Styret og SLF skal sørge for at krav om erstatning for naturskadar blir handsama raskt og forsvarleg. SLF skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats når naturkatastrofar oppstår.

Rapportering 2012

I 2012 blei det handsama 3 439 krav om erstatning med samla skadetakst på 305,5 mill. kroner. Totalt utgjorde utbetalingane 236,1 mill. kroner. I tillegg blei det utbetalt 11,0 mill. kroner til dekning av takseringskostnader og FoU-tiltak. Størstedelen av erstatningsvedtaka i 2012 skreiv seg frå naturskadehendingar i 2011. Dei mest omfattande av desse hendingane var flaumen i Oppland og Hedmark, flaumen i Sør-Trøndelag og stormane *Berit* og *Dagmar* som gjorde særleg stor skade langs kysten frå Vestlandet og nordover. I 2012 førte flaumen i Indre Troms og flaumen i Buskerud og Vestfold i samband med ekstremveret *Frida* til store skadar. Mange av skadane som oppstod i 2011 kom ikkje inn til styret for handsaming før i 2012. Lensmennene har per 6. juni 2013 framleis om lag 250 saker frå desse hendingane som ikkje er ferdighandsama. Det blei i 2012 finansiert ekstrahjelp i SLF over ordninga tilsvarende 1,5 årsverk for å ta unna dei mange sakene.

Budsjettframlegg 2014

Klimaframskrivingar viser at vi i Noreg må rekne med meir ekstremver dette hundreåret. Med ei slik utvikling kan det bli fleire og meir omfattande naturskadar i åra framover. Dei som blir råka av naturskade har på visse vilkår rett til erstatning etter lova. Posten dekkjer erstatningar i samsvar med lova. I tillegg blir det dekt rettferdsvederlag, utgifter til taksering av mellom anna skadar, og nødvendige utgifter til ekstrahjelp og utvikling av IKT-system for erstatningsordninga.

Erstatningane blir utbetalte etter at skaden er utbetra. Fristen for utbetring er tre år, og dette verkar inn på den årlege utbetalinga. Styret skal gje ei rask og forsvarleg handsaming av krav om erstatning som er heimla i naturskadelova. Landbruks- og matdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av mellom anna styringsdialog, rapportar og informasjon om økonomi.

Styret kan totalt gje tilsegn for inntil 2 mill. kroner til forskingsprosjekt, informasjonstiltak og andre aktivitetar som bidreg til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker, eller å auke effekten av dei ressursane som blir nytta på naturskadeområdet.

Etter naturskadelova kan det bli sett som vilkår for utbetaling av erstatning at skaden blir utbetra på ein slik måte at faren for naturskade minkar. Dette gjeld både utbetringar på skadeobjektet og gjennomføring av mindre sikringstiltak som er knytt til skadeutbetringa. For slike sikringstiltak kan ein også over denne posten gje tilskott på maksimalt 30 000 kroner per sak til den skadelidne til dekning av desse meirkostnadene. Løyvinga skal dekkje innfriing av både nye tilsegner og uteståande tilsegner frå tidlegare år.

Flaumen i mai 2013 gjorde store skadar, spesielt i Oppland og Hedmark, men også mellom anna i Buskerud og Vestfold. Erstatningssakene etter denne hendinga vil føre til ei vedtaksmengd i 2014 som vil bli større enn gjennomsnittet og dermed også føre til auka behov for løyving i 2014. Per primo juni 2013 er det estimert at denne hendinga vil føre til om lag 1 500 erstatningssaker ut over eit gjennomsnittså, og at om lag 1 000 av desse sakene vil bli handsama i 2014.

Ut frå dette gjer departementet framlegg om ei løyving på 185,7 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 91,9 mill. kroner for 2014, jf. Tabell 2.7 og forslag til vedtak IV.

Tabell 2.7 Tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar i 2014

	(mill. kroner)
Ansvar per 1.1.2013	157,6
+ Forventa tilsegn i 2013	174,2
= Sum	331,8
- Forventa erstatningsutbetalingar 2013	222,7
= Ansvar per 31.12.2013	109,1
+ FoU-tilskott, takseringskostnader mv.	7,0
+ Forventa nye tilsegn i 2014	161,5
= Sum	277,6
Forslag til løyving i 2014	185,7
Tilsegnfullmakt i 2014	91,9

Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 271	3 379	3 497
71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	93 846	2 286	23 866
72	Tilskott til auka bruk av tre, <i>kan overførast</i>		28 000	28 980
73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>		42 000	43 470
74	Tiltak for industriell bruk av trevirke, <i>kan overførast</i>			5 000
	Sum kap. 1149	97 117	75 665	104 813

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Formål med løyvinga

Bakgrunnen for opprettinga av Utviklingsfondet for skogbruket var ein avtale mellom Finansdepartementet og Skogbrukets Arbeidsgiverforening om kompensasjon for opphevinga av refusjon for bensinavgift ved bruk av motorsag i skogbruket.

Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl. res. datert 25.2.1977, med endringar sist av 16.12.2002. Fondet skal støtte opp om forskning, utvikling, informasjon og opplæring innanfor skogbruket. I styret for fondet er offentleg forvaltning og private organisasjonar

innanfor skogsektoren representerte. Statens landbruksforvaltning er sekretær for fondet.

Rapportering 2012

I 2012 blei det gjeve tilskott på 4,065 mill. kroner til tolv prosjekt og to reisestipend. Tilskotta blei dekte av løyvinga for 2012 og overførte midlar frå tidlegare år.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,497 mill. kroner for 2014. Midlane frå fondet vil i første rekkje bli retta mot brukarretta FoU-verksemnd med klare problemstillingar og mål. Fondet

skal bidra til prosjekt som utviklar og styrkjer skogbruket som ei rasjonell, økonomisk og berekraftig næring.

Post 71 Tilskott til infrastruktur- og verdiskapingstiltak i skogbruket

Formål med løyvinga

Regjeringa vil leggje til rette for å styrkje bidraget frå skogen til verdiskaping i heile landet og utvikle dei positive nærings-, energi- og klimabidraga frå skogen. Dette føreset at ein større del av det produktive skogarealet som kan drivast lønsamt, blir teke aktivt i bruk, både med omsyn til auka hogst av hogstmoden skog, hausting av biobrensle og oppbygging av ny skog. Ein hensiktsmessig infrastruktur, frå skog til industri og vidare til marknadene, er avgjerande for skogsektoren sine moglegheiter til å drive konkurranseedyktig næringsverksemd, og på denne måten vidarefører sektoren posisjonen sin som ei viktig næring for distrikta og landet. Løyvinga skal bidra til modernisering og vidareutvikling av dagens infrastruktur, samt andre verdiskapingstiltak i skogbruket.

Rapportering 2012

Departementet legg til rette for verdiskapingstiltak i skogbruket mellom anna gjennom tilskott over statsbudsjettet, tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket over jordbruksavtalen og gjennom skogfondsordninga.

Frå 2013 blei det oppretta nye postar under kapittel 1149. Post 71 omfattar tilskott til verdiskapings- og infrastrukturtiltak i skogbruket, post 72 omfattar tilskott til auka bruk av tre, og post 73 omfattar tilskott til andre skog-, klima- og energitiltak.

I 2012 blei det løyvd totalt 120 mill. kroner til verdiskapingstiltak og andre skog-, klima- og energitiltak i skogbruket over post 71. Av desse blei 93 846 kroner utbetalt i 2012. Dei resterande midlane blei overførte til neste års budsjett.

Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket

I samband med revidert nasjonalbudsjett i 2012 blei det løyvd ei ekstraordinær tiltakspakke for treforedlingsindustrien på totalt 100 mill. kroner. Av desse blei 50 mill. kroner løyvd over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet og 50 mill. kroner over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet. Midlane over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet blei fordelte

med 25 mill. kroner til utvikling av kai- og tømmerterminalar, 10 mill. kroner til vedlikehald og modernisering av eksisterande skogsbilvegar, 10 mill. kroner til tiltak for effektiv taubanedrift og 5 mill. kroner til forskning og innovasjon. Statens landbruksforvaltning (SLF) forvalta midlane til kai, skogsbilveg og taubanedrift, totalt 45 mill. kroner.

Kai- og tømmerterminalar

SLF lyste ut midlane, og det kom inn totalt 14 skisser innan fristen 1. november 2012. Fem kaiprojekt blei prioriterte for utarbeiding av fullstendig søknad, med frist 1. mars 2013. Dei fem prioriterte kaianlegga er Mosjøen, Kaupanger/Sogndal, Hojem/Skodje, Mandal og Lindås/Bergen. Det blei gjeve tilsegn om 0,6 mill. kroner til Skognæringa Kyst for prosjektleiing og for oppfølging av dei fem kaiprojekta.

Vedlikehald og modernisering av eksisterande skogsbilvegar

Ein stor del av skogsbilvegnettet er gammalt og svarar ikkje lenger til dei krava som transportbehov og transportutstyr stiller i dag. Behovet for vedlikehald og modernisering er spesielt stort i etablerte skogstrøk. Løyvinga hadde til formål å støtte nødvendige utbetringar på slike dårlege skogsbilvegar. Midlane skulle ikkje nyttast til nybygging av skogsbilvegar, til nye trasear på delar av eksisterande skogsbilvegar eller på tiltak med store terrenginngrep. Midlane blei fordelte til ulike fylke med bakgrunn i varsla behov og vurderingar frå SLF. Det blei gjeve tilsegn om rundt 7 mill. kroner til ulike prosjekt og utbetalt 1,2 mill. kroner i 2012, mest i skogstrøka.

Taubanedrift

Ein stor del av den hogstmodne skogen står i bratt terreng. Taubanedrift er utvikla for slikt terreng, og driftsmetoden har også klare miljøfordelar her, mellom anna gjennom redusert behov for driftsvegar og terrenginngrep. I tiltakspakka blei det løyvd 10 mill. kroner til tiltak for effektiv taubanedrift. Midlane er fordelte etter varsla behov frå fylka og etter føringar frå departementet om å prioritere område med særskilte behov, til dømes område som blei råka av orkanen Dagmar i desember 2011. Utover dette blei midlane løyvd etter retningsliner i dei enkelte fylka. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal blei hardt råka av orkanen. Desse fylka fekk den største tildelinga,

med 6,15 mill. kroner til Sogn og Fjordane og 1,9 mill. kroner til Møre og Romsdal. Det blei gjeve tilsegn om rundt 5,5 mill. kroner og utbetalt om lag 3,6 mill. kroner i 2012.

Det blei halde attende 1 mill. kroner sentralt hos SLF til prosjekt med formål å fremje effektiv taubanedrift og tiltak for å styrkje taubanemiljøet, både gjennom teknisk utvikling og kompetanseheving. Det er gjeve tilsegn til åtte prosjekt.

Trebasert Innovasjonsprogram

Det viktigaste området i 2012 var bedriftsretta og bransjeretta prosjekt for utvikling av nye produkt og nye løysingar for bruk av tre i byggmarknaden. Nye, industrielle konsept som kan realisere auka bruk av tre innanfor samferdsel, forretningsbygg og urbant byggeri, har vore sentrale arbeidsområde. Potensialet for auka bruk av tre er vurdert å vere størst innanfor desse segmenta. Ein vesentleg del av prosjekta var bedriftsretta, noko som er i tråd med måla for programmet.

Løyvinga til programmet var på 26 mill. kroner i 2012. I tillegg er det overført midlar frå tidlegare år og det gamle Treprogrammet, slik at det totale innvilga beløpet i 2012 blei 47,2 mill. kroner, fordelt på 83 prosjekt.

Programmet har også i 2012 halde fram med å utvikle det regionale nettverket av drivarar. Saman med næringa og det regionale partnerskapet er det no etablert «drivarfunksjonar» for treområdet og i vestlandsfylka, og det blir i 2013 arbeid vidare med å etablere slike funksjonar også i dei nordlegaste fylka. Programmet bidreg med nødvendig fagleg støtte og til å koordinere drivarane. Drivarane arbeider med å stimulere trebedrifter til å tenkje nytt og utvikle seg vidare. Samarbeidet mellom dei regionale drivarane er vidareutvikla i 2012.

Samarbeidet mellom Trebasert innovasjonsprogram i Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd (NFR) sitt program BIONÆR er ført vidare, mellom anna gjennom koordinering av søknadar mellom dei to institusjonane. Dette har blitt ein effektiv og god arena for å samordne verksemda. Prosjekta blir i tillegg koordinerte med Skogtiltaksfondet, Utviklingsfondet for skogbruket og skogbruket sitt verdiskapingsfond. Programmet har også eit samarbeid med NFR om kva for område det skal satsast på i programutlysingar.

Som ei oppfølging av Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken*, bad Landbruks- og matdepartementet i 2012 Statsbygg om å greie ut korleis det offentlege som utbyggjar kunne bidra til å auke bruken av tre som byggjemateriale. Statsbygg leverte utgreinga i april 2013, og depar-

tementet ser no på korleis ein skal følgje opp utgreinga.

Løyvinga over denne posten blei også brukt til profilering av trearkitektur på den internasjonale landbruksmessa Grüne Woche i Berlin i januar 2012. Arkitektane har vore ein viktig samarbeidspartnar for å fremje tre som materiale, mellom anna gjennom utdanningsinstitusjonar som Arkitekthøgskulen i Oslo og nærings- og fagorganisasjonar som Norske Arkitekters Landsforbund og Arkitektbedriftene. Det er mellom anna samarbeidd om publikasjonar, seminar og internasjonal profilering av norsk, moderne trebruk.

Andre skog-, klima- og energitiltak

Det blei gjeve ei ekstraløyving på 4,5 mill. kroner til Det norske Skogfrøverk for å styrkje plante-foredlinga generelt, for å styrkje kapasiteten for gjennomføring av praktiske oppgåver i skogplanteforedlinga og for å sjå på moglegheiter for ei modernisering av frøforsyninga. Av desse midlane gjekk 1 mill. kroner til langsiktige foredlingsoppgåver i samarbeid med Norsk institutt for skog og landskap.

Ordninga for tilskott til uttak av skogsråstoff til bioenergi fekk i 2012 ei løyving på 29 mill. kroner. Heile løyvinga blei brukt opp tidleg på året. Med bakgrunn i dette, blei det gjeve ei tilleggs-løyving på 10 mill. kroner. Det blei totalt utbetalt om lag 35 mill. kroner til energiflistilskott. Rundt 80 pst. av tilskotta har gått til uttak av virke frå kulturlandskap, vegkantrydding og lauvskoghogst. Det blei drive ut virke tilsvarende om lag 880 000 lauskubikkmeter. Volumet av flis som er produsert som følgje av tilskotta, svarer til behovet for varme til vel 70 000 husstandar og kan erstatte 74 mill. liter fyringsolje. Dette gjev ein potensiell reduksjon av utslepp på 197 000 tonn CO₂.

Om lag to tredelar av flisa går til den norske varmemarknaden, og delen har auka dei siste åra. Sikre leveransar av råstoff gjer at norske aktørar svarar med å byggje ut nye biovarmeanlegg. Denne utviklinga er også viktig for å kunne byggje opp kompetanse og erfaring med effektiv handtering av råstoffet og å sikre investeringar i ny infrastruktur og anna driftsutstyr. Etablering av fleire anlegg inneber også at ein går rett veg når det gjeld målet om å skape balanserte verdikjeder og velfungerande marknader for bioenergi. Det er sett i verk aktivitet i nesten alle fylke, men hovudkonsentrasjonen har vore i dei sentrale skogstrøka på austlandet, i Nord-Trøndelag og i Troms.

Det blei løyvd 7 mill. kroner til andre bioenergitiltak i 2012. Desse midlane gjekk til Innovasjon Noreg for å styrkje aktivitetane under Bioenergi-programmet. Investeringsstøtte til flisproduksjonsutstyr og støtte til lagertak for flis var her prioriterte område. Programmet hadde overførte midlar frå 2011, og det blei totalt utbetalt om lag 8,5 mill. kroner til slik investeringsstøtte.

Budsjettframlegg 2014

Frå posten vil det bli gjeve tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket og til tiltak som kan bidra til å redusere transportkostnadene i skogsektoren.

Det blir i 2013 sett i gang eit arbeid for å utarbeide ein strategi for auka konkurransevne i skogsektoren – Skog22. Den skal mellom anna ta for seg forskning og utvikling, jf. nærare omtale under kat. 15.30. Strategien skal bidra til å realisere potensialet for verdiskaping i skogsektoren og bidra til utvikling av ein meir bærekraftig økonomi. Norske skogressursar har gjennom fleire hundre år lagt grunnlag for industri og verdiskaping basert på fornybart bioråstoff. Gjennom ny teknologi er det i prinsippet mogleg å produsere mykje av det vi i dag produserer frå olje, frå trevirke.

SLF har frå 2012 gjeve tilskott til utbygging av tømmerkaier. Det er ein overordna målsetjing å flytte ein større del av godstransporten frå veg til bane og båt. Kystfylka har betydelege skogressursar og er den regionen med størst potensial for auka hogst. Mange kystfylke har krevjande og dyr tømmertransport som følgje av bratt og utilgjengeleg terreng, lite samanhengande vegnett med låg standard og lang avstand til industri.

Etterspørselen etter virke frå kystfylka er stor og auker. Samstundes har endringar i avsetningsmoglegheitane og marknadene for tømmer og treprodukt dei siste par åra gjort tilgangen til kai og sjøtransport viktig også i etablerte skogområde på Sør- og Austlandet.

Det er usikkert kor tømmerkjøparane vil være lokalisert i framtida. Dette gjer at det viktig å ha ein fleksibel transportstruktur for å vere leveransedyktig til ein størst mogleg marknad. På denne bakgrunnen er utbygging av ein tenleg kaistruktur langs kysten eit avgjerande grep for å sikre både kostnadseffektive leveransar av trevirke til foredlingsindustri i Noreg og produktflyt til marknader nasjonalt og internasjonalt. Dette vil gje positive sysselsetjings- og verdiskapingseffektar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på denne posten på 23,866 mill. kroner for 2014.

Post 72 Tilskott til auka bruk av tre

Formål med løyvinga

Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* og St.meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* held fram auka bruk av tre som eit politisk mål. Dette er grunna god tilgang på ressursar, verdien for lokal, regional og nasjonal næringsverksemd og at det er eitt av fleire tiltak som kan redusere den samla klimabelastninga. Målet om auka bruk av tre blir understøtta i Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk* og Meld. St. 28 (2011–2012) *Gode bygg for eit betre samfunn*.

Om tre i aukande grad skal brukast i byar og tettstadar, er det behov for auka produktutvikling som gjer det rasjonelt og sikkert å byggje trehus i fleire etasjar. Slik bruk av tre krev utvikling av nye industrielle løysingar. Det er også grunn til å peike på at det framover er eit stort behov for nye landbruksbygg. Det er eit stort potensial for bruk av tre i slike bygg. Utvikling av konkurransedyktige løysingar på dette området kan gje auka verdiskaping og miljø- og energigevinstar. Også innan samferdsel og næringsbygg er det eit stort potensial for å auke bruken av tre.

Endringar og strengare krav i forskrifter knytt til tekniske løysingar og energikrav, gjer at det er eit stort behov for utvikling og tilpassing av treløysingar til desse endringane.

Budsjettframlegg 2014

Hovudmålsetjingane for programmet er auka bruk av tre og auka lønnsemd i heile verdikjeda. For å nå måla er det behov for å finne og utvikle talent som kan utnytte moglegheiter og, gjennom dette, bidra til innovasjon. Ein føresetnad for god måloppnåing er at nye koplingar mellom produkt og marknad blir tekne i bruk. I strategiane som ligg til grunn for arbeidet, er det lagt vekt på å stimulere til kompetanseutvikling, stimulere til leverandør- og produktutvikling, utvikle pionerprosjekt, initiere og bidra til rasjonell logistikk, arbeide for auka kvinnemedverknad og arbeide for sterkare medverknad og engasjement i verkemiddelapparatet for innovasjon i skog- og trenæringa.

Trebasert innovasjonsprogram har sidan etableringa i 2006 bygd opp under næringspolitiske, miljøpolitiske og distriktpolitiske målsetjingar, og er eit viktig element i departementet sin heilskaplege strategi for næringsutvikling knytt til landbruket. Marknadsføring av miljøeigenska-

pane til trevirke er ein viktig del av innhaldet i programmet.

Landbruks- og matdepartementet ser det som viktig at programmet bidreg til å styrkje kompetansen når det gjeld bruk av tre i relevant høgare utdanning, og legg til rette for samhandling mellom utdanningsinstitusjonane og næringa.

Innovasjon Noreg fremja i 2013 ein ny strategi for Trebasert Innovasjonsprogram. Strategien fører vidare ein stor del av det eksisterande arbeidet, men programmet skal framover fokusere enda meir på situasjonen og utviklingsbehova i byggsektoren og bidra til at entreprenørar, bygherrar, og andre som legg premisser for val av material i nye bygg har kunnskap om tre som bygningsmateriale. Fokuset skal også vere tydeleg på bedriftsretta tiltak og prosjekt som utviklar treet sitt bruksområde, til dømes i urbane byggeri.

I Meld. St. 9 (2011–2012) blei det foreslått å etablere ein pris for *framifrå og nyskapande bruk av tre*. Trebasert Innovasjonsprogram fekk oppdraget med å administrere denne prisen. Prisen blir delt ut første gong våren 2014, og skal honorere prosjekt og miljø som med verksemda si bidreg til å auke merksemda om bruk av tre som eit moderne, miljøvennleg byggjemateriale.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 28,980 mill. kroner for 2014.

Post 73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak

Formål med løyvinga

Posten omfattar tiltak som bidreg til å styrkje skogen si rolle i klimasamanheng. Desse tiltaka vil også bidra til verdiskaping i skogbruket.

I St.meld. nr. 39 (2008–2009) og i Meld. St. 21 (2011–2012), er skogen si rolle i klimasamanheng grundig drøfta. Skogen har eit årleg opptak av CO₂ som svarar til om lag halvparten av dei samla norske utsleppa av klimagassar. I Meld. St. 21 (2011–2012) legg regjeringa opp til å føre ein aktiv berekraftig skogpolitikk gjennom tiltak som skal bidra til å auke karbonlageret i skogen. Samstundes skal skogressursane bli nytta til å produsere meir fornybar energi og byggjematerial av tre for å redusere utsleppa av klimagassar. Skogtiltak er blant dei mest kostnadseffektive klimatiltaka, og har samstundes ein positiv næringsmessig effekt.

Budsjettframlegg 2014

Regjeringa vil leggje til rette for å auke det produktive skogarealet ved å minske avskoging og

auke skogareala ved tilplanting. Planteforedling, auka plantetettleik og målretta gjødsling av skog er rådgjerder som vil bidra til auka karbonopptak i skog. For tilplanting og skoggjødsling skal det først utviklast miljøkriterium og for tilplanting skal det også lagast strategiar når miljøkriteria er ferdig utvikla. Skogplanteforedling og auka bruk av foredda frø vil ha direkte innverknad på framtidig opptak av CO₂ i norske skogar. Det norske Skogfrøverk skal sikre forsyninga av skogfrø i Noreg. Frøforsyning i tilstrekkeleg mengde og av god nok kvalitet er viktig for oppbygginga av ny skog i Noreg. Skogfrøverket har førebudd arbeidet med nødvendig fornying av skogfrøplantasjar etablert på 1960/70-talet gjennom etablering av andre generasjon frøplantasjar basert på det beste materialet frå plantasjane. Fornying av skogfrøplantasjar dei neste 10 åra er avgjerande for å halde oppe produksjonen av foredda frø som i dag. Departementet vil difor vidareføre arbeidet med langsiktig skogplanteforedling.

I Meld. St. 9 (2011–2012) går det fram at regjeringa vil betre insentiva til uttak av råstoff frå skogen til bioenergi, med vekt på skogsavfall. Løyvinga til skogsflisordninga har dei fire siste åra lege på om lag 30 mill. kroner. Ordninga gjev gode resultat, og departementet foreslår å vidareføre ordninga i 2014.

Løyvinga til investeringsstøtte til flisproduksjonsutstyr som Innovasjon Noreg forvaltar, må sjåast i samanheng med energiflisordninga. Ein auke i flisproduksjonen krev meir flisproduksjonsutstyr. Den siste tida har Innovasjon Noreg prioritert lagertak for flis, og slike investeringar er viktige for å sikre god kvalitet på brenselet.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 43,470 mill. kroner til skog-, klima- og energitiltak. Løyvinga må sjåast i samanheng med løyvinga til skogbruk og bioenergi under Landbrukets Utviklingsfond (LUF) i kap. 1150, post 50, og løyving av forvaltningsmidlar til Det norske Skogfrøverk jf. kap. 1139, post 71.

Post 74 Tiltak for industriell bruk av trevirke

Formål med løyvinga

Regjeringa gjer framlegg om ein ny post 74 for tiltak for industriell bruk av trevirke. Det er behov for å sjå skog- og trenæringa som ein heilskap, og departementet ser nytta av å setje i verk tiltak retta mot treforedlingsindustrien for å legge til rette for auka aktivitet i skogbruket i tråd med måla for skogpolitikken.

Gjennom avansert teknologi kan mykje av det som i dag blir produsert av olje, også lagast av for-

nybar biomasse, til dømes trevirke og biprodukt frå skogdrift, landbruk og akvakultur. Departementet ser eit særleg stort potensial i alternativ bruk av trevirke med sikte på utvikling av nye produkt og produksjonsmetodar. Ved å leggje til rette for ny næringsverksemd basert på lønsam vidareforedling av skogressursane, vil verdien av tømmeret kunne mangedoblast.

Det er oppretta eit program i Innovasjon Noreg for industriell bioraffinering. Programmet har som mål at fleire norske bedrifter skal ta marknadsposisjonar innan prosessering av fornybare bioråvarer til ingrediensar, materialar og kjemikaliar.

Budsjettframlegg 2014

Bioraffineringsprogrammet vil bli avgjerande for å lette kommersialiseringa og gje større økonomisk utbytte av dei investeringane som er gjort i forskning i seinare år. Programmet skal gje tilskott til å utvikle teknologi, demonstrasjonsanlegg, produkt, nettverk og marknadskunnskap og kunne tilby risikoavlastning.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 5 mill. kroner for 2014.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
01	Driftsutgifter		2 500	2 500
50	Fondsavsetningar	1 159 353	1 433 653	1 190 653
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	174 724	209 400	290 800
71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i>	91 254	40 000	72 000
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	2 093 491	2 338 900	2 539 550
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	8 256 751	8 341 500	8 442 400
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	221 369	235 590	275 790
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 562 848	1 608 854	1 601 754
	Sum kap. 1150	13 559 790	14 210 397	14 415 447

Formål med løyvingane

Kap. 1150 og kap. 4150 om Jordbruksavtalen er basert på at jordbruket har forhandlingsrett med staten om prisar, tilskott og andre reglar for produksjon og omsetnad innanfor jordbruket. Ordningane under jordbruksavtalen er nokre av dei viktigaste verkemidla for å følgje opp måla og retninglinene i landbrukspolitikken.

For mange av postane er det underpostar der løyvinga er styrt av satsar per eining og omsøkt volum. Volumet på dei enkelte underpostane vil variere frå år til år. Difor ser departementet det som naturleg at eit auka behov for midlar på ein underpost kan dekkjast inn med unytta midlar på ein annan underpost under løyvinga på same posten.

I Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* som blei lagt fram for Stortinget den

2.12.2011, utforma departementet ein revidert målstruktur. Stortinget handsama meldinga i Innst. 234 S (2011–2012), og slutta seg til regjeringa sine forslag til hovudmål. For ei nærare omtale av måla i jordbrukspolitikken for kommande budsjettperiode, sjå også innleiinga, omtalen under kat. 15.30 i denne proposisjonen, samt kap. 7 i Prop. 164 S (2012–2013) *Jordbruksopp-gjøret 2013*.

Klima, topografi, at produksjonen etter internasjonale mål skjer i ein småskalastruktur og norsk pris- og kostnadsnivå generelt, gjer at jordbruket i Noreg har eit høgt kostnadsnivå. Difor er mange av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å sikre lønnsam produksjon både på små og større bruk over heile landet og for å påverke måten produksjonen skjer på. Mange av tilskottsordningane verkar mot fleire av måla samstundes. Det gjeld mellom anna tilskott som skal sikre det

økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målspesifikke vil også kunne påverke andre mål. Dette gjer at resultatmåling som følgje av eit konkret tiltak eller tilskott ikkje gjev nokon fullgod informasjon.

Av både budsjettekniske omsyn og av omsyn til verkemåten til dei ulike økonomiske verkemidla, kan ein difor ikkje vurdere hovudmåla post for post på budsjettkapitlet. Difor er det heller ikkje mogleg å ha ei isolert spesifikk resultatrapportering på enkelte ordningar. Verkemidla under jordbruksavtalen skal samla sett gje rammevilkår som gjev ei god måloppnåing både for næringa og samfunnet.

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Det er behov for tilpassingar når det gjeld normal prosedyre for tilskottsforvaltning. I omtalen under dette kapitlet gjer departementet årleg greie for hovudtrekka i tilpassingane for ulike ordningar, samt bruken av ulike aktørar i forvaltninga av ordningane.

Marknadsregulering og pristilskott/frakttilskott

Tilskott til produsert volum, til marknadsregulering og til frakt blir dekte over fleire ordningar under kap. 1150 postane 70 og 73, i nokon grad også under post 77. Satsane er baserte på fastsette kriterium, som produktgruppe, levert volum, distrikt m.m. Grunnlaget for tilskotta som blir utbetalt til produsentane via eit omsetnadsledd, vil normalt vere det same som grunnlaget for oppgjeret mellom omsetnadsledd og produsent. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og verkemiddel som verkar samstundes mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla basert på rapportering frå Budsjettnemnda for jordbruket i samband med den årlege proposisjonen om jordbruksavtalen. Rapporteringa blir i tillegg supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå heile forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar.

Tilskott som blir utbetalt via eit omsetnadsledd avvik også frå normalprosedyren ved at tilskottsmottakarane normalt ikkje søker om tilskottet. Storleiken på tilskotta er ei direkte følgje av levert vare til omsetnadsleddet. Omsetnadsledda gjer ikkje egne vurderingar ved forvaltninga av tilskotta. Dei blir difor ikkje rekna som tilskottsforvaltarar, men som medhjelparar. Vidare blir det ikkje sendt egne tilskottsbrev til produsentane. Tilskottsbeløpet går normalt fram

av avrekninga for kvar leveranse. Det blir heller ikkje kravd rapport, og det blir ikkje utført kontroll hos tilskottsmottakarane (produsentane) fordi tilskottet blir gjeve mot levert vare. Nødvendig kontroll blir sikra ved kontroll hos omsetnadsledda som leverer grunnlaget for utbetalingane og som formidlar tilskottet til den enkelte produsenten. Samla sett verkar dette til ei kostnads-effektiv forvaltning av ordningane.

Direkte tilskott og velferdsordningar

Desse ordningane ligg under jordbruksavtalen kap. 1150 postane 74 og 78. Dei direkte tilskotta er baserte på objektive kriterium som talet på dyr, areal, produksjonstype, mengd og distrikt. Satsane står i forhold til løyvd beløp og prioriteringar mellom ulike produksjonstypar, produksjonsomfang og lokalisering av driftseiningane. Velferdsordningane består i hovudsak av refusjon av utgifter til avløyning. Ein står her overfor same problemstillinga når det gjeld målformulering og kriterium for måloppnåing som for tilskott til marknadsregulering, pris og frakt, sjå ovanfor. For ordningane med direkte tilskott og velferdsordningar, vil resultatrapporteringa også i hovudsak finne stad i rapporteringa i samband med proposisjonen om jordbruksoppgjeret. Det er heller ikkje for denne gruppa av ordningar aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane.

Kollektive overføringar

På enkelte område er det administrativt meir effektivt å overføre tilskott samla frå departementet og/eller Statens landbruksforvaltning (SLF) og direkte til ein felles mottakar framfor først å utbetale tilskott til kvar produsent som igjen betalar inn til same sluttmottakar. Den auka godtgjersla i sjukepengeordninga for bønder er finansiert gjennom ei kollektiv overføring frå jordbruksavtalen til folketrygdfondet. Ei anna kollektiv overføring er innbetaling av omsetnadsavgift for frukt og grønt på post 70. Oppfølginga av desse ordningane vil vere å føre over løyvde beløp til rett mottakar. I tillegg må ein med mellomrom vurdere om ordningane verkar som føresett, og om overføringane gjev eit rett uttrykk for reelle utgifter.

Forvaltning

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til SLF. Størsteparten av dei administrative kostnadane til forvaltning av tilskottsordningane blir

direkte dekte innanfor løyvingane over kapittel 1143, og til kommunane gjennom rammetilskottet frå Kommunal- og regionaldepartementet. Frå 2013 blei det etablert ei særskilt løyving på kap. 1150, post 01 som skal dekkje kostnader i samband med utgreiingar i arbeidsgrupper og evalueringar. For å kunne ha nødvendig fleksibilitet, kan det likevel fortsett vere aktuelt å trekkje nokre uviklings- og utgreiingskostnader på enkelte av tilskottsordningane.


På nokre område skjer forvaltninga av tilskott gjennom organ som ikkje er ein del av statsforvaltninga. Dette gjeld særleg Innovasjon Noreg. Kommunane har også sentrale oppgåver i tilskottsforvaltninga, og omsetnadsledda har som nemnd ovanfor ei medhjelparrolle i utbetalinga av tilskott til produsentane. I samband med ikkje-statleg tilskottsforvaltning har departementet klargjort ansvar og oppgåver for desse aktørane. På nokre område er det fastsett at eit oppnemnd styre, utval eller råd, skal tildele tilskottsmidlar, mens SLF er

sekretariat og har ansvar for alle dei andre forvaltningsoppgåvene. I desse samanhengane er det departementet si vurdering at tilskottsforvaltninga framleis skjer innanfor statsforvaltninga.

SLF stiller krav om at Fylkesmannen kvart år skal utarbeide ein risikobasert kontrollplan og gjennomføre forvaltningskontroll av kommunar, samt utføre føretakskontroll.

Rapportering 2012

Dei fire overordna måla for norsk landbruks- og matpolitikk er matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Ved sidan av å produsere varer og tenester for ein marknad, er norsk landbruks- og matsektor leverandør av ei rekke fellesgode, dvs. gode som ikkje kan omsettast i ein marknad. Dei fire hovudmåla blir nådd gjennom at landbruket produserer ein kombinasjon av fellesgode, og andre varer og tenester.



Figur 2.1 Horisontale og spesifikke verkemiddel

Mål vil i stor grad verke inn på kvarandre gjennom å vere samanfalande og forsterke kvarandre, eller vere motstridande på kort eller lang sikt. For å oppnå dei overordna måla for politikken er mange av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å sikre lønsam produksjon over heile landet, og for å påverke måten produksjonen skjer på.

Mange av tilskottsordningane er *horisontale* ordningar, dvs. at dei verkar inn på fleire av måla samstundes. Det gjeld mellom anna tilskott som skal sikre det økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målspekifiske vil også kunne påverke andre mål. Dette gjer at tradisjonell resultatmåling

som følge av eit konkret tiltak eller tilskott ikkje gjev fullgod informasjon.

Av både budsjettekniske omsyn og av omsyn til verkemåten til dei ulike økonomiske verkemidla, kan ein difor ikkje vurdere hovudmåla post for post på budsjettkapitlet. Difor er det heller ikkje mogleg å ha ei isolert spesifikk resultatrapportering på dei enkelte ordningane. Verkemidla under jordbruksavtalen skal samla sett gje rammevilkår som gjev ei god måloppnåing både for næringa og samfunnet.

I tilknytning til måla for landbrukspolitikken, som omtalt mellom anna i innleiinga, finst det verkemiddel for å nå fleire av desse, både over jordbruksavtalen og på andre kapittel i budsjettet. Dette omfattar mellom anna økonomiske tiltak retta mot næringsutvikling, busetjing og sysselsetjing, samt verkemidla for mattryggleik m.m. Produksjon av trygg mat er ein grunnleggjande føresetnad også for næringspolitikken i jordbruket, men dei spesifikke verkemidla er i stor grad av ikkje-økonomisk karakter og dei matpolitiske verkemidla ligg utanfor avtalen. Det finst også fleire juridiske verkemiddel som kan verke mot same mål som dei økonomiske. Saman med at dette er tiltak og rammer for sjølvstendige næringsutøvarar, gjer dette at måloppnåinga ikkje kan bli målt på enkelttiltak, men må gjerast på indikatorar for utviklingstrekk i næringa samla sett. For denne resultatrapporteringa, sjå del III.

For nokre av ordningane, som mellom anna for post 50.11 Tilskott til Landbrukets Utviklingsfond (LUF), er det laga ein eigen resultatrapport i postomtalen.

Jordbruksoppgjæret 2013

Jordbruksavtalen 2013–2014 er basert på dei prinsippa som er trekte opp i Stortinget si handsaming av Meld. St. 9 (2011–2012), jf. Innst. 234 S (2011–2012), Stortinget si handsaming av Prop. 164 S (2012–2013) og regjeringa si Soria Moria-erklæring.

Jordbruksavtalen 2013–2014 som blei inngått mellom staten og jordbruket den 15.mai 2013, omfattar målprisane for perioden 1.7.2013 til 30.6.2014 samt tilskott som blir utbetalt i 2014. Det blei i samsvar med framlegg i proposisjonen om jordbruksoppgjæret gjort omdisponeringar av tidlegare løyvde midlar i 2013. Avtaleverket for jordbruket har til formål å regulere tiltak som er

eigna til å fremje fastlagte mål for jordbruket, og som ikkje er uttømmende regulert ved lov, stortingsvedtak eller forskrift. Resultat av jordbruksoppgjæret i 2013 og forslaga til endringar i jordbruksavtalen for 2013–2014 blei lagt fram for Stortinget i Prop. 164 S (2012–2013), og handsama i Stortinget den 19.6.2013, jf. Innst. 508 S (2012–2013). I denne handsaminga gjorde Stortinget også eit vedtak som ga Landbruks- og matdepartementet fullmakt til å sette i verk tiltak som er knytte til løyvingar i 2014.

Budsjettframlegg 2014

Budsjettframlegget for 2014 inneber at løyvinga på kap. 1150 blir auka med om lag 205 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2013, frå om lag 14,210 mrd. kroner til om lag 14,415 mrd. kroner. Postane 50, 70, 74, 77 og 78 kan også nyttast til utgifter knytt til utvikling og utgreiing under kap. 1143 post 01.

Auken i 2014 er sett saman av følgjande forhold:

- 500 mill. kroner auke som følge av auka tilskott etter jordbruksoppgjæret
- 275 mill. kroner reduksjon som konsekvensjustering av løyvinga til LUF post 50 i 2013 for å styrkje eigenkapitalen til fondet
- 30,0 mill. kroner i auke som følge av volumjustering på post 71
- 48,3 mill. kroner i reduksjon som følge av volumjustering på post 73
- 1,6 mill. kroner i reduksjon som følge av flytting til andre kapittel

Post 01 Driftskostnader

Formål med løyvinga

Posten var ny frå 2013. Formålet med ordninga er å kunne ha finansiering av kostnader knytt til evalueringar og arbeidsgrupper sett ned av avtalepartane der kostnadene ikkje er direkte relatert til konkrete tilskottsordningar.

Budsjettframlegg 2013

I jordbruksoppgjæret blei partane i år einige om å sette ned fleire arbeidsgrupper og utgreiingar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,5 mill. kroner i 2014.

Post 50 Fondsavsetningar

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
50.11	Tilskott til Landbrukets Utviklingsfond (LUF)	1 159 353	1 433 653	1 190 653
	Sum post 50	1 159 353	1 433 653	1 190 653

Formål med løyvinga

I tråd med Landbrukets Utviklingsfond (LUF) sine vedtekter kan fondsmidla nyttast til tiltak som tek sikte på å styrkje og å byggje ut næringsgrunnlaget på dei enkelte landbruksføretaka. Ordningane under LUF omfattar verkemiddel knytt til næringsutviklings- og miljøtiltak, irekna tilskottsordningar, tidsavgrensa program, samt utviklingsmidlar. Utgifter til administrasjon av LUF blir dekte over fondet. Strategien til Landbruks- og matdepartementet *Ta landet i bruk!* frå 2007, har vore førande for arbeidet med landbruksbasert næringsutvikling også i 2012. Alle fylke har også utvikla eigne strategiar for arbeidet med næringsutvikling i tilknytning til landbruket.

Rapportering 2012

Landbrukets Utviklingsfond finansierer ei rekke verkemiddel som skal bidra til næringsutvikling i landbruket. Midlane er viktige for å nå målsettinga om å oppretthalde eit levande landbruk over heile landet.

Meld. St. 9 har særskilt merksemd om behovet for investeringar i landbruket og for eit løft for bygdenæringar. Etterspørselen etter investeringsverkemiddel i landbruket er framleis stor i forhold til den disponible ramma, og det er difor nødvendig å gjere prioriteringar. Mange av søknadane gjeld midlar til oppgradering av eksisterande driftsapparat for å imøtekomme nye krav til driftsbygningar, miljøomsyn og dyrevelferd, eller for å effektivisere drifta. Det er også stor interesse for midlar til utvikling av bygdenæringar. Departementet viser til Prop. 164 S for ei grundigare omtale av dei enkelte ordningane.

Fylkesvise bygdeutviklingsmidlar (BU-midlar)

Formålet med BU-midlane er å leggje til rette for langsiktig og lønsam verdiskaping samt desentralisert busetting, med utgangspunkt i landbrukets ressursar generelt og landbrukseigedommen spesielt. Dei fylkesvise BU-midlane har eit todelt føremål. Dei skal bidra både til utvikling av ny næringsverksemd på landbrukseigedommen, og til utvikling og modernisering av det tradisjonelle landbruket.

Forvaltningsansvaret ligg på regionalt nivå og er delt mellom Innovasjon Noreg og Fylkesmannen. Innovasjon Noreg forvaltar dei bedriftsretta midlane og Fylkesmannen som forvaltar midlane til utviklings- og tilretteleggingstiltak. Midlane blir forvalta i samsvar med forskrift om midlar til bygdeutvikling. Regionale strategiar ligg til grunn for prioriteringa av midlane.

I 2012 var løyvingssramma til saman 473 mill. kroner i BU-midlar fråtrukke rentestøtte og administrasjonskostnader til fylka. Tabell 2.8 gjev ei oversikt over dei fylkesvise BU-midlane i 2012. Ordninga med lokal forvaltning av BU-midlar i Valdres og Nord-Gudbrandsdalen er finansiert innanfor den ordinære ramma for fylkesvise BU-midlar. I 2012 tildelte Innovasjon Noreg støtte til 1 348 søknader, som omfatta 1 399 bedriftsretta tiltak og 1 990 tilsegn. Avslagsprosenten hos Innovasjon Noreg i 2012 for landet totalt var på 8 pst. og utgjer 111 søknader. Det blir gjort ei vesentleg siling av prosjekt på kommunenivå for å utnytte dei avgrensa rammene best mogleg. For ei meir detaljert rapportering av dei fylkesvise BU-midlane for 2012, sjå Prop. 164 S (2012–2013).

Tabell 2.8 Fylkesvise BU-midlar (ekskl. adm. kostnader og rentestøtte), mill. kroner

	Løyvingsramme 2012	Tildelt 2012	Budsjett 2013
Innovasjon Noreg: Bedriftsretta tiltak	399,4	430,1	457,5
Lokal forvaltning: BU-midlar ¹	15,6	16,5	16,5
Fylkesmannen: Utviklings-/tilretteleggingstiltak	58,0	64,5	58,0
Sum	473,0	511,1	532,0

¹ Ordninga gjeld regionråda i Valdres og Nord-Gudbrandsdalen. Midlane gjeld både bedriftsretta tiltak og utviklings- og tilretteleggingstiltak.

Rentestøtte

Ordninga med rentestøtte er ein del av BU-ordninga og blir regulert av forskrift om midlar til bygdeutvikling. Støtta blir tildelt i forkant av investeringa og utbetalt kvart halvår i 15 år frå investeringa er ferdigstilt. Det kan bli gjeve rentestøtte til lån innanfor ei låneramme på totalt 1 mrd. kroner. Det blei i 2012 gjeve rentestøtte til ei låneramme på i alt 1 129,4 mill. kroner (inkludert overføring av ramme frå tidlegare år).

Risikolån

Det blei opna for å setje av midlar til eit taps- og rentestøttefond innanfor ramma av dei fylkesvise BU-midlane frå og med 2006. Avsetjinga i 2012 var på 5,5 mill. kroner.

Fylkesvise BU-midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Dei fylkesvise BU-midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak har ein viktig mobiliserande effekt for den landbruksbaserte verdiskapinga regionalt. Midlane blir forvalta av Fylkesmannen.

Fylkesmannen har i 2012 tildelt BU-midlar til 574 utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Utgreiings- og tilretteleggingstiltak gjeld mange ulike tiltak, som næringsutviklings- og mobiliseringsprosjekt, reiseliv og opplevingsproduksjon, rekrutteringstiltak, tiltak for auka matproduksjon, Inn på tunet, økologisk landbruk, skogbruk, bioenergi, praktikantordninga m.v. Ein stor del av midlane går til utviklingsprosjekt innanfor det tradisjonelle landbruket. Midlane inngår ofte som ein del av landbruket sitt bidrag til regionale utviklingsprosjekt initiert av andre regionale utviklingsaktørar. Ei kartlegging av midlane frå 2010 gjort av Landbruks- og matdepartementet viser at midlane i stor grad blir brukte i partnerskap og finansiert saman med andre lokale og regionale aktørar, og

at dei har ein utløysande effekt på andre regionale utviklingsmidlar som kjem landbruket til gode.

Sentrale bygdeutviklingsmidlar

Dei sentrale BU-midlane skal gå til prosjekt av landsomfattande og fylkesovergripande karakter. Ramma for dei sentrale BU-midlane var i 2012 på 12 mill. kroner. Av midlane blei 3 mill. kroner forvalta av Innovasjon Noreg, mens 9 mill. kroner blei disponerte av Landbruks- og matdepartementet. Midlane forvalta av Innovasjon Noreg blei løyvde til tiltak for kompetanseutvikling i landbruket, utgreiingsprosjekt og tiltak knytt til omdømmebygging.

Av midlane Landbruks- og matdepartementet disponerte, blei det m.a. løyvd støtte til matpolitiske prosjekt, kompetanse- og rekrutteringsprosjekt, skogpolitiske prosjekt, prosjekt knytt til næringsutvikling og midlar til omdømmetiltak.

Områderetta innsats

I 2012 blei det sett av 3 mill. kroner over jordbruksavtalen til ei satsing på arktisk landbruk. Satsinga skal støtte opp under prosessar som alleie er sett i verk regionalt, og bidra til utvikling og betre utnytting av arktisk kvalitet som eit konkurransefortrinn for landbruket i nordområda. Midlane er fordelt til dei tre nordlegaste fylka ved fylkesmannsembeta, og er organisert som ei felles programsatsing. Det er etablert eit samarbeid med fylkeskommunane, Sametinget og næringsorganisasjonane om satsinga.

Stiftinga Matmerk

Stiftinga *Matmerk* har som mål å styrkje konkurransevna til norsk matproduksjon og å skape preferanse for norskprodusert mat. Det skjer gjennom arbeid med kvalitetsstyring, kompetanse og synleggjering av norske konkurransefortrinn og

opphav overfor matprodusentar, handel og forbrukarar. Stiftinga har til oppgåve å administrere og vidareutvikle *Kvalitetssystem i landbruket* (KSL), godkjenning- og merkeordninga for *Inn på tunet*, merkeordningane *Nyt Norge*, *Beskytta nemningar* og *Spesialitet*, *Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket* (KIL), samt generisk marknadsføring av økologisk mat. Stiftinga har også ei viktig oppgåve gjennom å bidra til profilering og marknadstilgang for norske matspesialitetar.

Departementet tildelte, i tråd med omtale i Prop. 1 S (2011–2012) for Landbruks- og matdepartementet, 48,5 mill. kroner til Matmerk i 2012. I 2012 blei det gjennomført om lag 4 500 eksterne KSL-revisjonar. Bondewebe blei lansert, noko som bidreg til å synleggjere eigenrevisjon. KSL-standarder er også revidert.

Totalt har 23 norske produkt fått godkjenning for *Beskytta nemningar*. I 2012 blei seks nye produktnemningar beskytta gjennom denne ordninga, av desse var to italienske og fire norske. Ved utgangen av 2012 var totalt 210 produkt godkjende for bruk av merket *Spesialitet*. 15 nye produkt og ei verksemd blei godkjende i 2012. For merkeordninga *Nyt Norge* var det ved utgangen av 2012 1 700 godkjende produkt frå i alt 38 godkjende verksemder.

I 2012 blei det innvilga 14 søknader om støtte over KIL-midlane. Til saman blei det løyvd støtte på om lag 4,8 mill. kroner.

Rekruttering, likestilling, utdanning og kompetanse

Landbruks- og matdepartementet har i *Strategi for likestilling i landbrukssektoren* frå 2007 sett mål om 40 pst. kvinneleg representasjon når det gjeld eigardel, næringsutøving og deltaking i styrande organ i landbrukssektoren. *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner* frå 2008, er ei felles satsing frå sju departement, m.a. Landbruks- og matdepartementet.

I 2012 var delen av kvinner på 52 pst. for bygdeutviklingsmidla og heile 84 pst. for etablerarstipenda. Landbruks- og matdepartementet viser elles til særskilt omtale av likestilling i landbrukssektoren i del IV.

Som ein del av satsinga for å rekruttere ungdom inn i næringa, blei det sett av 4,5 mill. kroner til eit treårig nasjonalt prosjekt *Velg landbruk* i jordbruksavtalen 2010. Prosjektet blir avslutta i 2014. Prosjektet skal arbeide for å styrkje rekruttering til landbruksutdanning på alle nivå. Prosjektansvar og -sekretariat er lagt til Noregs Bondelag.

Matindustriens kompetanseprosjekt *FEED* er eit samarbeid mellom NHO Mat og Landbruk, NHO Mat og Drikke, og Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeidarforbund (NNN) for å styrkje kompetanse- og rekrutteringsgrunnlaget til matindustrien gjennom kompetanseutvikling og profilering. Prosjektet har etablert eit samarbeid med 13 større referansebedrifter frå matindustrien. Landbruks- og matdepartementet har støtta prosjektet med 4,5 mill. kroner over ein treårsperiode frå sentrale BU-midlar. 2012 var det siste året med løyving til prosjektet, som blir avslutta i 2013. Prosjektet har gjennomført ei kartlegging av kompetansen i matindustrien og har funne at den største utfordringa er underdekning av fagarbeidarar. Industriell produksjonskompetanse er faget med størst rekrutteringsutfordringar i tillegg til kjøttfaga. Matindustrien har behov for å byggje betre omdømme blant unge. Det er difor gjennomført og prøva ut ulike rekrutteringskampanjar på ungdomskolar i nært samarbeid med lokale bedrifter. Det er også utvikla kampanjar på sosiale medium og nettsida www.jobbimatbransjen.no.

Prosjektet Grønn Utdanning og kåring av Årets Unge Bonde har fått støtte over jordbruksavtalen. Prosjektet fokuserer på høgare utdanning i grøne fag og på å byggje eit godt omdømme rundt yrke i landbrukssektoren. Gjennomføringa av prosjektet blir leia av Noregs Bygdeungdomslag.

Landbruks- og matministeren sitt ungdomsråd starta arbeidet sitt i 2012, og legg fram rapporten sin i 2013. Ungdomsrådet skal gje råd om kva ungdom i landbruket legg vekt på i sitt yrkesval, og jobbar etter mandat gjeve av landbruks- og matministeren.

Som ei oppfølging av Meld. St. 9. (2011–2012), har departementet starta arbeidet med ei evaluering av landbruks- og gartnarutdanninga på vidaregåande nivå og ei kartlegging av fagskoletilbod i landbruks- og matfag på fagskolenivå. Evalueringa er planlagt gjennomført i løpet av 2013.

Fylkesvise midlar til rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket

Fylkeskommunane er tildelt 20 mill. kroner til arbeid med rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket. Ordninga skal tilpassast regionale utfordringar på området innan både tradisjonelt landbruk og bygdenæringar. Fylkesvis fordeling av midlane er basert på den same fordelingsnøkkelen som dei fylkesvise bygdeutviklingsmidlane. Midlane er forvalta med

bakgrunn i regionale strategiar for landbruksbasert næringsutvikling og andre strategi- og plan-dokument fylkeskommunane har på området. Enkelte fylke har utarbeidd eigne strategiar og handlingsplanar for bruken av midlane regionalt. I 2012 er tilskottsmidlane i hovudsak brukt til kompetansehevande kurs og tiltak av kortare varigheit. Det er også tildelt midlar til tiltak med formål om å auke rekrutteringa til næringa og til vidaregåande opplæring og vaksenopplæring innanfor landbruksfag. Det har vore fylkesovergripande samarbeid om fleire prosjekt. Tildeling av midlar er forankra politisk i fylka etter prosesser der nærings- og interesseorganisasjonar og Fylkesmannen har gjeve råd.

HMS i landbruket

Ulukker og skadar i landbruket medfører store personlege belastningar og påfører både næringa og samfunnet store kostnader. Arbeidsgrupperapporten *Helse, miljø og sikkerhet i landbruket – organisering og arbeidsformer* frå 2010 ligg til grunn for arbeidet med HMS i landbruket. Nasjonalt samarbeidsforum for HMS i landbruket blei oppretta i 2010 og møtest minst to gonger i året under leiing av Landbruks- og matministeren. Styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen har løyvd 5,6 mill. kroner over fire år (2011–2014) til forskingsprosjektet *Sikkerhetskultur, arbeidshelse og ulykker i norsk landbruk – situasjonsbeskrivelse og framtidige utfordringer*.

Landbrukets HMS-teneste tilbyr rådgjeving i form av kurs, krisebistand og tilleggstenester. Det blei løyvd 14 mill. kroner til Landbrukets HMS-teneste i 2012. Under jordbruksoppgjere 2012 blei det i tillegg sett av 1 mill. kroner til ein toårig kampanje om HMS, *Trygghet og helse i landbruket*. Kampanjen starta i juni 2012, og det har blitt gjennomført fleire fagarrangement innan tema trygg bruk av traktor, sikrare handtering av store dyr, brann og brannsikring, reduksjon av støvekspone-ring, reduksjon av fallfarar og tryggleik i skogen.

Lokalmatprogrammet

Lokalmatprogrammet skal auke verdiskapinga for primærleddet, auke kunnskapen om lokalmat og regionale konkurransefortrinn og bidra til auka vektlegging av kvalitet. Programmet består i hovudsak av ordningane *mobilisering og bedriftsutvikling, kompetansetiltak og omdømmetiltak*. Budsjetttramma for programmet var på 75 mill. kroner i 2012.

Det blei søkt om 116 mill. kroner i støtte frå programmet i 2012. Det blei løyvd 75 mill. kroner til 165 prosjekter. Etterspørselen frå verksemdene er stor.

Kundeeffektundersøkinga til lokalmatprogrammet viser gjennomgåande gode resultat for programmet sine brukarar. Programmet har svært høg addisjonalitet, det vil seie at programmet har vore utløysande for at prosjekta har blitt realiserte. Eit stort fleirtal av dei spurde seier at tenesta som blir tilbydd har middels eller høg addisjonalitet. Effekten på samarbeid er spesielt god. Effekten på innovasjon og omsetnadsauke ligg godt over snittet for Innovasjon Noreg sine program.

Tilskottsordninga til omdømmemidlar er ein del av Lokalmatprogrammet. I 2012 blei det sett av totalt 18 mill. kroner til ulike omdømmetiltak. Av dette forvalta departementet 5 mill. kroner og Innovasjon Noreg 13 mill. kroner. Midlane blir nytta til å synleggjere og profilere norske råvarer og matkultur nasjonalt og internasjonalt med sikte på å styrkja omdømmet til norsk mat og landbruk. I tillegg stimulerer midlane til ny næringsutvikling på mat- og reiselivsområdet.

Matstreif på Rådhusplassen i Oslo og deltakinga på Internationale Grüne Woche (IGW) i Berlin er dei to viktigaste omdømmeprojekta i programmet. Gjennom Matstreif blir lokalmatprodusentar frå heile landet profilert. IGW er eit samarbeid mellom Landbruks- og matdepartementet og Innovasjon Noreg, der også Nærings- og handelsdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Samferdselsdepartementet og Utanriksdepartementet bidreg. Evalueringane av satsinga viser at den har god effekt både i form av noregsprofilering, utvikling av samarbeidsrelasjonar og bedriftsutvikling. I 2013 vil det bli gjennomført ei evaluering der langtidseffektane av satsinga skal vurderast.

Av midlane departementet forvalta i 2012 blei det utover dette gjeve støtte til Måltidets Hus/NCE Culinology i Stavanger, til delfinansiering av den landsomfattande konkurransen *Det norske måltid*, samt støtte til fleire mindre prosjekt. Frå 2013 er programmet slått saman med Utviklingsprogrammet for grønt reiseliv og Utviklingsprogrammet for innlandsfiske i det nye Utviklingsprogram for lokalmat og grønt reiseliv.

Inn på tunet

Inn på tunet er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje meistring, utvikling og trivsel. Aktivitetane i tenes-

tetilbodet er knytt til garden, livet og arbeidet der. Det er i dag om lag 1 100 Inn på tunet-gardar.

Nasjonal strategi for Inn på tunet blei lagt fram 20. februar 2012 av Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet. Strategien skal følgjast opp med ein eigen handlingsplan for konkretisering av tiltak og satsingar.

Inn på tunet-løftet (2010–2012) var eit samarbeid mellom dei same departementa, der målet var auka forankring av tilboda i kommunesektoren og utvikling av gode tenester til innbyggjarane. 2012 var siste året med løyving over jordbruksavtalen, og totalramma var 18 mill. kroner. Midlane er fordelte som tilskott til 77 kommunar, fordelt på 53 prosjekt, over dei tre åra. Så langt er om lag 1/3 av prosjekta ferdigstilte, og alle fylka er representerte. Det er god spreing blant målgruppene for prosjekta. Tiltak for integrering av flyktningar, arbeidstrening, rusomsorg, tilpassa opplæring i skolen, fråfall i vidaregåande skole og tilbud for eldre og demente er blant prosjekta.

Som ledd i Nordisk Ministerråd sitt sommarmøte i Trondheim i juni 2012, blei det arrangert ein nordisk forskingsverkstad om Inn på tunet og ein nordisk fagkonferanse om Inn på tunet for politikarar, embetsverk, forskning og forvaltning. Matmerk har frå 2012 mellom anna fått ansvar for arbeidet med forvaltning av godkjennings- og merkeordninga for Inn på tunet.

Utviklingsprogram for Grønt reiseliv

Utviklingsprogrammet for Grønt reiseliv skal bidra til å vidareutvikle det natur- og kulturbaserte reiselivet i tilknytning til landbruket. Innsatsområda til programmet er produktutvikling, kompetanse, marknadsføring og samarbeid. Programmet hadde ei disponibel ramme på 23,2 mill. kroner, inkludert overførte midlar, for 2012. 11,1 mill. kroner er tildelt marknadsføringstiltak og tema-prosjekt innanfor vandring, sykkel og fiske, mens omlag 6,4 mill. kroner er tildelt 14 større utviklingsprosjekt på grunnlag av søknader frå ulike reiselivsaktørar. Marknadsføringstiltaka omfattar Bygdeturismekampanjen (5,7 mill. kroner) og Noregskampanjen (2 mill. kroner). Merksemnda rundt programmet og etterspørsla etter midlar har auka som eit resultat av aktiv marknadsføring av programmet. Frå 2013 er programmet, saman med Lokalmatprogrammet og Utviklingsprogrammet for innlandsfiske, ein del av Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv.

Utviklingsprogrammet for innlandsfiske

Programmet blei gjennomført i perioden 2008–2012. Det er eit uutnytta potensial i innlandsfiske som tilleggsnæring i landbruket. Innlandsfiske er både ein matressurs (yrkesfiske og oppdrett) og ei kjelde til opplevingar (landbruksbasert turisme og reiseliv). Ramma for programmet var 4,5 mill. kroner i 2012, inkl. midlar til evaluering. For 2012 kom det inn over 40 søknadar, med eit samla søknadsbeløp på over 13 mill. kroner. Prosjekta det er gjeve støtte til omfattar mellom anna utvikling av internettbasert sal av fiskekort, utvikling av eit mangfald av fisketurismeprodukt, utviklingstiltak som skal leggje grunnlag for aktivt næringsfiske og kunnskapsutvikling knytt til oppdrett av røye. Frå 2013 inngår midlar til utvikling av innlandsfiske i det nye Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv.

Mat langs nasjonale turistveggar

Prosjektet *Mat langs Nasjonale turistveggar* er treårig og har ei totalramme på 6 mill. kroner. Målet er å auke landbruksbasert næringsutvikling innan mat, reiseliv og opplevingar langs 4 turistveggar i samarbeid med andre aktørar i verdikjedene for mat og reiseliv. For å sikre eigarskap og engasjement i dei aktuelle regionane har Fylkesmannen i Oppland frå 2010 hatt ansvaret for koordinering og økonomiforvaltning, og det er oppretta ei regional styringsgruppe for dette formålet. Prosjektet er forlenga til utgangen av 2013, og skal etter planen evaluerast på slutten av prosjektperioden. I 2012 har aktivitetane i prosjektet vore retta mot klyngesamlingar for næringsaktørane i området og synleggjering av prosjektet.

Skogbruk og bioenergi

I Meld. St. 9 (2011–2012) seier regjeringa at ho vil leggje til rette for å styrkje skogen sitt bidrag til verdiskaping i heile landet og til å nå viktige energi, klima og miljømål. I St.meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* understrekar regjeringa skogen si rolle i klimasamanheng. Målbevisst ressursoppbygging og forvaltning av skogressursane gjev grunnlag for å nå måla. Regjeringa skreiv i Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk* at ho vil oppretthalde eller auke karbonlageret gjennom aktiv, berekraftig skogpolitikk, mellom anna gjennom styrkt innsats for skogplanteforedling, planting på nye areal, oppretting av klimaskogar, auka plantetettleik og målretta gjødsling av skog, samt på ny ta i bruk eit for-

bod mot hogst av ungskog. Skogressursane utgjer også ei viktig kjelde til fornybar energi og til produksjon av trematerialar som erstatning for meir klimabelastande materialar. Regjeringa vil leggje betre til rette for uttak av råstoff frå skogen til bioenergi, med særleg vekt på skogsavfall (GROT), slik at mellom anna tiltak med kort tilbakebetalingstid for CO₂ blir prioriterte. Skogen si rolle som fornybar ressurs blir styrkt gjennom forskning, verdiskaping og langsiktig berekraftig forvaltning av skogen.

Førstehandsverdien av tømmeret som blei hogd og omsett låg i 2011 på 3,1 mrd. kroner. Den samla omsetnaden i skogindustrien var i 2011 på 41,9 mrd. kroner, og utgjorde 5,7 pst. av den totale omsetnaden i norsk industri. Skogsektoren bidreg dermed til betydeleg verdiskaping og ringverkknader for samfunnet. Skogen si positive rolle i klimasamanheng vil også bidra til å styrkje grunnlaget for næringsutvikling og verdiskaping.

I 2012 blei det i Noreg sett ut 26 mill. skogplanter over eit areal på 150 000 dekar. Dette er ein auke på 13 pst. samanlikna med 2011. Den totale investeringa i skogplanting på landsnivå var i 2012 på 131 mill. kroner. Planteaktiviteten har vore låg dei seinaste åra. Frå 2010 har aktiviteten auka, og det er positivt at utviklinga held fram i riktig retning.

Ståande kubikkmasse er større enn nokon gong tidlegare i moderne tid. I Meld. St. 9 (2011–2012) har regjeringa sagt at det skal bli lagt til

rette for auka hogst for å møte ein eventuell auka etterspørsel etter råstoff. I 2012 blei det hogd 8,9 mill. kubikkmeter tømmer. Skognæringa er direkte eller indirekte påverka av endringar i konjunktur og utvikling i internasjonal økonomi, og ulike delar av næringa påverkar kvarandre.

Skogbruket har over fleire tiår jobba aktivt for å løyse miljøutfordringar som kjem som følge av skogsdrift. Miljøinnsatsen i skogbruket er utvikla dels innanfor næringa og dels i eit partnerskap mellom næring og styresmakter. Miljøregistreringar og vedvarande kunnskapsutvikling utgjer grunnlaget for mellom anna gode avvegingar mellom klimatiltak og omsynet til biologisk mangfald i skog.

Løyvinga til skogbrukstiltak og bioenergi over LUF i 2012 var på 244 mill. kroner jf. Tabell 2.9. Gjennom ordninga for tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), blei det i 2012 gjeve totalt 141 mill. kroner i tilskott, fordelt på skogkultur, førstegangstynning, miljøtiltak i skog, vegbygging og drift med taubane og med hest. Tilskotta til vegbygging omfattar både nybygging og ombygging av skogsveggar, der tilskott til ombygging utgjer den største delen. Midlane til vegbygging og drift med taubane og med hest blir forvalta av Fylkesmannen, mens dei andre midlane blir forvalta av kommunane.

Tilskotta til miljøtiltak er mellom anna brukt til å støtte opp om skogbruket sitt frivillige miljøarbeid.

Tabell 2.9 Tilskott til skogbruk og bioenergi i perioden 2010–2012, mill. kroner

	2010	2011	2012
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket	126	134	141
<i>Vegbygging, taubane og hest</i>	66	66	66
<i>Skogkultur, miljøtiltak og andre tiltak</i>	60	68	75
Kystskogbruket	10	10	10
Skogplanlegging med miljøregistreringar	33	29	29
Sentrale kompetansetiltak (Skogbrukets Kursinstitutt)	10	11	12
Motivasjon og vegleiing			2
Bioenergi	39	45 ¹	50
Sum	218	229	244

¹ 1 mill. kroner til administrasjon av Bioenergiprogrammet blei overført frå Nærings- og handelsdepartementets budsjett i 2011.

Skogbruk i kyststrøka har særskilte utfordringar knytt til mellom anna låg vegdekning, mykje vanskeleg terreng, eigedomsstruktur og mangel på

utbygd industri. Det blir difor gjeve ei særskilt løyving til Kystskogbruket, som omfattar kystfylka frå Vest-Agder til Finnmark.

Desse fylka har betydelege skogressursar, mellom anna fordi område for skogreising i tidlegare tider no er i ferd med å bli hogstmodne, men tradisjonelt har hatt låg skogbruksaktivitet. Tilskottet til Kystskogbruket må sjåast på som eit mellombels tiltak for å leggje til rette for eit meir lønsamt skogbruk og auka verdiskaping lokalt og regionalt.

Satsinga på bioenergi gjennom bioenergiprogrammet bidreg til meir miljøvennlege energiløysingar både i landbruket og i andre sektorar, samstundes som det gjev moglegheit for auka verdiskaping for skogeigarar. Aktiviteten under Bioenergiprogrammet var litt mindre i 2012 enn i 2011 på grunn av lågare disponibelt budsjett. I 2012 blei det gjeve tilsegn for 58 mill. kroner – av dei 7 mill. kroner frå statsbudsjettet stitt kapittel 1149, post 71. Til samanlikning var tilsegnsbeløpet om lag 79 mill. kroner i 2011. Den største delen prosjekt var, som tidlegare år, større gardsvarmeanlegg for leveranse av energi til næringsdrift. Det var likevel 30 pst. færre innvilga saker enn i 2011. Aktiviteten under dei andre målområda låg i 2012 på om lag same nivå som tidlegare, med unnatak av varmesalsanlegg der talet på saker auka med 35 pst. Prosjekta har løyst ut ein energiproduksjon tilsvarende 30,3 GWh.

Det er i 2012 gjennomført ein effektundersøking på varmesalsanlegg som viser at prosjekta gjev positive driftsresultat og reduserte klimagassutslepp. Dette er i tråd med måla som er sette for programmet. Undersøkinga viser også at varmeproduksjonen frå anlegga er høgare enn planlagt (13,2 pst. høgare). Støttenivået ligg på 8 øre/kWh (til samanlikning er støttenivået under elsertifkatordninga for tida 18 øre/kWh). Etter at programmet blei etablert i 2003, er det gjeve 170 mill. kroner i støtte til varmesalsanlegg og det er berekna at dette gjev ein varmeproduksjon på 47,2 GWh.

Utviklingstiltak for geit – Friskare geiter

Målet med prosjektet Friskare geiter er å få kontroll med sjukdommane CAE (kronisk hjerne- og leddbetennelse), byllesjuka og paratuberkulose hos geit, og dermed sikre friske dyr, betre dyrevelferd og betre produkt. I Jordbruksavtalen 2010 blei det bestemt å vidareføre saneringsprosjektet i ein fase III og gjennomføring i heile geitepopulasjon. Sluttfasen av prosjektet har vore planlagt gjennomført i perioden 2011–2013, og målet har vore at alle geitebesetningar skal ha starta sanering innan utgangen av 2013.

Totalt 136 besetningar har gjennomført eller starta med sanering i 2012. Sidan 2001 har 588

besetningar melde seg på sanering, derav 421 med Norsk mjølkegeit, mens 167 har andre geiterasar. Til saman har 515 produsentar gjennomført, eller er i gang med, saneringa. Prosjektet har over tid blitt utvida. I tillegg til mjølkegeiter har ammegeiter og sau frå føretak med kombinert småfehold komme med i prosjektet. I 2012 blei det ikkje påvist tilbakefall av verken paratuberkulose, byllesjuka eller CAE i sanerte besetningar. I løpet av 2012 har alle geitemjølkleverandørane som skal levere mjølk etter 2013 anten sanert eller står i ferd med å sanere. Etter 2013 vil all foredla geitemjølke frå TINE komme frå sanerte besetningar. Helsetilstanden i sanerte besetningar er i hovudsak god.

Andre effektar av saneringa er betre dyrevelferd, betre smittevern, auka produktkvalitet, auka yting og haldbarheit hos geit, samt generell kompetanseheving hos brukarane. Besetningane blir følgde opp av prosjektet Friskare geiter med prøvetaking på mjølketank, enkeltprøvar og kliniske undersøkingar. I 2012 blei det utbetalt 9,5 mill. kroner i saneringstiltak til prosjektet Friskare geiter. Det blei også utbetalt 8,8 mill. kroner for bortfall av produksjonstilskott og avløysartilskott ved ferie og fritid til deltakarar i smittesaneringsstiltaket. Det er i perioden 2001–2013 løyvd totalt om lag 131 mill. kroner til prosjektet *Friskare geiter*, inkludert kompensasjon for bortfall av produksjonstilskott.

Beiteprosjekt

Beiteprosjektet (2009–2012) hadde eit betre sauehold med mindre tap av dyr på beite som formål. Det blei totalt sett av 22 mill. kroner over jordbruksavtalen på bakgrunn av utfordringar med områdevis store tap på utmarksbeite både av kjente årsaker som rovilt og sjukdom, og ukjente årsaker. Prosjektet blei avslutta med ein todagers beitekonferanse i mars 2013.

Beiteprosjektet har lagt vekt på utprøving av elektronisk overvakingsutstyr, arbeid med planlegging og organisering av beitebruken og prosjekt retta mot beiterelaterte sjukdommar. Styringsgruppa konkluderer mellom anna med at elektronisk utstyr er utvikla til ein reiskap som kan effektivisere beitebruken framover, at planlegging og oppdatering av organisering og samarbeid mellom dyreigarar har eit stort potensial for rasjonell drift, men samtidig er ressurskrevjande og vil ha behov for både økonomisk og juridisk hjelp og at tiltak mot beiterelaterte sjukdommar som mellom anna forårsaka av flått og forgifting (alveld) vil vere utfordringar framover. Gjennom

beiteprosjektet blei det gjort viktige framsteg i forskning på alveld, og forskning på flått og flåttborne sjukdommar held fram med finansiering over jordbruksavtalen. Beiteprosjektet har også hatt miljøformål.

Fotråte – Prosjekt Friske føter

Målet med prosjektet var å motverke sjukdommen fotråte hos sau og geit i Noreg. Fotråte er ein alvorleg smittsam sjukdom som kan få store konsekvensar for dyrevelferd og produksjon.

Prosjektet starta i 2009 som ei nasjonal vidareføring av prosjektet *Snu sau*. Ved utgangen av 2012 var alvorleg fotråte påvist i 102 besetningar i Rogaland, av dette 11 nye tilfelle i 2012. I 2011 og 2012 har det vore ein nedgang i talet på tilfelle, og prosjektet vurderer at utbrotet er under kontroll.

Forsking

Forskingsmidlane over jordbruksavtalen blir forvalta av eit eige styre som består av avtalepartane. Føremålet med midlane er å bidra til å dekkje opp avtalepartane sitt behov for forskning og utvikling (FoU) med hovudvekt på praktisk nytta kunnskap. Prosjektsøknaden sin faglege kvalitet og relevans for avtalepartane er avgjerande for bruken av midlane. Midlane blir i hovudsak disponerte til prosjekt etter open utlysning, enten som eiga utlysning eller som fellesutlysning med program i Noregs forskingsråd. Det kan også bli gjeve midlar til utgreiingsprosjekt innanfor dei prioriterte områda for midlane.

I 2012 var det sett av 48 mill. kroner til forskning over jordbruksavtalen. Tematiske prioriteringar for 2012 var 1) auka matproduksjon med norske ressursar, 2) mat, helse og forbrukar, 3) klimatilpassa, berekraftig landbruk og 4) råvarekvalitet og mattryggleik. Med overførte midlar frå tidlegare år blei det i 2012 løyvd om lag 50 mill. kroner. Mesteparten av midlane gjekk til ulike forskingsprosjekt, mens om lag 2,4 mill. kroner gjekk til utgreiingsprosjekt. Noreg og Sverige har inngått eit samarbeid om hesteforskning med ei samla ramme på 70 mill. kroner. Av dette bidreg forskingsmidlane over jordbruksavtalen med til saman 8 mill. kroner fordelt over perioden 2010–2013.

Overføring til Samisk utviklingsfond (SUF) og konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift

Avsetjinga over SUF på 2 mill. kroner blir disponert av Sametinget. Totalt tildelte Sametinget

2,4 mill. kroner til investeringar og utviklingstiltak i 2012.

Det blei også avsett 1,4 mill. kroner til konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift i 2012. Midlane er forvalta av Innovasjon Noreg, og det blei i 2012 løyvd 0,6 mill. kroner til syv prosjekt i Troms og Finnmark.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) skal bidra til å ivareta natur- og kulturminneverdiane og til å redusere forureining frå jordbruket utover vanleg jordbruksdrift. Ordninga blir forvalta av kommunane, og var på 120 mill. kroner i 2012. Om lag 75 pst. av midlane går til tiltak for å fremje kulturlandskap og kulturmiljø, og nær 25 pst. til tiltak for å redusere forureining.

Organisert beitebruk

Organisering mellom dyreeigarar som bruker utmarksbeite fremjar ein effektiv bruk av beiteressursane. Det reduserer også kostnadene ved infrastruktur og tilsyn. Det blir gjeve investerings-tilskott til mellom anna infrastruktur som gjerder, kveer, bruer og ferister. Støtte til elektronisk overvåkingsutstyr aukar i omfang.

Støtte til verdsarvområda og til utvalde kulturlandskap

I marknadsføringa av Noreg som reisemål blir kulturlandskapet i verdsarvområda aktivt profilert. Landbruket si skjøtsel og ivaretaking av kulturlandskapet sitt bidreg til viktige verdier i verdsarvområda Vegaøyen og Vestlandsk fjordlandskap (Geirangerfjorden/Nærøyfjorden). Det er eit mål å stimulere til drift og utvikling av områda slik at kulturlandskapet blir teke vare på for framtida. Avsetninga til skjøtsel i landbrukets kulturlandskap i verdsarvområda Vegaøyen og Vestlandsk fjordlandskap var i 2012 på 3 mill. kroner over jordbruksavtalen. Miljøverndepartementet bidrog i tillegg med 3 mill. kroner.

Det blei i 2012 sett av til saman 14 mill. kroner til skjøtsel i 22 utvalde kulturlandskap i jordbruket med omfattande kulturhistoriske og biologiske verdier. Over jordbruksavtalen var det sett av 8 mill. kroner, mens Miljøverndepartementet har bidrege med 6 mill. kroner over budsjettet sitt. Departementa samarbeider tett med underliggjande etatar om satsinga. Det er inngått over 300 avtalar om skjøtsel og meir enn 400 grunneigarar/drivarar har fått tilskott frå satsinga. Midlane

har verka saman med andre tilskott på landbruks- og miljøområdet. Ordninga blir evaluert i 2013, og resultatane vil liggja føre til jordbruksoppgjeret 2014.

Spesialrådgjeving energi i veksthusnæringa

Det 3-årige prosjektet *Spesialrådgjeving energi i veksthusnæringa* disponerte 1 mill. kroner i 2012, som var siste prosjektår. I jordbruksoppgjeret 2012 blei det sett av 1 mill. kroner for 2013 til eit oppfølgingsprosjekt. Prosjektet *Energieffektivisering og redusert klimagassutslipp i veksthusnæringa* tek med seg erfaringane frå det første prosjektet, og satsar vidare på effektiv bruk av energi i veksthusnæringa.

Utviklingstiltak for økologisk landbruk

I 2012 blei det sett av 44 mill. kroner til utviklingstiltak for økologisk landbruk. Prosjekta skal bidra til å utvikle produksjon og forbruk i tråd med handlingsplanen. Midlane blei i 2012 prioriterte til prosjekt retta mot salsleddet i verdikjeda. Dessutan har midlane gått til handlingsplanar, økologiske føregangsfylke, utviklingsprosjekt innanfor rettleiing og til produktutvikling. Det blei hausten 2012 starta ei evaluering av satsinga på økologisk landbruk.

Tilbakeførte reguleringsmidlar

Tilbakebetalte reguleringsmidlar er i 2012 disponerte til ulike satsingsområde i samsvar med Tabell 2.10.

Tabell 2.10 Disponering av tilbakebetalte reguleringsmidlar

Tiltak	2012
Nasjonalt program for landbruksbygg og kulturlandskap	2,0
Frukt/bær/kulturlandskap/reiseliv på Vestlandet	2,0
Sum	4,0

Prosjektet nasjonalt utviklingsprogram for landbruksbygg og kulturlandskap

I jordbruksoppgjeret 2007 vedtok avtalepartane å opprette eit nasjonalt program for Landbruksbygg

og kulturlandskap. Programmet var 5-årig, med ei årleg ramme på 2 mill. kroner, og blei avslutta i 2012. Hensikta var å sjå på moglegheitene for å sikre ei betre landskapsmessig utforming ved oppføring av nye store landbruksbygg, og å stimulere til ny bruk av ledige bygningar. Utviklingsprogrammet har hatt som mål å framskaffe ny kunnskap, finne flaskehalsar, manglar og utfordringar i regelverk, samt sjå på og formidle erfaringar frå utviklingsprosjekt og gode byggjeprojekt. Programmet har også arbeidd med å utvikle metodar for å registrere kulturhistorisk viktige landbruksbygg. Arbeidet med programmet har vore delt inn i 3 grupper med ei koordinerande styringsgruppe.

Gjennom prosjektet har det vore arrangert fleire seminar både lokalt, regionalt og nasjonalt. Seminara har både bidrege til å hente inn og å spreie kunnskap. Vidare blir det utvikla ein eigen nettstad, www.landbruksbygg.no, for å formidle kunnskapen. Gruppene har komme med anbefalingar for betre ivaretaking av dei aktuelle verdiane, m.a. Innspel til regelverk, til søknadsprosesser, til kompetanse og til økonomiske verkemiddel som vil bidra til ivaretaking av kulturmiljø og kulturlandskap. Erfaringane frå programmet vil bli brukt vidare i landbrukssektoren sitt arbeid med å ivareta desse verdiane, i samarbeid med kulturminne- og miljøvernmyndigheiter.

Frukt og bær rundt neste sving

Det femårige prosjektet *Frukt og bær rundt neste sving*, med Hordaland og Sogn og Fjordane som hovudområde, har årleg disponert 2 mill. kroner over jordbruksavtalen, samt 1 mill. kroner i lokale midlar til og med 2012. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er sekretariatsfylke for satsinga. Med utgangspunkt i profesjonell frukt- og bærproduksjon, skulle programmet utvikle og vidareutvikle salbare produkt og tenester, særleg til reiselivsformål. Prosjektet har utvikla og synleggjort ei rekke gode bedrifter både i Hardanger og Sogn, og fått til eit konstruktivt samarbeid med destinasjonsselskapa og lokale hotell. Fleire samarbeidsprosjekt mellom bedrifter sikrar fleksibilitet og gjer det lettare å tilby opplevingar gjennom heile turistsesongen. Smak av lokale produkt som friske bær, eplejuice og sider bidrar til å gje ei god oppleving. Det blei utarbeidd ein sluttrapport frå programmet i 2013 av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vidare oppfølging av bedriftene vil skje i regi av Fylkesmannen og Innovasjon Noreg i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Budsjettframlegg 2014

Underpost 50.11 Tilskott til Landbrukets Utviklingsfond (LUF)

Departementet gjer framlegg om ei løyving for budsjettåret 2014 på 1 196,7 mill. kroner under kap. 1150, post 50, underpost 11. Dette er 38 mill. kroner meir enn førre års løyving, etter at eingongsløyvinga til styrking av fondet på 275 mill. kroner er teke ut. LUF blir også tilført 12,8 mill. kroner i 2013 gjennom omdisponering av udisponerte midlar, jf. Tabell 2.11.

Løyvingsramma blir fastsett ut frå løyvingsframlegg på kap. 1150, renteinntekter, fondskapitalen, rentestøtte og administrative kostnader. Samla tildelingsramme i 2014 blir på 1375,5 mill. kroner ekskl. rentestøtte, jf. Tabell 2.12. Det er berre ein del av tildelingsramma som faktisk kjem til utbetaling det same året. Ein del er ansvar mellom år. Tabell 2.11 gjev ei oversikt over kontantstraumane for fondet i 2013 og 2014. Det er lagt opp til ei belastning av kapitalen i fondet med 190 mill. kroner i 2014.

Tabell 2.11 Prognose for kontantstraumar i LUF

	(mill. kroner)	
	2013	2014 ¹
<i>Utbetalingar:</i>		
Utbetaling av tilskott ²	1 320,1	1 308,2
Rentestøtte	44,2	57,2
Auka tildelingsramme ekskl. rentestøtte ³		32,0
Andre kostnader	42,8	39,9
Sum utbetalingar:	1 407,0	1 437,3
<i>Finansiering:</i>		
Løyving kap. 1150, post 50 m.m.	1 158,7	1 196,7
Overførte udisponerte midlar	12,8	
Eingongsløyving til styrking av fondet	275,0	
Renteinntekter	27,9	40,6
Andre inntekter	10,0	10,0
Bruk av fondskapital ⁴	-77,4	190,0

¹ Framlegg i 2014

² Prognose for utbetaling er basert på Statens landbruksforvaltning sin rekneskapsrapport for LUF 2012, justert med oppdatert prognose for utbetaling i 2013 til ordninga med kompensasjon for bortfall av produksjonstilskott og tilskott til avløyving ferie/fritid.

³ Erfaringstal viser at auka løyvingsramme som er foreslått for 2014 ikkje vil komme til utbetaling i sin heilskap i 2014. Resultat for 2014 vil difor truleg avvike noko frå denne prognosen.

⁴ Negative tall betyr at fondskapitalen blir styrkt.

Fordelinga av tildelingsramma går fram av Tabell 2.12. Beløpet avvik frå Prop. 164 S på grunn av

6 mill. kroner som teknisk er flytta til post 77, underpost 13 Tilskott til rådgjeving.

Tabell 2.12 Oversikt over tildelingsramme for LUF 2013 –2014

	(mill kroner)		
	2013	2014	Endring 2013 –2014
Matmerk ¹	52,0	56,0	4,0
Rekruttering, likestilling og kompetanse i landbruket ²	26,0	26,0	0
Fylkesvise bygdeutviklingsmidlar			
<i>Bedriftsretta midlar</i> ³	508,0	528,0	20,0
Utviklings- og tilretteleggingsmidlar	60,0	67,0	7,0
Sentrale bygdeutviklingsmidlar			
tilskottsmidlar til nasjonale prosjekt (IN)	8,0	8,0	0
omdømmemidlar (LMD)	9,0	9,0	0
Områderetta innsats ⁴	7,0	13,0	6,0
Utviklingsprogram for lokalmat og grønt reiseliv ⁵	70,0	66,0	-4,0
Bioenergiprogrammet	22,0	25,0	3,0
Skogbruk	204,0	204,0	0
Helse- og utviklingstiltak sau og geit ⁶	17,0	19,0	2,0
Forsking	53,0	53,0	0
Midlar til konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift	1,5	1,5	0
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	220,0	225,0	5,0
Investeringsstøtte til organisert beitebruk	11,0	11,0	0
Klima- og miljøprogram	18,0	18,0	0
Biogass	1,0	2,0	1,0
Støtte til verdsarvområda og Utvalde kulturlandskap	11,0	11,0	0
Spesialrådgjeving energi i veksthusnæringa	1,0	1,0	0
Utviklingstiltak innan økologisk landbruk ⁷	44,0	32,0	-12,0
Sum tildelingsramme LUF	1343,5	1375,5	32,0
Rentestøtte	41,8	57,2	15,4
Sum tildelingsramme inkl. rentestøtte	1385,3	1432,7	47,4

¹ Auken på 4 mill. kroner i 2014 er ein konsekvens av flytting av midlane til kompetanseprosjektet *Markedstjenester til lokalmatprodusenter*, som hittil er blitt løyvd frå *Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv*, samt etablering av ein ny matkultureining i tilknytning til Matmerk.

² Rekruttering, likestilling og kompetanse i landbruket omfattar i 2014 6 mill. kroner til Kompetanseprogrammet i landbruket (KIL) i regi av Matmerk, og 20 mill. kroner til fylkeskommunanes tilskottsmidlar til rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket.

³ For 2014 er 2 mill. kroner av auken øyremerkta bioenergi.

⁴ Områderetta innsats omfattar i 2014 3 mill. kroner til arktisk landbruk, 4 mill. kroner til Sametingets midlar til næringsformål og 6 mill. kroner til ei satsing på fjellandbruket.

⁵ Reduksjonen på 4 mill. kroner i 2014 er ein konsekvens av flytting av midlane til Matmerk til kompetanseprosjektet *Markedstjenester til lokalmatprodusenter*, som hittil er blitt løyvd frå *Utviklingsprogram for lokalmat og grønt reiseliv*, samt etablering av ein ny matkultureining i tilknytning til Matmerk. I 2014 blir det sett av 3 mill. kroner til nasjonale omdømmeprosjekt forvalta av Landbruks- og matdepartementet.

⁶ For 2013 blir det sett av 7 mill. kroner frå omdisponerte midlar til ordninga med kompensasjon for bortfall av tilskott, jf. omtale under *Helse- og utviklingstiltak sau og geit*. Total ramme for 2013 blir dermed 24 mill. kroner. For 2014 er 15 mill. kroner av ramma sett av til ordninga med kompensasjon for bortfall av tilsott, og 4 mill. kroner til oppfølging m.v. av allereie sanerte besetningar.

⁷ Ramma til utviklingstiltak innan økologisk landbruk forvalta av SLF blir auka med 1 mill. kroner. Vidare blir 7 mill. kroner flytta til fylkesvise utviklings- og tilretteleggingsmidlar og 6 mill. kroner flytta til kap. 77.13 Tilskott til rådgjeving, jf. omtale under post 77, slik at SLF forvaltar ei total ramme på 32 mill. kroner.

Nedanfor følger budsjettframlegg for ordningane finansiert frå Landbrukets utviklingsfond (LUF). For nærare omtale av dei ulike ordningane og formålet med desse, viser departementet til Rapportering 2012 og til Prop. 164 S (2012–2013).

Stiftinga Matmerk

Matmerk har ansvaret for Kvalitetssystem i landbruket (KSL) og for forvaltning og utvikling av merkeordningane *Nyt Norge*, *Beskytta nemning* og *Spesialitet*. I tillegg har Matmerk ansvaret for generisk marknadsføring av økologisk mat, kompetanseprogrammet i landbruket (KIL) og for godkjennings- og merkeordninga for Inn på tunet.

Det er behov for forbetring av KSL-databasen, og departementet aukar difor avsetninga til KSL-arbeidet med 0,5 mill. kroner for 2014.

Merkeordninga *Nyt Norge* blei etablert i 2009, og styret i Matmerk støttar eit forslag til ny finansieringsmodell for perioden 2014–2017. Med bakgrunn i dette foreslår departementet framleis støtte merkeordninga *Nyt Norge* over jordbruksavtalen, men med ein reduksjon i avsetninga på 3 mill. kroner til 7,5 mill. kroner i 2014. Dette føreset at finansieringa til merkeordninga elles er i tråd med forslaget til ny finansieringsmodell. Vidare blir det lagt opp til ei gradvis nedtrapping av den samla finansieringa over jordbruksavtalen fram mot 2017.

Avsetninga til Matmerks arbeid med rekruttering til og synleggjering av merkeordningane *Beskytta nemningar* og *Spesialitet*, vil først vidare på same nivå. Prosjektet *Markedstenester for lokalmatprodusentar* blei lagt til Matmerk i 2011. Prosjektet har hittil fått støtte frå utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv, men vil frå 2014 leggjast inn i den ordinære tildelinga til Matmerk. Avsetninga vil først vidare med 2 mill. kroner i 2014. Det blir lagt til grunn at prosjektet skal evaluerast i løpet av 2013.

Vidare skal Matmerk etablere ein *Database for lokalmatprodusentar*. Databasen skal vere etablert innan utgangen av 2014, og det blir tildelt 1 mill. kroner til arbeidet. Til oppfølginga av prosjektet *Definisjon og måling av salgstal lokalmat* blir det sett av 1 mill. kroner for 2014.

Avsetninga til generisk marknadsføring av økologisk mat først vidare med 2 mill. kroner i 2014. Til vidareføringa av arbeidet med forvaltninga av godkjennings- og merkeordninga for Inn på tunet, og utviklinga av ein ny nettstad for Inn på tunet, blir avsetninga auka med 0,5 mill. kroner i 2014.

Det er behov for å styrkje norsk matkultur. Ei ny eining med eit særskilt mandat for å følgje opp matkultursatsinga i Meld. St. 9 (2011–2012) og Meld. St. 22 (2012–2013) kan vere eit godt tiltak for å samle utviklingsarbeidet på området innan blå og grøn sektor. Ei slik eining vil også kunne vere ein pådrivar for departement og andre offentlege instansar for å integrere matkultur i nærings-satsinga generelt. Det blir teke sikte på å etablere ei matkultureining i tilknytning til Matmerk som skal ha ansvar for å følgje opp nasjonale utviklingsoppgåver på matkulturfeltet (t.d. Smakens uke, kulturskolesatsinga på mat (KulMat), mat på større arrangement). Eininga er tenkt finansiert med 50 pst. av Landbruks- og matdepartementet over jordbruksavtalen og 50 pst. av Fiskeri- og kystdepartementet. For 2014 legg departementet opp til at det blir sett av 2 mill. kroner som blir flytta frå ramma til Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv. Det blir lagt til grunn at Fiskeri- og kystdepartementet bidreg med eit tilsvarende beløp. Hensiktsmessig tilknytingsform blir drøfta nærare med styret i stiftelsen Matmerk.

Departementet gjer framlegg om å auke den samla avsetninga til Matmerk med 4 mill. kroner til 56 mill. kroner for 2014. Av auken er 2 mill. kroner ein konsekvens av flytting av midlar til kompetanseprosjektet *Marknadstenester for lokalmatprodusentar*, som til no er blitt tildelt til Matmerk frå Utviklingsprogram for lokalmat og grønt reiseliv. I tillegg kjem auken på 2 mill. kroner til etablering av matkultureininga jf. omtale ovanfor.

Kompetanseprogrammet i landbruket (KIL)

Stiftinga Matmerk forvaltar Kompetanseprogrammet i landbruket (KIL). Det er viktig at aktivitetane som blir støtta av KIL blir sett i samband med fylkeskommunane sitt arbeid for rekruttering, likestilling og kompetanseheving på landbruks- og matområdet. Departementet gjer framlegg om å vidareføre ramma på 6 mill. kroner til KIL for 2014. KIL-ordninga blei evaluert i 2012. Det blir lagt vekt på denne evalueringa ved revidering av retningslinjer og vidare sakshandsaming av søknader om KIL-midlar.

Rekruttering, likestilling, utdanning og kompetanse

Landbruks- og matdepartementet viser til omtale av *Rekruttering, likestilling og kompetanse i landbruket* under rapportering for 2012, og til særskilt omtale av likestilling i landbrukssektoren i del IV.

Rekrutteringa til dei tradisjonelle landbruksutdanningane, spesielt agronom- og gartnerfag, har svikta dei seinare åra. Dette medfører ei utfordring for bransjane med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft, og for skolane med å oppretthalde tilbod av god kvalitet. Departementet gjennomfører i 2013 ei evaluering av landbruks- og gartnerfaga på vidaregåande skole for å få kunnskap om den tilfredsstillende framtidens behov for kompetanse, og skal også kartleggje tilbodet og behovet for fagskolar i landbruks- og matfag. Evalueringa og kartlegginga blir gjennomført i 2013. Det er oppretta ei referansegruppe for arbeidet med representasjon frå m.a. næringsorganisasjonane i landbruket og Faglig råd for naturbruk.

Fylkesvise midlar til rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket

Meld. St. 9 (2011–2012) legg vekt på behovet for kompetanse og rekruttering for å nå dei landbrukspolitiske måla. Fylkeskommunane har ansvar for og forvaltar verkemiddel for styrkt innsats innanfor området rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket. Ansvar må bli sett i samanheng med fylkeskommunanes ansvar som skoleeigarar og regionale utviklingsaktørar. Departementet gjer framlegg om å vidareføre avsetninga til dei fylkesvise midlane til rekruttering, likestilling og kompetanse i landbruket på 20 mill. kroner i 2014. Det er lagt til grunn at det blir etablert eit forpliktande samarbeid med næringsområda om innrettinga av midlane. Prioriterte område for ordninga er kompetansehevande tiltak innanfor tradisjonelt landbruk og bygdenæringar, m.a. støtte til etter- og vidareutdanningstilbod for yrkesutøvarar i landbruket.

Regionale bygdeutviklingsprogram

I tråd med føringane i Meld. St. 9 (2011–2012) blei det oppretta Regionale bygdeutviklingsprogram frå 2013. Dei regionale bygdeutviklingsprogramma består av tre hovudelement:

- Regionale næringsprogram (RNP)
- Regionale miljøprogram (RMP)
- Regionalt skog- og klimaprogram (RSK)

Innanfor overordna nasjonale føringar frå Landbruks- og matdepartementet har alle fylke utarbeidd strategiar for regionale bygdeutviklingsprogram, medrekna eigne strategiar for RNP, RMP og RSK. Siktemålet er å tilpasse verkemiddelbruken til utfordringane i regionen. Dei regionale strategiane er utarbeidd av det regionale partner-

skapet beståande av Fylkesmannen, Innovasjon Noreg, fylkeskommunen, landbruket sine organisasjonar, kommunane med fleire.

Landbruks- og matdepartementet viser til Prop. 164 S (2012–2013) for ei meir detaljert omtale.

Fylkesvise bygdeutviklingsmidlar (BU-midlar)

Dei fylkesvise BU-midlane inngår i dei regionale næringsprogramma i fylka.

Gode investeringsordningar er nødvendig for å nå dei sentrale landbruks- og matpolitiske måla om auka matproduksjon og eit landbruk over heile landet. Ordningane er også viktige for rekrutteringa til landbruket. Midlane har ein klar ungdomsprofil, delvis fordi yngre investerer i større grad enn eldre, og delvis fordi mange eldre som investerer gjer dette for å leggje til rette for den neste generasjonen. Det er framleis eit stort behov for investeringar innanfor landbruket, både i nye driftsbygningar og i utbetringar av gamle bygg.

Det er eit stort potensial for vidareutvikling av bygdenæringar med utgangspunkt i landbruket sine ressursar. Ei satsing på bygdenæringar vil gje eit meir mangfaldig landbruk med auka innslag av alternativ sysselsetjing. Dette vil bidra til å sikre både primærproduksjon og busetjing i distrikta. For å få eit løft i utviklinga av bygdenæringar, er det nødvendig å prioritere investeringsmidlar.

Lønsemåling av prosjekta skal liggje til grunn for tildeling av midlar. Tiltak for å betre lønsemd vil også kunne gjennomførast utan strukturrasjonalisering. Ulike eigarformer skal likestillast ved prioritering av søknader. Nye krav til dyrevelferd og fornying av driftsapparatet er vektlagt. Beitekrav for storfe i lausdrift blir sett i verk frå 2014, og dette må leggjast til grunn ved tilsegn om investeringar. I søknader om investeringstilskott til driftsbygningar til husdyr er det viktig å ta høgde for tilstrekkeleg gjødsellagerkapasitet, samt vektlegging av tiltak for å hindre avrenning frå husdyrproduksjonen. Den nasjonale føringa om at strategiane for vareproduksjonen må bli vurdert etter kvart mot marknadsmoglegheitene og -utsiktane, blir understreka av avtalepartane i jordbruksoppgjeret. Det skal også leggjast vekt på det tilgjengelege ressursgrunnlaget ved vurdering av investeringsstøtte.

Departementet gjer framlegg om at avsetninga til bedriftsretta tiltak innanfor dei fylkesvise bygdeutviklingsmidlane blir auka med 20 mill. kroner til totalt 528 mill. kroner i 2014, der 2 mill. kroner er øyremerka tiltak innanfor bioenergi.

Med bakgrunn i auka investeringskostnader for bygningar og generell prisvekst, blir satsane for tilskott til investeringar frå dei bedriftsretta BU-midlane auka med verknad frå og med 2014. Grensa for maksimalt tilskott til investeringar blir heva frå 900 000 kroner til 1 mill. kroner, med unntak av Finnmark, Troms, Nordland og Namdalen, der det ikkje er tak for tilskott. Maksimal presentsats for tilskott blir auka frå 30 pst. av kostnadsoverslaget for investeringa, til 33 pst. av kostnadsoverslaget.

Lån med rentestøtte

Med bakgrunn i store investeringsbehov i landbruket, gjer departementet framlegg om at utlånsramma for lån med rentestøtte blir vidareført med ei ramme på 1 000 mill. kroner i 2014. Nivået på rentestøtta blir fastsett årleg for alle lån som er inne i ordninga. Rentestøtta blir sett til 50 pst. av risikofri rente 3 år stat (ST4X) for føregåande år. Rentestøtta kan ikkje overstige 4 pst.

Risikolån

Ordninga med risikolån blir vidareført innanfor ramma av dei fylkesvise BU-midlane.

Fylkesvise BU-midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Departementet gjer framlegg om å auke avsetninga til dei fylkesvise BU-midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak med 7 mill. kroner til 67 mill. kroner i 2014. Auken på 7 mill. kroner er ein konsekvens av flytting av midlar frå utviklingsmidlane til økologisk landbruk. Sjå også omtalen av områderetta satsing i Prop. 164 S (2012–2013).

Sentrale bygdeutviklingsmidlar

Frå 2012 blei ordninga med sentrale bygdeutviklingsmidlar lagt om for å sikre ei betre målretting av midlane og for å lette klagehandsaminga for prosjektstøtte. Ansvar for midlane er delt mellom Innovasjon Noreg og Landbruks- og matdepartementet. Midlane departementet forvaltar blir også sett i samanheng med tilskottsordninga for omdømmebygging under *Utviklingsprogrammet for mat og reiseliv*.

Frå 2013 skal også prosjekt innan Inn på tunet støttast innanfor dei sentrale BU-midlane som blir forvalta av Innovasjon Noreg. Departementet gjer

framlegg om at avsetninga til omdømmemidlane blir vidareført for 2014 med totalt 17 mill. kroner, der 9 mill. kroner går til omdømmemidlane som blir forvalta av Landbruks- og matdepartementet og 8 mill. kroner går til Innovasjon Noreg sin del av dei sentrale BU-midlane. Av midlane som blir forvalta av departementet, vil prosjekt for å styrkje rekrutteringa til landbruksutdanning vere prioritert i 2014.

Områderetta innsats

Som eit ledd i ein meir regionalt tilpassa landbruks- og matpolitikk, skal landbruksavhengige kommunar ha særskild merksemd i framtidig prioritering av verkemiddel og innsats. Arktisk landbruk og fjellandbruk er peika ut som særleg prioriterte område. Avsetninga til satsinga på arktisk landbruk blir vidareført med 3 mill. kroner i 2014. Frå 2014 blir det også avsett 6 mill. kroner til ei satsing på fjellandbruket. Satsinga er avgrensa til to samarbeidsprosjekt, der 4 mill. kroner blir fordelt til fylka Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Oppland og Hedmark, og 2 mill. kroner til fylka Buskerud og Telemark. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og Fylkesmannen i Telemark skal ha det koordinerande ansvaret for dei to prosjekta opp mot dei andre fylkesmannsembeta, fylkeskommunane, Innovasjon Noreg, næringsorganisasjonar, kunnskaps- og kompetansemiljø og eventuelle andre aktørar. Satsinga må også sjåast i samanheng med Kommunal- og regionaldepartementet si satsing retta mot fjellområda. Eit overordna mål med satsinga skal vere å styrkja grunnlaget for bærekraftig verdiskaping i fjellområda gjennom økt vare- og tenesteproduksjon med basis i landbruket sine ressursar, både innanfor tradisjonelt landbruk og bygdenæringar. Det blir elles lagt til grunn at dei fylkesvise BU-midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak kan nyttast til områderetta satsingar i landbruksavhengige kommunar.

Sametingets midlar til næringsformål

Departementet gjer framlegg om å vidareføre avsetninga til Sametingets midlar til næringsformål med 4 mill. kroner i 2014. Det blir lagt til grunn at samarbeidet og koordineringa mellom Sametingets midlar til næringsformål, Innovasjon Noreg og fylkesmannsembeta i Finnmark, Troms og Nordland blir vidareutvikla for å få best mogleg effekt av midlane til landbruksbasert næringsutvikling i desse fylka.

Utviklingsprogram for lokalmat og grønt reiseliv

Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv omfattar nasjonalt arbeid med kompetanse og regionale kompetansenav, omdømmebygging, vekstsatsinga for matverksemdar og tilskott til forpliktande produsentnettverk. Ordninga med kompetansenav blei evaluert i 2012. Styringsgruppa for utviklingsprogrammet er samd om at kompetansenava bør vidareførast, men at innsatsen skal konsentrerast om det matfaglege området og ei styrkt samhandling med dei enkelte fylka.

Satsinga på grønt reiseliv omfattar mellom anna marknadsføring, temasatsingar og støtte til overordna utviklingsprosjekt. Vidare skal Innovasjon Noreg forsterke den nasjonale koordineringa og samordninga av denne satsinga og sikre at kompetansemodellen blir vidareutvikla og meir målretta. Kompetansetilbodet innanfor lokalmat og grønt reiseliv skal sjåast meir i samanheng.

Prosjektet *Markedstjenester for lokalmatprodusenter* i regi av Matmerk blir teke ut av Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv og blir vidareført innanfor den ordinære ramma til Matmerk for 2014. Det er ein føresetnad at prosjektet framleis skal bli koordinert mot Innovasjon Noreg og aktivitetane innanfor Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv.

Inkubatorprogrammet i regi av SIVA – Selskapet for industrivekst er eit pilotprosjekt. Det blir evaluert og skal avsluttast ved utgangen av 2013. Styringsgruppa for Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv tek stilling til eventuell vidareføring når evalueringa er gjennomført, og SIVA har gjeve ei sluttvurdering av pilotprosjektet.

Satsinga på innlandsfiske innanfor Utviklingsprogrammet skal bidra til verdiskaping og utvikling av lønsamt næringsfiske og fisketurisme. Det blir lagt til grunn at satsinga skal integrerast vidare i Utviklingsprogrammet og at styringsgruppa sine konklusjonar blir lagd til grunn når prosjekta blir prioritert.

Departementet gjer framlegg om ei samla avsetning for det nasjonale Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv på 66 mill. kroner for 2014, i tillegg til å flytte 2 mill. kroner til prosjektet *Markedstjenester for lokalmatprodusenter* i regi av Matmerk, til Matmerk si ordinære avsetning.

Prosjektet Mat langs nasjonale turistvegar, som skal bidra til å auka landbruksbasert næringsutvikling innan mat, reiseliv og opplevingar langs 4 nasjonale turistvegar, skal avsluttast innan 31.12.2013. Det vil bli gjennomført ei ekstern evaluering som vil leggje grunnlaget for ei eventuell vidare satsing på området.

Bioenergiprogrammet

Auka produksjon av biobrenslé og leveransar av biovarme frå landbruket gjev auka verdiskaping og bidreg til å nå regjeringa sine mål i klima- og energipolitikken, jf. St.meld. nr. 39 (2008–2009) og Meld. St. 21 (2011–2012). Landbruket har ei viktig rolle i å sikre råstoff til bioenergi. Det er også eit mål å auke bruken av fornybar energi internt i landbruket. Det er viktig å prioritere prosjekt for varmesal, også for å ivareta målet om bioenergi som eit område for næringsutvikling og auka verdiskaping. Innretninga på verkemiddelbruken vil bli vurdert i arbeidet med oppfølging av klimameldinga.

Sjå også omtalen under rapportering 2012 av evalueringa av varmesalsanlegga som er gjennomført i 2012. I 2013 vil det også bli gjort ei tilsvarende evaluering av gardsvarmeanlegga som har fått støtte over Bioenergiprogrammet.

Utviklinga av gardsbaserte biogassanlegg er også eit prioritert område innafor den nasjonale klimapolitikken. Biogassprosjekta blir likevel vurderte med utgangspunkt i dei vanlege energi- og lønsemidskriteria. Støtte til biogassprosjekt blir samordna med utviklingsprosjekt innan same tema under Klima- og miljøprogrammet.

Meld. St. 9 (2011–2012) la opp til ein regionalisering av dei landbrukspolitiske verkemidla. Delar av Bioenergiprogrammet blei difor overført til regionalt nivå frå 2013. Innovasjon Noreg tildele framleis midlar til nasjonale prosjekt. Midlane til regionalt nivå er overført til dei fylkesvise BUMidlane gjennom ein eigen fordelingsnøkkel, øymerka bioenergitiltak.

Skogbruk

Meld. St. 9 (2011–2012) vektlegg den viktige nærings- og klimapolitiske rolla skogen har. St. meld. nr. 39 (2008–2009) understrekar den rolla skogen har i klimasamanheng. Regjeringa har i Meld. St. 21 (2011–2012) vektlagt at skogen skal bli brukt og forvalta berekraftig for å sikre eit høgt opptak av CO₂ og slik at karbonlageret i skogen aukar. Skogressursane utgjer også ei viktig kjelde til fornybar energi og til produksjon av trematerialar som erstatning for meir klimabelastande materialar.

Skog er ein fornybar ressurs som det er eit samfunnsansvar å halde ved like for kommande generasjonar. Det er eit betydeleg potensial for å auka oppbygginga av skog i Noreg gjennom tettare planting og planting av skog på nye areal. For å optimalisere framtidig skogproduksjon er det

ønskjeleg at skogeigarane ved forynging av eksisterande skogareal vel høgare plantetettleik enn det som i dag er sett som minstekravet til plantetettleik. Dagens gjennomsnittlege plantetettleik vil berre kunne gjere bruk av om lag 60 pst. av produksjonspotensialet for skogareala. Meld. St. 21 (2011–2012), peiker på behovet for ein betydeleg auke i plantinga utover det som skogbruksmessig er nødvendig for å sikre auka karbonopp- tak og auke karbonlageret i skogen i Noreg.

Eit velfungerande skogsvegnett er avgjerande for lønnsemd i skogsdrifta og for utvikling av dei positive nærings-, klima- og energibidrag skogen gjev. Heilårs skogsbilvegar gjev betre moglegheit til å utnytte sesongvariasjonar i prisar og moglegheit for avsetnad for tømmer, medrekna trevirke til biobrensele. Dette er viktig for at industrien skal ha tilgang til råstoff og vere konkurransedyktig. For låge investeringar i infrastruktur gjer det vanskeleg å få tilgang til betydelege skogressursar og er til hinder for nødvendig modernisering av vegnettet som tilpassing til dei krava som dagens tømmertransport og transportutstyr stiller. Dette blir underbygd i Riksrevisjonens gjennomgang av skogpolitikken, jf. Innst. 102 S (2012–2013) og Stortingets behandling av innstillinga. I Meld. St. 9 (2011–2012) framgår det at det er eit mål å utvikle skogbruket sin infrastruktur innanfor rammene av målretta miljøomsyn og ivaretaking av naturmangfaldet, for å gje betre tilgang til skogressursane som grunnlag for å auke verdiskapinga frå skog. Bygging av skogsvegar krev planlegging og offentleg godkjenning for å sikre balanse mellom nærings- og miljøomsyn. Departementet har starta arbeidet med å revidere landbruksvegforskrifta.

Kystskogfylka har betydelege skogressursar og høg tilvekst, og tidlegare tiders skogreisingsområde er no i ferd med å bli hogstmodne. Samtidig har desse fylka større utfordringar enn skogstrøk i innlandet, mellom anna knytt til eigdomsstruktur, vanskeleg terreng, dårlegare utbygd skogsvegnett og offentleg infrastruktur og manglande skogbrukstradisjonar og -kompetanse. Det blir difor løyvd midlar til sentrale tiltak som utvikling av kommunale hovudplanar for skogsvegar, etablering av prioritert plan for utbygging av tømmerkaier og rettleiing av skogeigarar. Betyde-

lege mengder skog som alt er hogstmoden, eller som vil bli hogstmoden dei nærmaste tiåra, står i terreng som er eigna for drift med taubane. Også i innlandsstrøka er det behov for taubaner for å ta ut tømmer i bratt terreng. Erfaringane etter orkanen *Dagmar* underbyggjer i tillegg betydninga av taubanedriftslag for beredskap og evne til opprydding etter omfattande stormskadar i skog i bratt terreng

Eit berekraftig skogbruk krev eit godt kunnskapsgrunnlag som gjev grunnlag for å vege omsyn til økonomi, miljø, og sosiale og kulturelle forhold mot kvarandre. Skogbruksplanlegging er eit sentralt verkemiddel, og har lenge vore avgjerande for miljøarbeidet i skogbruket. Gjennom skogbruksplanlegginga blir det framskaffa viktig miljøinformasjon som grunnlag for dei miljøomsyna som skal takast når ein driv skogbruk.

Tilgang på kompetanseheevande tiltak som kan auke engasjementet, er sentralt for gjennomføringa av skogpolitikken, og det er viktig å leggje til rette for eit godt tilbod. Skogbrukets Kursinstitutt (Skogkurs) er ein sentral aktør når det gjeld å utvikle og gjennomføre kompetansetiltak på skog- og utmarksområdet, retta mot både offentleg og privat rettleiingsapparat, skogeigarar, skogsarbeidarar og entreprenørar over heile landet. Det er naturleg at Skogkurs held fram med å leggje til rette for eit kompetansetilbod som dekkjer aktuelle utfordringar i skogbruket, som mål om auka hogst, ein aktiv miljøprofil med oppfølging av Norsk PEFC Skogstandard og offentleg regelverk, auka satsing på oppbygging av kvalitetsskog, auka opptak av CO₂ i skog, meir bruk av bioenergi og anna. Det er dessutan viktig å jobbe med å motivere og rettleie små og mellomstore skogeigarar.

Helse- og utviklingstiltak sau og geit

Fleire ordningar under Landbrukets utviklingsfond har som mål å leggje til rette for betre sjukdoms- og driftsforhold i saue- og geitenæringa, jf. Tabell 2.13. Saue- og geitenæringa har utfordringar med smittsame sjukdommar, snyltarar m.m. og behov for tilpassing av organisasjons- og samarbeidsformer for mest mogleg rasjonell utnytting av beiteressursane.

Tabell 2.13 Helse- og utviklingstiltak sau og geit, avsetning i mill. kroner

Tiltak	2012	2013	2014
Utviklingstiltak for geit/friskare geiter			
<i>Sanering</i>	11,0	11,0	4,0
<i>Kompensasjon</i> ¹	10,0	11,0	15,0
Fotråte – prosjekt friske føter	7,0	2,0	-
Nasjonalt beiteprosjekt	5,0	-	-
Sum	33,0	24,0	19,0

¹ Av avsetninga for 2013 er 7 mill. kroner sett av frå omdisponerte midlar.

Utviklingstiltak for geit – Friskare geiter

Avtalepartane blei i 2010 samde om at prosjektet *Friskare geiter* skulle vidareførast i ein fase III (slutfase) med målsetjinga om at heile geitepopulasjonen skulle sanerast for sjukdommane CAE, byllesjuka og paratuberkulose hos geit. Det blei lagt vekt på at næringa (varemottakarane) skulle bidra til at resterande dyreeigarar gjennomførte sanering.

Dette er følgt opp av TINE med trekk i mjølkepris frå og med 2012 for dyreeigarar som ikkje innan utløpet av 2011 var påmelde til sanering. Vidare har TINE vedteke at dei frå 2014 ikkje vil nytte mjølk frå besetningar som ikkje er sanerte. Nortura har varsla at kjøtt frå dei same besetningane vil bli betalt med minimumssats. TINE har vidare bestemt å gjennomføre slutfaseprosjektet og utbetale rekrutteringsbidrag i samsvar med avtalte satsar til alle besetningar der det er inngått avtalar. Ein føresetnad er at saneringsarbeidet er starta seinast i 2013 og er avslutta og godkjend innan utgangen av 2014. Landbruks- og matdepartementet har i 2011 listeført CAE som B-sjukdom. Dette inneber ein smittsam dyresjukdom som styresmaktene gjennomfører tiltak for å avgrense utbreiinga av.

Mattilsynet har gjeve retningsliner om motarbeidinga i perioden 2011–2018. Det krev eit samarbeid med smittesaneringsprosjektet *Friskare geiter*, så lenge prosjektet er i funksjon.

Behov for midlar til påmelde besetningar til sanering har vore større enn den avsette ramma, både til sanering og til kompensasjon for bortfall av produksjonstilskott. Prosjektet er viktig for geitenæringa, og har difor vore støtta over jordbruksavtalen i mange år.

I jordbruksoppgjæret 2012 blei det lagt til grunn at prosjekteigar TINE slutfører prosjektet,

og at 2013 er siste år prosjektet får støtte til sanering over jordbruksavtalen. Det blei likevel lagt til grunn at kompensasjon for bortfall av produksjonstilskott på 4 mill. kroner kunne vidareførast.

På bakgrunn av dei betydelege midlane som er løyva over jordbruksoppgjæret til saneringsprosjektet, er det lagt til grunn at 2013 er siste året saneringsprosjektet får støtte over jordbruksavtalen, og at prosjekteigar har ansvar for å finansiere slutføringa av denne delen av prosjektet. Departementet gjer framlegg om å sette av 4 mill. kroner i 2014 til prøvetaking, oppfølging og analysar i allereie sanerte besetningar. Kostnader utover dette, i 2014 og seinare år, må bli dekte av prosjekteigar.

Departementet gjer vidare framlegg om å sette av 15 mill. kroner til kompensasjon for bortfall av produksjonstilskott og tilskott til avløyning ferie/fritid i 2014. Dette er i tråd med SLF prognosar for forbruk over ordninga. SLF føreseier at utbetalinga til kompensasjon for 2013 vil vere totalt 11 mill. kroner. Det blir difor sett av 7 mill. kroner i 2013 frå omdisponerte midlar til kompensasjon for bortfall av produksjonstilskott og tilskott til avløyning ferie/fritid. Årsaka til det auka behovet er eit stort tal deltakarar i prosjektet.

Fotråte – prosjekt Friske føter

Mattilsynet har ansvar for å handtere den noverande varianten av fotråte som ein ordinær B-sjukdom for å avgrense smittespreiing. Udisponerte midlar kan i 2014 brukast til ei ordning med kompensasjon til jordbruksføretak som sanerer smitta dyr og til eventuelle tilgrensande tiltak i tråd med føremålet med prosjektet. Prosjekteigar Animalia vil framleis ha ansvar for å utforme og sikre tilfredsstillande administrering av ordninga.

Forsking

FoU-midlar over jordbruksavtalen er viktige for å bidra til å løyse dei omfattande kunnskapsbehova landbrukssektoren står ovanfor, og for å følgje opp dei landbruks- og matpolitiske måla i Meld. St. 9 (2011–2012). Avsetninga til forsking blir vidareført med 53 mill. kroner i 2014. I eit langsiktig perspektiv skal midlane bidra til kunnskap som aukar den norske matproduksjonen, blant anna gjennom auka innovasjon og konkurransevne i landbruks- og matsektoren. Midlane skal også gje kunnskap om klimatilpassing og sikre kunnskapsutvikling for forvaltninga. For 2014 skal særleg FoU-behov og utgreiingsoppgåver for å følgje opp anbefalingar i rapportane *Økt norsk kornproduksjon*, *Økt storfekjøttproduksjon i Norge* og *Grønn vekst* prioriterast. Partane peikar spesielt på auka behov for kunnskap om løysingar som gjev betre lønnsemd, samt sikre berekraftige og robuste produksjonar som følgje av klimautfordringar. For å sikre ei effektiv ressursutnytting må disponeringa av midlane sjåast i samanheng med Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og programma i Noregs forskingsråd.

Konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift

Midlar til konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift blir forvalta av Innovasjon Noreg. Ordninga skil seg betydeleg frå andre ordningar Innovasjon Noreg forvaltar, mellom anna fordi ordninga ikkje er særskilt retta mot næringsutvikling. Frå 2014 blir områdekontora til Statens reindriftsforvaltning overført til fylkesmannsembeta. Forvaltninga av ordninga konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift blir overført til eit av fylkesmannsembeta frå 2014. Landbruks- og matdepartementet vil invitere til dialog med dei fylkesmannsembeta det vedkjem for å gjennomføre endringa. Departementet gjer framlegg om å vidareføre avsetninga på 1,5 mill. kroner til konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift i 2014.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

I jordbruksoppgjeret 2013 blei det avsett 225 mill. kroner for 2014, 100 mill. kroner er sett av til tilskott til drenering. Elles blir ordninga vidareført som tidlegare.

Investeringsstøtte til organisert beitebruk

Forskrift om tilskott til tiltak i beiteområde vidarefører føresegnar om investeringar i fysiske instal-

lasjonar i beiteområde og elektronisk overvåkingsutstyr, og opnar også for tilskott til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt. Vidare opnar forskrifta for å gje tilskott til enkeltbruk der det grunna naturgjevne eller driftsmessige tilhøve ikkje ligg til rette for samarbeid.

Erfaringane frå det nasjonale beiteprosjektet har vist at det er store utfordringar med å ajourføre organisering av beitelag og samarbeidsformer til endringar i buskapsstruktur og andre samsfunnsinteresser. Dette arbeidet er ressurskrevjande, og det vil ofte vere behov for økonomisk bistand til prosjektleiing og til dømes juridisk kompetanse. Gjennomføring av slike prosessar er viktig for å skape føreseielege rammer for næringsdrift, samstundes som det gjev moglegheit til sameinte løysningar og har motiverande effekt på eksisterande og framtidige sauehaldarar.

Klima- og miljøprogram

Klima- og miljøprogram blei innført frå 2013 og er ein samanslåing av det tidlegare klimaprogrammet og ordninga informasjons- og utviklingstiltak miljø. Klima- og miljøprogrammet omfattar klimagassutslepp, klimatilpassing, vassmiljø og kulturlandskap og naturmangfald. Klima- og miljøprogrammet blir forvalta av SLF, og avsetninga blir vidareført i 2014 med 18 mill. kroner.

Biogass

Frå 2013 er det oppretta tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg. Tilskottet blir utbetalt til leverandøren av husdyrgjødsel. Det er sett av 2 mill. kroner i 2014. For fleire detaljer om tilskottet, sjå Prop. 164 S (2012–2013).

Støtte til verdsarvområda og til utvalde kulturlandskap

Avsetninga til verdsarvområda blir vidareført med 3 mill. kroner i 2014. Miljøverndepartementet bidreg i tillegg med 3 mill. kroner, jf. deira Prop. 1 S.

Avsetninga til utvalde kulturlandskap blir vidareført med 8 mill. kroner i 2014. Ordninga blir evaluert i 2013, og resultatane vil liggje føre til jordbruksoppgjeret 2014. Midlane til verdsarvområde og utvalde kulturlandskap skal sjåast i samanheng med midlar på Miljøverndepartementets budsjett.

Energieffektivisering i veksthusnæringa

I jordbruksoppgjeret 2012 blei det sett i gang eit 3-årig prosjekt i regi av Norsk gartnerforbund. Pro-

sjektet er ei oppfølging av prosjektet *Spesialrådgjeving energi i veksthusnæringa*. Prosjektet *Energieffektivisering og redusert klimautslipp i veksthusnæringa* har ei ramme på 1 mill. kroner per år i åra 2013 til 2015.

Utviklingstiltak for økologisk landbruk

I jordbruksoppgjæret 2013 blei det bestemt å flytte 13 mill. kroner av avsetninga til utviklingstiltak til

høvesvis Norsk landbruksrådgjeving (6 mill. kroner) og Fylkesmannens utviklings- og tilretteleggingsmidlar over BU-ordninga (7 mill. kroner) frå 2014. Avsetninga til utviklingstiltak blir auka med 1 mill. kroner i 2014 slik at den totale avsetninga, etter flytting av midlar, blir 32 mill. kroner i 2014. Satsinga på føregangsfylka skal styrkast, både i form av auka ramme og nasjonalt ansvar. Ein skal vidare arbeide med å få inn gode prosjekt for heile verdikjeda.

Post 70 Marknadsregulering, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70.11	Tilskott til marknadstiltak	20 900	30 400	32 400
70.12	Tilskott til råvareprisordninga	153 824	179 000	216 000
70.13	Tilskott til potetsprit og potetstivelse			42 400
	Sum post 70	174 724	209 400	290 800

Budsjettframlegg 2014

Underpost 70.11 Tilskott til marknadstiltak

Formålet med marknadstiltaka er å bidra til å nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukta, jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetjing for produsert vare og bidra til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. Kostnadene ved marknadsregulering blir dekte av løyvinga til marknadstiltak over jordbruksavtalen og gjennom omsetnadsavgifta. Frå 2013 er 7,5 mill. kroner i tilskott til opplysningsverksemd for frukt, grønt og potet flytta til posten frå post 77, underpost 15. I jordbruksoppgjæret blei løyvinga styrkt med 2 mill. kroner. Budsjettet omfattar då følgjande tiltak:

1. Opplysningsverksemd og avsetningstiltak hagebruk: 3,9 mill. kroner
2. Kollektiv dekking av omsetnadsavgift hagebruk: 23,5 mill. kroner
3. Tilskott til kadaverhandtering: 5 mill. kroner

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 32,4 mill. kroner i 2014.

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisordninga

Formålet med råvareprisordninga (RÅK-ordninga) er å jamne ut skilnader i råvarekostnader

mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og for norske varer som blir eksportert. Det er viktig at løyvingane over denne ordninga er avpassa engrosprisane på norskproduserte jordbruksvarer.

Prisane på verdsmarknaden har variert mykje dei seinaste åra. Det påverkar løyvingsbehovet til RÅK-ordninga. Endringane i målprisar i jordbruksoppgjæret påverkar også løyvingsbehovet, partane var i år samde om ei auka løyving på 37 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 216,0 mill. kroner i 2014.

Underpost 70.13 Tilskott til prisnedskrivning av potetsprit og potetstivelse

Departementet viser til omtale av underpost 73.21 Tilskott til prisnedskrivning av potetsprit og potetstivelse og foreslår at ordninga blir flytta frå post 73 til post 70 i og med at forvaltninga av ordninga ikkje er i samsvar med ei overslagsløyving.

Formålet med prisnedskrivningstilskottet er å sikre avsetning av norsk potetsprit og potetstivelse gjennom marknadsordninga for potet. Det blei ikkje gjort satsendringar i jordbruksoppgjæret.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 42,4 mill. kroner til ordninga i 2014.

Post 71 Tilskott til erstatningar m.m.

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å redusere økonomiske tap som oppstår ved produksjonssvikt forårsaka av klimatiske forhold det ikkje er mogleg å sikre seg mot, og ved katastrofeprega tap av sau på beite.

Posten omfattar følgjande ordningar:

Som følgje av klimatiske årsaker:

1. erstatning ved avlingssvikt i planteproduksjon
2. erstatning ved tap av bifolk, og svikt i honningproduksjon
3. tilskott til reparasjon av vinterskadd eng
4. tilskott ved rognebærmøllskader i epleproduksjon

Som følgje av katastrofeprega hendingar:

5. erstatning for tap av sau på beite

Det blir ikkje gjeve erstatning dersom tapet kan bli dekt gjennom allment tilgjengelege forsikringsordningar.

Erstatningsordningane som dekkjer kostnader i samband med statlege pålegg blir løyvde utanfor jordbruksavtalen, jf. kap. 1143, post 73.

Rapportering 2012

Dei samla utbetalingane over ordninga i 2012 var på 91 mill. kroner mot om lag 40 mill. kroner i eit normalår. Det skuldast store skader på avlingane særleg på Sør- og Austlandet i 2011 som følgje av store mengder nedbør og flaum. I slike år blir det stor saksmengd og krevjande sakshandsaming, og store delar av erstatningane først blir utbetalte året etter skadeåret. I 2012 var skadeomfanget meir som eit normalår.

Budsjettframlegg 2014

I jordbruksoppgjeret blei partane samde om å auke maksimalgrensa for erstatning etter avlings-skade frå 500 000 kroner til 750 000 kroner. Som følgje av det er budsjettet auka med 2 mill. kroner pr. år. Det blei også gjort mindre endringar i definisjon av vekstgrupper som ikkje har budsjettmessige konsekvensar.

For eit normalår har partane då lagt til grunn at det trengs ei løyving på 42 mill. kroner. Våren 2013 har vore særst vanskeleg for jordbruksføretaka på Austlandet med kaldt vør, store mengder nedbør og flaum. Mange har fått gjort våronn for seint eller ikkje i det heile teke. Departementet reknar difor med at det vil bli klimaskade på avlingane i 2013 klart over eit normalår, og at dette vil auke løyvingsbehovet med 30 mill. kroner i 2014.

Departementet gjer etter dette framlegg om ei løyving på 72,0 mill. kroner i 2014.

Framlegget er basert på følgjande prognose for delordningane:

Erstatning ved avlingssvikt i planteproduksjon	62,0 mill. kroner
Erstatning ved tap av bifolk	0,3 mill. kroner
Erstatning for svikt i honningproduksjon	2,8 mill. kroner
Tilskott til reparasjon av vinterskadd eng	4,0 mill. kroner
Tilskott ved rognebærmøllskade i epleproduksjon	0,2 mill. kroner
Erstatning ved tap av sau på beite	2,7 mill. kroner

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
73.11	Tilskott til norsk ull	128 273	130 000	132 800
73.13	Pristilskott mjølk	553 452	576 700	609 700
73.15	Pristilskott kjøtt	628 525	658 900	833 050
73.16	Distriktstilskott egg	7 658	6 400	7 200
73.17	Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grønsaker og potet	56 929	87 700	80 100
73.18	Frakttilskott	281 382	342 700	342 700
73.19	Tilskott til prisnedskrivning av norsk korn	359 893	445 700	485 400
73.20	Tilskott matkorn	36 672	48 400	48 600
73.21	Tilskott til prisnedskrivning av potetsprit og potetstivelse	40 706	42 400	
	Sum post 73	2 093 491	2 338 900	2 539 550

Budsjettframlegg 2014

For pristilskotta under jordbruksavtalen blir det fastsett satsar per eining. Løyvinga vil difor variere som følgje av endra volum under dei enkelte ordningane. For post 73 samla inneber ei volumjustering av prognosane i 2014 at forbruket på posten vil gå ned med 48,4 mill. kroner samanlikna med saldert budsjettet for 2013. Dei justerte satsane i jordbruksoppgeret gjev ein auke på 293,0 mill. kroner. Det blir også foreslått ei flytting av administrasjonskostnader frå posten til kap. 1143, post 01 på 1,6 mill. kroner. Samla gjev dette ei auka løyving i 2014 på 243,0 mill. kroner samanlikna med 2013.

Underpost 73.11 Tilskott til norsk ull

Formålet med tilskottet er å bidra til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal også bidra til betring av kvaliteten på norsk ull, samt å sikre avsetning i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

I jordbruksoppgeret var partane einige om ei auke i gjennomsnittssatsen på 1,00 kr per kg ull, tilsvarende 4,4 mill. kroner. Departementet foreslår at administrative kostnader på 1,6 mill. kroner til kvalitetsgradering og faglege tiltak under ord-

ninga blir flytta til Statens landbruksforvaltning på kap. 1143, post 01.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 132,8 mill. kroner for 2014.

Underpost 73.13 Pristilskott mjølk

Løyvinga omfattar ordningane med grunntilskott til geitmjølk og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt.

Formålet med pristilskott til mjølk er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som bidreg til å oppretthalde busetjing og sysselsetjing i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønnsenda i produksjonen.

Distriktstilskottet blir gjevne med ulike satsar for mjølk produsert i vanskelegstilte område i Sør-Noreg og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskott varierer frå null og opp til 180 øre per liter.

I jordbruksoppgeret blei distriktsprofilen styrkt ved at satsane for distriktstilskottet for mjølk blei auka med 1 øre/liter i sone C og 2 øre/liter i sonene D-J. Dette gjev ei auka løyving på 18,0 mill. kroner. Satsen for grunntilskott til geitmjølk blei auka med 15 øre/liter, tilsvarende 3,0 mill. kroner. Volumprognosen gjev eit auka løyvingsbehov på 12,0 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 607,9 mill. kroner til pristilskott for mjølk for 2014.

Denne er fordelt med 65,5 mill. kroner til grunntilskott geitmjølk, og 542,4 mill. kroner i distriktstilskott til all mjølk.

Underpost 73.15 Pristilskott kjøtt

Underposten omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt samt distriktstilskott for fjørfeslakt. I jordbruksoppgjæret blei partane også einige om ei ny ordning med kvalitetstilskott for storfekjøtt.

Formålet med distriktstilskotta er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i produksjonen som bidreg til å oppretthalde busetjing og sysselsetjing i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønnsenda i produksjonen. Distriktstilskott går i hovudsak til kjøtt frå grovfôrbaserte produksjonar differensiert på 5 soner. Det blir også gjeve distriktstilskott til produksjon av gris i Nord-Noreg, Agder og Vestlandet unnteke Rogaland. Produksjon av kylling/kalkun i same område på Vestlandet får også noko tilskott.

Formålet med grunntilskottet er å bidra til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris. Grunntilskottet skal vidare bidra til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren. Grunntilskottet for kjøtt blir berre gjeve til slakt av sau/lam og geit/kje.

I 2013 er det prognosert eit underskott på 10 600 tonn produsert norsk storfekjøtt i forhold til forbruket. I jordbruksoppgjæret blei partane einige om å etablere eit nytt tilskott med formål å stimulere til auka norsk storfekjøttproduksjon av god kvalitet. Ordninga er basert på at storfeslakt kvalitet O og betre får eit ekstra tilskott pr. kg kjøtt. Slakt av ku får ikkje tilskottet fordi det er ønskjeleg å byggje opp talet på mordyr. Partane sette av 164,7 mill. kroner til ordninga. Det er rekna med eit samla volum på 80,7 mill. kg av klasse O og betre som gjev ein sats på 3,70 kroner per kg.

Volumprognosen for 2014 viser noko auke i storfe, sau og lam tilsvarande om lag 10 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 833,1 mill. kroner i 2014. Av dette utgjer grunntilskottet 89 mill. kroner, distriktstilskott 579,4 mill. kroner og kvalitetstilskott 164,7 mill. kroner.

Underpost 73.16 Distriktstilskott egg

Formålet med ordninga er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i eggproduksjonen som bidreg til å oppretthalde busetjing og sysselsetjing

i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønnsenda i produksjonen. Tilskottet omfattar Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. I jordbruksoppgjæret blei det ikkje gjort endringar i satsane, mens det er prognosert ei volumauke tilsvarande 0,8 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,2 mill. kroner i 2014.

Underpost 73.17 Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grønsaker og potet

Underposten omfattar distrikts- og kvalitetstilskott til frukt, bær og veksthusgrønsaker og distriktstilskott for potetproduksjon i Nord-Noreg.

Formålet med ordningane er å betre inntekta for yrkesprodusentane innan grøntsektoren, og bidra til ein geografisk spreidd produksjon. Tilskottet skal stimulere til kvalitetsproduksjon og ordna omsetnadforhold.

Distriktsdifferensieringa følgjer dei same sonene som tilskott til areal- og kulturlandskap. Det blir gjeve tilskott opp til eit maksimalt volum per føretak. I tillegg er det tak utbetalt tilskott til veksthusproduksjonane. Alle satsar og grenser blei hevde om lag 10 pst. i jordbruksoppgjæret. Samla innebar desse justeringane eit auka løyvingsbehov på 10,1 mill. kroner, mens volumprognosen reduserer løyvingsbehovet med 17,7 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 80,1 mill. kroner i 2014.

Underpost 73.18 Frakttilskott

Underposten omfattar tilskott til frakt av kjøtt, egg, korn, kraftfôrråvarer og kraftfôr. Frakttilskotta skal bidra til å jamne ut prisar til produsent og forbrukar. Frakttilskott for egg blir berre gjeve til produksjon i Nord-Noreg, mens dei andre ordningane er baserte på at produsentane må dekke ein eigendel av kostnadane.

Etter at det har blitt gjort store endringar frakttilskotta både kjøtt og korn/kraftfôr dei seinaste åra, blei det ikkje gjort endringar i jordbruksoppgjæret i år.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 342,7 mill. kroner i 2014, fordelt med 130,0 mill. kroner til kjøtt, 8,2 mill. kroner til egg og 204,5 mill. kroner til korn og kraftfôr.

Underpost 73.19 Tilskott til prisnedskrivning av norsk korn

Formålet med prisnedskrivningstilskottet er å sikre avsetning av norskprodusert korn, erter og oljefrø

gjennom marknadsordninga, og å skrive ned prisen på råvarer til matmjøl og kraftfôr. For å fremje avsetjinga av økologisk korn og erter, blir det der gjeve høgare satsar. I jordbruksoppgjæret var partane einige om å auke satsen for prisnedskrivning av korn med 8 øre/kg. Denne auken blir sett i verk frå 1. juli 2013, det same tidpunktet som kornprisane blir auka. I tillegg var partane einige om å auke prisnedskrivninga for økologisk korn og oljefrø med 40 øre/kg frå 1. juli 2014. Dette gjev eit auka løyvingssbehov på 90,4 mill. kroner, mens volumprognosane gjev eit redusert løyvingssbehov på 50,7 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 485,4 mill. kroner for 2014.

Underpost 73.20 Tilskott til matkorn

Tilskottet til matkorn har blitt gjeve til norske matmjølprodusentar på grunnlag av forbruk av både norskprodusert og importert korn. Formålet med ordninga er å halde prisen på matmjøl på eit nivå som kan sikre konkurransekrafta til norskprodusert matmjøl og bakevarer i forhold til import.

I jordbruksoppgjæret var partane einige om at løyvinga frå 1. juli 2013 berre skal gå til norskpro-

duisert matkorn, slik som det generelle prisnedskrivningstilskottet. Den administrativt nedsette tolla på importert matkorn må justerast i samsvar med dette. Endringa inneber ei auka nedskrivning av matkornet med 11 øre/kg. I tillegg blei partane i jordbruksoppgjæret einige om å auke løyvinga tilsvarande ytterlegare 1 øre/kg slik at samla prisnedskrivning av matkornet blir auka med 20 øre/kg slik at auken i målpris på 20 øre/kg ikkje gjev auka råvarekostnad for bakeri- og mjølbransjen.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 48,6 mill. kroner i 2014.

Underpost 73.21 Tilskott til prisnedskrivning av potetsprit og potetstivelse

Formålet med prisnedskrivningstilskottet er å sikre avsetning av norsk potetsprit og potetstivelse gjennom marknadsordninga for potet. Det blei ikkje gjort satsendringar i jordbruksoppgjæret.

Sjå elles omtale av underpost 70.13. Departementet foreslår at ordninga blir flytta frå post 73 til post 70 då forvaltninga ikkje er i samsvar med ei overslagsløyving.

Post 74 Direkte tilskott, kan overførast

(i 1 000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
74.11	Driftstilskott, mjølkeproduksjon og kjøttfe- produksjon	1 344 816	1 359 400	1 374 200
74.14	Tilskott til husdyr	2 358 603	2 427 400	2 512 900
74.16	Beitetilskott	728 225	750 900	784 600
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 265 178	3 247 000	3 212 200
74.19	Regionale miljøprogram	428 896	428 500	448 500
74.20	Tilskott til økologisk landbruk	119 087	114 300	110 000
74.22	Tilskott til miljøvennlege spreiemåtar av husdyrgjødsel	11 948	14 000	
	Sum post 74	8 256 751	8 341 500	8 442 400

Budsjettframlegg 2014

Underpost 74.11 Driftstilskott, mjølkeproduksjon og kjøttfeproduksjon

Formålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å styrkje økonomien i mjølkeproduksjonen, jamne ut skilnader i lønnsemd mellom føretak av ulik storleik og mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg, og mellom Jæren og resten av Sør-Noreg. Formålet med driftstilskottet i spesialisert kjøttfeproduksjon er å styrkje økonomien i spesialisert kjøttfeproduksjon.

I jordbruksoppgjæret blei satsane for driftstilskott til mjølkeproduksjon auka med 8 000 kroner per føretak i Nord-Noreg, og med 6 000 kroner for resten av landet. Dette utgjer ei auka løyving tilsvarende om lag 63 mill. kroner. Driftstilskott til kjøttfeproduksjon blei auka med 100 kroner per ku eller 4 000 kroner for føretak med meir enn 40 kyr. Det tilsvarende ei auka løyving på knapt 6 mill. kroner.

For underposten samla inneber reduksjonen i talet på føretak ei innsparing på 54 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 374,2 mill. kroner for 2014.

Framlegget fordeler seg med 194,0 mill. kroner til kjøttfeproduksjon og 1 180,2 mill. kroner til mjølkeproduksjon.

Underpost 74.14 Tilskott til husdyr

Tilskottet skal bidra til å styrkje og jamne ut inntektene til føretak med ulike husdyrproduksjonar og etter storleiken på husdyrhaldet. Ordninga skal også støtte birøkt og husdyrhald med dyr av storferasar som er definert som verneverdige.

Tilskottet blir gjeve per dyr/slakt/bikube. Satsane per eining blir avtrappa med aukande tal på einingar. Partane i jordbruksoppgjæret var einige om å innføre eit ny gruppe i ordninga med tilskott til hjort. Partane var vidare einige om at tilskottet til lammeslakt ikkje skal reknast inn under maksimalgrensa i utbetaling per år på 280 000 kroner per føretak. Det aukar utbetalingane med om lag 4 mill. kroner. Det blei også avtalt auka tilskottssatsar for sau/lam, avlsgris, bikubar, hjort og verneverdige storferasar tilsvarende 116 mill. kroner. Tilpassing av løyvingbehovet til dyretalet reduserer løyvingbehovet med 26 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2 512,9 mill. kroner i 2014. Av dette utgjer tilskottet til verneverdige storferasar 5,4 mill. kroner og birøkt 12,5 mill. kroner.

Underpost 74.16 Beitetilskott

Underposten består av eit tilskott for dyr som beitar i utmark, og eit tilskott for dyr som beitar i kulturlandskapet (innmark og/eller utmark). Det er krav til minimum beitetid for å få rett på tilskotta, og dei som får tilskott for dyr som beitar i utmark kan også få det generelle beitetilskottet for dei same dyra. Formålet med ordningane er å pleie kulturlandskapet gjennom å få mange dyr på beite, samt å få ei betre utnytting av utmarksbeiteressursane. Ordningane har også ei positiv effekt på dyrevelferda.

I jordbruksoppgjæret blei tilskottssatsane auka tilsvarende 42 mill. kroner, mens tilpassing av løyvingbehovet reduserer løyvinga med 8 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 784,6 mill. kroner i 2014, som fordeler seg med 373 mill. kroner til dyr på utmarksbeite og 411,6 mill. kroner i generelt beitetilskott.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskaps-tilskott

Underposten består av eit kulturlandskapstilskott med den same satsen per dekar til alt jordbruksareal som fyller vilkåra for arealtilskott, og eit arealtilskott der satsane per dekar er differensiert ut frå type produksjon og kvar i landet produksjonen skjer. Formålet med tilskottet er å bidra til å skjøtte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å halde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål. Tilskottet er ein del av det nasjonale miljøprogrammet, og føretaka må mellom anna ha ein miljøplan for å oppnå maksimalt tilskott. Miljøplanen skal bidra til ein meir miljøvennleg jordbruksproduksjon og til vedlikehald og forbetring av miljøgode og kulturlandskap.

Som eit viktig tiltak for å nå målet om aktivt jordbruk over heile landet, blir det i tillegg gjeve tilskott per dekar til grovfôr, korn, potet, frukt, bær og grønnsaker og hagebruksvekstar med varierende satsar etter størrelse og geografisk plassering. Dette skal bidra til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, mellom ulik storleik på føretaka og mellom distrikta.

I jordbruksoppgjæret var partane einige om ei auke i arealtilskottet til poteter på 15 kr/dekar. Elles blei det ikkje gjort endringar. Tilpassing av løyvinga til gjeldande arealfordeling gjev ei innsparing på 37 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3 212,2 mill. kroner i 2014. Dette fordeler seg med

om lag 1 666,0 mill. kroner i kulturlandskapstilskott og 1 546,2 mill. kroner i arealtilskott.

Underpost 74.19 Regionale miljøprogram

Formålet med ordninga er å sikre miljøkvalitetar og kulturlandskap og å hindre erosjon og avrenning av næringssalt til vatn gjennom regionale og lokale tilpassa regelverk for økonomisk støtte.

Ordninga opnar for at fylka kan støtte tiltak som er mest målretta i sitt område, og vil bidra til å hindre gjengroing og stimulerer beiting og auka opplevingskvalitetar i kulturlandskapet. Rapportering tydar på stor aktivitet omkring arbeidet i fylka og at det gjev auka målretting og differensiering av miljøarbeidet.

Regionale miljøprogram har bidrege til gjennomføring av mange regionalt tilpassa miljøtiltak. Dette gjev betre måloppnåing fordi miljøutfordringane ikkje er like frå fylke til fylke.

Frå 2014 er også tilskott til miljøvennlege spreiemetodar av husdyrgjødsel innlemma i dei regionale miljøprogramma og løyvinga, jf. omtale under underpost 74.22.

Partane i jordbruksoppgjæret var einige om å styrkje løyvinga i 2014 med 20 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 448,5 mill. kroner i 2014.

Underpost 74.20 Tilskott til økologisk landbruk

Underposten dekkjer ordningane omleggingstilskott, ekstra arealtilskott og husdyrtilskott til økologisk produksjon.

Formålet med posten er å stimulere til at ein større del av jordbruksproduksjonen skjer i form av økologisk produksjon.

I jordbruksoppgjæret var partane einige om å avvikle omleggingstilskottet med verknad for areal som blir lagt om frå 2014. Det får budsjettverknad først i 2015. Satsane er elles dei same som året før. Det gjev eit redusert løyvingsbehov med 4,3 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 110,0 mill. kroner i 2014. Dette fordeler seg med 13,5 mill. kroner i tilskott til omlegging, 57,0 mill. kroner i husdyrtilskott og 39,5 mill. kroner i arealtilskott.

Underpost 74.22 Tilskott til miljøvennlege spreiemåtar av husdyrgjødsel

Ammoniakkutslepp frå jordbruket utgjer om lag 90 pst. av dei totale utsleppa av ammoniakk i Noreg. Husdyrgjødsel står igjen for om lag 90 pst. av jordbruksutsleppa, der den største delen kjem frå gjødselspreiing. Denne ordninga har finansiert eit pilotprosjekt med formål å auke den delen av gjødsla som blir spreidd med miljøvennleg spreiteknologi og/eller som blir molda ned. Pilotprosjektet starta opp i 2008, og har gått i 5 år.

Ei evaluering av ordninga viser til at denne typen spreiemetodar gjev ein betydeleg reduksjon av ammoniakkutslipp. Den gjev også lågare avrenning av fosfor og reduserer lukt. Tiltaket er difor innført som ei permanent ordning under Regionale miljøprogram, og løyvinga er frå 2014 overført til post 74, underpost 19.

Post 77 Utviklingstiltak, kan overførast

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
77.11	Tilskott til dyreavl m.m.	88 281	90 670	90 670
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	10 224	10 020	13 520
77.13	Tilskott til rådgjeving	48 500	52 000	82 500
77.14	Tilskott til pelsdyrførlag	23 200	23 200	23 200
77.15	Tilskott til kvalitetstiltak	38 164	48 700	52 900
77.17	Tilskott til fruktlager	13 000	11 000	13 000
	Sum post 77	221 369	235 590	275 790

Budsjettframlegg 2014**Underpost 77.11 Tilskott til dyreavl m.m.**

Tilskott til dyreavl m.m. skal bidra til avlsmessig framgang og populasjonar av friske og sunne husdyr tilpassa miljøet. Ordninga skal også sikre genetisk variasjon i populasjonane og byggje på berekraftige prinsipp basert på ein tilstrekkeleg stor effektiv avlspopulasjon og inkludering av funksjonelle eigenskapar i avlsmålet.

Løyvinga skal sørge for at kostnadene med inseminering av ku og svin kan haldast på om lag same nivå i heile landet og bidra til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtjenester.

Partane i jordbruksoppgjæret var også einige om å vidareføre løyvinga til eit prosjekt med formål å utvikle norske kjøttfeavl.

For 2014 er det prognosert 30,7 mill. kroner i tilskott til semintjenester, 45,8 mill. kroner til veterinærreiser og 14,2 mill. kroner til avlorganisasjonar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på om lag 90,67 mill. kroner for 2014.

Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.

Formålet med ordninga er å fremje frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det kan nyttast tre ulike typar tilskott under ordninga; pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott. For å sikre tilgang av klimatilpassa såvare blir det også gjeve tilskott til overlaging av såkorn mellom kornsesongar. Såvarelageret av korn er under oppbygging, og det er prognosert ei auka løyving i 2014 med uendra satsar på 3,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 13,52 mill. kroner for 2014.

Underpost 77.13 Tilskott til rådgjeving

Formålet med ordninga er å bidra til kunnskapsoppbygging hos bøndene ved å legge eit økonomisk grunnlag for drift i dei lokale rådgjevingseiningane, slik at desse ved hjelp av tilskottet og eigenfinansiering kan drive rådgjeving som er lønnsam for medlemmane. Rammewilkåra og utfordringane for landbruket krev både næringspolitiske tilpassingar, produksjonstilpassingar og faglege tilpassingar. Løyvinga over jordbruksavtalen er med på å sikre eit likeverdig rådgjevingstilbod over heile landet. Norsk Landbruksrådgjeving (NLR) har ansvar for å tilby ei landsdek-

kjande teneste knytt til teknisk planlegging i landbruket.

I jordbruksoppgjæret var partane einige om ei ekstra satsing på grøntsektoren hos NLR på 4,5 mill. kroner, og ei generell auke i grunntilskottet på 4,8 mill. kroner der auka norsk kornproduksjon skal ha prioritet. Partane var også einige om at avsetjinga til byggteknisk planlegging reduserast med 0,5 mill. kroner, og at avsetjinga til maskinteknisk rådgjeving blir auka med 0,7 mill. kroner.

Landbruket si HMS-teneste er ei ideell stifting oppretta av Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Den har som formål å organisere eit effektivt arbeid med helse-, arbeidsmiljø og tryggleik (HMS) i landbruket. Verksemda skal gje eit forebyggjande tilbod til alle gardbrukarar og tilsette i landbruket og bidra til at yrkesutøvarane sjølv tek ansvar for å betre arbeidsmiljøet og for å skape ein sikker arbeidsplass. Større oppslutning om ordninga gjev meir eigenfinansiering.

Partane i jordbruksoppgjæret var einige om ei formell samanslåing av Landbrukets HMS-teneste og Norsk Landbruksrådgjeving (NLR). Løyvinga til HMS over post 78.16 på 14 mill. kroner blir overført til NLR og øyremerka HMS-arbeid i landbruket. I tillegg blei det sett av 1 mill. kroner til å dekkje auka kostnader i samband med samanslåinga.

Partane i jordbruksoppgjæret var også einige om at arbeidet med rettleiing om økologisk landbruk blir innlemma i NLR sin ordinære portefølje, jf. omtalen av utviklingstiltak innafor økologisk landbruk. Det er sett av 6 mill. kroner til dette i 2014.

Total avsetning til NLR blir etter dette:

Grunntilskott forsøksringar	48,8 mill. kroner
Byggteknisk planlegging	4,5 mill. kroner
Maskinteknisk rådgjeving	2,2 mill. kroner
Grøntkampanje	4,5 mill. kroner
Rådgjeving økologisk landbruk	6,0 mill. kroner
Landbrukets HMS-teneste	15,0 mill. kroner

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 82,5 mill. kroner for 2014.

I tillegg mottar NLR 2,05 mill. kroner av avsette midler på 11 mill. kroner på post 77.15 til konkrete prosjekter som del av oppfølging av Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel.

Underpost 77.14 Tilskott til pelsdyrfôr

Underposten omfattar tilskott til pelsdyrfôrlag og tilskott til pelsdyrfôr (fôrrefusjon). Formålet med tilskott til pelsdyrfôrlag er å bidra til utjamning av fraktkostnadene ved innfrakt av råstoff til fôrkjøkken og utfrakt av ferdig fôr til pelsdyrfarmane. Ordninga skal fremje ei rasjonell omsetnad av fôr til pelsdyr og bidra til geografisk utjamning av produksjonskostnader.

Produksjon av pelsdyrskinn har ikkje noko grensevern, og tilskott til pelsdyrfôr er ein refusjon av fôrkostnader knytt til meirkostnader som følgje av det norske grensevernet på korn og kornsubstitutt. Refusjonsordninga skal bidra til at fôrkostnadene i næringa blir likestilt med fôrkostnadene på verdsmarknaden. Formålet er å gje norskproduserte pelsdyrskinn likeverdige konkurranseforhold med andre land.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 23,2 mill. kroner i 2014. Løyvinga er fordelt med 17,8 mill. kroner til frakt av pelsdyrfôr og 5,4 mill. kroner i kostnadskompensasjon til pelsdyrfôr.

Underpost 77.15 Tilskott til kvalitetstiltak

Underposten inneheld ordningar som skal bidra til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette er å skaffe den norske potet- og grøntnæringa plantemateriale som er kontrollert for bestemte skadegjerarar, og med definerte eigenskapar tilpassa norske forhold. Formålet med å gje tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet.

Formålet med *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde* er todelt:

1. Redusere avhengigheta av kjemiske plantevernmidde
2. Redusere risikoen for helse og miljø ved bruk av kjemiske midde

Ei arbeidsgruppe med representantar frå partane i jordbruksoppgjeret er sett ned for å følgje opp handlingsplanen.

I jordbruksoppgjeret var partane einige om ei auka avsetjing på 4,2 mill. kroner, fordelt med 1 mill. kroner til handlingsplanen for plantevernmidde, 2,2 mill. kroner til utvikling av plantemateriale og 1 mill. kroner til sortsforsøk.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 52,9 mill. kroner i 2014 som er fordelt på følgjande tilskottsordningar (i mill. kroner):

Utvikling av plante- materiale – oppformering	11,00 mill. kroner
Utvikling av plante- materiale – «Graminor»	22,46 mill. kroner
Utvikling av plante- materiale – «Pre-breeding»	1,20 mill. kroner
Kvalitetstiltak settepotetavl	7,24 mill. kroner
Handlingsplan plantevern- midde	11,00 mill. kroner

Løyvinga for å følgje opp handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde blir tildelt aktørar som søker på konkrete prosjekt. For 2014 er fordelinga 5,15 mill. kroner til Bioforsk, 3,8 mill. kroner til Mattilsynet og 2,05 mill. kroner til Norsk Landbruksrådgeving.

Underpost 77.17 Tilskott til fruktlager

Formålet med tilskottet til fruktlager er å fremje eit forpliktande samarbeid om felles lagring, sortering, pakking og omsetnad av frukt som bidreg til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt. Partane i jordbruksoppgjeret var einige om ei auka avsetjing på 2 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 13 mill. kroner til ordninga i 2014.

Post 78 Velferdsordningar, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
78.11	Tilskott til avløyning for ferie/fritid	1 147 316	1 168 319	1 174 119
78.12	Tilskott til avløyning for sjukdom m.m.	164 109	190 500	186 400
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	88 000	88 000	88 000
78.15	Tilskott til landbruksvikarordninga	71 784	69 000	62 000
78.16	Tilskott til tidlegpensjonsordning for jordbrukarar	91 638	93 035	91 235
	Sum post 78	1 562 848	1 608 854	1 601 754

Budsjettframlegg 2014**Underpost 78.11 Tilskott til avløyning for ferie/fritid**

Formålet med ordninga er å leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fritid og hjelp til avlasting gjennom å bidra til finansiering av innleie av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar per dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag og dyretal på føretaka. Tilskottet blir gjeve for faktiske lønnsutgifter etter rekneskap og lønns- og trekkoppgåver.

I jordbruksoppgjæret blei satsane auka med 3,9 pst., og det maksimale tilskottet per føretak blei auka med 3 000 kroner til 72 000 kroner per føretak. Det gjev ei auka løyving på om lag 44 mill. kroner, mens reduksjon i talet på dyr og i talet på føretak gjev ei innsparing på 38 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 174,1 mill. kroner for 2014.

Underpost 78.12 Tilskott til avløyning for sjukdom m.m.

Formålet med ordninga er å bidra til å finansiere avløyning på føretak med husdyrproduksjon, honningproduksjon, heilårs veksthusproduksjon og planteproduksjon i onneperiodar og når brukaren av særlege grunnar ikkje kan ta del i arbeidet på bruket.

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå utrekna maksimalt tilskott i ordninga med tilskott til avløyingsutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette grunnlaget blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskottet. Tilskottet blir

gjeve for faktiske utgifter til avløyning, opp til maksimal dagsats for det enkelte bruk.

I jordbruksoppgjæret var partane einige om å auke den maksimale dagsatsen 1 400 kroner til 1 500 kroner per dag. Dette styrkjer også landbruksvikarordninga. Det gjev ei auka løyving på 12 mill. kroner, mens forbruksprognosen gjev ei innsparing på 16 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 186,4 mill. kroner for 2014.

Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga i landbruket

Den kollektive innbetalinga over jordbruksavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auka av sjukepengane frå 65 pst. til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 16 dagar. Ordninga er rekna som kollektiv forsikring som ikkje gjev rett til frådrag ved likninga. Løyvinga blir rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei jordbrukarane som går inn under ordninga. Midlane blir overførte sentralt til Folketrygda.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 88 mill. kroner til ordninga for 2014.

Underpost 78.15 Tilskott til landbruksvikarordninga

Formålet med landbruksvikarordninga er å sikre at primærprodusentane over heile landet har tilgang på arbeidshjelp når dei treng det ved alvorleg skade eller sjukdom. I 2008 blei det etablert ei ny landsdekkjande landbruksvikarordning gjennom avløyingsarlag. Det er eit mål at ordninga vil nå eit omfang på 240 årsverk. Maksimal støtte per årsverk er 270 200 kroner.

Departementet gjer framlegg om ei samla løyving på 62 mill. kroner for 2014.

Landbruket si HMS-teneste er ei ideell stifting oppretta av Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Som gjort greie for under omtalen av post 77.13, er det foreslått at denne ordninga skal slåast saman med resten av verksemda til Norsk Landbruksrådgeving og at løyvinga blir flytt til den posten.

Underpost 78.16 Tilskott til tidlegpensjonsordning for jordbrukarar

Formålet med ordninga er å bidra til lettare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk. Noko redusert utnytting av ordninga gjev ei prognosert innsparing på om lag 2 mill. kroner i 2014.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 91 mill. kroner for 2014.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Tilbakebetalte tilskott til reguleringsanlegg	3 701		
85	Marknadsordninga for korn	36 953	59 520	59 520
	Sum kap. 4150	40 654	59 520	59 520

Post 70 Tilbakebetalte tilskott til reguleringsanlegg

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er at Omsetningsrådet krev tilbakebetalt midlar løyva til reguleringsanlegg som ikkje lenger nyttas i samsvar med føresetnaden for løyvinga. Partane i jordbruksoppgjeret kan omdisponere desse midlane til andre tiltak innafør ei uendra ramme på jordbruksavtalen.

Rapportering 2012

Av løyvingar gjeve frå jordbruksavtalen til marknadsreguleringsanlegg som ikkje lengre blir nytta til slik regulering blei det i 2012 betalt tilbake 3,7 mill. kroner frå 4 av Nortura sine anlegg i Namsos, Oppdal, Sortland og Ålesund.

Budsjettframlegg 2014

Departementet er ikkje kjent med at det vil bli betalt tilbake midlar frå omdsponerte reguleringsanlegg i 2014.

Post 85 Marknadsordninga for korn

Formål med løyvinga

Ordninga har som formål å sikre tilnærma like konkurransevilkår mellom korn og andre råvarer

i kraftfôr til husdyr. I jordbruksavtalen blir det rekna ut målprisar for protein og fett som gjev om lag den same råvareprisen for energien i desse varene som for norsk korn. Råvarer som til dømes soya blir ikkje pålagt toll når dei blir importert til mat. Den delen av dette som blir brukt til produksjon av kraftfôr til husdyr blir da pålagt ei prisutjamning. Posten omfattar inntektene frå prisutjammingsbeløp på kraftfôrråvarer.

Rapportering 2012

Innbetalte prisutjammingsbeløp var i 2012 om lag i samsvar med budsjett.

Budsjettframlegg 2014

Prisauke på norsk korn i jordbruksoppgjeret gjev auka målpris på protein og høgare prisutjammingsbeløp. Prisutjammingsbeløpet er også påverka av prisane på verdsmarknaden. Prisane på verdsmarknaden for soya og andre proteinråvarer har vore så høg at det no ikkje blir tillagt noko prisutjammingsbeløp. Sjølv om målprisane på korn i Noreg blei auka i jordbruksoppgjeret har ein ikkje rekna med at det vil gje grunnlag for auka prisutjammingsbeløp over denne ordninga.

Departementet gjer framlegg om ei løyving i 2014 på 59,520 mill. kroner.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	43 346	34 100	33 100
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	6 100	6 100	6 100
75	Kostnadssenkende og direkte tilskott, <i>kan overføres</i>	46 313	62 400	67 700
79	Velferdsordningar, <i>kan overføres</i>	1 787	1 900	2 600
	Sum kap. 1151	97 546	104 500	109 500

Formål med løyvinga

Kapittelet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindriftsavtalen.

Reindriftsavtalen er, ved sida av reindriftslova, det viktigaste verkemiddelet for å følgje opp måla og retningslinene i reindriftspolitikken. I forhandlingane om reindriftsavtalen blir dei sentrale økonomiske verkemidla drøfta, mellom anna ut frå dei behova og utfordringane næringa til ei kvar tid står overfor.

For nærare omtale av mål og strategiar i reindriftspolitikken, og resultatane frå dei ulike tiltaka som sorterer under reindriftsavtalen, viser departementet til omtale under kat. 15.30, Prop 104 S (2012–2013) *Reindriftsavtalen 2013/2014* og Innst. 308 S (2012–2013). Nærare omtale av målsetjingane for dei enkelte ordningane på kapittelet går fram av budsjettframlegg for 2014.

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Tilsvarende som for tilskottforvaltninga under kapittel 1150, er det behov for tilpassingar i forhold til normale prosedyrar for ordningar under kapittel 1151. Kostnadssenkende og direkte tilskott under post 75 og velferdsordningar under post 79 er baserte på fastsette kriterium. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og ei rekkje verkemiddel som verkar samstundes mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla basert på rapportering frå *Økonomisk utval for reindrifta* i forkant av dei årlege forhandlingane om reindriftsavtalen. Rapporteringa blir i tillegg supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar. For ordningane under postane 75 og 79 er

det ikkje aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane.

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Statens reindriftsforvaltning (SRF). Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane blir direkte dekte innanfor løyvingane over kapittel 1147. For å kunne ha nødvendig fleksibilitet, vil det likevel vere aktuelt å trekkje nokre utviklings- og utgreiingskostnader på nokre av tilskottsordningane. Det same gjeld store evalueringar. På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom Innovasjon Noreg. I samband med dette har departementet klargjort ansvar og oppgåver for Innovasjon Noreg. Vidare er det på ein del område eit styre som forvaltar ordningar. Dette styret er partssamansett. Styret skal tildele tilskottsmidlar, mens SRF er sekretariat for styret.

Rapportering 2012

Reindriftslova av 2007 skal gje grunnlag for ei god indre organisering og forvaltning av reindrifta. I tillegg skal reindriftsnæringa etter lova, gjennom internt sjølvstyre, sjøve spele ei aktiv rolle og ha ansvaret for at reindrifta er berekraftig. Eit sentralt verktøy i denne samanhengen er bruksreglane. Dei tre siste åra har styresmaktene sitt arbeid vore prega av bistand og tett oppfølging av næringa sitt arbeid med å utarbeide bruksreglar. I bruksreglane skal det til dømes lagast egne reglar som skal regulere beitebruk og talet på rein i distrikta.

Ved utgangen av 2011 hadde sommar- og heilårsdistrikta fått godkjend bruksreglane sine. Dette gjaldt både områdestyra si godkjenning av bruksreglane og Reindriftsstyrets stadfesting og fastsetjing av den enkelte siidaen sitt reental. For

ein del førte klagebehandling til at endeleg vedtak først låg føre i 2012. Ut frå godkjende bruksreglar, skal talet på rein reduserast med om lag 40 000 rein.

Der reintalet er for høgt samanlikna med det som er fastsett, skal det skje ein reduksjon i samsvar med reindriftslova § 60 tredje ledd, primært gjennom ein reduksjonsplan utarbeidd av siidaen, sekundært gjennom ein forholdsmessig reduksjon.

Svært få av siidaene blei einige om ein reduksjonsplan i samsvar med lova. Dette førte til at Reindriftsstyret hausten 2012 sende ut varsel om gjennomføring av forholdsmessig reduksjon av talet på rein. I februar 2013 vedtok Reindriftsstyret fristar for ein forholdsmessig reduksjon. I dei siidaene som må redusere reintalet sitt, har kvar siidaandel fått fastsett ein frist for reduksjon av flokken sin. Heile reduksjonen skal gjennomførast i løpet av 1 til 3 år, avhengig av kor mange dyr distriktet skal redusere med.

Tal frå rekneskapan i totalalkylen viser ein nedgang i resultatopnåinga frå 2010 til 2011. Det totale vederlaget for arbeid og eigenkapital er redusert frå 160,9 mill. kr til 136,0 mill. kr. Denne reduksjonen skuldast i hovudsak ein nedgang i kjøttinntektene og i tilskotta. Foreløpige tal viser at den negative trenden heldt fram i 2012. Hovudårsaken til dette er ein reduksjon i slakteuttaket og i gjennomsnittsprisen til reineigar. Dette skjer på tross av at produsentprisen hadde ein mindre auke for rein i dei høgare vektclassene frå 2011 til 2012.

Marknadssituasjonen har etter fleire vanskelege år vore god i 2012. Med bakgrunn i ein reduksjon i slakteuttaket i 2012 har det auka salet bidrege til at lagerbeholdninga til reguleringslageret er tømt og til ein reduksjon av lageret til den enkelte bedrift.

Budsjettframlegg 2014

Reindriftsavtalen for 2013/2014

Den 20. februar kom Staten og Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL) fram til ei avtale for 2013/2014. Reindriftsoppgjeret for 2013/2014 har ei ordinær ramme på 109,5 mill. kroner. Dette er ein auke på 5,0 mill. kroner i forhold til Reindriftsoppgjeret 2012/2013.

Hovudmålet med Reindriftsavtalen 2013/2014 er å leggje til rette for auka slakting og omsetnad av reinkjøtt. Avtalepartane har sett det som serleg viktig at verkemidla over reindriftsavtalen blir samordna slik at ein på ein mest mogleg effektiv måte når dei fastsette måla. Reindriftsavtalen

2013/2014 gjer nettopp det ved at den legg til rette i alle ledd for å nå dei reindriftpolitiske måla. Infrastrukturen i reindrifta blir styrkt. Reineigarane blir stimulerte til auka slakteutak gjennom ein ekstraordinær auke av det produksjonsretta tilskottet. Det skal etablerast eit felles klassifiseringssystem for reinsdyrkjøtt. Samstundes skal det etablerast eit nytt rapporteringssystem som sikrar laupande rapportering frå slakteri- og vida-reforedlingsbedriftane. Riktig rapportering er avgjerande for Marknadsutvalet sitt arbeid. I tillegg er budsjett til Marknadsutvalet auka for å kunne leggje til rette for ein styrking av marknadskampanjane.

Utover den ekstraordinære auken av det produksjonsretta tilskottet, blir dei direkte tilskotta vidareført. Denne vidareføringa legg til rette for auka slakting og produksjon, samstundes som den skaper føreseielegheit for den enkelte reineigaren.

Den framforhandla avtalen forsterkar ytterlegare den næringsretta merksemda og stør opp om forvaltninga av reindrifta som ei næring. Ved at avtalen legg til rette i alle ledd i verdikjeda for auka slakting og omsetnad av reinkjøtt, gjev avtalen grunnlag for ein positiv utvikling og auka inntening hjå den enkelte reineigaren. Samstundes underbyggjer den framforhandla avtalen den dreininga ein har hatt i reindriftsavtalen sine virkemiddel dei siste åra, med ein tilrettelegging for dei reindriftsutøvarane som har reindrift som hovudverksemd.

Departementet gjer framlegg om løyvingar under kap. 1151 for 2014 i samsvar med Stortinget si behandling av reindriftsavtalen for 2013/2014, jf. Innst. 308 S (2012–2013). I omtalen av dei enkelte postane er det gjort kort greie for formål og innhald i dei ulike ordningane. Nærare omtale finst i Prop. 104 S (2012–2013) og Innst. 308 S (2012–2013).

Post 51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet

Reindriftras Utviklingsfond (RUF) skal gjennom bruk av økonomiske verkemiddel bidra til å utvikle reindriftnæringa i samsvar med dei reindriftpolitiske måla. Frå fondet blei det gjort følgjande avsetjingar:

- 1,0 mill. kroner til kvinneretta tiltak,
- 2,0 mill. kroner til Sametinget sine tilskottsordningar til næringsutvikling (STN),
- 1,45 mill. kroner til konfliktførebyggjande tiltak,
- 8,2 mill. kroner over RUF til Reinprogrammet

- 2,0 mill. kroner til vidareføring av fagbrevordninga,
- 5,0 mill. kroner til ulike marknadsføringstiltak,
- 5,3 mill. kroner til pramming av rein
- 1,0 mill. kroner til SANKS prosjektet *Reindriftens hverdag*

Avsetjingane over midlane til RUF utgjer totalt 33,1 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 1,0 mill. kroner i forhold til Reindrifftsavtalen 2012/2013.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Dei store utfordringane reindriftsnæringa står overfor krev ei aktiv deltaking frå næringa sjølv. Organisasjonstilskottet til Norske Reindrifftsamers Landsforbund (NRL) er sett til 6,1 mill. kroner, av dette 200 000 kroner til HMS-tiltak i reindrifta.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
75.11	Frakttilskott	1 690	1 900	3 000
75.12	Tilskott til driftseiningar og tamreinlag	34 337	50 600	54 400
75.13	Distriktstilskott	10 286	9 900	10 300
	Sum post 75	46 313	62 400	67 700

Tilskotta skal bidra til å fremje berekraft, kvalitet og produktivitet i reindrifta, heve inntekta og verke utjamnande mellom einingar i næringa. Regjeringa gjer framlegg om ei samla løyving under posten på 67,7 mill. kroner for 2014, jf. omtalen nedanfor.

Underpost 75.11 Frakttilskott

Føremålet med frakttilskottet er å bidra til å jamne ut prisane på reinkjøtt til reineigarane i ulike distrikt og å bidra til utjamning av fraktkostnader til marknaden. Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 3,0 mill. kroner.

Underpost 75.12 Tilskott til driftseiningar og tamreinlag

Dette tilskottet er inndelt i følgjande ordningar:

Produksjonspremie: Føremålet med produksjonspremien er å premiere innsats, produksjon og vidareforedling i næringa. Produksjonspremien til siidaandelane blir rekna med 31 pst. av avgiftspliktig sal av kjøtt og biprodukt frå rein. Vidare blir det utbetalt produksjonspremie for andre avgiftspliktige inntekter frå vidareforedla produkt frå reinen. Det blir ikkje utbetalt produksjonspremie for avgiftspliktig inntekt som overstig 0,6 mill. kroner per siidaandel og 1 mill. kroner pr

tamreinlag. Produksjonspremien blir utbetalt til eigaren av siidaandelen. For tamreinlaga vil årsrekneskapen danne grunnlaget for utrekninga av produksjonspremien. Det er sett av 29,0 mill. kroner til produksjonspremie.

Driftstilskott: Føremålet med ordninga er å kompensere for nokre av utgiftene i reindrifta. Tilskottet blir utbetalt med ein sats på 10 000 kroner per siidaandel i alle reinbeiteområda. I dei siidaandelane der kvinner står som enkeltinnehavarar eller eigaren av siidaandelen er under 30 år per 1.1.2014, er driftstilskottet på 25 000 kroner. Det er sett av 5,3 mill. kroner til driftstilskott.

Etableringstilskott: Ordninga med tilskott ved overdraging av siidaandel blir vidareført med ein sats på 80 000 kroner det første året, deretter settes satsen til 65 000 kroner dei to påfølgande åra. Det er sett av 2,2 mill. kroner til etableringstilskott.

Kalveslaktetilskott: Satsen for tilskottet er 275 kroner pr kalv. Kalveslaktetilskottet er avgrensa til å gjelde slakt i perioden frå 15.8.-31.12.2013 for å stimulere til størst mogeleg haustslakting. Det er sett av 15,4 mill. kroner til ordninga med kalveslaktetilskott.

Ektefelletillegg: Ordninga med tillegg til siidaandelar der begge ektefellane eller sambuarane driv aktiv reindrift blir vidareført med ein sats på

42 500 kroner. Det er sett av 2,5 mill. kroner til ordninga med ektefelle tillegg.

Totalt blir det gjort framlegg om ei løyving på 55,5 mill. kroner.

Underpost 75.13 Distriktstilskott

Føremålet med distriktstilskottet er å bidra til at reinbeitedistrikta skal kunne ta auka ansvar for utvikling av næringa i ei berekraftig retning. Dette inneber å få talet på rein i balanse med beitegrunnlaget, sikring av areala til reindrifta, auka lønnsemd og tilrettelegging for kriseberedskap. Forutan krav om at distrikta oversender revisor-godkjend rekneskap innan ein gjeven frist, blir det gjeldende regelverket videareført. Gjeldande satsar blir vidareført unnateke tilskott til distrikt 16 i Aust-Finnmark reinbeiteområde. For dette distriktet aukar tilskottet per siidaandel til 18 300 kroner.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 10,3 mill. kroner.

Post 79 Velferdsordningar

Det er sett av 1,0 mill. kroner til ordninga med tidlegpensjon. Satsen for einbrukarpensjon er 100 000

kroner pr år, og tobrukarpensjon er sett til 160 000 kroner. Posten omfattar ordninga med Medlemsavgift til Folketrygda og sjukepengeordninga. Som eit tiltak i arbeidet med å tilpasse talet på rein til beitegrunnlaget er aldersgrensa for å søke om tidlegpensjon redusert frå 62 år til 57 år. Det blir vidare opna for at det kan gjevast tidlegpensjon for det tidsrommet det blir ytt avtalefesta pensjon.

Det er sett av 1,0 mill. kroner til ordninga med særskilt tilskott for leigd hjelp ved svangerskap/fødsel. Tilskottet skal bidra til å styrkje stillinga til kvinner i reindrifta. Det gjeldande regelverket og dei gjeldande satsane blir ført vidare.

Det er sett av 0,6 mill. kroner til sjukepengordninga. Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for ei auke av sjukepengane frå 65 pst. til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 16 dagar. Fødselspengar blir også gjevne med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utøvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overførte sentralt til Folketrygda.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 2,6 mill. kroner.

Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	12 673	13 091	13 549
75	Tilskott til oppsyn i statsalmenningar	9 296	9 603	9 939
	Sum kap. 1161	21 969	22 694	23 488

Post 70 Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver

Formål med løyvinga

Formålet med Statskog SF sitt arbeid med forvaltningsoppgåver er å sikre at dei rettane bruksretts-havarar og andre har på eigedommane, blir sikra i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningsliner. Føretaket skal arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er tenleg for samfunnet, for dei distrikta der eigedommane ligg og for staten som eigar. Samstundes er det knytt kostnader

til å ha oppsyn med og å leggje til rette for bruk av store areal der det ikkje er aktuelt med næringsverksemd. Forvaltningsoppdraget er regulert i ein eigen avtale.

Innanfor skogbruket følgjer oppgåvene av lov om skogsdrift i statsalmenningar, og oppgåvene er særleg knytte til virkesutvising i statsalmenningar til dekking av bruksrettar. I tillegg inngår arbeid med salsvirke til inntekt for allmenningsfonda.

Vidare utfører Statskog SF offentlegrettslege oppgåver der føretaket handlar som offentleg styresmakt, handsamar saker og gjer vedtak i sam-

svar med fjellova og lov om skogsdrift mv. i statsallmenningane. Administrasjonsutgiftene under tilskottsforvaltninga for post 75 Oppsyn i statsallmenningar går også inn her.

I tillegg til dei lovpålagde oppgåvene, har Statskog SF ei rekkje oppgåver som har grunnlag i pålegg og retningsliner frå departementet. Statskog SF skal vere til stades på eigedommane og ha oppsyn og kontakt med brukarar av areala. Statskog SF har eit eige feltapparat for naturoppsyn og forvaltning av statleg grunn i Nordland og Troms. Tenesta skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging bidra til å sikre naturverdiar og bevaring av biologisk mangfald. Tenesta omfattar eit geografisk areal på knapt 40 mill. dekar. Fjelltenesta sel tenester til fleire oppdragsgjevarar, mellom anna miljøvernstyresmaktene. Statskog SF har inngått ein samarbeidsavtale med Statens naturoppsyn (SNO) om at Fjelltenesta skal utføre offentlegrettsleg naturoppsyn for SNO.

Statskog SF skal leggje til rette for at folk flest skal kunne drive eit aktivt friluftsliv på føretaket sine areal. Som ledd i dette arbeidet held føretaket opne husvære i fjellet, merkar stiar og løyper og byggjer og driv vedlikehald av bruer, klopper, rasteplassar og fiskebrygger. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern. Statskog SF har eit nært samarbeid med miljøvern-, landbruks- og helsestyresmakter og dei frivillige organisasjonane i dette arbeidet.

Rapportering 2012

På post 70 er det i 2012 rekneskapsført 12,7 mill. kroner, som er i samsvar med løyvinga. Rekneskapa viser at det er nytta 1,8 mill. kroner på skogbruksverksemd i statsallmenningane i 2012. Dette er på same nivå som året før. Om lag 26 000 m³ tømmer og ved er utvist til bruksrettshavarane eller selt til inntekt for allmenningsfonda. Totalt utgjer avverka kvantum i 2012 om lag 48 pst. av balansekvantum. Det blei brukt 0,5 mill. kroner til offentlegrettslege oppgåver der føretaket har handla som offentleg styresmakt.

Vidare viser rekneskapa at det i 2012 blei brukt 4,7 mill. kroner til oppsyn, ein auke på om lag 0,3 mill. kroner samanlikna med 2011. Oppsynet rettar seg mot førebyggjande verksemd, ordinært oppsyn, vedlikehald og skjøtsel av areala. I 2012 har mykje av oppsynet retta seg mot fjerning av søppel, riving av ulovlege bygg og opprydding.

Til arbeidet med friluftsliv blei det i 2012 brukt om lag 4,5 mill. kroner, ein auke på om lag 0,2 mill. kroner i forhold til 2011. Prioriterte tiltak

i 2012 omfattar tilsyn og vedlikehald av etablerte anlegg som bruer, turveggar, rasteplassar og opne buer, i tillegg til informasjonsarbeid. Tiltaka er utførte i samsvar med føretaket sin eigen Handlingsplan for friluftslivet 2009 – 2012.

Det er i 2012 lagt vekt på samarbeid og kontakt med reindrifstøvarane og reindriftsforvaltninga. Statskog har i 2012 inngått ein avtale med Norske Reindrifssamers Landsforbund og det er oppretta eit regionutval for Nordland og Troms som vil kunne styrkje dialogen med reindrifsnæringa. Statskog har inngått ein avtale med Sameininget i 2012 med same føremål.

Grunneigarfondet

Statskog SF har ansvaret for forvaltninga av grunneigarinntektene frå statsallmenningane. Inntektene går inn på eit eige fond kalla *Grunneigarfondet*. Dette gjeld mellom anna inntektene frå fritidsfestekontraktar i statsallmenningane. Bruken av Grunneigarfondet er regulert i § 12 i fjellova. Fondet skal etter samråd med Fjellstyresambandet mellom anna nyttast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønnsame arbeidsplassar. Storleiken på dei årlege inntektene er viktig for tiltaka som skal leggje til rette for auka aktivitet i statsallmenningane.

Grunneigarfondet var per 31.12.2012 på 5,3 mill. kroner. Dette er ein auke på om lag 1,2 mill. kroner samanlikna med 2011. Økonomien i Grunneigarfondet er avgjerande for omfanget av og kvaliteten på Statskog SF sin administrasjon og forvaltning og føretaket si moglegheit for å bruke midlar til tiltak.

Allmenningsfonda var per 31.12.2012 på 52,6 mill. kroner. Fonda skal saman med avsett skogfond på opp mot 1 mill. kroner nyttast til investeringar i skogbruket i den enkelte allmenningen.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 13,549 mill. kroner.

Posten omfattar tilskott til Statskog SF sitt arbeid med dei oppgåvene som er omtalte i avtale mellom Statskog SF og Landbruks- og matdepartementet om delegerte myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver.

Statskog SF sine oppgåver knytte til skogbruk i statsallmenningar omfattar planlegging og gjennomføring av arbeidet med utvising av virke til dei med bruksrett, skogbruksplanar, miljøregistreringar i skog, landskapsplanar med vidare.

Det vil i 2014 vere behov for å føre tilsyn med Statskog SF sine areal, mellom anna for å ivareta staten sine rettar som grunneigar. I tillegg er det behov for service overfor og tilsyn med brukarar av utmarka. Eksempel på slike brukarar er rein-driftsnæringa, når det gjeld arealbrukskonfliktar og auka jegertrykk; og forsvaret, når det gjeld grunn som ikkje blir festa, men rekvirert ved øvingar. Service og tilsyn med brukarar er mellom anna viktige oppgåver for Fjelltenesta i Nordland og Troms.

Vidare skal Statskog SF i 2014 halde fram arbeidet med å leggje til rette for allmenta si bruk av og tilgang til areala. Innsatsen skal i hovudsak rettast mot kvalitetssikring og vedlikehald av eksisterande anlegg og tilbod som fremjar sikkerheit og vern av kulturminne, og informasjon om tilboda. Det er behov for vedlikehald av opne husvære for allmenta. Mange av desse blei tidlegare nytta i næringsverksemd, og er viktige kulturelement som bør haldast i stand så langt som mogeleg. Statskog SF er no i ferd med å selje ein del av desse husværa, men det vil framleis vere utfordringar knytte til vedlikehald av damanlegg, husvære o.a. som treng opprusting.

Post 75 Tilskott til oppsyn i statsallmenningar

Formål med løyvinga

Posten dekkjer tilskott til fjellstyra sine oppsynsordningar i statsallmenningane i samsvar med § 36 i fjellova. Fjellstyra kan tilsetje oppsynsmenn til å føre tilsyn med statsallmenningen. Oppsynsmenn blir lønte av fjellkassa. Når tilsetjinga av oppsynsmenn er skjedd i samsvar med oppsynsordninga som departementet har godkjent, har fjellstyra krav på å få refundert halvparten av lønnsutgiftene frå denne posten. Ordninga skal leggje til rette for å ivareta samfunnsinteresser, oppsyn og tilrettelegging der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar. Fjellstyret gjev ein instruks for oppsynstenesta, som blir godkjend av Statskog.

Statsallmenningane i Sør- og Midt-Noreg utgjer om lag 27 mill. dekar, tilsvarande 11 pst. av alt utmarksareal i Noreg. Dette er viktige område for befolkninga sin rekreasjon og lokal næringsutvikling. Fjellopsynet har til oppgåve å bidra til berekraftig bruk av statsallmenningane. Dei skal førebyggje miljøkriminalitet og bidra til at offent-

legrettslege vedtak blir overhaldne, utføre oppgåver for grunneigaren (Statskog SF) m.m. Som eit ledd i dette arbeidet, driv fjellopsynet informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervaking og kontroll. Oppsynsmenn kan bli gjevne politifullmakt etter lov av 4. aug 1995 nr. 53 § 20 om politiet. Forvaltninga av tilskottsordninga er delegert til Statskog SF.

Rapportering 2012

I 2012 blei det gjeve 9,2 mill. kroner i tilskott til fjellstyra for oppsynsordningar i statsallmenningane. Statskog SF har fordelt midlane på grunnlag av fjellstyra sine budsjett, rekneskap og rapportering og etter ein nøkkel som tilgodeser små fjellstyre. Noko under halvparten av tilskottet er brukt på feltarbeid knytt til oppsyn og skjøtsel, mens dei resterande midlane er brukte til sakshandsaming og anna innarbeid som gjev rett til tilskott. Samanlikna med 2011 er det ein auke i innarbeidet og ein tilsvarande nedgang i utarbeidet, noko som truleg skuldast aukande krav til saksbehandling og medverknad i offentleg planlegging, verneplanar med meir. For 2012 er det rapportert om 7 385 kontrollar, ein svak auke samanlikna med 2011. Det er knytt noko usikkerheit til tala, då rapporteringa ikkje har vore heilt lik frå år til år. Som dei siste åra, er det utført flest kontrollar av fiske og jakt, mens kontroll av motorferdsel, vernereglar og anna berre står for ein liten del av den samla aktiviteten. Det er rapportert om 52 ulovlege forhold. Dette er ein nedgang frå 2011, og framleis lågt samanlikna med situasjonen tidleg på 2000-talet.

Budsjettframlegg 2014

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 9,939 mill. kroner. Fjellopsynet omfattar i dag om lag 60 årsverk. Departementet meiner at løyvinga på posten gjev grunnlag for eit synleg oppsyn i statsallmenningane og rom for vidare tilrettelegging for friluftslivet.

Oppsyn i statsallmenning skjer både gjennom fjellopsynet og det offentlegrettslege oppsynet SNO driv. Fjellopsynet si lokale forankring og kunnskap er eit viktig bidrag i det samla oppsynet. Det er nødvendig med eit godt samarbeid mellom fjellopsynet og SNO.

Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
90	Avdrag på lån	100 000	50 000	50 000
	Sum kap. 4162	100 000	50 000	50 000

Post 90 Avdrag på lån**Budsjettframlegg 2014**

Departementet legg til grunn at auka eigenkapital frå inntektene frå arronderingssalet som starta hausten 2011, blir nytta til avdrag på det statlege lånet Statskog SF fekk i samband med oppkjøpet

av Borregaard Skoger AS, Borregaard Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010–2011) *Kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF*. Føretaket står fritt til å betale avdrag utover årleg minimumsavdrag på 10 mill. kroner. Med utgangspunkt i prognosane for salet i 2014 er forventa avdrag sett til 50 mill. kroner.

Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
70	Avgifter i matforvaltninga	156 958		
71	Totalisatoravgift	144 191	125 000	125 000
	Sum kap. 5576	301 149	125 000	125 000

Post 70 Avgifter i matforvaltninga

Sektoravgiftene i matforvaltninga blei avvikla frå 1. januar 2012.

samla omsetnad på om lag 3 400 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving under posten på 125 mill. kroner. Det er i framlegget lagt til grunn ein uendra avgiftssats på 3,7 pst. av omsetnaden.

Post 71 Totalisatoravgift

Under posten blir det ført inntekter frå avgift på totalisatorspel.

I 2012 var den samla omsetnaden på totalisatorspel 3 879 mill. kroner. Dette var noko høgare enn året før. For 2014 er det budsjettert ut frå ei

For å hindre uønskt reklame er det fastsett reglar for å avgrense marknadsføringa av lovlege spel. Lotteri- og stiftingstilsynet har fått oppgåva å kontrollere alt spel i Noreg. Dette inneber også ansvaret for kontroll med at totalisatorspelet er i samsvar med det spelereglement som er godkjent av Landbruks- og matdepartementet.

Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Inntekter under programkategori 15.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	Pst. endr. 13/14
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	4 590	5 000	5 000	0,0
5652	Renter og utbytte – Statskog SF	63 112	49 800	125 700	152,4
	Sum kategori 15.40	67 702	54 800	130 700	138,5

Landbruks- og matdepartementet forvaltar, på vegne av staten, statsforetaket Statskog SF, samt staten sine aksjeinteresser i aksjeselskapa Veteri-

nærmedisinsk oppdragssenter AS, Graminor AS, Staur gård AS, Kimen Såvarelaboratoriet AS, Instrumenttjenesten AS og ITAS Eierdrift AS.

Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014	
85	Utbytte	4 590	5 000	5 000	
	Sum kap. 5651	4 590	5 000	5 000	

Post 85 Utbytte

Landbruks- og matdepartementet med underliggjande verksemdar forvaltar den statlege eigarskapen i Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO) og dei mindre selskapa Graminor AS, Instrumenttjenesten AS, ITAS Eierdrift AS, Staur Gård AS og Kimen Såvarelaboratoriet AS. i 2014 blir det budsjettert med eit utbetalt utbytte på 5 mill. kroner frå VESO, mens det ikkje blir budsjettert med utbytte frå dei andre selskapa.

Det er eit mål for den statlege eigarskapen at selskapa oppnår langsiktig avkastning på den investerte kapitalen. For selskap der staten har forretningsmessige mål med eigarskapen er slik

avkastning det sentrale omsynet i eigarskapsforvaltninga, jf. Meld. St. nr. 13 (2010–2011) *Aktivt eierskap* der regjeringa sine forventningar til utbytte og avkastning er omtalte under pkt. 5.4.1.

Statleg investering i selskapa under Landbruks- og matdepartementet er ikkje gjort av forretningsmessige grunnar, men med andre føremål enn avkastning og utbytte til eigarane. Sentralt for dei fleste selskapa er at dei kan tilby gode varer og tenester til sektoren. Det har difor ikkje vore sett nærare på avkastningskrav eller utvikla ein eigen utbyttepolitikk for desse selskapa, bortsett frå for Graminor AS, som har utarbeidd ein strategi basert på at ein stor del av det årlege overskottet skal haldast tilbake til finansiering av planteforedlingsaktivitet.

Tabell 2.14 Oversikt over aksjeselskap under Landbruks- og matdepartementet

	Eigardel 31.12.2012	Resultat 2012	Utbytte utbetalt 2013	Venta utbytte utbetalt 2014
Graminor AS	34,0 %	5 032	598	0
Instrumenttjenesten AS	100,0 %	959	0	0
ITAS Eierdrift AS	100,0 %	-197	0	0
Kimen såvarelaboratoriet AS	51,0 %	640	255	0
Staur gård AS	100,0 %	223	0	0
Veterinærmedisinsk oppdragscenter AS	34,0 %	30 804	10 200	5 000
Sum		37 461	11 053	5 000

(i 1000 kroner)

Graminor AS

Graminor AS driv planteforedling, sortsrepresentasjon og oppformering for å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale. Selskapet mottek lisens- og foreddlaravgift ved omsetnad av sjukdomsfritt plantemateriale i marknaden, forskingsmidlar frå jordbruksavtalen og tilskott, jf. omtale under kap. 1150 post 77.15.

Staten eig 34 pst. av aksjane i selskapet. Av dette forvaltar departementet 28,2 pst., mens Bioforsk forvaltar 5 pst. og Universitetet for miljø- og biovitenskap 0,8 pst. Dette skal sikre eigar- og samfunnsinteressene i planteforedling og oppformering av plantemateriale i Noreg.

Graminor AS hadde i 2012 ein omsetnad på 53,1 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 5,03 mill. kroner. Overskottet er i hovudsak knytt til den forretningsmessige delen av verksemda og skuldast mellom anna lågare kostnader knytt til omsetnad av sertifisert såkorn og nokre vakansar i stillingar. Det blei utbetalt utbytte på i alt 2,12 mill. kroner for 2012, av dette 598 200 kroner til Landbruks- og matdepartementet. Resten av overskottet er tilført selskapets eigenkapital.

Graminor AS har utarbeidd ein strategi for verksemda, og den er lagt til grunn for budsjettet for 2014. I strategien blir verksemda skissert som ei forretningsmessig verksemd basert på planteforedling, representasjon og prebasisproduksjon, samt planteforedling på vegne av staten. I strategien til verksemda er det lagt til grunn ein langsiktig utbyttepolitikk basert på stabilitet og på at ein stor del av det årlege overskottet skal haldast tilbake til finansiering av planteforedlingsaktivitet. Det blir difor ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2014.

Instrumenttjenesten AS

Instrumenttjenesten AS blei etablert i 1991 for å levere datatenester til seks forskingsinstitusjonar som også var eigarar. Kundeforholdet til eigarane blei i 2010 overført til ITAS Eierdrift AS.

Instrumenttjenesten AS leverer tenester, system og utstyr til forskingsinstitusjonar, næringsliv og forvaltning for bruk innanfor miljøovervaking, meteorologi, hydrologi og geoteknikk. Statens føremål med eigarskapen er å leggje til rette for effektiv forskning og utvikling i sektoren. Staten eig heile selskapet. Verksemdar under Landbruks- og matdepartementet forvaltar 60 prosent av aksjane, mens verksemdar under Kunnskapsdepartementet forvaltar dei resterande 40 prosentane.

Instrumenttjenesten AS hadde i 2012 ein omsetnad på 7,2 mill. kroner og eit resultat etter skatt på minus 0,2 mill. kroner. Det blir ikkje budsjettert med utbytte i 2014.

ITAS Eierdrift AS

ITAS Eierdrift AS blei etablert i 2009 og driftr sentrale datasystem og system og utstyr for klimamålingar for eigarane. Slike tenester blei før 2010 utført av Instrumenttjenesten AS.

Staten eig heile selskapet. Verksemdar under Landbruks- og matdepartementet forvaltar 76 prosent av aksjane, mens verksemdar under Kunnskapsdepartementet forvaltar dei resterande 24 prosentane.

ITAS Eierdrift AS hadde i 2012 ein omsetnad på 22,7 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 1,0 mill. kroner. Det blir ikkje budsjettert med utbytte i 2014.

Kimen Såvarelaboratoriet AS

Kimen Såvarelaboratoriet AS blei skilt ut frå Mattilsynet i 2004. Selskapet er kompetansesenter på frøkvalitet og frøanalysar, og har status som nasjonalt referanselaboratorium på såvareanalysar. Selskapet rettar verksemda si mot såvarebransjen og forvaltninga. Sal av laboratorieanalysar og tenester, mellom anna til Mattilsynet, og rettleiing og opplæring i såvarespørsmål, er av hovudoppgåvene til selskapet. Staten eig 51 pst. av selskapet. I tillegg eig Felleskjøpet Agri BA 34 pst. og Strand Unikorn AS 15 pst.

Selskapet hadde i 2012 ein omsetnad på 11,2 mill. kroner og eit overskott etter skatt på 640 212 kroner. Det blei utbetalt 500 000 kroner i utbytte, og det resterande overskottet blei lagt til annan eigenkapital.

Det er ikkje eit mål for staten som medeigar i selskapet at det skal utbetalast størst mogleg utbytte. Selskapet er på fleire område einerådande, og det er ikkje ønskjeleg at høge prisar på tenestene reduserer talet på analysar. Forventa framtidig reduksjon i oppdragsmengda gjer også at overskott i hovudsak bør leggjast til eigenkapitalen. Det blir ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2014.

Staur gård AS

Staur gård AS har ansvar for å drive eigedommen Staur i Stange. Eigedommen er eigd av staten. Staur gård AS har, i samarbeid med andre aktørar, eit ansvar for forskings- og forsøksverksemd i jordbruket. Av dei viktigaste funksjonane på garden er teststasjonen for storfe, seminstantasjonen for sau og korn- og planteforsøk i regi av Graminor AS. Selskapet driv også gjestegarden på Staur, som særleg er retta mot lokale og nasjonale samfunnsinstitusjonar. Eigedommen Staur gård AS driv er spesiell og eigenarta. I 2012 blei fleire bygningar, hagen og parkanlegget freda av Riksantikvaren. Selskapet har til oppgåve å drive eigedommen på ein rasjonell måte innanfor ramma av desse omsyna. Det har dei siste åra blitt gjort vesentlege utbetringar ved eigedommen.

Det blei i 2012 utarbeidd ein ny leigekontrakt for eigedommen, med leigeverdi og framtidig krav til vedlikehald basert på ein rapport frå Vorma Økonomi & Rekneskap AS. I denne kontrakten er leiga sett lågt, samstundes som Staur gard AS tek på seg ein større del av ansvaret for vedlikehald enn tidlegare.

Staur gard AS hadde i 2012 ein omsetnad på om lag 8,4 mill. kroner, ein auke på 7,6 pst. frå 2011, og eit overskot på 0,223 mill. kroner. Det blei ikkje teke ut utbytte. Auken i omsetnaden i 2012 var i hovudsak knytt til verksemda på gjestegarden, der omsetnaden auka med 12 pst. Departementet ventar at selskapet presenterer positive tal i same storleik også for 2013.

Det blir ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2014.

Veterinærmedisinsk oppdragscenter AS (VESO)

VESO er ei kunnskapsbedrift med fagleg fundament i norske veterinærmedisinske miljø og liknande miljø. Selskapet er i dag den leiande grossisten og distributøren av veterinære legemiddel i den norske marknaden, og driv eit av dei leiande kliniske smittelaboratoria for fisk. I tillegg eig selskapet Akvaforsk Genetics Center AS, som er eit av dei leiande selskapa i utforming av avlsprogram innanfor akvakultur. Selskapet sin forretningsidé er å tilby produkt og tenester som bidreg til ei god dyre- og fiskehelse og gjennom det bidra til auka effektivitet og berekraft i akvakultur- og husdyrproduksjon.

Selskapet arbeidar i ein konkurranseutsett og sterkt skiftande marknad som mellom anna svingar i takt med utviklinga av fiskesjukdommar og fiskeparasittar.

Selskapet sin omsetnad av legemiddel til alle typar dyr har auka betydeleg dei siste åra. Samla omsetnad i 2012 var 592 mill. kroner, ein auke på vel 25 pst. frå 2011, mens resultatet etter skatt auka med vel 16 pst. til 30,9 mill. kroner. Det blei utbetalt eit utbytte på 30 mill. kroner. Av dette blei 10,2 mill. utbetalt til Landbruks- og matdepartementet.

Departementet budsjetterer med eit utbetalt utbytte på 5 mill. kroner for 2014.

Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2012	Saldert budsjett 2013	Forslag 2014
80	Renter	23 012	19 800	4 700
85	Utbytte	40 100	30 000	121 000
	Sum kap. 5652	63 112	49 800	125 700

Mål og strategiar

Statskog SF forvaltar om lag ein femdel av landarealet i Noreg. Statskog SF er den største skog-eigaren i landet med om lag 7 pst. av det samla skogarealet. Resten er fjell- og utmarksareal, for det meste i Troms og Nordland. I Sør-Noreg er ein stor del av arealet (om lag 27 000 km²) statsallmenning, der lokalbefolkninga har ulike bruksrettar (tømmer, ved, beite med vidare).

Statskog SF er med sin kompetanse og erfaring innanfor skog- og utmarksområdet, ein sentral aktør i ei berekraftig forvaltning av dei norske skog- og utmarksressursane. Føretaket er også viktig for å løyse oppgåver knytt til skog- og utmarksspørsmål. Statskog SF skal ut frå vedtektene forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedommar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsetjinga kan Statskog SF også drive andre eigedommar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal leggje vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsiinteresser. Ressursane skal utnyttast balansert.

Sidan etableringa i 1993 har det skjedd store endringar i vilkåra for forretningsdrifta til føretaket. Ved innføringa av Finnmarksloven i 2006 blei eigedommane til Statskog SF i Finnmark overdregne vederlagsfritt til Finnmarkseigedommen. Dette førte til eit behov for ei omfattande omorganisering og fokus på å sikre ein sunn økonomi. I 2010 kjøpte Statskog SF Orkla ASA sine skogeigedommar, jf. Prop. 11 S (2010-2011) *Kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF*. Kjøpet styrka føretaket si skogsdrift og opna for eit omfattande arronderingssal av spreidde skogteigar. Salet vil effektivisere drifta av eigedommane ytterlegare, samstundes som det gjev moglegheiter for at private skogeigarar, kommunar og allmenningar kan få utvida næringsgrunlaget sitt.

Statskog sine strategiske verksemdsområde er eigedom, skog, energi og friluftsliv. Verksemda innanfor skogbruk og energi er skild ut som egne avdelingar, mens anna verksemd er lagd til fem regionkontor og Fjelltenesta.

Skogbruk er det viktigaste forretningsområdet til Statskog SF. Etter kjøpet av skogeigedommane frå Orkla ASA, har den samla hogsten til Statskog SF auka frå om lag 150 000 m³ til 400 000 m³. Statskog har som mål å utnytte skogproduksjonen som grunnlag for verdiskaping og høge skogverdiar, og føretaket har ambisjon om å vere den dyktigaste industrielle skogeigaren i landet. Skogbruket i Statskog SF rettar seg etter Norsk PEFC skogstandard for eit berekraftig skogbruk.

Etter omorganiseringa i 2006-2007, der energi blei etablert som eige forretningsområde, har Statskog opparbeidd seg mykje kompetanse innanfor fornybar energi. I arbeidet med utvikling av fornybar energi samarbeider Statskog med lokale grunneigarar, tradisjonelle kraftselskap og selskap spesialisert innanfor småkraft.

Departementet si styring, oppfølging og kontroll av Statskog SF

Departementet sin styrings- og kontrollfunksjon overfor Statskog SF følgjer reglane i lov om statsføretak og vedtektene til føretaket. Alle avgjerder frå eigaren som er bindande for føretaket sitt styre, skjer som vedtak i føretaksmøte. Det ordinære føretaksmøtet i Statskog SF er i juni, utover dette blir det kalla inn til ekstraordinært føretaksmøte ved behov.

Spørsmål om korleis føretaket behandlar myndigheita som er delegert gjennom fjellova og allmenningslova, ligg utanfor sjølve eigarstyringa, og blir handtert gjennom egne kontaktmøte og tildelingsbrev, jf. kap. 1161.

Departementet har kontakt med og får informasjon frå føretaket i aktuelle saker. For å styrkje

eigarstyringa blei det i 2011 innført regelmessige kontaktmøte mellom departementet og Statskog SF knytt til mellom anna Statskog SF si framlegging av kvartalsresultat. Økonomien i verksemda og viktige hendingar blir gjennomgått på kontaktmøta og på ordinært føretaksmøte.

Departementet ventar at Statskog, som andre statleg eigde verksemdar, innarbeider sosiale og miljømessige omsyn i den daglege drifta og overfor interessentane sine.

Rapportering 2012

Resultatet etter skatt var på 118 mill. kroner i 2012. Resultatet frå skogbruket i Statskog SF gjekk noko ned i 2012 grunna lågare tømmerprisar. Samstundes auka skogvernerstatningane og inntektene frå arronderingssalet.

Arronderingssalet, som er ein del av oppfølginga av Statskog SF sitt skogkjøp i 2010, kom i gong i 2010, og det er seld eigedommar i dei fleste fylka der føretaket er grunneigar.

Utbyttet til staten for 2012 blei fastsett til 28,7 mill. kroner, tilsvarande 24 pst. av årsresultatet

Post 80 Renter

I samband med at Statskog SF kjøpte selskapa Borregaard skoger AS, Borregaard Vafos AS og

Børresen AS frå Orkla ASA, fekk føretaket eit statleg lån på 475 mill. kroner, jf. Prop. 11 S (2010-2011). Rentene på lånet vil vere på om lag 4,7 mill. kroner i 2014. Avdrag på lånet er omtala under kap. 4162.

Post 85 Utbytte

Etter gjeldande utbyttepolitikk for Statskog SF blir utbyttet frå føretaket sett til 75 pst. av årsresultatet etter skatt inntil beløpet tilsvarar staten si innlansrente multiplisert med bokført eigenkapital. Staten si innlansrente blir fastsett årleg på grunnlag av gjennomsnittleg rente på 5-årige statsobligasjonar.

Budsjettframlegg 2014

Det blir budsjettert med eit ordinært utbytte for 2013 på 28,0 mill. kroner. I tillegg blir det gjort framlegg om eit ekstraordinært utbytte frå Statskog SF på 93 mill. kroner, slik at utbyttet frå Statskog blir på til saman 121 mill. kroner. Endeleg forslag til ordinært utbytte vil bli fastsett når årsresultatet for 2013 føreligg, og vil bli lagt fram i den ordinære budsjettprosessen. Vedtak om utbytte blir gjort på ordinært føretaksmøte første halvår 2014.

Del III
Rapportering på dei landbruks-
og matpolitiske måla

3 Nærare om dei enkelte måla

I Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* lanserte Landbruks- og matdepartementet ein ny målstruktur for departementet, jf. også innleiinga i denne proposisjonen. Sidan ei rekkje av verkemidla departementet forvaltar, verkar mot fleire mål, vurderer departementet at det er formålsteneleg å rapportere på målstrukturen samla her i del III. Dette vil vere ei overordna statusrapportering på dei fire overordna måla:

- matsikkerheit
- landbruk over heile landet
- auka verdiskaping
- berekraftig landbruk

I tillegg blir det rapportert på status for forskning og forvaltning, som er sentrale verkemiddel for å nå dei fire overordna måla. Under dei fire overordna måla er det spesifisert totalt 17 resultatområde, som igjen er konkretisert i 40 delmål, i tillegg til 8 delmål for forskning og 6 delmål for forvaltninga. Utvikling av mål- og resultatstyring, med tilhørande mål, delmål og indikatorar er eit arbeid i kontinuerleg utvikling.

4 Overordna mål: Matsikkerheit

Resultatområde	Delmål
Auka berekraftig matproduksjon	Leggje til rette for auka produksjon av landbruksvarer, innanfor gitte handelspolitiske ramar, som det er naturgjeve grunnlag for og som marknaden etterspør slik at sjølvforsyningsgraden kan oppretthaldast om lag på nivået i dag
Trygg mat og fullverdig kosthald	Redusert risiko for sjukdom som følgje av smittestoff og framandstoff i innsatsvarer, mat eller drikkevatn Oppretthalde god norsk plante- og dyrehelse
Ta vare på forbrukarinteresser	Forbrukarane skal kunne gjere informerte val av matvarer Låg førekomst av ulovleg GMO i mat, fôr og såvarer 15 pst av matproduksjon og forbruk skal vere økologisk i 2020
Etisk forsvarleg hald av dyr	Oppretthalde god norsk dyrevelferd
Noreg som aktiv internasjonal aktør	Ivareta norske interesser i utviklinga og gjennomføringa av internasjonalt regelverk og avtalar Auka innsats bilateralt og multilateralt knytt til landbruksutvikling, genetiske ressursar og matsikkerheit
Vidareutvikle Noreg som matnasjon	Auka mangfald av norske produkt

Å produsere nok, trygg og variert mat av god kvalitet er den viktigaste oppgåva landbruket løyser for samfunnet. Nasjonal matproduksjon frå land og sjø er eit fundament for nasjonal matsikkerheit.

Under FN's mattoppmøte i 1996 blei matsikkerheit i brei forstand definert som *når alle menneske til enhver tid har fysisk og økonomisk tilgang til nok og trygg mat, for et fullgodt kosthold som møter deres ernæringsmessige behov og matvarepreferanser som grunnlag for et aktivt liv med god helse.*

Matsikkerheit i tråd med definisjonen til FN er eit overordna mål for norsk landbruks- og matpolitikk, jf. Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken*. All mat skal vere trygg. Nok og trygg mat skal danne grunnlaget for at innbyggjarane kan setje saman eit fullgodt kosthald.

Auka berekraftig matproduksjon

Jordbruksproduksjonen skal skje på ein berekraftig måte med omsyn til miljøet. Regjeringa vil, innanfor gitte handelspolitiske ramar, leggje til rette for auka produksjon av jordbruksvarer som det er naturgjeve grunnlag for og som marknaden etterspør, slik at sjølvforsyningsgraden kan oppretthaldast om lag på dagens nivå.

Sjølvforsyningsgraden seier kor stor del av matvareforbruket på engrosnivå, rekna på energibasis, som kjem frå norsk produksjon av jordbruksprodukt eller fisk. Importerte innsatsvarer og eksport av t.d. fisk blir halde utanfor ved berekning av sjølvforsyningsgraden. Den gjev først og fremst eit bilete på delen av heimemarknaden

målt i energi som er produsert i Noreg. Den kan, per definisjon, ikkje overstige 100 pst.

Sjølvforsyningsgraden for varer som er produserte i jordbruket auka frå 39 til 48 pst. frå 1970 til 2011. Sjølvforsyningsgraden er gjennomgåande høg for viktige jordbruksproduksjonar. Totalt sett er den likevel lågare fordi ein del energirike produkt som sukker, ris, og tropiske frukter blir importerte. Også noko matkorn blir importerte.

Auken i sjølvforsyningsgraden i perioden skuldast i hovudsak auka produksjon av matkorn. Sjølvforsyningsgraden for poteter og for grøntsektoren har felle. I grøntsektoren skuldast det delvis auka etterspørsel etter tropiske produkt. Blant husdyrprodukta har sjølvforsyningsgraden heile tida vore høg. Endringar i produksjon over tid heng i stor grad saman med endringar i etterspørsel etter produkta og endring i importkvotar.

Næringsmiddelindustrien sin del av heime-marknaden, målt i mill. kroner, er om lag 80 pst., og har vore svakt fallande dei siste åra.

Det siste tiåret har produksjonsvolumet i jordbruket auka med om lag 4 pst. Produksjonen av husdyrprodukt har auka med om lag 7 pst. Det er særleg svin, fjørfe og egg som aukar. For det grovførbaserte husdyrhaldet er produksjonen nokså stabil, med unntak av storfekjøtt, der produksjonen er redusert med 7 pst.

Produksjon av planteprodukt varierer meir enn for husdyrprodukt, og den underliggjande produksjonsutviklinga er vanskelegare å fastslå. Produksjonen har felle det siste tiåret for korn,

poteter og blomar. For korn skuldast reduksjonen både redusert areal og svak avlingsutvikling. Produksjonen har auka for grønsaker. Fruktproduksjonen auka svakt i byrjinga av perioden, men har felle dei siste åra. I grøntsektoren har marknadsforholda vore ustabile både på grunn av nasjonale forhold og importkonkurransen. Redusert produksjon av blomar skuldast særleg at snittblomar i aukande grad blir importerte. Det er marknadsrom for auka planteproduksjon.

Trygg mat og fullverdig kosthald

All mat som blir omsett i Noreg skal vere trygg. Trygg mat er ein viktig berebjelke for Noreg som matnasjon. Produksjon av trygg mat skapar tillit og sikrar avsetnad av varer og legitimitet for eit levande landbruk og næringsmiddelindustri. Godt utval av sunn og helsefremjande mat er viktig for at forbrukarane kan velje eit kosthald i tråd med tilrådingar frå helsestyremaktene.

Infeksjon gjennom næringsmiddel er framleis eit stort helseproblem internasjonalt. Noreg har generelt ein gunstig situasjon samanlikna med mange andre land når det gjeld smittestoff i mat. Ein stor del av dei melde tilfella av matborne infeksjonar skuldast smitte i utlandet. Førekosten av smittestoff i husdyr og mat produsert i Noreg er på eit lågt nivå samanlikna med dei fleste andre land, sjølv om enkelte smittestoff har eit reservoar også blant norske husdyr.

Tabell 4.1 Tal på melde tilfelle av nokre viktige næringsmiddelborne infeksjonar der smitten har skjedd i Noreg

Sjukdom	2009	2010	2011	2012
Campylobacteriose	1 280	1 019	1 175	1 111
Listeriose	25	19	19	26
Salmonellose	225	229	313	260
Shigellose	46	22	66	11
Yersiniose	35	27	33	22
Totalt	1 611	1 316	1 606	1 430

Kjelde: Folkehelseinstituttet sitt meldingssystem for smittsame sjukdommar, www.msis.no

For å oppretthalde den gode statusen, blir det lagt vekt på kontinuerleg overvaking, slik at tiltak kan bli sette inn i tide. Faktorar som verkar inn på førekosten av matborne infeksjonar i Noreg er mellom anna folkesetnadsendringar

med fleire mottakelege personar, auka internasjonal handel med mat, nye matvanar og nye produksjonsrutinar.

Sjølv om mattryggleiken i Noreg generelt er god, opplever vi kvart år fleire større og mindre

utbrot av matborne infeksjonar. I 2012 blei Folkehelseinstituttet varsla om 43 mistenkte eller verifiserte utbrot av matborne sjukdommar. Dette er noko lågare enn tidlegare år.

Utbreidd bruk av overflatevatn som råvasskjelde, mange små vassverk med varierende grad av handtering av vatn og dårleg leidningsnett gjer at drikkevatt sannsynlegvis er ei større og viktigare smittekjelde i Noreg enn i land vi kan samanlikne oss med. Rutinar for drift og vedlikehald av leidningsnettet varierar mykje.

Tilstanden er god med omsyn til framandstoff og restar av legemiddel i mjølk, kjøtt og fisk og når det gjeld restar av plantevernmiddel i vegetabilsk mat. Sal av kosttilskott som inneheld udeklarte og ulovlege ingrediensar eller som er tilsett legemiddel, er ei utfordring. Bruk av slike kosttilskott kan føre til alvorleg helseskade. Produkt som blir omsett over internett og postordre, er ei særskilt utfordring.

God plante- og dyrehelse er viktig for mattryggleik, kostnadseffektivitet og ein langsiktig og berekraftig matproduksjon. Ein stor del av det globale potensialet for matproduksjon blir ikkje utnytta i dag på grunn av skadegjerarar i planteproduksjon og dyresjukdommar. Klimaendringar og auka ferdsel over landegrensar er risikofaktorar for både plante- og dyrehelsa.

Plantehelsa er generelt god i Noreg samanlikna med mange andre europeiske land. Få planteskadegjerarar som den europeiske plantehelseorganisasjonen EPPO har tilrådd medlemslanda å gjere tiltak mot, har etablert seg i Noreg. Det har dei siste åra vore fleire tilfelle av skadegjerarar i frukt- og potetproduksjonen.

Helsesituasjonen i norske husdyrpopulasjonar er god. Få landdyrsjukdommar som Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) har tilrådd medlemslanda å gjere tiltak mot, har etablert seg i Noreg. Det er svært få tilfelle av salmonellainfeksjon blant norske husdyr samanlikna med mange andre land. Smitte til menneske frå norskprodusert kjøtt og kjøttprodukt er difor uvanleg. Dei siste åra er det registrert ein viss auke i talet på storfesjukdommar med diagnostisert klinisk salmonellose.

Ta vare på forbrukarinteresser

Forbrukarane skal kunne gjere informerte val av matvarer. Den nye matinformasjonsforordninga frå EU er for tida til vurdering for innlemming i EØS-avtalen. Denne forordninga innfører obligatorisk næringsmerking av emballert mat (energiinnhald, mengd feitt, metta feitt, karbo-

hydrat, protein, sukker og salt). Obligatorisk merking av kor varene kjem frå blir også utvida til fleire produkt.

Interessa for lokal mat og matprodukt med særpreg veks. Frå september 2010 til september 2011 auka salet av slike produkt med 13 pst. Dette er ein vesentleg høgare vekst enn i matmarknaden generelt. Auka sal og produksjon av slike matvarer bidreg i høg grad til å byggje omdømet til norsk landbruks- og matproduksjon.

Merkeordninga *Beskytta nemningar* er ein sentral konkurransestrategi for norsk matproduksjon. Gjennom ordninga får produsentane eit rettsleg vern mot kopiering av produktnamnet. Totalt er 23 produkt godkjent. Om lag 200 produkt er godkjende for bruk av Spesialitetmerket.

Merkeordninga *Nyt Norge* blei lansert i 2009. Ved starten av 2013 var 1 700 ulike norske matprodukt merkte med Nyt Norge.

Produksjonen av varer med genmodifisert innhald (GMO) aukar på verdsbasis. Dette gjer det vanskelegare å få tilgang til visse GMO-frie innsatsvarer. EU har utarbeidd retningsliner for dyrking av GMO-vekstar som skal hindre overføring av GMO til konvensjonell eller økologisk produksjon. Det er i dag ikkje godkjent nokon GMO-vekst for dyrking i Noreg.

Mattilsynet driv overvaking av ulovleg genmodifisert materiale i fôr og mat. Det blei berre gjort eitt funn av genmodifisering i strid med regelverket i 2012. Det blei påvist ulovleg genmodifisert ris i eitt produkt importert direkte frå Kina.


Matproduksjonen skal vere berekraftig og miljøvennleg. Økologisk produksjon har ein naturleg plass i Noreg, både i eit miljøperspektiv og for å sikre mangfald til forbrukaren.

Regjeringa har som mål at 15 pst. av matforbruket og matproduksjonen skal vere økologisk i 2020. Det betyr at denne delen av matforbruket målt i omsetnad og denne delen av jordbruksareal og husdyrproduksjon er økologisk. Omsetnaden av norske matvarer var rekordstor i 2012. Samla for alle produktgrupper auka omsetnaden av økologiske produkt i daglegvarehandelen med 17 pst. i 2012 samanlikna med i 2011. Totalt blei det omsett økologiske matvarer for om lag 1,17 mrd. kroner i 2012. Dette utgjer 1,2 pst. av den totale omsetnaden. Meierivarer er den største varegruppa av økologiske matvarer.

Figur 4.2 viser utviklinga i økologisk areal og karensareal, og økologiske driftseiningar for perioden 2000 til 2012. Det økologiske arealet i 2012 var på om lag 502 000 dekar, og utgjorde om lag 5,1 pst. av det totale jordbruksarealet (medrekna karensareal er delen 5,6 pst.).

Samanlikna med tidlegare år var veksten i økologisk areal låg, berre 0,1 pst. Karensarealet har variert ein del sidan 2000. Etter sterk vekst frå 2007 til 2009, har delen areal i karens gått vesentleg tilbake og er no nede i det lågaste arealet sidan 2000. Dette vil påvirke veksten i økologisk areal i åra som kjem. Det er store regio-

nale variasjonar i delen av jordbruksarealet som er i økologisk drift. Dei økologiske husdyr utgjer førebels ein liten del av det totale talet på husdyr i Noreg. Frå 2011 til 2012 var det ein viss auke i talet på storfe, gris og geit. I 2012 utgjorde økologisk storfe 3,5 pst. av totale storfe.



Figur 4.1 Utvikling i økologisk og karensareal og økologiske driftseiningar, 2000–2012

Kjelde: Debio

Etisk forsvarleg hald av dyr

God dyrevelferd er eit mål i seg sjølv, og er i tillegg eit gode for samfunnet og eit konkurransefortrinn for norsk mat.

Generelt er dyrevelferda i Noreg god samanlikna med mange andre land. Det er stor offentleg merksemd på dyrevelferd. Sjølv om dyrevelferda generelt er god, er det framleis utfordringar knytt til dyrevelferd både hos produksjonsdyr og hos sports- og familiedyr.

Hald av verpehøns i tradisjonelle (nakne) bur er forbode frå 1. januar 2012. Næringa har gjort ei stor omstilling og tilpassa seg dei nye krava. Ein nasjonal tilsynskampanje med slaktekylling viste utfordringar for dyrevelferda i denne produksjonen. Eit nytt regelverk for hald av slaktekylling, som gjev sterkare insitament til god dyrevelferd, blei fastsett i januar 2013. Pelsdyrnæringa er omstridt i Noreg. Regjeringa vil sette ned eit eige utval for å gjennomføre den gjennomgangen av pelsdyrnæringa som blei varsla i Meld. St. 9 (2011–2012). Tap av dyr på utmarksbeite er eit viktig velferdsproblem. Det nye rovviltforliket i Stortinget sommaren 2011 legg til rette for redu-

serte tap på grunn av rovdyr. Tap av sau og lam til rovvilt blei redusert også frå 2011 til 2012, både omsøkte og erstatta tap. Det er likevel framleis store utfordringar, spesielt knytt til beitedyr som blir drepne av rovvilt i område som etter regionale forvaltningsplanar er prioritert til beitebruk. I slike område skal det etter rovviltforliket ikkje vere rovvilt som representerer eit skadepotensial for beitedyra.

Noreg som aktiv internasjonal aktør

Noreg har på landbruksområdet inngått ein rekke internasjonale avtalar som dekkjer mellom anna handel, plante- og dyrehelse, skog og klima. Mange avtalar og mykje regelverk blir fornya med jamne mellomrom. Noreg kan ha særreigne nasjonale interesser som må inkluderast i avtaleverket. Dette kan til dømes vere særskilde løysingar tilpassa dei naturgjevne forholda (plante- og dyrehelse) eller kostnadsnivået (importvernet) vårt, som er nødvendige for å kunne oppfylle måla for landbrukspolitikken.

Dei sentrale avtalane for handel med landbruksvarer er WTO-avtalen, EØS-avtalen og

EFTAs frihandelsavtalar. Innanfor EØS-avtalen blei ein ny artikkel 19-avtale sett i verk frå 1. januar 2012, noko som innebar auka gjensidig marknadstilgang for visse landbruksvarer. EFTA forhandlar no frihandelsavtalar med viktige land som India, Indonesia, tollunionen RuBeKa (Russland, Kviterussland, Kasakhstan) med fleire.

Norsk landbruk og næringsmiddelindustri har som følgje av høgt kostnadsnivå og krevjande produksjonsforhold avgrensa konkurransekraft på den internasjonale marknaden. I handelsforhandlingar blir det difor gjeve konsesjonar i første rekkje på produkt der vi ikkje har nasjonal produksjon av stort omfang eller der import av innsatsvarer kan vere fordelaktig for næringsmiddelindustrien. I tillegg til eit sterkt importvern, er nasjonalt handlingsrom for omfang og innretting av landbruksstøtte eit sentralt element i landbrukspolitikken.

I WTO har ein forhandla i Doha-runden sidan 2001. WTO gjennomfører annankvart år ordinære ministermøte. Neste ordinære ministermøte er på Bali i desember 2013.

Summen av avtalar inneber etterleving av forpliktingar om importvernet, omfang og innretting av landbruksstøtta og omfanget av eksportstøtte. Forpliktingane inneber ei omfattande årleg rapportering til WTO og Noregs bilaterale handelspartnerar. WTO gjennomførte i 2012 ein handelspolitisk gjennomgang av Noreg som omfattar alle sektorar. Slike gjennomgangar skjer kvart fjerde år. Landbruk er ein viktig del av denne gjennomgangen, fordi avtaleverket på landbruk er omfattande. Noreg legg stor vekt på å ha eit ope handelssystem som synleggjer oppfølginga av våre handelsforpliktingar.

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensar krev eit sterkt internasjonalt samarbeid om regelverk og tilsyn. Dette er nødvendig for å sikre trygg mat som møter krav frå forbrukarane og for å fremje god plante- og dyrehelse. Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er nødvendig for å påverke utviklinga av standardar og regelverk, for å ivareta norske synspunkt og for å bidra til utveksling og utvikling av kunnskap.

Krava på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Hovuddelen av det norske regelverket på matområdet er EØS-basert. Matområdet er i følgje NOU 2012: 2 *Utenfor og innenfor*, det kvantitativt største området under EØS-avtalen, med om lag 40 pst. av rettsaktene. Regjeringa legg vekt på ein aktiv europapolitikk, jf. St.meld. nr. 23 (2005–2006) *Om*

gjennomføring av europapolitikken. Som del av oppfølginga utarbeider Fiskeri- og kystdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, som alle har fagansvar på matområdet, felles prioriteringar for arbeidet retta mot EU.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt arbeid mellom anna i Codex Alimentarius Commission (FAO/WHO sin organisasjon for matvarestandardar), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og Verdas plantehelseorganisasjon (IPPC). Desse organisasjonane utviklar standardar som blir lagde til grunn i WTO/SPS-avtalen for handel, og som også legg premisser for regelverket i EU.

På partskonferansen for FNs rammekonvensjon for klima i Durban 2011, blei regelverket for arealbruk, endringar i arealbruk og skog avgjort for neste avtaleperiode under Kyotoprotokollen. Regelverket byggjer på prinsippa frå den første avtaleperioden, men inneber nokre viktige endringar. I Durban blei det også vedteke at det skal gjerast eit eige arbeid for jordbruk og klima i regi av vitskapskomiteen (SBSTA).

Landa i Europa har i 2012 starta forhandlingar om ein juridisk bindande europeisk skogavtale etter eit vedtak på ministerkonferansen i regi av Forest Europe i Oslo i juni 2011. Formålet med arbeidet er å sikre eit meir forpliktande politisk samarbeid for ei berekraftig skogforvaltning.

FNs skogforum UNFF er ein viktig aktør i arbeidet med å fremje forståinga av berekraftig skogforvaltning globalt. Den 11. sesjonen av UNFF blei halden i 2013. Der blei det vedteke eit mandat for ei evaluering av UNFF og ei vurdering av forumets rolle vidare. På den 12. sesjonen i 2015 er dette hovudtema. Departementet vil følgje opp dette arbeidet fram mot neste sesjon i 2015. Dette vil vere ei avgjerande fase for samarbeidet i FN på dette området.

Matsikkerheit står høgt på den internasjonale dagsorden. I følgje FN lid 868 millionar menneske av svolt og underernæring. FN konferansen om berekraftig utvikling, Rio+20, vedtok i 2012 at det skal utviklast nye globale mål for berekraftig utvikling. Samstundes er arbeidet med nye Milleiumsmål starta opp, med rådspørjing i FN mellom anna om matsikkerheit og ernæring.

I erklæringa frå Rio blei det slått fast at matsikkerheit og ernæring er ei global utfordring. Matproduksjonen må auke på ein meir berekraftig måte. Tilgang til nok, trygg og næringsrik mat blir stadfesta som ein menneskerett. Erklæringa legg vekt på behovet for å styrkje landbrukssektoren, særleg i utviklingsland. Det er understreka at kvinner har ei sentral rolle i å fremje mattryggleik

og ernæring, og at det er viktig for utviklinga i landbrukssektoren å styrkje kvinnerettar. Vidare peikar erklæringa på ei rekkje sentrale område for betra matsikkerheit som mellom anna betra forvaltning, forskning, fungerande marknader og redusert kasting av mat. Rolla til nasjonale strategiar for matsikkerheit er vektlagt.

Regjeringa la i desember 2012 fram ein strategi for auka støtte til matsikkerheit og landbruk i u-land. Strategien legg opp til ein auke på 500 mill. kroner frå 2013 til 2015, med særleg vekt på auka matproduksjon i eit endra klima. Viktige mål er å løfte fram småskala klimarobust landbruk i u-landa, auke engasjementet frå næringslivet, styrkje forskninga og minske svinnet i matproduksjonen.

FN sin organisasjon for mat og landbruk (FAO) er den sentrale, normgjevande organisasjonen i FN for jordbruk, matsikkerheit, berekraftig skogforvaltning og fiskeri. Departementet vil framleis leggje stor vekt på å påverke og bidra til FAOs arbeid både for å fremje norske interesser og for å bidra til berekraftig utvikling og global matsikkerheit. Innsatsen for bevaring og godedeling av genetiske ressursar er viktig for departementet. I utforminga av eit nytt strategisk rammeverk, arbeidsplan og budsjett for organisasjonen har departementet særleg lagt vekt på mandatet FAO har innan skogforvaltning. FAO arbeidar med å fremje skogens rolle for matsikkerheit. FAO leiar og koordinerer samarbeidet mellom dei ulike organa i FN og andre institusjonar som er engasjert i skogs-pørsmål, det såkalla Collaborative Partnership on Forests. FAO har ei viktig rolle i arbeidet med forhandlingane om ein rettsleg bindande europeisk skogavtale.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Auka sal og produksjon av mat med lokal identitet, jf omtale i avsnittet *Ta vare på forbrukarinteresser*, bidreg i høg grad til å byggje omdømet til

norsk landbruks- og matproduksjon og utvikle Noreg som matnasjon.

Utviklingsprogrammet for lokalmat og reiseliv er det viktigaste verkemiddelet for utvikling på matområdet. Under programmet blir det løyvd støtte til bedrifts- og produktutvikling. Gjennom programmet blir det også gjennomført større omdømmeprosjekt for å synleggjere Noreg som matnasjon, og å kople saman mat og andre sentrale næringar, som til dømes reiseliv. I 2012 blei det løyvd 68,3 mill. kroner til 131 prosjekt.

Kundeeffektundersøkingane til Innovasjon Noreg blant verksemdar som har fått stønad over Lokalmatprogrammet og Utviklingsprogrammet for lokalmat og grønt reiseliv, viser at programmet har svært høg addisjonaltet, det vil seie at programmet har vore utløysande for at prosjekta har blitt realiserte. Av dei spurde seier 97 pst. at tenesta som blir tilbydd har middels eller høg addisjonaltet. Effekten på samarbeid er spesielt god. Effekten på innovasjon og omsetnadsauke ligg godt over snittet for programma til Innovasjon Noreg. Etterspørselen frå verksemdene har auka det siste året, spesielt for stønad til vekstbedrifter.

Merkeordningane som Matmerk administrerar, er viktige for vidareutvikling av Noreg som matnasjon. *Nyt Norge, Spesialitet og Beskytta nemningar* bidreg alle til å skape merksemd på norsk mat og byggje omdømme og legitimitet for norsk matproduksjon. Desse ordningane vil også vere sentrale i arbeidet med å få målt omsetnad av lokalmat. Undersøkingar gjort av Matmerk viser at 81 pst. av befolkninga ønskjer norske produkt merka Nyt Norge ved lik pris.

Prosjektet som såg på definisjonar og måling av salstal for lokalmat skal følgjast opp i 2014. Arbeidsgruppa som blei nedsett i 2012, leverte rapporten sin 10. mars 2013, og med den eit forslag til ein definisjon av omgrepet lokalmat. Definisjonen skal nyttast til å måle salet av lokalmat og til å utvikle automatiserte salsmålingar.

5 Overordna mål: Landbruk over heile landet

Resultatområde	Delmål
Sikre bruk av landbruksareal	Vidareføre om lag same regionvise fordeling av areal og produksjon Oppretthalde ein variert bruksstruktur Auka harmonisering mellom eigedomsstruktur og bruksstruktur Sikre reindrifta sine areal
Styrkje og bidra til sysselsetjing og busetjing	Sikre grunnlag for sysselsetjing i landbruk og for- edlingsindustri og vidareutvikle bygdenæringar Auka utnytting av landbrukseigedomar til busetjing Auka samspel mellom landbruket og andre næringar og sektorar lokalt og regionalt
Politikk tilpassa regionale moglegheiter og utfordringar	Styrkje regionalt handlingsrom i næringsutvik- lingsarbeidet, tydelegare distriktspolitisk profil i nasjonale ordningar og områderetta innsats

Sikre bruk av landbruksareal

I perioden 1979–1999 auka det registrerte jordbruksarealet med 8,2 pst. Denne utviklinga har seinare flata ut, og i perioden 1999–2011 er det berekna ein reduksjon i totalt jordbruksareal på om lag 3,9 pst. Registrert totalareal var på sitt største i 2001. Nedgangen i jordbruksareal skjer i all hovudsak innanfor åker og hage.

Regjeringa vil vidareføre om lag den same regionvise fordelinga av areal og produksjon. Fordelinga av jordbruksareal i drift og produksjonsvolumet av mjølk og grasbaserte kjøttslag er analysert på landsdelar og i bu- og arbeidsmarknadsregionane (BA-sentralitet) over det siste tiåret. Endringar i den geografiske fordelinga må bli sett i samanheng med produksjonsutviklinga. For produksjonar med betydeleg vekst, som kylling, svin og grønnsaker, har produksjonsauken komme i sentrale område. Produksjonsauken for kylling har særleg komme i Trøndelag, i Rogaland og på Austlandet. Veksten i svinekjøttproduksjonen har i størst grad komme i Rogaland, men også i andre område,

bl.a. i Nordland. Veksten i produksjonen av grønnsaker på friland har komme på Austlandet.

For dei grasbaserte produksjonane har produksjonen vore meir stabil det siste tiåret, og det har vore relativt små endringar i den geografiske produksjonsfordelinga. Oppland, Rogaland og Nordland har auka sin del, mens Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag har litt lågare del. Småsenterregionar aukar sin del på kostnad av storbyregionar og regionar med spreidd busetjing. Kvoteordninga sikrar geografisk stabilitet i mjølkeproduksjonen. Rogaland aukar delen sin på kostnad av Vestlandet, men dette skuldast også at Ølen kommune har endra fylke. Småsenterregionane aukar delen sin. Talet på ammekyr har særleg auka på Austlandet.


Hovudinntrykket er at for produksjonar med vekst, så kjem veksten i meir sentrale område. Produksjonen elles flyttar seg i mindre grad.

Delen av fulldyrka jordbruksareal går ned på Vestlandet og aukar på Austlandet og i Trøndelag. Kornarealet er redusert på Austlandet, men har halde seg meir stabilt i Trøndelag. Arealet med fulldyrka eng og beite har auka mest i sentrale område. Arealet med anna eng og beite har auka

meir i perifere enn i sentrale område. Potetarealet er redusert og meir konsentrert til nokre få område. Auka areal av grønsaker på friland har komme i bynære område.

Regjeringa vil oppretthalde ein variert bruksstruktur. Over halvparten (61 pst.) av jordbruksverksemdene hadde mellom 100 og 499 dekar jordbruksareal i drift i 2011. Om lag 8 pst. av jordbruksverksemdene hadde meir enn 500 dekar jordbruksareal i drift. Tala viser ein auke på jord-

bruksverksemdar med meir enn 500 dekar jordbruksareal i drift, mens talet på jordbruksverksemdar med mellom 50 til 499 dekar jordbruksareal i drift går ned, sjå Figur 5.1. I løpet av dei siste åra har jordbruksverksemdar med mellom 100 til 199 dekar jordbruksareal i drift hatt størst nedgang (938 frå 2009 til 2011). Jordbruksverksemdene med minst jordbruksareal i drift (under 50 dekar) har auka frå 2006, men har hatt ein liten nedgang frå 2010 til 2011.



Figur 5.1 Grupper av jordbruksverksemdar, etter storleiken på jordbruksareal i drift

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Om jordbruksverksemdene blir fordelte etter BA-sentralitet, viser tal frå SSB at om lag 68 prosent av jordbruksverksemdene ligg i ulike former for byregionar. Vidare viser tala størst del jordbruksverksemdar i storbyregionar (26 pst.) og minst del i område for spreidd busetjing (8 pst.). Tala for storbyregionane viser også at desse områda hadde flest dekar jordbruksareal i drift (om lag 2,8 mill. dekar) og mest leigd jordbruksareal i drift (om lag 1,2 mill dekar) i 2011. Gjennomsnittsarealet i drift per jordbruksverksemd har auka frå 216 i 2010 til 219 dekar i 2011 (fordelte på 126 dekar eigd areal og 93 dekar leigd areal). Totalt var i overkant av 42 pst. av jordbruksarealet i drift leigd areal i 2011.

I 2010 var det registrert om lag 185 100 landbrukseigedommar i Landbruksregisteret. Det

ligg ikkje føre tilsvarende tal for 2011 eller 2012. Om landbrukseigedommane registrerte i 2010 blir grupperte etter storleiken på jordbruksareal i drift på eigedommane, viser tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) mange eigedommar med lite areal i drift. Hovudtyngda av eigedommane (om lag 51 pst.) hadde mellom 5 og 99 dekar jordbruksareal i drift, og om lag 18 pst. av eigedommane hadde mellom 100 og 499 dekar jordbruksareal i drift.

I 2012 kartla SSB landbrukseigedommane ved hjelp av GIS-verktøy (geografiske informasjonssystem) og bruk m.a. av digitalt arealressurskart og eigdomskart. GIS-analysen viste i alt 189 000 landbrukseigedommar i 2010. Mange landbrukseigedommar har lite areal, og analysen viste at heile 70 pst. av eigedommane hadde mindre enn 500 dekar

eigd areal. Om lag 28 pst. av eigedommane hadde mellom 500 og 5000 dekar. Materialet viste også at store landbrukseigedommar hovudsakleg består av uproduktiv skog, vatn, fjell og vidder, mens dei små eigedommane har ein langt større del med produktiv areal. Mest jordbruksareal er det på eigedommar mellom 100 og 500 dekar, mens produktiv skog dominerer på eigedommar mellom 1000 og 5000 dekar. Nordland har flest landbrukseigedommar (19 200) følgt av Hedmark og Oppland (respektive 16 700 og 15 200).

Landbrukseigedommane med jordbruksareal eig i snitt 65 dekar jordbruksareal kvar. Det er likevel store geografiske forskjellar i eigedomsstrukturen. Eigedommar i Østfold og Akershus har i snitt 120 og 117 dekar, mens eigedommar i Aust-Agder, Troms og Finnmark disponerer høvesvis 31, 33 og 33 dekar jordbruksareal i snitt.

Tal frå KOSTRA i 2012 viser at om lag 12 pst. av dei som søkte om å få dele ein landbrukseigedom, ønskte å selje jorda som tilleggsjord til annan landbrukseigedom, dvs. at areal frå 516 eigedommar blei fordelt som tilleggsjord til annan landbrukseigedom i 2012. Tala frå 2009–2011 viser ei prosentfordeling på om lag 11 pst.

For reindrifta er tap av areal ei av dei største utfordringar på lang sikt. Tilgang på areal er ein føresetnad for at næringa skal kunne fortsetje med

den nomadiske driftsforma. Denne driftsforma dannar basisen for ei økologisk berekraftig utnytting av beita. Ulike inngrep innanfor reinbeitedistrikta har auka vesentleg dei siste åra. Det er viktig at effekten av dei ulike inngrepa innanfor eitt og same distrikt blir sett i samanheng, og ikkje berre på bakgrunn av storleiken på det enkelte inngrepet. Forsking viser at reinen reduserer bruken av beiteområda i tilknytning til fysiske inngrep. Særleg gjeld dette simler med kalv. Dette inneber at utbygging i uforstyrta område får større konsekvensar enn utbygging nær allereie eksisterande inngrep. Sjølv mindre inngrep kan få vesentlege konsekvensar om dei blir lokaliserte i eit av dei sentrale bruksområda til reinen.

Styrkje og bidra til sysselsetjing og busetjing

Departementet vil sikre grunnlaget for sysselsetjing i landbruk og foredlingsindustri og vidareutvikle bygdenæringar. Jord- og skogbruk står for i alt 4,3 pst. av den samla sysselsetjinga i Noreg. Totalt var det om lag 46 350 sysselsette personar i jordbruket og reindrifta og om lag 5 400 sysselsette i skogbruket i 2011, sjå tabell 5.1. Samstundes var om lag 38 800 sysselsette i jordbruksbasert matindustri og i om lag 19 100 sysselsette i skogbruksbasert industri.

Tabell 5.1 Sysselsette personar i landbruket per fylke, 2011

Fylke	Tot. ant. sysselsette		Sysselsette i jordbruk og reindrift		Sysselsette i skogbruket		Sysselsette i matindustrien		Sysselsette i skogbruksbasert industri		Sysselsette i landbruket		Landbruksbasert sysselsetjing som del av total sysselsetjing	
	ant.	pst.	ant.	pst.	ant.	pst.	ant.	pst.	ant.	pst.	ant.	pst.	ant.	pst.
Østfold	118 210	4,5 %	2 088	5,0 %	3 593	9,3 %	2 711	14,2 %	8 663	7,3 %				
Akershus/Oslo	689 014	4,8 %	2 215	11,4 %	8 055	20,7 %	976	5,1 %	11 871	1,7 %				
Hedmark	85 544	8,5 %	3 924	20,2 %	1 101	5,7 %	2 071	10,8 %	9 321	10,9 %				
Oppland	87 628	10,2 %	4 733	11,1 %	1 460	3,8 %	1 208	6,3 %	8 008	9,1 %				
Buskerud	122 975	3,9 %	1 828	11,1 %	1 295	3,3 %	1 933	10,1 %	5 662	4,6 %				
Vestfold	104 062	3,5 %	1 613	4,2 %	2 587	6,7 %	895	4,7 %	5 322	5,1 %				
Telemark	76 693	2,5 %	1 155	7,4 %	563	1,4 %	449	2,3 %	2 571	3,4 %				
Aust-Agder	48 147	1,3 %	587	5,0 %	486	1,3 %	799	4,2 %	2 143	4,5 %				
Vest-Agder	87 021	2,3 %	1 076	3,0 %	1 045	2,7 %	1 344	7,0 %	3 627	4,2 %				
Rogaland	237 945	12,9 %	5 994	1,4 %	4 453	11,5 %	1 418	7,4 %	11 939	5,0 %				
Hordaland	250 709	5,8 %	2 673	2,2 %	3 419	8,8 %	769	4,0 %	6 981	2,8 %				
Sogn og Fjordane	54 288	6,0 %	2 801	1,7 %	1 284	3,3 %	610	3,2 %	4 789	8,8 %				
Møre og Romsdal	128 472	6,3 %	2 932	2,1 %	1 684	4,3 %	644	3,4 %	5 373	4,2 %				
Sør-Trøndelag	156 587	7,9 %	3 645	3,5 %	3 144	8,1 %	1 165	6,1 %	8 146	5,2 %				
Nord-Trøndelag	61 916	8,6 %	3 976	6,7 %	1 154	3,0 %	1 225	6,4 %	6 723	10,9 %				
Nordland	116 254	6,4 %	2 947	2,9 %	158	2,5 %	696	3,6 %	4 756	4,1 %				
Troms	80 622	2,9 %	1 356	1,1 %	1 185	3,1 %	180	0,9 %	2 780	3,4 %				
Finnmark	37 465	1,7 %	803	0,2 %	251	0,6 %	33	0,2 %	1 099	2,9 %				
Totalt	2 543 552	100 %	46 346	100,2 %	38 838	100,1 %	19 126	99,9 %	109 774	4,3 %				

Kjelde: SSB og NILF. Statistikken viser antall sysselsette personar, ikkje årsverk. Under matindustrien er fiskevarebransjen utelatt.

Når ein måler korleis ein styrkjer og bidreg til sysselsetjing, vil departementet leggje vekt på utviklinga i fordelinga av sysselsetjinga i landbruket. Ser ein regionvis fordeling av sysselsetjinga i jordbruket over tid, så går delen ned på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg, mens den går opp på Austlandet og i Rogaland. Delen går opp i mellomstore byregionar og storbyregionar på kostnad av regionar med spreidd busetjing og småsenterregionar.

Landbruksnæringa betyr relativt sett meir for sysselsetjinga i område med spreidd busetjing og småsenterregionar enn i meir sentrale område av landet. Desse områda har hatt ein større og meir vedvarande nedgang i sysselsetjinga enn andre regionar.

Regjeringa vil at ressursane på landbrukseigedommane skal bli betre utnytta for å bidra til å halde ved lag hovudtrekka i busetjingsmønsteret. Tal frå SSB viser om lag 33 000 (21,4 pst.) landbrukseigedommar utan fast busetjing i 2010. Grupperer ein eigedommane etter BA-sentralitet viser tala om lag 5 000 eigedommar utan fast busetjing i storbyregionane, og om lag 5 200 eigedommar i område med spreidd busetjing. Det er registrert størst tal for eigedommar utan fast busetjing i småbyregionar (om lag 7 500) og i småsenterregionar (om lag 10 000), og i desse regionane betyr busetnaden på landbrukseigedommane mykje. Det er også i småbyregionane og i småsenterregionane ein ser skilnad for ubebudde eigedommar som ikkje er omfatta av buplikta. Tala viser flest eigedommar, respektive om lag 14 pst. og 17 pst., utan fast busetjing i desse regionane.

Ser ein på eigedommar som er omfatta av buplikta og som det bur nokon på, viser tal frå SSB at om lag 67 pst. av eigedommane med buplikt hadde fast busetjing i 2010. Av dei eigedommane som ikkje var omfatta av buplikta viser tala at om lag 33 pst. av eigedommane hadde fast busetjing. Nyare tal for ubebudde landbrukseigedommar vil liggje føre i løpet av året.

Departementet legg vekt på at forvaltninga lokalt og regionalt skal bidra til samarbeid mellom landbruket og andre næringar og sektorar, og at landbruk og landbruksbasert verksemd inngår som ein integrert del av anna nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. I samarbeid med KS er det teke initiativ til å styrkje landbruket som ein aktiv del av lokal samfunnsutvikling. På nasjonalt nivå har departementet inngått samarbeid med fleire andre departement for å styrkje moglegheitene for næringsverksemd ut frå res-

sursane i landbruket. Eksempel på dette er samarbeidet med Kommunal- og regionaldepartementet gjennom inkubatorprogrammet for å få fram fleire vekstbedrifter innan mat- og naturbaserte næringar og Inn på tunet-løftet, og samarbeidet med Nærings- og handelsdepartementet og Samferdselsdepartementet for å stimulere til auka aktivitet i skog- og trenæringa.

Dei fylkesvise BU-midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak blir i stor grad brukte i partnerskap med andre lokale og regionale aktørar. Ei kartlegging viser at midlane har ein utløysande effekt på andre regionale utviklingsmidlar som kjem landbruket til gode.

Som regionale utviklingsaktørar har fylkeskommunane bidrege aktivt til å vidareutvikle landbruket i ulike delar av landet.

Politikk tilpassa regionale moglegheiter og utfordringar

Departementet vil gje betre rom for å utvikle ein politikk tilpassa regionale føresetnader, ha ein sterk distriktsprofil i nasjonale ordningar og ha meir områderetta innsats. Ein vesentleg del av dei landbrukspolitiske verkemidla er differensiert etter distrikt/geografi. Om lag 69 pst. av jordbruksoverføringane går til område som ligg innanfor sonene for det distriktpolitiske verkeområdet. Om lag 55 pst. av løyvingane på tilskottsordningane over jordbruksavtalen er distriktsdifferensierte, mens om lag 70 pst. er strukturdifferensierte. 40 pst. er både struktur- og distriktsdifferensierte.

Hovuddelen av verkemidla til Landbruks- og matdepartementet som går til næringsutvikling blir forvalta av Innovasjon Noreg. I 2012 forvalta Innovasjon Noreg til saman 178,2 mill. kroner i midlar til næringsutvikling knytt til satsingar innanfor lokalmat, grønt reiseliv, Inn på tunet, bioenergi, tresatsing og reindrift. I tillegg forvalta Innovasjon Noreg 413 mill. kroner i fylkesvise BU-midlar til bedriftsretta tiltak samt 1 000 mill. kroner i låneramme for rentestøtte. I 2012 gjekk 72 pst. av BU-midlane til tiltak innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Fylkesmannen forvaltar BU-midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. I 2012 utgjorde dette 60 mill. kroner. Kommunen har innstillingsmyndigheit for Innovasjon Noreg i forvaltninga av BU-midlane. Det regionale partnerskapet der fylkesmannen, fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og næringsorganisasjonane er representerte, legg regionale strategiar for bruken av midlane innanfor overordna nasjonale føringar. I 2012 blei det sett av 3 mill. kroner

til ei satsing på arktisk landbruk, for å bidra til utvikling og betre utnytting av arktisk kvalitet som eit konkurransefortrinn for landbruket i nordområda.

Innanfor skogpolitikken blir viktige verkemiddel forvalta av fylkesmannen og kommunane, mellom anna verkemiddel for infrastrukturtiltak, skogkulturtiltak og miljøtiltak. Ordningane blir såleis forvalta nær der ressursane

er, og i god kontakt med skogeigarane. Til saman disponerte fylka og kommunane 192 mill. kroner til desse ordningane i 2012.

Fylkesmannen forvaltar også midlar til Regionale miljøprogram. I 2012 utgjorde dette til saman 428,5 mill. kroner. Dei regionale miljøprogramma gjer det mogleg å målrette miljøinnsatsen i det enkelte fylke.

6 Overordna mål: Auka verdiskaping

Resultatområde	Delmål
Konkurransedyktige verdikjeder og robuste einingar	Jordbruksproduksjon som dekkjer etterspørselen etter norske produkt Konkurransedyktig råvareproduksjon og næringsmiddelindustri Møte auka etterspørsel med auka berekraftig avverking Kostnadseffektiv transport i skogsektoren Løft for bygdenæringar
Gode kompetansemiljø	God rekruttering til landbruket og landbruksbasert industri Minst 40 pst kvinneleg representasjon i eigarskap, næringsutøving og styrande organ i landbruks- og matsektoren Leggje til rette for kompetanse blant sjølvstendig næringsdrivande i landbruksnæringa
Konkurransedyktige inntekter	Sikre utøvarane i landbruket ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper. Politikken skal vidareutvikle inntekts- og velferdspolitikken med utgangspunkt i den landbrukspolitikken som er ført <i>etter</i> 2005 Sikre økonomisk berekraft i reindrifta gjennom auka slakteuttak og auka lønnsemd

Konkurransedyktige verdikjeder og robuste einingar

Regjeringa vil leggje til rette for auka produksjon av landbruksvarer, innanfor gitte handelspolitiske ramar, som det er naturgitt grunnlag for og som marknaden etterspør, slik at sjølvforsyningsgraden kan oppretthaldast om lag på dagens nivå. Regjeringa har som målsetjing at produksjonen i landbruket skal auke i takt med etterspørselen til ei aukande befolkning.

For storfekjøtt, korn og i grøntsektoren er det eit marknadsrom som ikkje blir dekkja av norskprodusert vare. For egg, og særleg for svin, har det vore aukande marknadsoverskott dei siste åra. Ved midlertidig marknadsunder-

skott administrerer styresmaktene tollsatsane ned i periodar for supplering i marknaden.

For dei fleste landbruksvarene hindrar dei ordinære tollsatsane import. For nokre varer skjer likevel import til full toll. Dette gjeld i særleg grad grøntsektoren, men også for enkelte kjøtt- og meierivarer.

Foredla landbruksvarer som inngår i Protokoll 3 i EØS-avtalen, har ikkje vern mot import. Desse varene er i prinsippet frihandelsvarer der Noreg og EU kan nytte toll og prisnedskrivning for å jamne ut forskjellar i prisar på råvarene som inngår i ferdigvarene.

Konkurranseskrafta til norske landbruksvarer i den norske marknaden er ikkje utelukkande avhengig av gjevne rammevilkår. Dei evnene

bedriftene og føretaka har til effektiv produksjon, kvalitet og mangfald har stor innverknad på konkurransekraft og evne til å halde på marknadsdelar.

I følgje Nasjonalrekneskapen var bruttoproduktet i jordbruk og skogbruk i faste 2005-prisar 14 mrd. kroner i 2012. Produktivitetsveksten i jordbruket er høg. Jordbrukssektoren har dei siste 10 åra hatt ein vekst i brutto arbeidsproduktivitet på 5,9 pst. per år. Talgrunnet indikerer at produktivitetsveksten har vore noko mindre dei siste to åra enn tidlegare i perioden. Tilsvarende produktivitetsmål for norsk industri (bruttoproduct per timeverk) viser ein gjennomsnittleg årleg vekst på 2,5 pst. dei siste ti åra, i følgje det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera. Gjennomsnittleg vekst i Fastlands-Noreg var 1,4 pst.

Innovasjon på landbruks- og matområdet er viktig. Innovasjon Noreg legg til grunn ein brei definisjon av innovasjon; *Ny vare, teneste, produksjonsprosess, bruksmåte eller organisasjonsform som er lansert i marknaden eller blitt teke i bruk i produksjonen for å skape økonomiske verdiar.* Årsrapporten til Innovasjon Noreg for 2012, som oppsummerer effektmåling av tilskott 4 år etter at tilskottet blei gjeve, viser at innovasjonsnivået ligg nokså stabilt dei siste tre åra for dei innovasjonsretta landbruksprogramma. For Trebasert innovasjonsprogram ligg delen innovasjon på nasjonalt/internasjonalt nivå høgt, også samanlikna med Innovasjon Noregs program utanfor landbruks- og matsektoren. Dette tyder på at Innovasjon Noreg har bidrege til auka innovasjon innanfor trenæringa. Innovasjon Noreg si kundeeffektundersøking viser også ei positiv utvikling dei siste tre åra når det gjeld landbruks- og matprogrammas innverknad på lønnssemdsutvikling, overleving og omsetnad for føretaka som har fått støtte av Innovasjon Norge. Hovuddelen av midlane Innovasjon Noreg forvaltar på landbruks- og matområdet gjeld innovasjon på bedriftsnivå (88 pst. av tildelingane). Dette er dei viktigaste økonomiske verkemidla for å nå målet om næringsutvikling i og i samband med landbruket.

I 2012 utarbeidde Norsk Institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) ein rapport om innovasjon i landbruket, på oppdrag frå Innovasjon Noreg. Rapporten dokumenterer mellom anna at landbrukssektoren er blant dei næringane som har hatt høgast produktivitetsvekst dei siste tiåra. Verdikjeda representerer eit samansett innovasjonssystem som også inkluderer forskning, som er verdsléiande på fleire område. Det tette samspellet mellom forskning og næring er ein av grun-

nane til at innovasjonar blir tekne raskt i bruk, og på den måten bidreg til den høge og vedvarande produktivitetsauken i sektoren. I 2012 gjekk i alt 12 pst. av dei bedriftsretta bygdeutviklingsmidlane (BU-midlane) til utviklingstiltak og bygdenæringar hos Innovasjon Noreg til kompetanseretta prosjekt, mot 15 pst. i 2011. Dette er eit viktig bidrag til at søkjarane kan lukkast i sitt næringsutviklingsarbeid.

Bruttoproductet for skogbruket og tenester knytt til skogbruket, blei berekna til 5,4 mrd. kroner i 2011. Dette er om lag på same nivå som året før. Totalt blei det produsert skogprodukt og tenester for 6 mrd. kroner i 2011, om lag på same nivå som året før. Tømmer for sal er framleis den største enkeltposten. I alt blei det seld tømmer for 3,1 mrd. kroner til sagbruk og treforedlingsindustri. Dette er ein svak auke frå året før. I 2011 var omsetnaden i skogindustrien i Noreg på til saman 41,9 mrd. kroner. Det tilsvarer 5,7 pst. av omsetnaden i norsk industri.

I 2011 blei det avverka 8,5 mill. kubikkmeter tømmer. Dette var ein auke på 2 pst. frå året før.

Det var registrert 48 160 kilometer med skogsbilvegar (heilårsbilvegar og sommarbilvegar) per 1. januar 2012. Til samanlikning er det om lag 94 000 kilometer med offentlege vegar i landet. Mens det blei ferdigstilt 92 kilometer heilårsbilvegar og sommarbilvegar i 2012, blei 264 kilometer ombygd eller omlagt. Dette er ein auke på høvesvis 14 og 15 kilometer frå 2011. Det blei bygd og ombygd skogsvegar for totalt 173 mill. kroner i 2012, ein auke på 50 mill. kroner frå 2011. Offentlege tilskott dekkja om lag 56 mill. kroner av dei totale kostnadene. Dei gjennomsnittlege anleggskostnadene per meter heilårsbilveg og sommarbilveg var 390 kroner. Vinterbilvegar og traktorvegar kosta i gjennomsnitt 129 kroner per meter. Av dei sistnemnde vegane blei det ferdigstilt 189 kilometer i 2012, mens 78 kilometer blei omlagt eller ombygd. Dette er ein auke på høvesvis 34 og 26 kilometer frå 2011.

Det er behov for å auka investeringane i landbruket, mellom anna for å fornye driftsapparatet, betre lønnssemda, auka produktiviteten, miljøomsyn og omsyn til dyrevelferda. Gode investeringsordningar er viktige for rekrutteringa til landbruket, og det er samstundes nødvendige ordningar for å kunne nå dei sentrale landbrukspolitiske måla om auka landbruksproduksjon og eit landbruk over heile landet. Tilskott til investeringar og rentestøtte er ein nødvendig føresetnad og ein sentral faktor for å avlaste risiko, og for å løyse ut anna kapital som gjer det mogleg å investere i landbruket. Over dei fylkesvise BU-midlane til

bedriftsretta tiltak blir det gjeve støtte til investeringar. I 2012 løyvde Innovasjon Noreg tilskott for til saman 312,7 mill. kroner til investeringar innanfor tradisjonelt landbruk. Dette utgjer om lag 73 pst. av dei totale løyvingane innanfor dei bedriftsretta BU-midlane. Kvinnedelen av midlane var på 45 pst. i 2012.

Bygdenæringar er ein felleskarakteristikk på all næringsverksemd utanom tradisjonelt landbruk med basis i ressursane i landbruket. Breidda i naturressursane, kulturen, historia, bygningsmassen, maskinene og dei menneskelege ressursane knytt til landbruket er omfattande. Dette gjev grunnlag for å utvikle eit breitt spekter av varer og tenester. Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* tek til orde for eit løft for bygdenæringane.

Over dei fylkesvise BU-midlane til bedriftsretta tiltak blir det også gjeve støtte til investeringar innanfor bygdenæringar. I 2012 løyvde Innovasjon Noreg tilskott for til saman 44,7 mill. kroner til investeringar innanfor bygdenæringane. Dette utgjer om lag 10 pst. av dei totale løyvingane innanfor dei bedriftsretta BU-midlane.

Det er krevjande å utarbeide undersøkingar for å få kunnskap om bygdenæringar. Årsakene er mellom anna at dette handlar om mange ulike næringar, og at det kan vere problematisk å avgrense kva type landbrukseigedommar og landbruksbedrifter som skal reknast med. Dette spenner frå ei avgrensing av 32 000 yrkesdrivne bruk til om lag 185 100 landbrukseigedommar. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) si driftsgransking for 2011 gjer eit utval av respondentar blant om lag 31 500 bruk, og er ei kjelde til kunnskap om utvikling og lønnsemd innanfor bygdenæringane. Av dei 857 bruka som var med i driftsgranskingane i 2011 hadde 81 pst. omsetnad i bygdenæringar. 59 pst. av bruka hadde ein omsetnad på over 20 000 kroner i bygdenæring. I 2011 var omsetnaden i bygdenæringar per bruk i

utvalet gjennomsnittleg 173 100 kroner, det er ein auke på 11 300 kroner frå 2010. Overskottet frå bygdenæringar utgjorde i gjennomsnitt 7 pst. av samla inntening på alle 857 driftsgranskingsbruka i 2011. Delen har auka jamt gjennom dei siste åra.

Bidraget varierer naturleg nok med ulike regionar og ulike tilleggsnæringar. Det er større driftsoverskot blant dei bruka som driv med tenesteyting enn med vareproduksjon. Driftsgranskingane viser at bygdenæringane sitt bidrag til familieøkonomien samla sett er beskjeden, trass i ein liten auke det siste tiåret. Ei av årsakene til dette kan vere at det utvalet av bruk som er med i driftsgranskingane, har relativt stor jordbruksaktivitet. På desse bruka kan det vere lita tid til, og mindre trong for, å byggje opp andre næringar. God tilgang på løna arbeid kan vere ei anna forklaring. Bygdenæringane er likevel ei viktig inntektskjelde for mange enkeltbruk. Det er behov for meir kunnskap om utviklinga innanfor bygdenæringane generelt. Det blir arbeidd for å auke kunnskapen om økonomi og sysselsetjing innanfor enkeltnæringar og rolla til bygdenæringane samla sett.

Gode kompetansemiljø

Departementet vil sikre god rekruttering til landbruket og landbruksbasert industri, og følgjer difor med på alderen på eigarar av eigedom og bedrifter og på utdanning og rekruttering i sektoren.

Landbruksteljinga 2011 viste at gjennomsnittleg alder for personlege eigarar av jordbruksbedrifter var 50,2 år, der gjennomsnittleg alder for menn var 50,6 år og kvinner var 48,0 år. Gjennomsnittleg alder for ein eigarar av jordbruksbedrift var 48,3 år i år 2000. Gjennomsnittleg alder ved tinglyst overdraging var i 2010 50,9 år, 47,6 år for menn og 56,0 år for kvinner. Tabell 6.1 viser fordeling på aldersgrupper og kjønn.

Tabell 6.1 Eigarar av jordbruksbedrifter, etter alder og kjønn. 2011

Aldersgrupper	Personleg brukartal	Brukar er mann %	Brukar er kvinne %
< 30 år	1 510	81,8	18,2
30 – 39 år	6 341	79,9	20,1
40 – 49 år	12 528	83,6	16,4
50 – 59 år	12 781	89,1	10,9
60 – 69 år	8 310	88,8	11,2
70 år eller meir	1 469	83,9	16,1
Totalt ¹	42 939	80,6	13,5

¹ 5,9 pst. er upersonlege eigarar
Kjelde: Landbruksteljinga 2011

Det er totalt 3 863 elevar som har søkt naturbruk på offentleg vidaregåande skole for året 2013/2014. Dette er på same nivå som året før. Søkinga til studieretning naturbruk generelt er stabil, men søkinga til dei tradisjonelle landbruks- og gartnerfaga er framleis for låg. Departementet tildeler fylkeskommunene tilsaman 20 mill kroner til likestilling, kompetanse og rekruttering. Departementet bidreg også i prosjektet Velg landbruk i regi av næringsorganisasjonene i landbruket og til Norges Bygdeungdomslags prosjekt Grøn Utdanning. I 2013 blir det gjennomført ei omfattande evaluering av landbruks- og gartnerutdanninga på vidaregåande nivå og kartlegging av behovet for fagskolar i landbruket.

Det er i dag 2 fagskolar med til saman 4 studieretningar innan agronomi og gartnerfag. Det er 12 plassar per studieretning. Det er fleire fagskoletilbod under planlegging, deriblant fagskole i planteproduksjon med 21 plassar med oppstart i 2013. Ein kan forvente ein auke i talet på fagskolestudentar i dei tradisjonelle landbruksfaga.

Søkjartala til høgskolestudier i tradisjonelle landbruksfag ved Høgskolen Nord-Trøndelag og Høgskolen i Hedmark er stabile etter ein liten auke i søkinga til husdyrfag i 2012. Søkinga til dei tradisjonelle landbruksfaga ved Universitetet for Miljø og Biovitenskap har ein liten auke. Husdyrvitenskap og skogfag har også ein auke i talet på søknader, mens plantevitenskap, hestefag og skogfag er stabile.

Søkjartala til dei tradisjonelle matfaglege utdanningane på vidaregåande og høgare nivå viser ein negativ trend. Kjøtt-, bakar-, og meieri-bransjen ser ut til å vere enkeltbransjane med dei største utfordringane med omsyn til underdekking av faglærde kandidatar i dag og i nær framtid. Departementet bidreg med midlar til Matin-

dustriens kompetanseprosjekt FEED som blir vidareført i 2014. Prosjektet driv kartlegging og kampanjar for auka rekruttering til vidaregåande utdanning til matfaga og rekruttering til matindustrien.

Departementet vil leggje til rette for kompetanse blant sjølvstendige næringsdrivande i landbruksnæringa. Landbruksteljinga 2010 viser at over halvparten av brukarane (55,8 pst.) er utan formell landbruksutdanning. Delen som har landbruksutdanning tilsvarande grunnkurs og liknande (nivå 2 og 3) utgjer 28,4 pst., mens dei med høgare utdanning utgjer 15,9 pst. Ein stor del av dei 20 mill. kronene som fylkeskommunane blir tildelt til likestilling, kompetanse og rekruttering årleg, blir nytta aktivt til kompetanseheving blant vaksne bønder. Fleire fylke har kampanjar for å auke rekrutteringa til naturbruksskolane, og fleire fylke har satsa på agronomkurs for vaksne, med god deltaking. Matmerk forvaltar midlar til kompetanseheving i landbruket (6 mill. kroner), og har mellom anna gjeve midlar til utredning av nye tilbod i fagskolane.

Departementet vil ha auka likestilling og auka deltaking frå kvinner i landbruks- og matsektoren. Departementet vil ha minst 40 pst. kvinneleg representasjon i eigarskap, næringsutøving og styrande organ i landbruks- og matsektoren.

Kvinner eig i dag 25 pst. av alle landbrukseigedommar, og delen kvinnelege aktive brukarar er om lag 14 pst. Kvinner driv og eig ofte dei minste gardsbruka. Fleire av samvirkeorganisasjonane har nådd målet om minst 40 pst. representasjon av kvart kjønn i sine styre.

Den delen av BU-midlane som gjev tilsegn til kvinneretta tiltak aukar. Tilsegn frå BU-midlane blir registrerte som kvinneretta når m.a. kvinner

er med på å starte, eller er medeigar i, eigen verksemd/eigedom der prosjektet blir gjennomført. I 2012 var delen kvinner på 52 pst. for BU-midlane totalt, mot 48 pst. i 2011. For tilskott til investeringar innan tradisjonelt jord- og hagebruk var delen 45 pst. i 2012, mot 41 pst. i 2011. For bygdenæringar har delen auka frå 70 pst. i 2011 til 76 pst. i 2012.

Innan reindrifta var det i 2011 til saman 65 kvinnelege siidaandelsinnehavarar. Dette utgjør 12 pst. av totalen på 538 siidaandelar. Dei fleste av dei kvinnelege innehavarane er mellom 31 og 50 år. Alle er leiar for ein siidaandel med under 600 rein. Vidare er det 145 felles siidaandelar. Dette utgjør om lag 27 pst. Kvinnene som står oppført med rein i melding om reindrift eig 25 pst. av det totale talet på rein.

Konkurransedyktige inntekter

Regjeringa vil sikre utøvarane i landbruket ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper. Regjeringa vil difor vidareutvikle inntekts- og velferdspolitikken med utgangspunkt i den landbrukspolitikken som er ført etter 2005.

Frå 2006 til 2013 har bruttoinntektene i jordbruket auka med over 9 mrd. kroner, etter at dei låg nokså stabilt rundt 30 mrd. kroner i ei årrekke. Kostnadene har auka med nesten 6 mrd. kroner.

For perioden 2006 til 2013 er inntektsauken per årsverk berekna til 80,5 pst., eller vel 132 000 kroner. Då er verdien av jordbruksfrådraget inkludert, og veksten inneheld kompensasjon for auka folketrygdavgift i 2012.

Departementet vil sikre økonomisk berekraft i reindrifta gjennom auka slakteuttak og auka lønnssemd. Tilgangen på slaktedyr er avhengig av kalvetilgangen, tap av dyr og kor mange dyr reineigaren set til livdyr. Slaktevolumet i 2011 og 2012 gjekk ned samanlikna med det svært høge slaktevolumet i 2010. I 2012 var uttaket 68 902 rein på listeførde slakteri mot 66 266 rein i 2011 (2010: 80 855). Dette utgjorde 1 552 tonn i 2012 og 1 493 tonn i 2011 (2010: 1764).

Produktivitet samanlikna med talet på rein kan fortelje mykje om korleis tilpassinga mellom rein og beite er i eit område. Ein høg totalproduksjon per livrein vil ofte innebere god kalvetilgang, lite tap og gode slaktevekter. Totalproduksjonen per livrein varierer mykje mellom reinbeiteområda og mellom distrikta i det enkelte område. Mellom driftsåret 09/10 og 10/11 blei den samla produksjonen redusert frå 8,0 kg per livrein til 7,3 kg per livrein.

Tal frå totalkalkylen for reindrifta viser ein nedgang i resultatoppnåinga dei siste åra. Reduksjonen skuldast i hovudsak ein nedgang i kjøttinntektene grunna ein reduksjon i produsentprisen og redusert slakteuttak. I tillegg har det vore ein vesentleg auke i kostnadene dei siste åra. Vederlaget for arbeid og eigenkapital blei redusert frå 160,9 mill. kroner i 2010 til 136,0 mill. kroner i 2011. Målt per årsverk er vederlaget til arbeid og eigenkapital redusert frå 153 000 kroner i 2010 til 123 000 kroner i 2011, og målt per siidaandel er vederlaget til arbeid og eigenkapital redusert frå 265 300 kroner i 2010 til 213 600 kroner i 2011.

7 Overordna mål: Berekraftig landbruk


Resultatområde	Delmål
Beskytte arealressursane	Avgrense omdisponeringa av dyrka jord (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) til under 6000 dekar pr. år Sikre økologisk berekraft i reindrifta gjennom eit tilpassa reintal til tilgjengeleg arealgrunnlag
Produksjon av miljøgode	Ta vare på og utvikle landbruket sitt kulturlandskap, inkludert ta vare på variasjonen i prioriterte kulturlandskap i jordbruket Meir målretta miljøinnsats i skogbruket
Sikre naturmangfald	Auka bruk og vern av dei genetiske ressursane i landbruket Ta vare på artsmangfaldet i jordbruket sitt kulturlandskap Størst mogleg del av globalt frøsmangfald deponert i frøhvelvet på Svalbard
Klimautfordringane – landbruket ein del av løysinga	Reduserte utslepp av klimagassar frå landbruket Større klima- og energivinstar frå landbruket
Redusere forureining frå jordbruket	Redusert miljø- og helserisiko ved bruk av plantevernmiddel Vassførekomstane i jordbruksdominerte område skal ha god økologisk status innan 2021

Norsk landbruk forvaltar store delar av norsk natur gjennom jordbruk, skogbruk, reindrift og annan aktivitet. Landbruket skapar økonomiske verdiar og miljøgode av ulike slag. Kulturlandskapet er eit produkt av eit aktivt landbruk. For å sikre at befolkninga i dag og framtidige generasjonar har tilgang til nok og trygg mat, tømmer og treprodukt, energi og andre varer og tenester, må landbruket ha eit langsiktig perspektiv og drivast på ein berekraftig måte.

Beskytte arealressursane

Det er eit mål å avgrense omdisponeringa av dyrka jord (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) til under 6 000 dekar per år.

For 2012 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 6 567 dekar dyrka jord til andre føremål enn landbruk. Det er den lågaste registrerte omdisponeringa av dyrka jord sidan 1976, og heile 42 pst. lågare enn snittet for 10-årsperioden før jordvernmålet blei sett første gongen i 2004 (11 400 dekar). Snittet for dei siste 5 åra er på om lag 7 200 dekar. Tala for omdisponering for dyrkbar mark er også mykje lågare enn for 10-årsperioden 1994-2003. Samla sett har ikkje tala for totalt dyrka jordbruksareal i landet gått ned i takt med omdisponeringa, mellom anna grunna nydyrking. Mange av dei aller beste jordbruksareala er likevel omdisponerte og erstatta av mellom anna nydyrka areal som i mange tilfelle er meir marginale.



Figur 7.1 Omdisponert areal i dekar, fordelt på dyrka og dyrkbare mark, sum jordlov og plan- og bygningslov, 1994–2012

Dei to markerte linene viser gjennomsnittsnivået for årleg omdisponert areal dyrka mark for 10-årsperioden før 2004, og målet for omdisponering som er under 6 000 daa.

Det er eit mål å sikre økologisk berekraft i rein-drifta gjennom eit tal på rein tilpassa det tilgjengelege arealgrunnlaget. Talet på rein har tidlegare vore regulert på distriktsnivå gjennom eit øvre reinteral. I reindriftslova frå 2007 blir talet på rein regulert gjennom bruksreglane. Det er distriktsstyret som skal utarbeide bruksreglane. Deretter blir bruksreglane godkjente av områdestyra. Når det gjeld fastsetjing av det øvre talet på rein skal distriktet i tillegg leggje fram vedtaket sitt for Reindriftsstyret for endeleg godkjenning. Ved utgangen av 2011 hadde alle sommar- og heilårsdistrikta fått godkjent bruksreglane sine. Det er i dag om lag 250 000 rein. Ut frå godkjende bruksreglar vil det vere nødvendig å redusere talet på rein med i underkant av 40 000 over ein 3-års periode. I all hovudsak skal denne reduksjonen skje i reinbeiteområde i Aust- og Vest-Finnmark.

Eit for høgt tal på rein over tid gjev reduserte slaktevektar. Gjennomsnittlege slaktevektar for vaksne dyr er tilnærma uendra frå 2011 til 2012, og ligg framleis på vel 30,0 kilo. For kalv ligg vektene i den same tidsperioden også uendra på 18,7 kilo. Dei gjennomsnittlege slaktevektene i Finnmark har dei siste åra variert mykje. I siste del av 1990-talet var slaktevektene låge. Frå 2000/2001 og dei to påfølgjande åra auka slaktevektene markert, for deretter igjen å bli redusert betydeleg fram mot 2011. Områda sør for Finnmark og

Polmak/Varanger har betre slaktevektar enn Karasjok og Vest-Finnmark. Slaktevektene sør for Finnmark og Polmak er prega av meir tilfeldige årlege svingingar i vektene. For desse områda er det klimatiske svingingar som er hovudårsaka til endringane i vektene.

Produksjon av miljøgode

Det er eit mål å ta vare på og utvikle landbruket sitt kulturlandskap, inkludert å ta vare på variasjonen i prioriterte kulturlandskap i jordbruket. I perioden 1999–2012 er det estimert ein reduksjon i totalt jordbruksareal på om lag 4 pst. Nedgangen i jordbruksareal heng i all hovudsak saman med reduksjon på 14 pst i arealet med åker og hage. Innmarksbeitearealet (annan eng og beite) har i den same tidsperioden auka med 17 pst.

Frå 2005 har eit nytt digitalt kartgrunnlag vore i bruk som kontrollgrunnlag ved søknad om produksjonstilskott. Tal frå Statens landbruksforvaltning (SLF) viser at arealmåling frå nytt kartverk i perioden 2005–2012 innebar ein reduksjon i arealet på 3 pst. i snitt i dei kommunane der kartverket blei teke i bruk. For dei andre kommunane var nedgangen 0,1 pst. i snitt. Effekten av det nye kartverket kan vere ein følgje av meir nøyaktige målingar. Det kan også vere ein følgje av at endringar som har

skjedd over tid først blir fanga opp når eit nytt kartverk blir teke i bruk.

Beiting i utmark er viktig for å ivareta kulturlandskap og for mange plante-, sopp- og dyreartar. Dei ulike dyreslaga har ulik innverknad på naturmangfaldet, og det er difor behov for at både storfe, geit og sau er på beite. Det var totalt 2,2 mill. beitedyr i utmark i 2012, noko som er ein reduksjon på om lag 50 000 frå 2011. Det er ein tilbakegang i talet på sau, lam og geit på utmarksbeite. Det har vore ein auke i talet på storfe på utmarksbeite sidan 2008, og talet er no på same nivå som i 1999. 27 pst. av alle storfe gjekk på utmarksbeite i 2012.

Landbruks- og matdepartementet samarbeidde med Miljøverndepartementet om 22 utvalde kulturlandskap i jordbruket i 2012, der oppgåvene har vore å ta vare på viktige miljøverdier gjennom istandsetjing og skjøtsel. Til saman blei det sett av 14 mill. kroner til satsinga i 2013. Det er inngått over 300 avtalar om skjøtsel, og meir enn 400 grunneigarar/drivarar har motteke tilskott frå satsinga.

I 2012 var det avslutta og godkjent skogbruksplan med miljøregistreringar (MiS) på om lag 5 mill. dekar. Det økonomisk drivverdige skogarealet er på 67 mill. dekar. Om lag 83 pst. av dette arealet er kartlagd med MiS-registreringar. Det er no starta opp nye skogbruksplanprosjekt i område der det er miljøregistreringar frå førre runde. Før eksisterande data blir ført vidare i nye planar blir dei kvalitetssikra og reviderte. Det blir då vurdert om det er behov for ny kartlegging.

Med grunnlag i skogbruksplanlegging med miljøregistreringar set skogeigarane til side livsmiljø der det blir teke særleg omsyn til miljøverdiar. I 2012 var det totalt sett til side meir enn 100 000 livsmiljø med eit samla areal på omkring 500 000–600 000 dekar. Ved vidare miljøregistrering vil det komme til fleire livsmiljø, og dette vil gjere det mogleg å bytte ut nokon av dei eksisterande med nye.

Sikre naturmangfald

Regjeringa har som mål å auke bruk og vern av genetiske ressursar i landbruket. Det er særleg viktig å ta vare på det biologiske mangfaldet og dei genetiske ressursane som er grunnlag for landbruk og matforsyning, og hindre tap av biologisk mangfald.

For husdyr som blir brukt i avl er storleiken på populasjonen det enklaste målet på om ei rase er trua eller berekraftig. FN sin organisasjon for mat og landbruk (FAO) har utarbeidd retningslinjer

for korleis ein kan kategorisere rasar etter kor trua dei er. Etter revisjon i 2012 er 17 av dei 35 rasane som er rekna som nasjonale i Noreg i kategorien *Kritisk trua*. Tre av storferasane og alle hesterasane er blant desse. Ytterlegare 11 rasar reknast som *Trua*. Når det gjeld desse trua rasane er det sett i verk tiltak som skal sikre dei for framtida. For dei store avlspopulasjonane ligg det føre tal for effektiv populasjonsstorleik, som gjer greie for talet på dyr som bidreg med gen i neste generasjon. Ein effektiv populasjonsstorleik på over 100 reknast for å vere berekraftig. For 2012 er dette talet for NRF 195, norsk kvit sau 86, spælsau 455, norsk sjeviot 156, norsk mjølkegeit 500 og for norsk landsvin 111. Det er foredlingsprogram for til saman 13 planteartar, mellom anna på korn, potet, engvekstar, frukt og bær. Det årlege talet på nye sortar som blir godkjende er eit mål på aktivitet innanfor planteforedlinga i Noreg og på tilbodet av eigna plantesortar ut til bonden. I 2012 blei det teke opp 13 nye sortar på den norske sortslista, av desse var fire utvikla i Noreg. Det er også oppretta bruksgenbankar for gamle sortar korn og potet, der interesserte bønder kan få materiell for utprøving.

Innanfor skogbruket var det utprøvd 3 176 individ i foredlinga på gran i 2012. Desse dannar grunnlaget for å velje ut dei 1 150 beste individa i ein framtidig foredlingspopulasjon, jf. målsetjingar i *Strategi for skogplanteforedling 2010–2040*. Genressursreservata for skog som blir oppretta i verneområda, skal bevare genressursane og bidra til å sikre den potensielle tilgangen til genetisk materiale frå ulike klima og veksestadar. Det er oppretta 23 genressursreservat for skog og 10 ulike treslag (under dette alm, ask, barlind, bøk, kristtorn, lind, sommereik, spisslønn, vintereik og gran).

Som forvaltar av store areal med viktige biologiske verdiar har jordbruket eit særskilt ansvar for det biologiske mangfaldet og å ta vare på mangfaldet av artar i jordbrukets kulturlandskap. Overvakingsprogrammet *3Q – Overvaking av tilstanden og resultatkontroll i jordbruket sitt kulturlandskap* – undersøker to grupper artar, fuglar og karplanter. Desse er indikatorar for endringar i biologisk mangfald i kulturlandskapet. Begge gruppene er svært samansette, med artar med mange ulike krav til livsmiljø.

I løpet av perioden 2000–2011 har det blitt registrert 160 fugleartar på dei 130 analyseflatene som blir overvaka med jamne mellomrom. Blant desse er det også 35 artar som er raudlista. Om lag 50 av dei registrerte artane finst på nok flater til at 3Q-programmet kan fange opp reelle endrin-

gar over tid, og seks av desse artane er oppført på raudlista. Ei viktig oppgåve for 3Q-programmet er å knyte endringar i utbreiing og tal på fuglearter til 3Q-areala og endringar i jordbrukslandskapet. Fuglearter som har meir enn halvparten av bestanden knytt til jordbrukslandskapet, blir definerte som kulturlandskapsartar. 3Q viser at aukande grad av jordbruksareal på ei registreringsflate gjev fleire kulturlandskapsartar og fleire hekkande par.

Overvakinga av karplanter skjer på to slags areal, beitemark som aktivt blir beita av husdyr, og villeng som er tidlegare beita mark og dyrka mark som gror att. Dette er område med stort biologisk mangfald og som er sterkt utsette for endringar i bruk. I den første gjennomgangen av dei utvalde 3Q-areala blei det funne til saman 483 artar av karplanter i dei permanente vegetasjonsrutene. Av desse var det berre 10 pst. som blei funne på meir enn halvparten av areala, mens heile 382 artar blei funne på mindre enn 10 pst. av areala. Det er naturleg at artar ikkje veks over alt, men ei negativ utvikling over tid vil vere uheldig. Blant artane som er funne, var 58 unike for beitemark og 112 unike for villeng. Dette viser at på areal der beitedyra blir borte over lengre tid, kan artar som ikkje kan greie seg utan beitedyra forsvinne på sikt mens andre artar kjem til.

Det er no sett i gang kartlegging av endringar sidan den første gjennomgangen. Delar av Austlandet er ferdig kartlagd. Av 76 analyseruter hadde berre areala for 19 ruter endra kategori. Talet på analyseruter som låg på beitemark hadde gått tilbake fordi det ikkje lenger er beite og areala er gått over til villeng eller skog. Talet på ruter i villeng hadde gått litt tilbake – noko har blitt skog og noko er teke opp att som beite.

Desse endringane i arealbruk har også verka inn på karplantene. Blant dei 22 artane som var meir vanleg på beitemark enn i villeng etter første kartlegging, hadde 14 av artane gått tilbake i spreining, ein art var uendra og 7 artar hadde ei svak auke i spreininga. Hos dei artane som var mest vanlege i villeng hadde 12 artar auka spreining, 10 gjekk noko tilbake, mens 4 artar hadde uendra status.

Spreining av svartelista artar er ofte knytt til menneskeleg aktivitet. Dei svartelista artane som blei registret i 3Q viser også spreining. Av 5 svartelista artar har 4 artar auka i utbreiing mellom omdrev 1 og 2. Brorparten av rutene der desse artane er funne er typiske villengruter, men artane er også oppdaga i beitemark. Det er difor viktig å ha merksemd på svartelista artar i jordbrukslandskapet.

I upløgde og permanente enger har viktige engvekstar fått utvikle seg over lang tid etter klima og andre vekstvilkår. Dette har resultert i stor genetisk variasjon i viktige eigenskapar. Det er 381 slike *in situ* bevaringslokalitetar med genressursar i kulturlandskap som blir halde ved like etter skjøtselsplan og avtalar. Brorparten av engene inngår i Handlingsplan for slåttenger hos Direktoratet for naturforvaltning. Dei andre er stort sett resultat av initiativ i fylke der ymse støtteordningar bidreg til at tradisjonell skjøtsel og drift held fram.

Svalbard globale frøhvelv er i dag det største sikkerheitslageret i verda for biologisk mangfald innanfor vekstar av stor verdi for den globale matforsyninga. Dette spesialbygde fryselageret husar sikkerheitskopiar av frø frå nasjonale og internasjonale frøsamlingar over heile verda. 27 institusjonar la til saman inn 58 028 nye frøprøvar i 2012, som gav ein auke i samlinga på 8 pst. frå 2011. Det var ein nedgang i talet på prøvar samanlikna med 2011. Denne nedgangen var venta då genbankene med dei største frøsamlingane av matvekstar no har sendt inn frø til Svalbard.

Ved utgangen av 2012 var 774 601 sikkerheitsprøvar av frø deponert i frølageret frå 53 genbankar.

Klimautfordringane – landbruket ein del av løysinga

Det er eit mål å redusere utslepp av klimagassar frå landbruket.

Dei førebelse utsleppstala viser at det blei slept ut 52,9 mill. tonn klimagassar frå norsk territorium i 2012. Det er 0,4 mill. tonn, eller 0,8 pst., mindre enn i 2011. Lågare utslepp frå gasskraftverk som har vore køyrt lite, har bidrege mest til nedgangen.

Bortsett frå i 2009, då utsleppa gjekk ned som følge av låg økonomisk aktivitet, har ikkje utsleppa vore så låge sidan 1995. Utslepp per produserte krone (faste prisar), såkalla utsleppsintensitet, fortsett å falle. Som året før var det i 2012 både auka aktivitetsnivå i norsk økonomi og ein nedgang i klimagassutsleppa. Utsleppa i 2012 var likevel 5,1 pst. høgare enn i 1990.

Utsleppa frå jordbruk gjekk ned med 0,2 pst. samanlikna med 2011 og 10,3 pst. samanlikna med 1990.

8 pst. av klimagassutsleppa i 2011 stamma frå jordbruket (4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar).

Av dette var 47 pst. CH₄, 44 pst. N₂O og 9 pst. CO₂. Jordbruket utgjer ei av dei største kjeldene for utslepp av klimagassane CH₄ (metan) og N₂O

(lystgass). For 2011 kom 50 og 70 pst. av dei norske utsleppa av metan og lystgass frå jordbruket. Utsleppet frå jordbruket av klimagassar stammar frå biologiske prosessar i vomma hos drøvtyggarar og biologiske og kjemiske prosessar i husdyrgjødsel og jordsmonn, men det blir også berekna utslepp frå forbrenning, både stasjonær og frå traktorar, maskiner og reiskapar.

Nettoopptaket av CO₂ i skog og skogareal var ved det siste rapporteringa til Klimakonvensjonen på 29,53 mill. tonn CO₂-ekvivalentar for 2011. Av dette utgjer det som er ført under Kyoto-protokollen Artikkel 3.3 på skogreising og avskoging 0,655 og 2,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar (netto - 2,15 mill. tonn CO₂). Opptaket i eksisterande skog som følgje av skogskjøtsel, som er ført under Kyotoprotokollen Artikkel 3.4 om skogforvaltning, er berekna til 31,686 mill. tonn CO₂-ekvivalentar (levande – og daut biomasse og jord). Når det gjeld dei andre arealkategoriane (dyrka myr, åkerland med vidare) er desse berekna til å bidra til eit utslepp på 2,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Totalt nettoopptak for skog og andre areal (LULUCF sektor) i 2010 blir dermed 28,79 mill. tonn (alle karbonlager – mellom anna tilskoging, avskoging, arealbruksendringar, gjødsling og skogbrannar). Den samla klimaeffekten frå skogsektoren må vurderast ved å sjå netto skogopptak i samheng med klimatenestene fornybart skogråstoff bidreg til ved substitusjon av fossile utslepp i form av trebruk i byggsektoren og bioenergi. 13,1 pst. av det hogstarealet som blei kontrollert i 2011 (dvs. hogst gjennomført i 2008) hadde eit plantetal under det minste lovlege plantetalet ved kontrolltidspunktet. Om lag ein tredjedel av dette arealet er klassifisert som naturleg forynga, noko som gjer det vanskeleg å berekne kor stor del som vil vere over minste lovlege når den framtidige forynginga er etablert.

I 2012 blei det i Noreg sett ut 25,8 mill. skogplanter over eit areal på 150 000 dekar. Samanlikna med 2011 tilsvarer dette ein auke i talet på planter på 11 pst. Av anna skogkulturarbeid blei 8 500 dekar skog gjødsla i 2012. Dette er ei auke på om lag 45 pst. (2 700 dekar) fra året før.

Departementet legg stor vekt på medverking i realiseringa av bioenergistrategien til regjeringa, og gjev mellom anna støtte til produksjon av energiflis og etablering av gardsvarmeanlegg og anna gjennom eit eige bioenergiprogram.

I løpet av dei tre åra energiflisordninga har vore i drift, har produksjonen auka frå rundt 60 000 til 880 000 lauskubikkmeter i 2012. Produksjonen i 2012 tilsvarar om lag 700 mill. kWh. Samla over 80 pst. av tilskottet gjekk i 2012 til

pleie av kulturlandskap; mens flising ved første gongs tynning og uttak av Grot har motteke 9,2 og 8,4 pst av midlane. Volumet av produsert flis som tilskottet har løyst ut, svarar til varmebehovet til om lag 70 000 husstandar, og kan erstatte 74 mill. liter fyringsolje. Dette gjev ein potensiell reduksjon i klimagassutsleppa på 197 000 tonn CO₂.

Satsinga på bioenergi gjennom Bioenergiprogrammet bidreg til meir miljøvennlige energiløysingar både i landbruket og i andre sektorar. I 2012 blei det ein nedgang i energileveransar frå programmet på om lag 25 pst, frå 42,5 GWh og ned til 30,3 GWh. Nedgangen var størst innanfor gardsvarme til næringsanlegg, varmeanlegg og veksthus. Aktiviteten under dei andre målområda i programmet låg i 2012 på omtrent same nivå som tidlegare. Prosjekta løyste i 2012 ut ein energiproduksjon tilsvarande 30,3 GWh.

Tre som bygningsmateriale har klare miljømessige fortrinn, og Noreg har store uutnytt skogressursar. Bruk av tre legg grunnlaget for lokal og regional næring. Regjeringa har eit mål om å auke bruken av tre, og støttar opp om trenæringa sitt eige mål om å auke forbruket av trelast per innbyggjar til 0,75 kubikkmeter. Sidan år 2000 auka bruken av tre kvart år fram til 2007, då var forbruket oppe i 0,83 kubikkmeter trelast per person/år. Etter finanskrisa fall forbruket betydeleg, men aukar igjen no. Forbruket i 2010 var 0,68 kubikkmeter per person og i 2012 var trebruken per innbyggjar komme opp i 0,73 kubikkmeter. Tresatsinga til regjeringa blir forvalta av Innovasjon Noreg gjennom Trebasert Innovasjonsprogram. Programmet har dei siste åra hatt høg aktivitet og bidrege til utvikling av fleire store treprosjekt.

Redusere forureininga frå jordbruket

Omsetnaden av plantevernmiddel har variert mykje frå år til år, først og fremst grunna tilpassing av innkjøp til endringar i avgiftsnivået og prisvariasjonar på verdsmarknaden. Det er difor vanskeleg å seie noko sikkert om risikoutviklinga på kort sikt, men sett i forhold til nivået i 1996/1997 har det vore ein reduksjon både når det gjeld helse- og miljørisiko.

Sjølv om den totale omsetnaden av plantevernmiddel ikkje er redusert dei siste åra, utgjer bruken av preparat/stoff ein lågare helse- og miljørisiko grunna overgang til betre alternativ. Den auka bruken i 2012 var grunna mykje nedbør i vekstsesongen. Dette førte til auka behov for sprøyting mot soppsjukdommar.

Det er eit mål at alt vatn skal oppnå god, økologisk tilstand innan 2020, jf. vassforskrifta. Dei første forvaltningsplanane blei vedtekne av Kongen i statsråd i juni 2010. Desse planane dekkjer om lag 20 pst. av vatnet i Noreg. I 2014 vil arbeidet med å utarbeide forvaltningsplanar for resten av landet fortsetje. Redusere vassforureining (avrenning frå næringsstoff og plantevernmiddel) er ein viktig del av miljøarbeidet i jordbruket. Endra jordarbeiding (inga haustpløying) er av dei viktigaste til-

taka for å avgrense avrenninga av næringsstoff og partiklar til vassdrag. Hausten 2012 blei 1,5 mill. dekar omfatta av tiltaket, noko som utgjer om lag 51 pst. av alt kornareal. Ein føresetnad for ein målretta og effektiv verkemiddelbruk er at innsatsen blir sett inn på rett stad. Det er for tidleg i prosessen å rapportere på vassførekomstar med betra status som følgje av tiltak som allereie er sette i gang i jordbruksområda. Dette vil tidlegast bli gjort i budsjettet for 2016.

8 Forsking og innovasjon skal bidra til at dei overordna landbruks- og matpolitiske måla blir nådde

Forsking og forskingsbasert innovasjon er eit av dei viktigaste verkemidla for at dei overordna måla i norsk landbruks- og matpolitikk blir nådde; *matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk*. Regjeringa legg difor til rette for ein kontinuerleg høg kunnskapsproduksjon på dette området. Til saman blir det årleg nytta vel 640 mill. kroner til forsking i sektoren over statsbudsjettet og frå næringsaktørane gjennom Fondet for forskingsavgift på jordbruksprodukt og Skogtiltaksfondet. Ei nærare omtale av løyvingane frå Landbruks- og matdepartementet og ulike verkemiddel er gjevne i kap. 1137. I denne rapporteringa vil innsats og resultat på utvalde område innanfor dei åtte delmåla for landbruks- og matforskninga omtalast:

1. Auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat innanfor eit endra klima
2. Auka berekraftig produksjon av skog innanfor eit endra klima
3. Reduksjonar i utslepp til luft og vatn, og eit høgt opptak av CO₂ i skog og jord
4. Auka innovasjon og konkurranseevne
5. God kunnskapsutvikling for forvaltninga
6. Høg kvalitet og relevans i forskinga
7. Høg internasjonalisering av forskinga
8. Effektiv kommunikasjon og formidling

Auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat innanfor eit endra klima

Det er nødvendig med ein omfattande forskingsinnsats på matområdet for å nå måla som regjeringa set for berekraftig produksjon av nok og trygg mat, og for å kunne auke den landbaserte produksjonen av mat i tråd med etterspørselen til den veksande befolkninga. På sikt vil det vere eit særleg behov for å auke kunnskapen knytt til betre agronomi, klimatilpassingar og miljøomsyn, og forskning som fremjar auka innovasjon og konkurransekraft i næringsmiddelindustrien. Forsking på desse områda må kombinerast med auka kunnskap om korleis klimagassutslepp som følgje av matproduksjon, kan haldast så låge som mogleg.

Forsking på matområdet har høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet, noko som blir reflektert i forskingsløyvingane. Berekningar frå Noregs forskingsråd syner at løyvingane frå departementet retta mot matområdet har lege på omkring det same høge nivået dei siste tre åra. Kvaliteten på forskinga er generelt god, og Noreg ligg i den internasjonale kunnskapsfronten på enkelte område, for eksempel innanfor avl, teknologiutvikling og reduksjon av klimagassar. Den samla nasjonale forskingsinnsatsen på området har derimot gått ned dei siste åra.

Gjennom løyvingar til BIONÆR-programmet i Noregs forskingsråd har Landbruks- og matdepartementet støtta opp under nærings- og forvaltningsretta forskning knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon og fram til forbrukar. Resultata frå forskinga skal komme til nytte både hos næringsutøvarar og forbrukarar.

God dyre- og plantehelse er avgjerande for berekraftig produksjon av trygg mat. Klimaendringar med auka fare for introduksjon av nye skadegjerarar og sjukdommar vil krevje ny kunnskap på dette området. Fleire prosjekt finansiert gjennom Noregs forskingsråd har støtta opp under forskning for å sikre god dyre- og plantehelse. Prosjektet «*Løsdrift for mjølkeproduksjon hos ku*» har mellom anna undersøkt korleis ulike planløysingar og material- og konstruksjonsval påverkar helse og velferd hos mjølkekyr. Resultat frå prosjektet peikar på konkrete tiltak for å redusere førekomst av skadar, og forhold som kan redusere talet på mastittbehandlingar og som kan betre fruktbarheita. Det er også sett i gang ulike prosjekt retta mot sauehelse, mellom anna eit som ser på tiltak for å redusere daudfødslar og tidleg lammedaud, og eit som ser på ulike tiltak for å redusere førekomst av flått og flåttbåren sjukdom hos sau. Innanfor plantehelse har eit prosjekt gjeve resultat som vil vere av betydning for å få bukt med ein spesiell type skadegjerar på mellom anna ruccola, brokkoli og blomkål. Det er også sett i gang forskning knytt til ein meir effektiv og miljøvennleg måte å få bukt med ugras og sjukdommar. Sistnemnde er ein

del av eit større, tverrfagleg prosjekt knytt til presisjonsjordbruk.

For å sikre at maten som kjem fram til forbrukar er trygg, er det avgjerande å sjå heile verdikjeda under eitt. Det er starta opp fleire prosjekt innan førebyggjing og overvaking av sjukdomsframkallande bakteriar. Det er mellom anna undersøkt korleis mikroorganismar reduserer haldbarheita av ulike næringsmiddel, og det er utvikla metodar som gjer det enklare å finne smittekjelda ved e.coli-utbrot. Eit anna avslutta prosjekt har dessutan gjeve oss auka kunnskap om korleis muggsopp dannar biofilm på produksjonsutstyr og i produksjonslokale. UMB og Nofima AS er i gang med bygginga av eit nytt pilotanlegg for matvareprosessering på Campus Ås. Anlegget, som blei finansiert gjennom Infrastrukturmidlar frå Noregs forskingsråd, vil vere sentralt i framtidige forskingsprosjekt knytt til mattryggleik.

Løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet har finansiert forskingsprosjekt som har gjeve oss auka forståing for korleis maten kan gjerast betre, sunnare og meir haldbar, og kunnskap om kva som styrer matvala til forbrukarane. Forsking på dette området har mellom anna gjeve oss kunnskap om korleis dyrkingsteknikk og lagringsforhold verkar inn på kvalitet og næringsinnhald i bær, frukt og grønnsaker, og vi har fått kunnskap om korleis vi kan redusere saltinnhaldet i omarbeidde matvarer. Vidare har ein nyutvikla kjølemetode gjort det mogleg å auke haldbarheita av ferskt kjøtt og fisk med fleire dagar, og ein ny type indikator gjer det mogleg med meir nøyaktig indikasjon på haldbarheit ved å måle både tida og temperaturen vara blir utsett for. Det blir også arbeidd med å utvikle eit enkelt og hendig instrument som kan brukast til rask screening av oksidasjon/harskning på mat. Dei sistnemnde prosjekta er viktige bidrag for å redusere mengda av matavfall. I Noreg blir det kasta omkring 377 000 tonn mat i året, og dei produkta som blir kasta mest av er brød, frukt og grønt i tillegg til meieri- og kjøttprodukt (NIFU 2012). Utnytting av biprodukt og resirkulering av avfall krev ny kunnskap og tverrfaglege tilnærmingar. I prosjektet CYCLE skal industri og forskarar arbeide saman om å utnytte mat som ikkje når fram til butikkhyllene i dag. Alle ledd, frå produksjon til prosessering, skal optimaliserast slik at alle ressursane kan utnyttast. CYCLE skal bidra til mest mogleg miljøvennleg utnytting av bioråstoff med verdiskaping som fokus. Næringsmiddelindustrien har vore involvert i fleire av prosjekta på matområdet. Samarbeidet mellom næringsmiddelindustrien og forskingsmiljøa er styrkt, og fleire bedrifter har inn-

ført ny teknologi basert på dei forskingsresultata som er produkt av samarbeidet. Samarbeid og forskingsbasert innovasjon er viktig for å auke konkurransekrafta i næringsmiddelindustrien.

Regjeringa har sett seg som mål å auke den landbaserte produksjonen av mat i tråd med etterspørselen til den veksande befolkninga. Samtidig skal det takast omsyn til miljø og klima. For å nå dette målet er det avgjerande at dei ressursane vi har til rådighet blir utnytta på ein best mogleg måte. Avlsarbeid for størst mogleg produksjon frå friske og sunne dyr, og sortutvikling som sikrar eit plantemateriale tilpassa klimaforholda, vil vere viktig i denne samanhengen. Løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet har finansiert fleire prosjekt på dette området, derav fleire med brei brukarmedverking. Norsk avlsarbeid er leiande internasjonalt, og kan by på store moglegheiter for samarbeid innanfor forskning og næring. Det er mellom anna sett på modellar for avlsframgang og utvikla ein ny metodikk for inkludering av nye eigenskapar av økonomisk betyding i avlsmåla. Avlsorganisasjonane innanfor alle husdyrartar var med på dette prosjektet. Kunnskap som sikrar berekraftig og klimatilpassa produksjon av mat, derunder kunnskap knytt til betre agronomi, vil få enda større betyding i tida framover.

For å nå målet om at Noreg på ein berekraftig måte skal auke matproduksjonen i takt med befolkningsveksten i landet, lyste Bionær i 2012 ut midlar til eit stort prosjekt med tema agronomi. Hovudtyngda av prosjektet skulle ligge innanfor agronomi, med opning for å strekkje enkelte aktivitetar utover i verdikjeda. Utlysinga la til rette for tverrfagleg og tverrinstitusjonelt samarbeid, og er den største satsinga på å gjenoppbygge agronomisk forskning på mange år. Det er sett i gang eit omfattande, tverrvitskapleg forskingsprosjekt som involverer ei rekkje aktørar frå ulike forskingsinstitutt og næringsliv. Prosjektet heiter *AGROPRO – agronomi for auka matproduksjon. Utfordringer og moglegheiter*, og er finansiert av Noregs forskingsråd. Målet er å undersøkje moglegheiter og begrensingar for at forbetra agronomisk praksis kan bidra til auka og berekraftig matproduksjon i Noreg.

Auka berekraftig produksjon av skog innanfor eit endra klima

Forskningsprogramma BIONÆR og ENERGIX følger opp overordna politiske føringar for å levere forskingskunnskap om skog- og trebasert næringsverksemd.

Det blir arbeidd målretta med å etablere store tverrfaglege prosjekt som på brei basis analyserar

betydinga av skogen i klimasamanheng. Dette arbeidet dekkjer heile livslaupe, frå etablering, skjøtsel og avverking, til livslauvsanalysar innanfor verdikjeda tremekanisk industri, papirindustri og bioenergi. Det er eit komplekst samspel mellom primærproduksjon, hausting og bruken av trebaserte produkt i samfunnet. Dette gjer tverrfaglege tilnærmingar og eit tett samarbeid mellom næringsliv, forskning og forvaltning heilt nødvendig. Ein forskingsmessig utfordring i dette arbeidet er å bidra med kunnskap som balanserer auka innsats for klimatiltak i skog, økonomisk avkastning i skogbruket, og som samtidig tek omsyn til miljøverdiar og biologisk mangfald.

Innan området bioenergi har erfaringa med å bygge ut lokal varme vore positiv, og framtidig lokal utbygging vil kunne vere knytta til små kombinerte varme/kraftanlegg. Gjennom det kompetansebyggande prosjektet KRAV (Enabling small scale biomass CHP in Norway) er det hos SINTEF/NTNU og næringsaktørane i prosjektet bygd opp vesentleg kompetanse på småskala kombinert kraft- og varmeløysingar (CHP) for norske forhold. CHP utnyttar energien mykje betre samanlikna med separat kraft- og varmeproduksjon, og gjer det mogleg å få til ein distribuert og fleksibel kraftproduksjon frå kortreist biomasse.

CHP frå rimelege biomassefraksjonar i Noreg er ein realitet allereie i dag, men det er eit stort potensial for å utnytte større biomasseressursar til dette, og å auke verknadsgrader. Spesielt restfraksjonar frå jordbruket er eigna, primært via anaerobisk nedbryting og konvertering til biogass. Forsking på metodar for å auke biogassutbyttet frå ulike restfraksjonar og å auke verknadsgrader, kan auke effektiviteten.

Det har i mange år vore aukande interesse for bruk av tre i større byggverk, både i konstruksjonen og i fasadekledning. Haldbarheit og auka levetid for trefasadar er sentrale utfordringar. To prosjekt har utvikla nye metodar for fastsetjing av fargesoppar og råtesoppar på behandla og ubehandla fasadar. Arbeidet gjev grunn til å tru at ein lettare kan berekne langtidseffektane av overflatebehandling av trevirke, for på denne måten å kunne redusere vedlikehaldskostnader.

Det er utlyst fleire forskingsprosjekt innanfor trebyggeri. Eit stort tverrfagleg prosjekt har ambisjon om å bidra til auka bruk av tre ved bygging i urbane strøk. Eit konsortium samansett av bygningsentreprenørar, arkitektur og forskingsmiljø innanfor bygg, materialkunnskap og arkitektur samarbeider om å utvikle konseptuelle løysingar for fem til åtte etasjars trebygg i byområde. Eit anna prosjekt, ved Norsk treteknisk Institutt, arbei-

der vidare med problemstillingar knytt til bygging med tre og energieffektivitet, utslepp og helseeffektar knytt til byggemetode og materialval.

Innanfor temaet skogbehandling og karbonbinding er det sett i gang eit stort tverrfagleg forskarprosjekt for å undersøkje kva for rolle skogen har i klimasamanheng, med tanke på optimal utnytting av skogen for karbonlagring, tømmerutnytting og bioenergi. Prosjektet vil gje svar på problemstillingar omkring optimal hogstaldar for karbonbinding i skog og utvikle modelleringsapparat for å styrkje optimal bruk av skog sett i forhold til ulike mål.

Nokre prosjekt har allereie resultert i store forandringar i norsk skogbruk. Det er mellom anna utvikla ein enkel og praktisk metode for å nytte flybåren laserskanning av skog i kombinasjon med feltregistreringar. Den nye teknologien gjev skogdata med høg presisjon. Metoden kan også nyttast til å bedømme økosystemfunksjonar i skogen, for eksempel ved lokalisering av vekstområde for artar som er viktige å bevare av omsyn til det biologiske mangfaldet.

Behovet for å styrkje det internasjonale samarbeidet kjem godt til syne gjennom allereie eksisterande prosjektsamarbeid og forskarutveksling. Det blir arbeidd med å etablere eit ERA-Net innanfor temaet «multipurpose forestry», med brei europeisk deltaking.

Wood Wisdom Net 2 er eit ERA-Net med formål om å utvikle samarbeid mellom europeisk skogsektor og skogbasert industri, forskning og styresmakter. Det er finansiert frå EU's 7. ramme-program.

Reduksjonar i utslepp til luft og vatn og eit høgt opptak av CO₂ i skog og jord

Produksjon og bruk av fornybar energi er ein viktig del av landbruket sitt bidrag for å redusere utslepp av klimagassar. Hovudsatsinga på energiforskning skjer gjennom programmet ENERGIX i Noregs forskingsråd. Programmet dekkjer alt frå grunnleggjande forskning og utvikling til næringsretta forskning. Prosjekta er i hovudsak retta mot utvikling av nye og meir effektive konverteringsprosessar frå råstoff til energi, medrekna både varme og elektrisk straum. Miljø og klima, hausting av skog til produksjon av varme og drivstoff, og biogass frå husdyrgjødsel og matavfall, har vore sentrale område i departementet si støtte til bioenergiforskning.

Auka satsing på bioenergi medfører at ein haustar meir biomasse enn ved tradisjonell hogst. Det auka biomasseuttaket vil særleg vere GROT,

tynningsvirke, rydningsvirke og annan lågverdig biomasse. Departementet støttar forskning knytt til økologiske og miljømessige verknadar av dette auka uttaket med sikte på å leggje grunnlaget for berekraftig hausting og produksjon.

Utvikling av berekraftige og lønsame verdikjeder som kan levere fleire typar kvalitetsbrensel, er ein viktig del av energiforskinga innanfor landbruket. Verdikjeder må kunne styre ressursar til ulike verdikjeder; biovarme, kombinert varme/kraft, pellets, bio-olje, papir og ny bruk av fiber. Til dømes pågår det viktige FoU-prosessar i Ringerike-regionen, der det blir arbeidd med optimal bruk av heile treet, i motsetnad til tradisjonell utnytting der berre tømmerstokken blir brukt. Slike prosessar samlar forskingsmiljø, skogaktørar, industri, energiselskap og styresmakter om felles tiltak og mål. Det er stor merksemd på å kombinere ressursar frå både landbruk og energi på nye måtar.

Innanfor biovarme har departementet støtta prosjekt som fremjar samarbeid mellom biologiske og teknologiske miljø. Sintef Energi AS er eit sentralt forskingsmiljø innanfor viktige forskingsområde, som betre forbrenning og reduserte driftskostnader i bioenergianlegg. Selskapet har også vidareutvikla samarbeidet med vedbransjen, særleg ovnsprodusentane. Utvikling av nye produkt og varmeløysingar har bidrege til at bruken av ved har blitt meir berekraftig og ein viktig del av norsk bioenergiindustri.

Gjennom programmet RENERGI har departementet støtta fleire biodrivstoffprosjekt. I første rekkje er dette utvikling av konverteringsteknologiar som kan omforme trevirke og anna planteavfall (lignocellulose) til motordrivstoff. Programmet RENERGI er no avslutta, og det nye programmet ENERGIX overtek heile den laupande porteføljen.

I Meld. St. 21(2011–2012) *Norsk klimapolitikk* går det fram at biogassproduksjon basert på gjødsel, avløps slam og ulike typar avfall har eit vesentleg potensial for å redusere utslipp av klimagassar. Forsking på biogass vil gjere det mogleg å utnytte organisk avfall til energi og plantegjødsel, anten avfallet kjem frå bustadar, gardsbruk, industri eller frå skogen. Dermed blir behovet for mineralgjødsel redusert og utsleppa av metan, karbondioksid og lystgass vil gå ned.

På eit overordna nivå er viktige innsatsområde for forskning på biogass mellom anna teknologiutvikling og optimal drift og organisering knytt til produksjon. Dette skal gje reduserte kostnader og auka lønnsemd. Forskingssamarbeid mellom landbruket og andre sektorar om kunnskaps- og teknologiutvikling er viktig på biogassområdet.

Kunnskapsmiljøa på Ås er sentrale i landbruket si satsing på biogass, mellom anna realisering av eit eige biogasslaboratorium. Her er det etablert moderne laboratoriefasilitetar som raskt har komme i aktiv bruk av forskingsmiljø og næringsaktørar. Sentralt i dette arbeidet er Norsk senter for bioenergiforskning, der departementet mellom anna støttar prosjekt innanfor bruk av husdyrgjødsel til biogass. Her blir det utvikla kunnskap om reaktorteknologi for småskalaproduksjon, sambehandling av fleire ressursar (gjødsel, matavfall, slakteavfall, fiskeensilasje, alger, lignocellulose) og bruk av biorest til jordbruksjødsel.

Eit lovande prosjekt utviklar ein heilt ny prosess der ligninet i bjørk kan gje biogass gjennom anaerob fermentering. Oppdaginga kan komme til å gjere det mogleg å produsere mykje meir biogass enn med dagens råstoffbase. Eit anna prosjekt ser ut til å ha nådd ein viktig milepæl i arbeidet med å utvikle reinare og meir effektiv forbehandling av våtorganisk avfall. I programmet RENERGI er det avslutta eit biogassprosjekt som studerte gardsbaserte moglegheiter med omsyn til råstoff, logistikk, produksjon, avtale- og eigarforhold og biorest til gjødsel. Dette har vore eit samarbeid mellom primærnæringa og Bioforsk, og har bidrege til eit betydeleg kompetanseløft blant aktørane.

Departementet har gjennom Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken* uttrykt eit behov for meir kunnskap om opptak av CO₂ i skog. I den samanheng er det starta opp eit stort samarbeidsprosjekt leia av Norsk institutt for skog og landskap. Dette skal prøve å gje svar på kva for skogbehandlingsstrategiar knytt til bruk av tømmer og biomasse, som kan gje optimal langsiktig karbonlagring. I tillegg er det viktig at det blir teke omsyn til den samfunnsmessige og økonomiske betydninga av skogen.

Når det gjeld karbonbinding i jordbruksjord så er det utført eit viktig grunnlagsarbeid i rapporten «*Kunnskapsstatus – Bedre agronomi – Utredning av kompetansegrunnlaget for bedre agronomi for å møte landbrukets klimautfordringar*». Utarbeidinga er utført av Bioforsk, Universitetet for miljø- og biovitenskap og Høgskolen i Hedmark på oppdrag frå Noregs forskingsråd. Her går det fram at det har vore for lite forskning på moglegheitene for karbonbinding i jord i Noreg. Rapporten tek for seg område der meir kunnskap er nødvendig. Departementet meiner dokumentet gjer eit godt bilete av kunnskapsstatus på området og aktuelle forskingsområde.

Auka innovasjon og konkurransevne

Regjeringa bidreg til å vidareutvikle ein kunnskapsbasert landbruks- og matsektor i heile landet ved å stimulere næringane i sektoren til å forske meir og til å nytte seg av andre si forskning, både nasjonalt og internasjonalt. Landbruks- og matdepartementet vil innrette forskingsmidlane slik at dei støttar opp under innovasjonsaktivitetar i næringane gjennom tydelege forskingsprioriteringar i verdikjeda og god dialog med forskingsfinansierande aktørar.

Mange av verdikjedene innan matområdet har liten tradisjon for eiga forskning. Dette kan delvis forklarast ved strukturen i primærnæringane, med mange mindre foretak og stor geografisk spreiding. Offentleg finansiering av forskning er difor svært viktig, og næringsretta forskingsinnsats innan landbruksnæringa blir finansiert gjennom Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukter (FFL).

Brakarstyrt og innovasjonsorientert forskning har høg prioritet. Høg forskingsaktivitet er ein føresetnad for oppretthalding og styrking av konkurransevna i skog- og næringsmiddelindustrien. Brakarstyrt innovasjonsarena (BIA), og tematisk innretta program som BIONÆR og Store program, har vore viktige verkemiddel for å mobilisere næringslivet til å investere meir i FoU. Det blir også sett i verk tiltak for å betre forskings- og innovasjonssamarbeidet mellom blå og grøn sektor. NOFIMA AS har ein viktig funksjon i arbeidet med å hente ut synergjar frå eit slikt samarbeid.

Støtte til forskingsbasert innovasjon i næringsmiddelindustrien blir prioritert i budsjettet til Landbruks- og matdepartementet. Løyvingane frå departementet legg mellom anna til rette for ei målretta satsing for auka konkurransekraft og innovasjon i norsk landbruksbasert næringsmiddelindustri.

Verksemnda i Virkemiddel for regional innovasjon (VRI) og dei regionale representantane er retta mot meir forskning i næringslivet. VRI-programmet stimulerar til auka samarbeid med regionale partnerskap, FoU-miljø og andre relevante utviklingsaktørar for å stimulere til læring, innovasjon og verdiskaping i bedrifter med liten FoU-erfaring. Auka merksemd på erfarings- og kunnskapsutveksling mellom regionalt og nasjonalt nivå har medført ein tett samarbeidsstruktur mellom dei regionale representantane og dei sentrale næringsretta programma i Forskningsrådet. Innanfor rammene til programmet er det teke initiativ til ein forskarskole for innovasjon (Norwegian Rese-

arch School in Innovation – NORSI), med ambisjon om å samle innovasjonsmiljøa i Noreg.

Som grunnlag for innovasjon og utvikling er det viktig å få ei god spreiding av relevant kunnskap frå universiteta og institutta. For å få dette til må det leggjast til rette for at fleire aktørar saman kan bidra i formulering av kunnskapsbehov og finansiering. På oppdrag for departementet har Selskapet for industrivekst (SF) utreda korleis innovasjonsaktiviteten på Campus Ås kan styrkjast. Rapporten om dette gjev råd om organisatoriske løysingar for auka kommersialisering av forskning og større samarbeid mellom dei landbruksfaglege institutta på Ås og i næringslivet.

God kunnskapsutvikling for forvaltninga

Som ei oppfølging av gjennomgangen som departementet har gjort av instituttstrukturen, har eit eksternt konsulentfirma utført ein samfunnsøkonomisk analyse av alternativ organisasjonsstruktur for instituttsektoren til Landbruks- og matdepartementet. Konklusjonen frå analysen er at det ikkje er samfunnsøkonomisk lønsamt å slå saman institutta. Departementet har lagt desse råda til grunn i si oppfølging. Saman med institutta arbeider departementet med å klargjere deira framtidige regionale roller, interne regionale samarbeidsformer og samarbeidsformer med andre regionale aktørar.

Høg kvalitet og relevans i forskinga

Rekruttering, både til næringa og til forskingsmiljøa, er ei betydeleg utfordring for å sikre forskingskvaliteten i framtida. Særleg innanfor dei tradisjonelle landbruksfaga er lågt studenttal dei siste åra i ferd med å gjere det vanskelegare å rekruttere kvalifiserte PhD-studentar til forskingsprosjekt. For å oppnå auka rekruttering må det stimulerast til auka samarbeid både internt i sektoren og på tvers av sektorane. Dette vil også kunne bidra til å tilfredsstille behovet for tverrfaglegheit, som er nødvendig for å løyse dei store samfunnsutfordringane. Dessutan kan dette føre til auka samarbeid mellom forskingsinstitutta og universiteta.

Internasjonalt forskingssamarbeid er viktig for Noreg, og dette må vidareførast og utviklast på landbruks- og matområdet. Både innanfor JPIar og ERA-nett på matsektoren blir det i aukande grad krevd god nasjonal samordning og effektivt samspel med dei europeiske satsingane. Bilateral samarbeid er viktig for å heve kvalitet og relevans på norsk utdanning og forskning.

Forskning gjennom programaktivitet som skal dekkje landbruks- og matområdet, bidreg til å sikre relevant forskning for sektoren. Innsatsen skjer gjennom forskingsprosjekt og tiltak direkte retta mot næringslivet. Dette er sentrale verkemiddel for å nå målet om høg kvalitet og relevans i forskinga. Også basisbevilgningane til instituttsektoren og senteratsingane, er viktige reiskapar for å sikre forskning med høg kvalitet og relevans.

Dei fem landbruksfaglege forskingsinstitutta har i 2012 halde fram trenden med ei stor forbetring av oppnådde resultat innan vitenskapelig publisering. Det blir gjort ein betydeleg innsats for å auke den vitenskaplege publiseringa, og 2012 var eit godt år for Bioforsk. Også Bygdeforskning og NILF oppnådde gode resultat i 2012, og nådde nesten opp til rekordåret 2011. Den populærvitenskaplege formidlinga var også stor for alle institutta i 2012, med mange aviskronikkar, intervju og foredrag. For Veterinærinstituttet er det verd å merke seg at det i 2012 var ei auke i nivå 2 publiseringar, noko som er ein indikator på at kvaliteten på publikasjonane er styrkt. Forholdstalet publikasjonspoeng per forskarårverk heldt seg også i 2012 på eit høgt nivå, noko som indikerer framleis høg effektivitet hos institutta.

Høg internasjonalisering av forskinga

Dei norske forskingsinstitutta har eit stort internasjonalt engasjement. Norsk landbruks- og matforskning er mellom anna godt representert i internasjonalt samarbeid gjennom ulike ERA-nett og fellesprogram (JPI, Joint Programming Initiatives). Norske forskingsmiljø har også hatt ei relativt god deltaking innanfor landbruks- og matområdet i EUs 7. rammeprogram (7RP), hovudsakeleg under matdelen i Tema 2: «*Food, Agriculture and Fisheries, and Biotechnology*» (KBBE). I 2012 var Bioforsk blant dei 20 mest aktive norske aktørane innan 7RP.

Regjeringa har varsla at Noreg vil gå inn som fullt medlem av EU sitt nye forskings- og innovasjonsprogram, Horisont 2020. Programmet vil vere i drift frå 2014, men den første utlysinga er venta allereie hausten 2013. Programmet samsvarar godt med dei norske forskingspolitiske prioriteringane på landbruks- og matområdet, og det er difor grunn til å tru at kommisjonen sitt forslag til rammeprogram opnar for auka deltaking frå norske landbruks- og matforskingmiljø. Mellom anna vil spørsmål knytt til matsikkerheit og klima vere høgst aktuelle forskingsområde i Horisont 2020. Internasjonalt forskingssamarbeid på desse områda er viktig for å løyse globale utfordringar, for å heve kvaliteten og fornye norsk forskning, for å

kunne forstå og nytte forskingsresultat frå andre land, og for at vi skal kunne ta vår del av ansvaret for den internasjonale kunnskapsoppbygginga på sentrale område. Det er viktig å leggje til rette for best mogleg utnytting av samarbeidet.

Forslaget til kommisjonen viser også ei sterkare kopling mot dei ulike fellesprogramma (JPI, Joint Programming Initiatives). På landbruks- og matområdet er det sett i gang to JPI'ar, av dette er ein knytt til landbruk, matsikkerheit og klimaforandringar (*JPI-FACCE, Agriculture, Food security and Climate change*), og ein til området mat og helse (*JPI – A healthy Diet for a healthy life*). Landbruks- og matdepartementet har, saman med Forskningsrådet, vore sterkt involvert i arbeidet fram mot den første pilot-utlysinga «*The FACCE JPI Knowledge Hub*» on «*A detailed climate change risk assessment for European agriculture and food security, in collaboration with international projects*». I piloten deltek 67 partnarar frå 17 land. Frå norsk side er Bioforsk, NILF og UMB med i prosjektet FACCE MACSUR som blei starta opp etter pilotutlysinga.

Landbruks- og matdepartementet legg også vekt på å vidareføre bilateralt forskingssamarbeid med særleg Nord-Amerika, Kina og India, der klima og auka matproduksjon er sentrale forskings-tema. Bioforsk er blant forskingsinstitutta som prioriterer å få til eit godt samarbeid med India og Kina.

Vidare er nordisk samarbeid viktig for å løyse felles nordiske forskingsutfordringar, og som plattform for felles nordiske initiativ internasjonalt. Nordisk komité for jordbruks- og matforskning (NKJ) er sentral i dette arbeidet.

Effektiv kommunikasjon og formidling

Dei fem landbruksfaglege forskingsinstitutta har ei betydeleg publiserings- og formidlingsverksamdom, også utanfor dei vitenskaplege kanalane. I tillegg til at medarbeidarane på institutta heldt foredrag og presentasjonar av paper eller posters, har forskarar frå institutta også levert bidrag til fagbøker, lærebøker, allmenntidsskrift og andre sjølvstendige publikasjonar. Institutta publiserar eit stort antal rapportar, leiarartiklar, kommentarartiklar, omtalar, kronikkar og liknande. Institutta medverkar også som arrangør ved konferansar og seminar. Norsk Landbruksrådgeving og Skogbrukets Kursinstitutt er viktige for å sikre at resultatane som blir presenterte i vitenskaplege artiklar, fagbøker, konferansar med vidare kjem til nytte for primærprodusentane. I tillegg bidreg populærvitenskapleg presentasjon av forskingsresultat i bransjetidsskrift og andre fagtidsskrift til at ny oppdatert kunnskap kjem ut til brukarane.

9 Ei omstillingsdyktig, effektiv og robust forvaltning

Landbruks- og matforvaltninga har samfunnsoppgåver som er viktige for enkeltmenneske og næringsliv over heile landet. I ein sektor med verdikjeder som omfattar om lag 154 100 landbrukseigedommar med bustadhus, om lag 110 000 sysselsette og ein produksjonsverdi på 160 mrd. kroner, er det behov for reglar og system som kan forvaltast på ein god måte.

Landbruks- og matforvaltninga har ein desentralisert struktur med arbeidsplassar over heile landet. Oppgåveløysinga er såleis fordelt mellom nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Landbruks- og matdepartementet har sju underliggjande verksemdar, og skal setje mål og gje rammer, rettleie og følgje opp resultatane i verksemdene i samsvar med gjeldande lover, reglar og politiske retningslinjer. Direktors- og tilsynsoppgåver er lagt til Mattilsynet, Statens landbruksforvaltning (SLF) og Statens reindriftsforvaltning (SRF). Dei fire forskingsinstitutta Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), Veterinærinstituttet (VI) og Norsk institutt for skog og landskap er organiserte som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Sjå nærare omtale under kat. 15.10, 15.20 og 15.30.

Fylkesmannen har ansvar for oppfølging av nasjonal landbruks- og matpolitikk både regionalt og lokalt. Fylkesmannen forvaltar juridiske og økonomiske verkemiddel innanfor sektoren, og er pådrivar for utvikling innan landbruket. Fylkesmannen er administrativt underlagt Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, mens Landbruks- og matdepartementet har det faglege ansvaret for arbeidet til embeta på landbruks- og matområdet.

Fylkeskommunane har, gjennom rolla som regional utviklingsaktør på landbruks- og matområdet, ansvar for oppgåver innanfor verdiskaping, klima, samfunnsplanlegging, rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Samarbeidet i dei regionale partnerskapa legg til rette for å styrkje utnyttinga og målrettinga av verkemidla innanfor landbruks- og matsektoren.

Innovasjon Noreg forvaltar bygdeutviklingsmidlar, programstøtte og rentestøtte til tradisjonelt landbruk og nye næringar. Innovasjon Noreg

er organisert som eit særlovsselskap, og er eigd av staten ved Nærings- og handelsdepartementet og fylkeskommunane i fellesskap. Selskapet utfører tenester for Landbruks- og matdepartementet med bakgrunn i dei føringane som blir gjevne i det årlege oppdragsbrevet frå departementet.

Kommunane har ansvar for eit breitt spekter av oppgåver på landbruksområdet, frå forvaltning av landbrukslovgjevinga og dei økonomiske verkemidla, til nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Finansiering av oppgåvene inngår i inntektsystemet for kommunane. Gjennom det regionale partnerskapet skal fylkeskommunane, fylkesmennene og Innovasjon Noreg styrkje kommunane sitt arbeid på landbruks- og matområdet.

Det har vore gjennomført fleire større organisasjonsendringar i forvaltninga innan landbruks- og matsektoren. Formålet har mellom anna vore å leggje til rette for ei teneleg rolle- og oppgåvefordeling mellom departementet og dei ulike forvaltningsområda og -nivåa, og samstundes sørge for ei effektiv og brukarretta forvaltning på landbruks- og matområdet.

For å følgje opp den gjennomgangen departementet gjorde av instituttsektoren, har eit eksternt konsulentfirma gjort ein samfunnsøkonomisk analyse av alternativ organisasjonsstruktur for instituttsektoren under Landbruks- og matdepartementet. Dette blir også omtalt under rapporteringa om forskning og innovasjon.

Stortinget har gjeve tilslutnad til regjeringa sitt forslag om å endre organiseringa av den offentlege forvaltninga av reindrifta, jf. innleiinga og kap. 1147. Siktemålet er at endringane skal bidra til forenkling, effektivisering og harmonisering med anna offentleg forvaltning. Endringa skal setjast i verk frå 1. januar 2014.

Forenkling, effektiv ressursbruk og auka brukarvennlegheit

Verksemdene i landbruks- og matsektoren skal, i tråd med Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks- og matpolitikken*, Meld. St. 23 (2012–2013) *Digital agenda for Norge – IKT for vekst og verdiskaping* og digitaliseringsprogrammet til regjeringa, tilby

fleire og meir brukarretta digitale tenester. IKT-løysingane skal bidra til ein enklare kvardag både for innbyggjarar og næringsdrivande, og bidra til ei effektiv forvaltning. Verksemdene i landbruks- og matsektoren skal arbeide for at digital kommunikasjon skal vere hovudregelen for kontakt med forvaltninga. Brukarane skal ikkje trenge å gje opplysningar forvaltninga allereie kjenner til, så lenge gjenbruk av opplysningar er i samsvar med gjeldande regelverk. Dei underliggjande verksemdene skal ved utvikling av nye IKT-løysingar vurdere gjenbruk av IKT-investeringar som er gjort i eiga verksemd og i andre delar av forvaltninga, og vurdere om andre delar av forvaltninga også kan ha nytte av dei nye løysingane.

Eit eksempel på godt forenklings- og digitaliseringsarbeid er frå *Mattilsynet*, som i 2012 prioriterte å vidareutvikle skjematena MATS med særleg vekt på brukarvennlegheit og betring av eksisterande løysing. MATS er mellom anna eit system for sjølvbetening innanfor alle forvaltningsområda til Mattilsynet. MATS har fått mykje positiv merksemd nasjonalt og internasjonalt. Mattilsynet har mellom anna motteke prisen *2012 Global Awards of Excellence in Adaptive Case Management* og *Betre stat-prisen* i 2013.

Statens landbruksforvaltning arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle datasystema slik at desse blir meir brukarvennlege. Stadig fleire av tenestene til SLF blir tilgjengelege digitalt. Ei ny systemløysing for Regionale miljøprogram vil etter eit omfattande utviklingsarbeid, bli teke i bruk hausten 2013. Løysinga vil gjere det enklare for dei næringsdrivande å søkje om tilskott og effektivisere sakshandsaminga av søknadane.

Landbruks- og matdepartementet og 12 andre departement er ein del av ein felles IKT-plattform i departementsfellesskapet, som blir drifta av Servicesenteret for departementa (DSS). På denne felles IKT-plattformen får Landbruks- og matdepartementet tilgang til digitale verktøy for å løse arbeidsoppgåvene i departementet på ein effektiv måte. Det er etablert ein felles IKT-strategi med tilhøyrande handlingsplanar.

Betre system for samfunnstryggleik og auka beredskap

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor. Ansvaret er hovudsakleg knytt til matproduksjon og mattryggleik, sjå også omtale under del II programkategori 15.10 Matpolitikk og kap. 1115 Mattilsynet. I særleg grad er beredskap innanfor mat-

lova sitt område retta mot utbrot av alvorlege dyresjukdommar, sjukdommar som kan smitte mellom dyr og menneske, helseskadelege matvarer og alvorlege plante- og skogskadegjerarar. Departementet har også delansvar innanfor atomberedskap, matvareberedskap, forsyningsberedskap og ved naturkatastrofar. I tillegg har departementet ei rolle i totalforsvaret, særskilt når det gjeld masseøydleggingsvåpen av biologisk art.

Landbruks- og matdepartementet er førebudd på å møte kriser i eigen sektor og på å yte bistand til andre departement i kriser som involverer fleire sektorar. Viktige element i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er å sikre personell og kritisk infrastruktur på eit best mogleg vis, slik at departementet og underliggjande verksemdar i størst mogeleg grad kan drive si verksemd vidare, uavhengig av uønskja hendingar og kriser. Dette omfattar til dømes fysisk tryggleik, informasjonstryggleik og personelltryggleik.

I styringsdialogen departementet har med underliggjande verksemdar, får beredskapsarbeidet systematisk merksemd, mellom anna gjennom formidling av krav til beredskap i tildelingsbrev og i verksemdsinstruksane.

Mattilsynet

Mattilsynet er ein beredskapsstat som ressursmessig og organisatorisk er utrusta til å handtere små og store hendingar. Handtering av reelle hendingar i tillegg til øvingar, dannar grunnlaget for kontinuerlege forbetringar i planverk og kompetanse. Mattilsynet samarbeider tett med andre beredskapssetatar og næringsaktørar, og med kunnskapsstøtteinstitusjonane når det gjeld fagleg rådgjeving.

Mattilsynet skal alltid ha høg prioritet på beredskap retta mot mattryggleiken og utbrot av alvorlege plante- og dyresjukdommar og zoonosar. Departementet forventar at Mattilsynet har høg merksemd på haldningar og kultur for risikoerkjening, gjennomføringsevne, samhandling, IKT-utnytting og resultatorientert leiarskap. Beredskapsplanar skal justerast med jamne mellomrom, og dersom alvorlege hendingar oppstår.

Året 2012 var prega av auka merksemd på beredskap. Mattilsynet gjennomførte i alt 86 ulike øvingar fordelt på stabs-, varslings- og loggøvingar. To av øvingane var særskilt omfattande; dagars saneringsøving i samarbeid med Sivilforsvaret og ISS og ei nasjonal øving (Tempest 2012) for dyresjukdommen munn- og klauvsjuka. Tre reelle hendingar kravde nasjonal krisehandtering i 2012.

Statens landbruksforvaltning

Statens landbruksforvaltning er også ei verksemd som har viktige beredskapsoppgåver innan samfunnstryggleik og beredskap. Dette omfattar handtering av hendingar og kriser innan matforsyning, skog, natur- og avlingsskadar. Beredskapsplanverket skal sørge for at Statens landbruksforvaltning er i stand til å oppretthalde sine funksjonar i ein krisesituasjon for verksemda. Verksemda nyttar i stor utstrekning IKT i forvaltninga, og ein viktig del av beredskapsplanverket er tiltak for å kunne handtere kritiske hendingar på IKT-området.

Betre kommunikasjon med brukarane og meir openheit

Landbruks- og matdepartementet skal bidra til offentleg merksemd på landbruks- og matpolitiske spørsmål og problemstillingar. Departementet skal raskt gå ut med ny kunnskap på aktuelle saksområde. Informasjonen skal vere lett tilgjengeleg slik at innbyggjarane får gode svar på viktige spørsmål.

Departementet arbeider kontinuerleg med vidareutvikling av dei ulike kanalane for kommunikasjon, mellom anna nettsidene på www.regjeringen.no/lmd. Kvar dag får omlag 11 000 abonnentar på departementet si nyhendetenste informasjon frå fag- og politikkområdet. Dette er ein vesentleg del av innsatsen for å presentere informasjon som skapar interesse, har høg truverde og aukar kunnskapen om landbruks- og matpolitikken. I tråd med intensjonane bak offentleglova skal departementet vise meiroffentlegheit der det er mogleg. Den offentlege postjournalen blir lagt ut på nettsida til departementet. Det gjev allmenta høve til å få informasjon og kunnskap om fag- og politikkområda til departementet.

Betre og meir målretta styring

Styring og oppfølging av forvaltninga er sentralt for å nå dei politiske måla. Forvaltninga er eit verktoy for utøving av sektorpolitikk og tenesteyting. Forvaltninga skal vere brukartilpassa og formåls- og kostnadseffektiv. Landbruks- og matdepartementet har delegert mykje av gjennomføringa av vedteken politikk til underliggjande verksemdar. Gjennom aktiv og målretta styring og dialog med dei underliggjande verksemdene, følgjer Landbruks- og matdepartementet opp dei måla og prioriteringane som regjeringa legg til grunn.

Dei underliggjande verksemdene har dei seinare åra fått fleire og meir samansette oppgåver. Dette har gjort etatsstyringa til ei større og meir krevjande oppgåve, og er difor eit sentralt arbeidsområde i departementet. På det administrative området legg departementet særleg vekt på at verksemdene skal ha høg merksemd på utvikling av den interne verksemdsstyringa, og at landbruks- og matforvaltninga oppfyller dei krava som økonomiregelverket i staten pålegg alle statlege verksemdar. Departementet har difor merksemd på internkontroll og risikostyring i underliggjande verksemdar. Departementet ser eit særleg behov for at verksemdene aktivt nyttar risikovurderingar på viktige område. Vurderingar av korleis risiko for manglande måloppnåing blir handtert, er ein sentral del av styringsdialogen mellom departementet og den enkelte verksemda.

Departementet og Statens landbruksforvaltning har gjennomført eit systematisk arbeid med å forbetre kontrollsystema når det gjeld utbetaling av tilskott, som er ein viktig del av styringa. Det er sett i verk fleire ulike tiltak, som for eksempel vidareutvikling av fagsystem og register, i tillegg til meir systematisk oppfølging av det arbeidet som blir utført av fylkesmennene og kommunane i kontrollarbeidet.

Mål- og resultatstyring er det overordna styringsprinsippet i statlege verksemdar. Etter framlegginga av Meld. St. 9 (2011–2012) har det blitt utført eit større arbeid med å konkretisere og implementere ein ny målstruktur for departementet. Ei slik konkretisering har vore viktig for å kunne vurdere samanhengen mellom mål og resultat på ein systematisk måte. Slike systematiske vurderingar kjem særleg til uttrykk i del III i budsjettproposisjonen og i proposisjonen om jordbruksoppgeret. Dessutan har departementet utvikla delmål og resultatindikatorar på forvaltning som er spesifisert i tildelingsbrev til dei underliggjande verksemdene. Departementet treng rapportering frå verksemdene på viktige delmål og resultatindikatorar for å kunne ha god informasjon og styre på ein hensiktsmessig måte. Departementet vil ha kontinuerleg og høg merksemd på vidareutvikling av mål- og resultatstyringa i samarbeid med dei underliggjande verksemdene i tida framover. Utveksling av erfaring og idear gjev moglegheit for læring, og er såleis vesentleg for å realisere sentrale mål.

Oppdatert kompetanse og rett ressursbruk

I samband med Dokument nr. 8:43 (2007–2008) og Innst. S. nr. 183 (2007–2008) slutta Stortin-

get seg til at Landbruks- og matdepartementet skulle gjere greie for utviklinga i talet på årsverk i landbruks- og matforvaltninga i dei kommande budsjettproposisjonane. I følgje Forvaltningsdatabasen frå Norsk samfunnsvitskapeleg datateneste (NSD) har talet på tilsette under

alle departement og underliggjande verksemdar auka med om lag 12,3 pst. sidan 2008. Ein tilsvarende utvikling har ikkje funne sted på Landbruks- og matdepartementet sitt område. Tabell 9.1 gjev ein oversikt over utviklinga i årsverka i landbruks- og matforvaltninga.

Tabell 9.1 Årsverktutvikling i den statlege landbruks- og matforvaltninga, 2008–2013

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2008–2013, endring i pst.
Landbruks- og matdepartementet	152	157	159	153	148	144	-5,3
Mattilsynet ¹	1 308	1 306	1 320	1 326	1 328	1 329	1,6
Statens landbruksforvaltning	186	186	186	188	188	189	1,6
Statens reindriftsforvaltning	60	56	55	55	55	54	-10,0
Fylkesmannens landbruksavdeling	356	349	336	333	326	322	-9,6
Sum	2 062	2 054	2 056	2 055	2 045	2 038	-1,2

¹ Talet omfattar også oppgåver innanfor Fiskeri- og kystdepartementet og Helse- og omsordgsdepartementet sine fagområde. For ei nærare oversikt, sjå Tabell 9.4.

Fylkesmannens landbruksavdeling blir finansiert over kap. 1510 under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. I tillegg til verksemdene i Tabell 9.1 er det også forvaltningsoppgåver på landbruks- og matområdet som er lagt til Innovasjon Noreg, som er finansiert over kap. 2421 under Nærings- og handelsdepartementet, og til forskingsinstitutta under Landbruks- og matdepartementet, jf. kapitla 1112, 1137 og 1141.

Det var totalt 144 årsverk i *Landbruks- og matdepartementet* per 1.1.2013. Det er ein reduksjon på 15 årsverk sidan 2010. Dei seinare åra har det samstundes vore ein auke i oppgåvemengda på det internasjonale arbeidet, arbeidet med klimautfordringar i sektoren og på matområdet. Departementet har effektivisert verksemda for å ta høgde for auka oppgåvemengde, samstundes med at årsverka er redusert.

Talet på årsverk i *Mattilsynet* har vore relativt stabilt dei siste åra. Intern administrasjon er redusert, slik at det er frigjort ressursar til tilsyn, rettleiing, og utvikling av regelverk.

Talet på årsverk i *Statens landbruksforvaltning* har vore stabilt. Det er lagt ned ein stor ressursinnsats på IKT-området i Statens landbruksforvaltning dei siste åra for å gjere det enklare for bønder, skogeigarar og næringsmiddelindustri å kommunisere med verksemda. Denne satsinga har også gjort det mogleg for Fylkesmannen og

kommunane å forvalte dei landbrukspolitiske verkemidla meir effektivt.

Talet på årsverk i *Statens reindriftsforvaltning* har hatt ein nedgang på 10 pst. sidan rapporteringa starta i 2008. Nedgangen er knytt til prosjekterrelaterte oppgåver. Endringar i organiseringa av Statens reindriftsforvaltning blir omtala under kapittel 1147.

Det har vore ein nedgang på om lag 9,6 pst. i talet på årsverk ved fylkesmannsembeta på landbruks- og matområdet sidan rapporteringa starta i 2008.

Departementet har over fleire år vist til at talet på årsverk i landbruksforvaltninga i kommunane går ned. Landbruks- og matdepartementet er framleis uroa over utviklinga, og legg til grunn at kommunane skal ha tilfredsstillande kvalitet i løysinga av landbruksoppgåvene. Kompetansesituasjonen på landbruks- og matområdet i kommunane blir følgt opp blant anna gjennom dialogen med fylkesmennene, jf. kap. 1144, post 77. Departementet er også i ferd med å kartleggje utgiftsbehovet i kommunane på landbruks- og matområdet gjennom ei ekstern utgreiing.

Mattilsynet, Statens landbruksforvaltning, Statens reindriftsforvaltning, og landbruksavdelinga hos Fylkesmannen utgjer per 1.1.2013 til saman 1894 årsverk. Av desse er om lag 78 pst. av årsverka lokalisert utanfor Oslo, jf. Tabell 9.2.

Tabell 9.2 Årsverk, geografisk/fylkesvis fordeling for Mattilsynet, Statens landbruksforvaltning, Statens reindriftsforvaltning og Fylkesmannens landbruksavdeling per 1.1.2013

Fylke	Mattilsynet ¹	Statens landbruksforvaltning	Statens reindriftsforvaltning	Fylkesmannen ²
Oslo	222	189		
Akershus	110			18 ³
Østfold	54			14
Hedmark	113			24
Oppland	34			21
Buskerud	40			16
Vestfold	33			12
Telemark	29			16
Aust-Agder	12			14
Vest-Agder	13			12
Rogaland	137			22
Hordaland	90			22
Sogn- og Fjordane	41			18
Møre- og Romsdal	57			22
Sør-Trøndelag	83		5	21
Nord-Trøndelag	63		5	23
Nordland	107		5	23
Troms	44		4	13
Finnmark	47		35	11
Sum årsverk	1 329	189	54	322

¹ Beregna årsverksfordeling er basert på registrert tidsbruk i 2012.

² I hovudsak finansiert over kap. 1510 Fylkesmannsembeta under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

³ Eitt felles fylkesmannsembete for Oslo og Akershus.

I Tabell 9.3 og Tabell 9.4 er årsverka i Mattilsynet, Statens landbruksforvaltning, Statens reindriftsforvaltning og Fylkesmannens landbruksavdeling splitta opp på ulike fagområde. Dei merkantile ressursane er fordelt på dei ulike fagområda. Det er skilt på dei fagområda Statens

landbruksforvaltning, Statens reindriftsforvaltning og Fylkesmannen rapporterer på, og dei fagområda Mattilsynet rapporterar på. Bakgrunnen for dette er oppgåvene sin karakter, og at Mattilsynet har ansvaret for oppgåver frå fleire sektorar.

Tabell 9.3 Anslag for årsverk fordelt på fagområde for Statens landbruksforvaltning, Statens reindriftsforvaltning og Fylkesmannens landbruksavdeling per 1.1.2013

Fagområde	Statens landbruksforvaltning	Statens reindriftsforvaltning	Fylkesmannen ¹	Sum årsverk
Areal- og samfunnsplanlegging	20		63	83
Miljøretta arbeid	14		46	60
Tradisjonelt jordbruk	73		93	166
Tilleggsnæring/anna næring			63	63
Omsetnad, marknadstiltak og importvern	74			74
Skogbruk	8		57	65
Reindrift		54		54
Sum årsverk	189	54	322	565

¹ Fordelinga av årsverk på dei ulike fagområda baserer seg på den prosentvise fordelinga frå 2011.

Tabell 9.4 Årsverk per fagområde for Mattilsynet per 1.1.2013

Fagområde	Årsverk
Landbruk	393
Akvakultur og sjømat	170
Næringsmiddel	693
Internasjonalt arbeid og regelverksutvikling	73
Sum årsverk	1329

Berekna årsverksfordeling er basert på registrert tidsbruk i 2012. Registrert tidsbruk omfattar for 2012 om lag 97 pst. av total tidsbruk.

Innanfor fagområdet landbruk driv Mattilsynet mellom anna tilsyn med plantehelse, dyrehelse, dyrevelferd, plantevernmidde og før til landdyr, og til overvakingsprogram rundt dyrehelse. 29 pst. av årsverka i Mattilsynet er innretta mot dette fagområdet. Fagområdet har hatt ein auke på om lag 10 pst. sidan 2010. Denne auken skuldast mellom anna meir registrert tidsbruk på tilsyn med dyrevelferd og dyrehelse.

Innanfor fagområdet akvakultur og sjømat driv Mattilsynet mellom anna tilsyn med sjømatverksemdar, fiskehelse og fiskefôr, og overvakingsprogram rundt fiskehelse og sjømat.

Innanfor fagområdet næringsmiddel, med unntak av sjømat, driv Mattilsynet tilsyn retta mot mellom anna næringsmiddel, næringsmiddel-

dustri inkl. serveringsbedrifter og drikkevatn, og overvakingsprogram rundt zoonosar.

Kjønnsmessig balanse- og at mangfaldet i samfunnet blir spegla blant dei tilsette

Likestillingslova, diskrimineringslova, diskriminerings- og tilgjengelegheitslova og arbeidsmiljølova inneheld krav til offentlege styresmakter og verksemdar om å gjere greie for likestilling i verksemda.

Rapporteringa skjer i tråd med rettleiaren til Fornyings-, administrasjons og kyrkjedepartementet for likestillingsutgreiinga til verksemdene etter aktivitets- og rapporteringsplikta og er basert på Statens Sentrale Tenestemannsregister sin database per 01.10. Sjå også omtale av likestilling m.v. i årsrapportane til verksemdene.

Landbruks- og matdepartementet

Landbruks- og matdepartementet har ei relativt jamn kjønnsfordeling. Kvinnene utgjer om lag 59 pst. av arbeidsstokken. Kvinnene utgjer eit fleirtal av dei tilsette i sakshandsamargruppa, mens menn utgjer eit lite fleirtal blant leiarane. Departementet har over lang tid hatt stor merksemd på kjønnsmessig balanse i dei ulike leiargruppene og i dei ulike stillingskategoriane.

Det er ikkje avdekkja barrierar mot likestilling i departementet, anten det gjeld kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet eller religion.

Rekruttering

Det blir teke omsyn til mangfald i stillingsannonserane til Landbruks- og matdepartementet. Kvalifiserte søkjarar med innvandrarbakgrunn og søkjarar som synleggjer at dei har nedsett funksjonsevne blir kalla inn til intervju.

Løns- og arbeidsforhold

I tillegg til å ha merksemd på god kjønnsbalanse innanfor stillingsgruppene, har departementet merksemd på lønsskilnader innanfor dei enkelte gruppene. Dette har m.a. ført med seg at kvinner har fått ein større del av potten ved dei siste lokale lønsforhandlingane. Det er viktig at permisjonsreglar og andre rettar som særleg blir nytta av kvinner ikkje fører til utilsikta forskjellsbehandling ved fordeling av arbeidsoppgåver, avansement og løn. Fleksible arbeidstidsordningar og ulike ordningar for arbeid heimefrå skal leggje til rette for fleksibilitet i ulike livsfasar for tilsette av begge kjønn ved behov.

Utvikling

Landbruks- og matdepartementet har ein open rekrutterings- og avansementpolitikk prega av formell orden, medverknad frå dei tilsette og likehandsaming. I 2011 fastla departementet eit nytt verdigrunnlag. Mellom anna med utgangspunkt i dette blei det i 2013 utarbeidd ein ny kompetansestrategi for departementet. I 2012 blei det gjeve 4 kompetansestipend, der 3 av desse gjekk til kvinner.

Avtale om Inkluderande arbeidsliv

Våren 2011 blei det inngått ny lokal avtale om Inkluderande arbeidsliv i Landbruks- og matdepartementet. Ved sida av mål om å arbeide for å styrkje nærvær og å førebyggje og redusere sjukefråværet, er det laga tiltaksplanar for å halde på arbeidstakarar som får redusert funksjonsevne og å rekruttere personar med redusert funksjonsevne. I tillegg er det laga tiltaksplanar for livsfasepolitikken til departementet og aktivitetsmål for å stimulere til at medarbeidarane i departementet står lenge i arbeidslivet. Departementet har hatt IA-praksisplass etter avtale med NAV og arbeider for å få på plass ein ny. Legemeldt sjukefråvær har gått ned for begge kjønn frå 2011 til 2012.

Mattilsynet

I Tabell 9.7 og Tabell 9.8 er det gjort greie for den faktiske tilstanden på ulike stillingsnivå for-

delt på kjønn, samt samanlikningar av løn når det gjeld kjønn. Kvinnedelen totalt i Mattilsynet er på 62,4 pst, og har auka mest i toppleinga. Gjennomsnittleg brutto løn for kvinner samanlikna med menn har auka i dei fleste stillingskategori-ane, spesielt i toppleinga og i høgare sakshandsamarstillingar.

Deltidsarbeid har auka noko blant menn og gått noko ned blant kvinner, mens delen midlertidige tilsetjingar held seg stabil for begge kjønn. Oversikter over deltaking i utviklingstiltak viser ingen indikasjon på diskriminering på bakgrunn av kjønn eller alder.

Mattilsynet har ikkje avdekt barrierar mot likestilling. Det er innarbeidd i kvalitetssystemet kva slags reglar som gjeld i samband med rekruttering m.m. Mattilsynet har som mål å vere ein arbeidsplass prega av mangfald og toleranse. Dette har blitt stadfesta i medarbeiderundersøkingar.

Sjå også årsmeldinga til Mattilsynet.

Statens landbruksforvaltning

I Statens landbruksforvaltning (SLF) sin personalpolitikk er det slått fast at SLF skal framstå som ein attraktiv arbeidsplass for alle og leggje til rette for mangfald og integrering av ulike typar menneske. SLF er ei kompetanseverksemd der medarbeidarane sitt kunnskaps- og erfaringsmangfald er styrken til verksemda. SLF har difor som målsetjing å rekruttere og halde på medarbeidarar som styrkjer mangfaldet i verksemda, og ønskjer å ha medarbeidarar og leiarar med forskjellig utdannings- og erfaringsbakgrunn, alder, ulike livsfasar, kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne og seksuell legning.

SLF har ei særleg merksemd på likestilling, livsfase og inkludering, og i enkelte tilfelle vil verkemidla vere individuell tilrettelegging av arbeidssituasjonen.

Sjå også årsmeldinga til SLF.

Statens reindriftsforvaltning

For status på likestillingsarbeidet i Statens reindriftsforvaltning, sjå årsmeldinga.

Oversikter over kjønnsbalanse og lønsfordeling

Tabellane under gjer greie for ulike indikatorar for likestillinga i Landbruks- og matdepartementet og Mattilsynet. Sjå dei respektive årsmeldingane for tilsvarande oversikter for Statens landbruksforvaltning og Statens reindriftsforvaltning.

Tabell 9.5 Stillingar og løn etter kjønn i Landbruks- og matdepartementet, per oktober 2011 og 2012

		Kjønnsbalanse		Total	Løn, kvinner i % av menn
		M %	K %		
Totalt i verksemda	2011	44.6	55.4	157	89.4
	2012	40.6	59.4	160	89.4
Toppleiing ¹	2011	50.0	50.0	8	89.2
	2012	57.2	42.8	7	90.0
Mellomleiing ²	2011	59.3	40.7	27	96.7
	2012	50.0	50.0	26	96.8
Kategori 1 ³	2011	51.7	48.3	60	72.7
	2012	42.3	57.7	78	72.4
Kategori 2 ⁴	2011	37.5	62.5	48	100.2
	2012	38.9	61.1	36	95.3
Kategori 3 ⁵	2011	7.1	92.9	14	107.2
	2012	7.7	92.3	13	105.7

¹ Departementsråd, ekspedisjonssjef

² Avdelingsdirektør, underdirektør, arkivleiar

³ Spesialrådgjevar, seniorrådgjevar

⁴ Rådgjevar, førstekonsulent

⁵ Seniorkonsulent, konsulent

Tabell 9.6 Deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeld sjukefråvær etter kjønn i Landbruks- og matdepartementet, 2010, 2011 og 2012

	Deltid		Midlertidig tilsetjing		Foreldre- permisjon		Legemeld sjukefråvær	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %	M %	K %
2011	1.4	10.3	2.9	4.6	1.4	2.3	4.7	6.8
2012	3.0	9.5	3.1	6.3	1.5	2.1	1.9	6.0

Tabell 9.7 Stillingar og løn etter kjønn i Mattilsynet per oktober 2011 og 2012

		Kjønnsbalanse			Løn, kvinner i % av menn
		M %	K %	Total	
Totalt i verksemda	2011	38.1	61.9	1376	94.4
	2012	37.6	62.4	1382	93.8
Toppleiing ¹	2011	55	45	11	100.3
	2012	46	54	13	103.1
Mellomleiing ²	2011	43	57	115	95.9
	2012	48	52	120	98.5
Kategori 1 ³	2011	45	55	575	97.4
	2012	44	56	576	98.5
Kategori 2 ⁴	2011	32	68	470	99.0
	2012	31	69	473	100.9
Kategori 3 ⁵	2011	42	58	125	98.6
	2012	40	60	126	98.1
Kategori 4 ⁶	2011	8	92	80	100.1
	2012	8	92	73	99.7

¹ Direktør, regiondirektør² Avdelingsdirektør, seksjonssjef, underdirektør, distriktssjef³ Seniorrådgjevar, seniorinspektør, spesialinspektør⁴ Rådgjevar, førsteinspektør⁵ Førstekonsulent, inspektør, seniorkonsulent⁶ Konsulent, førstesekretær, sekretær

Tabell 9.8 Deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon, og legemeld sjukefråvær etter kjønn i Mattilsynet, 2011 og 2012

	Deltid		Midlertidig tilsetjing		Foreldre- permisjon		Legemeld sjukefråvær	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %	M %	K %
2011	11,0	28,3	5.9	7.7	0,6	3,2	3.61	4.88
2012	13.6	27.4	5.2	8.1	0.4	2.2	2.97	4.84

Del IV
Særskilde tema

10 Sektorovergripande miljøpolitikk

Bevaring av mangfold og friluftsliv i naturen

Gjengroing, deling og nedbygging av kulturlandskapet er eit trugsmål mot naturmangfaldet, særleg i artsrike naturtypar som slåttemyr, slåttemark og beitelandskap. Landbruket sitt kulturlandskap og verdifulle naturverdiar skal sikrast gjennom eit aktivt landbruk, og det skal bli lagt til rette for at verkemidla i naturmangfaldloven kan verke saman med verkemidla i landbruks- og matpolitikken. Systema som er bygde opp med nasjonale og regionale miljøprogram (RMP), spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og obligatorisk miljøplan, bidreg til dette. I tillegg kjem verkemiddel knytt til *Utvalde kulturlandskap i jordbruket*, dei norske verdsarvområda, kulturminne, bevaring av landbruket sine genetiske ressursar m.v.

Klima- og miljøprogrammet blei innført i 2013, og er ei samanslåing av det tidlegare klimaprogrammet og ordninga *informasjons- og utviklings tiltak, miljø*. Klima- og miljøprogrammet omfattar klimagassutslepp, klimatilpassing og vassmiljø, samt kulturlandskap og naturmangfald, under dette genetiske ressursar.

Beiting i utmark er viktig for å vareta kulturlandskap og for mange plante-, sopp- og dyrearter. Dei ulike dyreslaga har ulik innverknad på naturmangfaldet, og det er difor behov for at både storfe, geit og sau er på beite. Det var totalt 2,2 millionar beitedyr i utmark i 2012, ein reduksjon på om lag 50 000 frå 2011. Beiteprosjektet, med formål om eit betre sauehald med mindre tap av dyr på beite, har vore gjennomført i perioden 2009–2012 og finansiert over jordbruksavtalen. Beiteprosjektet har også hatt miljømål. Prosjektet er avslutta i 2013. Prinsippet om differensiert forvaltning i rovdyrforliket frå 2011 vil påverke utmarksbeite for sau i prioriterte rovdyrområde.

I skogbruket står mellom anna arbeidet med skogbruksplanlegging, miljøregistrering i skog (MiS-prosjektet) og Landsskogtakseringa, samt FoU knytt til skogbruk og biologisk mangfald, sentralt. Årleg blir det produsert om lag 3 millionar kubikkmeter ny daud ved i dei norske skogane. Samarbeid med miljøstyresmaktene om frivillig vern og vidareutvikling av miljøstandardar i

skogbruket er to viktige tilnærmingar til å ta vare på naturmangfaldet i skogen. Norsk skogbruk er ISO 14001-sertifisert etter dei krava som blei nedfelde i *Levande Skog-standard* i 2006.

Miljøinnsatsen i skogbruket skal styrkjast. I 2012 var det skogbruksplan med miljøregistreringar på om lag 42 000 dekar. I tillegg blei det sett i gang registreringar på om lag 15 000 dekar. Med utgangspunkt i eit økonomisk drivverdig skogareal på 67 millionar dekar er dermed om lag 85 pst. kartlagt med MiS-registreringar. I mange område er det no klart for eit nytt omdrev med miljøregistreringar, og det blir arbeidd med opplegg for gjenbruk av eksisterande data.

Det har tidlegare blitt varsla at relevante skogbruks- og miljødata vil bli samla i ein årleg rapport om *berekraftig skogbruk – næring og miljø*. Den første rapporten kjem i 2013 og vil bli ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for ein berekraftig skogpolitikk framover.

Genetiske ressursar

Genetiske ressursar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for matsikkerheita i verda. Landbruks- og matdepartementet bidreg til bevaring og berekraftig bruk av dei genetiske ressursane i landbruket gjennom internasjonalt og nordisk samarbeid, kontakt med næringsaktørar og tiltak for å stimulere næring, bønder og frivillige aktørar til å ta i bruk dette mangfaldet. For å sikre tilgang av funksjonelle husdyr til klimasoner og produksjonsformer som ein har i dag, og som ein kan få i framtida, er det viktig å ta vare på stor variasjon innanfor og mellom husdyrrasar. Norsk Genressurscenter og Genressursutvalget for husdyr har vurdert dei gamle husdyrrasane i Noreg. Landbruks- og matdepartementet har også ansvaret for Svalbard Globale Frøhvelv. Der var det ved utgangen av 2012 lagra om lag 750 000 frøprøver.

Jordvern

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal. Nye tall viser ein tilbakegang i totalt jordbruksareal dei siste åra. I perioden 1999–2012 er det esti-

mert ein reduksjon i totalt jordbruksareal på om lag 4 pst. Det registrerte totalarealet var på det høgaste i 1998. Nedgangen i jordbruksareal er i all hovudsak knytt til reduksjon i open åker og hage. Eit sterkt jordvern er viktig for å oppretthalde nasjonal sjølvforsyningsgrad og for å bevare det biologiske mangfaldet. Også i klimasamheng er jordvernet sentralt sidan jorda er eit viktig karbonlager.

Omdisponering av dyrka jord etter plan- og bygningsloven og jordloven i 2012 er gått ned med 81 dekar til 6 567 dekar frå 2011 til 2012. I løpet av dei 37 åra det har vore registrert kor mykje dyrka jord som blir omdisponert, har talet aldri vore lågare.

Tala for omdisponering av dyrkbar jord har auka noko samanlikna med fjoråret, til 4 643 dekar. Dei samla tala for omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i 2012 er høgare enn året før, men lågare enn dei fire føregåande åra (2007–2010). Regjeringa sitt jordvernmål frå 2004 er følgt opp i Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks og matpolitikken*. Der seier regjeringa at eit mål om å halde omdisponeringa av dyrka jord på under 6 000 dekar gjeld.

Det totale jordbruksarealet har gått noko ned dei seinare åra, men ikkje så mykje som omdisponeringstala skulle tyde på. Årsaka til det er mellom anna nydyrking. Tala for godkjent nydyrka areal har auka jamt i fleire år, men gjorde eit ekstraordinært hopp opp til 19 680 dekar i 2010. Det er rimeleg å anta at høyringa av forslaget om endringar i forskriften om nydyrking, der det mellom anna blei foreslått eit forbod mot nydyrking av myr, kan ha bidrege til eit ekstra høgt aktivitetsnivå i 2010. Tala for 2012 viser at aktiviteten nærmar seg eit meir normalt nivå. Talet på søknader i 2012 er 653. På landsbasis blei det godkjent nydyrking av i alt 13 417 dekar. Gjennomsnittleg nydyrking pr. år sidan 2005 er 14 235 dekar.

Friluftsliv

Landbruksareala utgjer ein stor del av arealet i landet og har store verdiar knytt til natur og kulturarv. Skogen, utmarksareala, vegane og stiane i kulturlandskapet er viktige for ferdsel, friluftsliv og grønt reiseliv. Grønt reiseliv er landbruket sitt bidrag til oppfølginga av regjeringa sin reiselivsstrategi *Destinasjon Norge*. Landbruks- og matdepartementet har fleire reiselivsrelaterte satsingar.

Bevaring og bruk av kulturminne

Jordbruket sitt kulturlandskap inneheld eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø, frå gravhaugar og rydningsrøyser til bygningar, vegfar og steingjerde. Landbruket er ein viktig kulturberar gjennom vidareføring av kunnskap om tradisjonell byggeskikk, materialbruk og tradisjonell handverkskompetanse, mattradisjonar og andre kulturhistoriske verdiar. Delar av jordbruksdrifta, som for eksempel pløying, grøfing og nydyrking, kan vere eit trugsmål mot kulturminne. Dette gjeld spesielt automatisk freda kulturminne, både dei som ligg over og under bakkenivå. Landbruksbygningar representerer store bruksressursar, men også vesentlege utfordringar knytt både til å sikre og å auke bruken, å finne gode løysingar ved endringsbehov og å sikre nødvendig vedlikehald.

Eit godt samarbeid mellom kulturminnesektoren og landbrukssektoren er avgjerande for å bevare kulturminne i jordbruket. Ivaretaking av kulturminne er ei prioritering for SMIL- og RMP-midlene, og det finst eigne midlar til Utvalde kulturlandskap i jordbruket som bidreg til bevaring og bruk av kulturminne.

Landbruks- og matdepartementet sitt nasjonale program for *Landbruksbygg og kulturlandskap* er eit femårig program som blei avslutta i 2012. Programmet har hatt som mål å sikre betre utforming ved oppføring av nye store landbruksbygg og også å stimulere til ny bruk av ledige bygningar. Utviklingsprogrammet har hatt som mål å skaffe ny kunnskap, finne flaskehalsar og manglar i regelverk. Det har også vore sett på og formidla erfaringar frå utviklingsprosjekt og gode byggetiltak. I programmet har det også vore arbeidd med å utvikle metodar for å registrere kulturhistorisk viktige landbruksbygg. Erfaringane frå programmet vil bli brukt vidare i landbrukssektoren sitt arbeid med å vareta desse verdiane, i samarbeid med kulturminne- og miljøvernstyresmakter.

Reint hav og vatn og eit giftfritt samfunn

Tidligere utsleppsproblem frå gjødselslager og siloar er i stor grad løyst, og fosforbruken i landbruket er langt betre tilpassa plantenes opptak no enn tidlegare. Avrenning av næringsstoff frå jordbruksareala er framleis ei utfordring for vasskvaliteten i utsette vassdrag og kystområde. Mildare vintre med kortare frostperiodar har bidrege til å auke utfordringa knytt til avrenning.

I tråd med målet i vassforskrifta om god økologisk tilstand, arbeider landbruksforvaltninga på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå med å følgje opp

sektoransvaret, mellom anna ved å setje i verk nødvendige tiltak i landbruket. Det blir også gjort ein innsats for å kvalitetssikre kunnskapen med omsyn til effektar og kostnader av tiltak innanfor landbrukssektoren. Det er behov for å utforme eit felles system for korleis effektar av tiltaka skal dokumenterast og overvakast i vassdrag som er påverka av jordbruket. Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet har gjeve Klima og forureiningsdirektoratet, no Miljødirektoratet, og Statens landbruksforvaltning i oppdrag å komme med forslag til eit slikt system. Rapporten føreligg, og den tek for seg korleis dette blir gjort i nokre andre land.

Plantevern

Kjemiske plantevernmidde kan ha uønska effektar på helse og miljø. *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde (2010–2014)* vidarefører målsetjingane om redusert bruk og risiko ved plantevernmidde, og vektlegg mellom anna auka kunnskap om rett bruk av plantevernmidde, alternativ til kjemiske tiltak mot skadegjerarar, ei vidareføring av eit godt godkjenningssystem for plantevernmidde, samt eit differensiert avgiftssystem som stimulerer til val av preparat med lav risiko for helse og miljø.

Økologisk mat

Regjeringa har som mål at 15 pst. av produksjonen og forbruket av mat skal vere økologisk innan 2020, jf. Soria Moria-erklæringa. Satsinga på dette området skjer med utgangspunkt i Landbruks- og matdepartementet sin handlingsplan *Økonomisk, agronomisk – økologisk!* Rettleiing og kompetanseutvikling i heile verdikjeda er viktig for å styrkje økologisk produksjon. Areal i økologisk drift utgjer om lag 5 pst. av det totale jordbruksarealet i Noreg. Omsetnaden av økologiske matvarer i norsk daglegvarehandel var rekordstor i 2012. Samla for alle produktgrupper auka omsetnaden av økologiske produkt i daglegvarehandelen med 17 pst. samanlikna med 2011. Totalt blei det omsett for om lag 1,17 mrd. kroner i 2012, svarande til 1,7 pst. av totalmarknaden.

Matavfall

Det er eit mål å redusere mengda matavfall og å utnytte ressursane i avfallet betre. Landbruks- og matdepartementet samarbeider med andre offentlege styresmakter, næringsliv og organi-

sasjonar om tiltak og virkemiddel for betre dato-merking, holdningsendringar og betre utnytting av matavfall.

Eit stabilt klima og rein luft

I 2009 la regjeringa fram St. meld. nr. 39 (2008–2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen*. Meldinga synleggjer korleis landbruks- og matsektoren må tilpasse seg klimaendringar og bidra til å redusere klimagassutslepp. Regjeringa sine ambisjonar frå St. meld. nr. 39 (2008–2008) blir følgt opp vidare av Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*.

Klimagassutsleppa frå jordbruket er først og fremst metan og lystgass frå husdyrhald, gjødsling og jordarbeiding. Utsleppa frå norsk jordbruk utgjorde 8 pst. av dei samla nasjonale klimagassutsleppa i 2012 (4,47 mill. tonn CO₂-ekvivalentar). Sidan 1990 er utsleppa frå jordbruket redusert med om lag 9 pst. Landbruket gjev også positive klimabidrag, ved karbonlagring i skog og jord, mellom anna biokol, som leverandør av bioenergi, og gjennom å produsere trevirke til erstatning for mindre miljøvennlege materialar.

Optimal utnytting av husdyrgjødsel bidreg til å redusere klimagassutsleppa, reduserer behovet for handelsgjødsel og betrar vassmiljøet. Nasjonalt pilotprosjekt for meir miljøvennleg handtering av husdyrgjødsel har vore i gang sidan 2008. Ordninga omfattar 170 000 dekar i ei rekkje utvalde område, og har hatt positive resultat. Endra jordarbeiding er eit sentralt tiltak innanfor Regionale miljøprogram som både reduserer klimagassutsleppa og betrar vassmiljøet. Delen av jordbruksarealet med åker i stubb har gått noko ned det siste året. Auka merksemd mot soppsmitte i åkeren og meir målretta tiltak kan vere faktorar som forklarar denne utviklinga.

I dag er det nokre få gardsbaserte biogassanlegg i drift i Noreg. Dette tilsvarar bruk av om lag 1 pst. av gjødsla. Gjennom utviklingsprogrammet for klimatiltak, Forskingsrådets program Bionær og Renergi og Innovasjon Noregs bioenergi-program, blir det arbeidd aktivt med å utvikle løysingar for å auke biogassproduksjonen og dermed senke klimagassutsleppa frå norsk jordbruk.

Meir nedbør som følge av klimaendringar vil kunne vere til skade for avlingar og føre til økt erosjon. Med eit varmare og våtare klima vil dessutan nye sjukdommar og skadegjerarar etablere seg i Noreg. Desse vil kunne gjere stor skade i plantedyrking og påvirke skog, kulturlandskap og naturmangfald. Eit aukande problem med sjukdom og skadegjerarar kan føre til

auka bruk av plantevernmiddele som gjev uønska effekter på helse og miljø. Eit varmare klima vil truleg også kunne ha positive effekter på norsk mat- og skogproduksjon. I Noreg er det venta ein moderat temperaturauke, og kombinert med tilstrekkeleg tilgang på vatn vil det kunne gje auka produksjon. Ein føresetnad for dette er at det blir teke i bruk planter og sortar som kan utnytte auka veksttid. Høgare temperatur og lengre veksttid kan også gje grunnlag for nye og meir varmekrevjande produksjonar, som for eksempel meir haustsådd korn og matkornproduksjon i område der kort veksttid hindrar dette i dag. Lengda på dagen vil likevel avgrense mogleghetene for planteproduksjon utan bruk av kunstig lys, sjølv om ein temperaturauke opnar for ein lengre vekstsesong. Betydninga av denne avgrensinga er størst i Nord-Noreg. I område der redusert sommarnedbør ikkje gjer underskot på markvatn, vil ein lengre vekstsesong i kombinasjon med auka CO₂-innhald i lufta gje grunnlag for auka tilvekst av skog.

Skog og klima

Avverkinga i norske skogar har dei siste åra lege på rundt 40 pst. av tilveksten på om lag 15 millionar kubikkmeter, og svarar til eit netto CO₂-opptak på mellom 27 og 36 millioner tonn CO₂-ekvivalentar årleg. Bioenergi frå skogbruket er eit viktig bidrag til regjeringa sitt mål om inntil 14 TWh fornybar energi innan 2020. Auka avverking vil mellom anna krevje meir hogst av lauv og furu i område med lågare økonomisk avkastningsevne. Mykje av skogen som kan avverkast i dei næraste 40-50 åra ligg i område med manglande vegdekning og vanskelege driftsforhold. Eit lønnsomt skogbruk og satsing på bioenergi er avhengig av god infrastruktur tilpassa moderne driftsutstyr. Landbruks- og matdepartementet etablerte i 2009 ei energiflis-

ordning som er eit viktig tiltak som utfyller Innovasjon Noreg sitt bioenergiprogram.

Skog og skogforvaltning er stadig eit sentralt tema i forhandlingane om eit nytt internasjonalt klimaregime, og Landbruks- og matdepartementet deltek i den norske forhandlingsdelegasjonen til møter under klimakonvensjonen (UNFCCC). Noreg er også ein pådrivar for internasjonalt samarbeid om berekraftig skogforvaltning. Arbeidet i Forest Europe la grunnlaget for å starte forhandlingar om ein rettsleg forpliktande europeisk avtale om berekraftig skogforvaltning. Forhandlingane er no i slutfasen.

Miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar

Landbruks- og matdepartementet har i samsvar med handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar innført eit miljøleingssystem med sikte på å få ei EMAS-registrering eller ei ISO 1401 sertifisering. EMAS står for *Eco Management and Audit Scheme* og er EU sin frivillige fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon. Ordninga starta i 1993 og er eit tilbod til føretak og statlege, fylkeskommunale og kommunale etatar som ønskjer å programfeste mål for å ivareta miljøet i produksjon og tenesteyting. Gjennom EØS-avtalen kan også norske verksemder delta. Servicesenteret for departementa leiar eit arbeid med å få til ei felles registrering/sertifisering for alle departementa. Landbruks- og matdepartementet er ein organisasjon med liten påverknad på det ytre miljøet. Hovudutfordringane for departementet er knytt til anskaffingar av varer og tenester, transport og forbruk av energi og papir. Til hjelp i dette arbeidet er det utarbeidd ei miljøhandbok og ein mål- og handlingsplan. Tiltaka i handlingsplanen skal vere implementerte i løpet av 2013, og ei felles registrering/sertifisering skal vere utført hausten 2013.

11 Likestilling

Næringslivet er avhengig av nyskaping og av at ein tek i bruk mangfaldet av ressursar. Det er eit uttrykt mål i landbrukspolitikken at kvinner og menn skal ha dei same moglegheitene til å drive næringsverksemd innanfor landbruk og i tilknytte næringar.

I Meld. St. 9 (2011–2012) *Landbruks og matpolitikken* slår regjeringa fast at ho vil følgje opp både *Strategi for likestilling i landbrukssektoren* og den tverrdepartementale *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner* i det vidare arbeidet med likestilling i landbruket. Kvinner har i fleire år blitt prioriterte ved tildeling av midlar til bygdeutvikling, og kvinner har i det seinare markert seg positivt innanfor etablering av nye bygdenæringar i landbruket. Det har vore ei positiv utvikling i delen etablerartilskott og BU-midlar som går til kvinner de seinare åra. I 2012 mottok kvinner 52 pst. av bygdeutviklingsmidlane og heile 84 pst. av etablererstipenda.

Strategi for likestilling i landbrukssektoren frå 2007 ligg til grunn for næringa sitt arbeid med likestilling. Strategien har mål om 40 pst. kvinnelig representasjon både når det gjeld eigarskap, næringsutøving og deltaking i styrande organ i landbrukssektoren. Norsk Landbrukssamvirke kan vise til gode resultat når det gjeld kvinnelig representasjon i styrer.

Regjeringa sin *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner* frå 2008 er ei felles satsing frå sju departement. Målet er at vesentleg fleire kvinner skal bli entreprenørar og at delen kvinner skal vere 40 pst. innan 2013. Landbruks- og matdepartementet har bede Innovasjon Noreg arbeide for ein vekst i delen kvinner innanfor selskapets program og tenester der det er aktuelt. Innovasjon Noreg skal vidare arbeide for å auke delen kvinner i styrer og leiing for verksemdar som mottok støtte og framskaffe relevant statistikk for utviklinga innanfor aktuelle område. Ei midtvegsevaluering av handlingsplanen utarbeidd av NIFU i juni 2011, viser at departementa og verkemiddelapparatet har følgd opp planen godt.

Det har blitt løyvd midlar til fleire prosjekt som skal fremje likestilling over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett. Departementet har

støtta Noregs Bonde- og småbrukarlag sitt prosjekt *Kvinner, demokrati og deltaking* (2012–2014) over sentrale bygdeutviklingsmidlar med 1 mill. kroner. Målet med prosjektet er å auke andelen kvinner i landbruket gjennom auka medvit om kvinnebønder blant menn og kvinner innad i næringa, faglaga og forvaltninga og kva slags verkemiddel som gjev effekt på rekruttering og likestilling. Det skal stimulerast til nettverksbygging og profilering av kvinnlege førebileter.

Det er også løyvd 600 000 kroner i støtte til det nasjonale pilotprosjektet: *Likestilling og mangfold i Steinkjerlandbruket 2011–13*. Steinkjer kommune er prosjekteier av dette pilotprosjektet som vil ha nasjonal overføringsverdi. Steinkjer er for øvrig ein kjent føregangskommune på likestillingsområdet.

Kvinner eig i dag 25 pst. av alle landbrukseigendomar. Kvinner driver og eig ofte dei mindre gardsbruka. Landbruksteljinga frå 2010 viser at menn eig 80,4 pst. av jordbruksbedriftene mens 13,5 pst. er eigd av kvinner. Andre eigarformer er upersonlege og utgjer 6 pst. av jordbruksbedriftene. For skogareal er tendensen om lag den same. Menn eig 61,2 pst. av det produktive arealet, mens 17,8 pst. er eigd av kvinner og 21,1 pst. er upersonlege eigarar.

Som ein del av satsinga for å rekruttere ungdom inn i næringa, blei det sett av 4,5 mill kroner til eit treårig nasjonalt prosjekt *Velg landbruk* i jordbruksavtalen 2010. Prosjektet blir avslutta i 2014. Prosjektet skal arbeide for å styrkje rekruttering til landbruksutdanning på alle nivå. Prosjektansvar og -sekretariat er lagt til Noregs Bondelag.

Trendundersøkingar viser ein forholdsvis høg kvinnetilgjeld i næringar som Inn på tunet, gardsturisme/grønt reiseliv og økologisk drift. Det blir arbeidd med eit betre dokumentasjonsgrunnlag for utviklinga i desse næringane generelt.

Fylkeskommunane er tildelt 20 mill. kroner til arbeid med rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket. Ordninga skal tilpassast regionale utfordringar på området innan både tradisjonelt landbruk og bygdenæringar. I 2012 er tilskottsmidlane i hovudsak brukt til kompetansehevinge kurs og tiltak av kortare varigheit. Det er også tildelt midlar til tiltak med formål om å auke

rekrutteringa til næringa og til vidaregåande opplæring og vaksenopplæring innanfor landbruksfag. Det har vore fylkesovergripande samarbeid om fleire prosjekt.

Arbeidet med likestilling i reindriffta krev innsats frå fleire aktørar. Dette gjeld både frå det offentlege ved utforming av virkemiddel, frå næringa sjølv og frå næringsorganisasjonane. I 2010 var det til saman 70 kvinnelege innehavarar av siidaandelar. Dette utgjer 13 pst. av totalen på 538 siidaandelar. Kvinnene som står oppførte med rein i melding om reindrifft eig 25 pst. av det totale reintalet. Det er blitt etablert ulike ordningar for å styrkje likestillinga i reindriffta, for eksempel gjennom høgare tilskott til siidaandeler der ei kvinne står

som einaste leiar, tilskott ved avløysing ved svangerskap/fødsel, ektefelle-/sambuartillegg og innrettinga av fagbrevordninga. I tillegg er det kvart år sett av midlar til kvinneretta tiltak over reindrifftavtalen som blir forvalta av Reindrifftforvaltninga.

Avtalepartane ser det som viktig at ein framleis nyttar ulike verkemiddel for å oppnå auka likestilling i reindriffta. Sjølv om eit slikt arbeid må bli sett i eit meir langsiktig perspektiv, er det viktig at det blir arbeidd kontinuerleg med målretta tiltak. Dei øyremerka kvinneretta midlane gjev moglegheiter for eit slikt arbeid. Partane avtaler oppfølgingsiltak mellom anna med bakgrunn i rapporten *Likestilling i reindrifften*.

For omtale av likestilling i forvaltninga, sjå del 3.

12 Omtale av tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege verksemdar

Statskog SF

Utgifter til:	Kroner
Lønn, adm. dir.	1 272 000
Pensjonsutgifter	244 000
Anna godtgjersle ¹	178 000

¹ Anna godtgjersle gjeld fri bil, telefon og aviser

Staur Gård AS

Utgifter til:	Kroner
Lønn, dagleg leiar	809 827
Pensjonsutgifter	96 045
Anna godtgjersle ¹	6 563

¹ Anna godtgjersle gjeld elektronisk kommunikasjon og aviser

13 Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilte fullmakter (nettobudsjetterte verksemder)

Frå og med statsbudsjettet for 2010 har departementet presentert standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilte fullmakter (nettobudsjetterte verksemder) som departementet har ansvaret for i budsjettproposisjonen. Dette gjeld følgjande verksemder:

- Veterinærinstituttet
- Bioforsk
- Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
- Norsk institutt for skog og landskap

Hensikta med nøkkeltala er i første rekke å forbetre kontroll og innsyn frå Stortinget og regjeringa ved å presentere same type informasjon som blir gjeven for dei bruttobudsjetterte verksemdene i dei ordinære oppstillingane i statsbudsjettet og statsrekneskapen. Framstillinga er basert på kontantprinsippet for gjeldande budsjettår, samt rekneskapstala for dei tre siste åra. Nærare omtale av status for den enkelte verksemd går fram av kap. 1137, post 51.

Kort beskriving av tabellmaterialet

Tabell 1 under kvart enkelt organ gjev ei oversikt over utgifter og inntekter etter art: Formålet med tabellen er å vise verksemdas brutto utgifter og inntekter basert på kontantprinsippet og artsinndelt etter same prinsipp som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene.

Tabell 2 under kvart enkelt organ gjev ei oversikt over inntekter etter inntektskjelde: Dei fleste nettobudsjetterte verksemder har fleire inntektskjelder og formålet med tabell 2 er å gje ein oversikt over dei ulike inntektskjeldene.

Tabell 3 under kvart enkelt organ gjev ei oversikt over verksemdas kontantbeholdning per 31. desember med spesifikasjon av dei formål kontantbeholdningane skal nyttast til: Formålet med tabellane er å vise dei samla overføringane til neste budsjettår og samansetninga av overføringane.

Veterinærinstituttet

Tabell 13.1 Utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)			
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	Budsjett 2013
<i>1. Utgifter</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	207 158	208 456	224 877	219 822
Varer og tenester	118 469	147 703	152 796	118 178
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>325 627</i>	<i>356 159</i>	<i>377 673</i>	<i>338 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehold	0	0	0	0
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	25	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>25</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>325 652</i>	<i>356 159</i>	<i>377 673</i>	<i>338 000</i>
<i>2. Inntekter</i>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	165 741	192 956	212 583	152 503
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	
Refusjonar	9 575	10 001	8 231	4 555
Andre driftsinntekter	16 235	9 507	3 775	26 410
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>191 551</i>	<i>212 464</i>	<i>224 589</i>	<i>183 468</i>
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	145 663	147 320	152 417	155 960
Andre innbetalningar	0	0	0	
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>145 663</i>	<i>147 320</i>	<i>152 417</i>	<i>155 960</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Innbetalningar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	-4	18	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>-4</i>	<i>18</i>	<i>-116</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>337 210</i>	<i>359 802</i>	<i>376 890</i>	<i>339 428</i>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<i>11 558</i>	<i>3 643</i>	<i>-783</i>	<i>1 428</i>

Tabell 13.2 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kr)			
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	Budsjett 2013
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	91 033	88 897	89 802	91 522
Løyvingar frå andre departement	39 115	40 487	42 890	43 600
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	15 515	17 936	19 725	20 838
<i>Sum løyvingar</i>	<i>145 663</i>	<i>147 320</i>	<i>152 417</i>	<i>155 960</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	3 760	5 993	11 231	14 005
<i>Sum bidrag</i>	<i>3 760</i>	<i>5 993</i>	<i>11 231</i>	<i>14 005</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	73 557	94 597	96 361	76 578
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter ¹	114 230	111 892	116 881	92 885
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>187 787</i>	<i>206 489</i>	<i>213 242</i>	<i>169 463</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>337 210</i>	<i>359 802</i>	<i>376 890</i>	<i>339 428</i>

¹ «Andre inntekter» inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar

Tabell 13.3 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2010–2012

Rekneskapspost	Rekneskap (i 1 000 kr)			Endring 2011 til 2012
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjørskonto i Noregs Bank	74 150	77 793	77 012	-781
Behaldning på andre bankkonti	0			0
Andre kontantbeholdningar	10	10	8	-2
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>74 160</i>	<i>77 803</i>	<i>77 020</i>	<i>-783</i>
Avsetningar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår				
Feriepengar mv.	18 107	18 738	19 649	911
Skattetrekk og offentlege avgifter	16 846	16 805	16 851	46
Gjeld til leverandørar	5 617	9 272	1 047	-8 225
Gjeld til oppdragsgjevarar	22 472	19 267	24 279	5 011
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	86	78	5 702	5 624
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>64 128</i>	<i>64 160</i>	<i>67 527</i>	<i>3 367</i>
<i>Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	4 211	3 625	2 040	-1 585
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	1 650	4 478	2 828
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>4 211</i>	<i>5 275</i>	<i>6 518</i>	<i>1 243</i>
<i>Andre avsetningar</i>				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	738	738	408	-330
Fri verksemdskapital	6 133	7 627	2 566	-5 061
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>6 871</i>	<i>8 365</i>	<i>2 974</i>	<i>-5 391</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	-50	3	1	-2
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-50</i>	<i>3</i>	<i>1</i>	<i>-2</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>74 160</i>	<i>77 803</i>	<i>77 020</i>	<i>-783</i>

Bioforsk

Tabell 13.4 Utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)			
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	Budsjett 2013
<i>1. Utgifter</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	240 537	248 229	267 999	279 281
Varer og tenester	195 223	192 766	205 544	229 292
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>435 760</i>	<i>440 995</i>	<i>473 543</i>	<i>508 573</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehold	39 013	16 793	10 390	9 740
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>39 013</i>	<i>16 793</i>	<i>10 390</i>	<i>9 740</i>
<i>Overføringer frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	-55	0	0
Andre finansielle utgifter	7	-232	148	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>7</i>	<i>-287</i>	<i>148</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>474 780</i>	<i>457 501</i>	<i>484 081</i>	<i>518 313</i>
<i>2. Inntekter</i>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	256 506	260 553	279 060	278 253
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	0	0	6 177	6 000
Andre driftsinntekter	3 366	21 755	17 992	42 539
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>259 872</i>	<i>282 308</i>	<i>303 229</i>	<i>326 792</i>
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	173 703	175 031	173 285	176 811
Andre innbetalningar	4 969	9 431	6 028	5 000
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>178 672</i>	<i>184 462</i>	<i>179 313</i>	<i>181 811</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Innbetalningar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	0	0	0	104
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>104</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>438 544</i>	<i>466 770</i>	<i>482 542</i>	<i>508 707</i>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<i>-36 236</i>	<i>9 269</i>	<i>-1 539</i>	<i>-9 606</i>

Tabell 13.5 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kr)			
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	Budsjett 2013
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	87 681	86 617	79 786	83 568
Løyvingar frå andre departement	810	840	840	840
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	113 046	119 334	144 865	149 799
<i>Sum løyvingar</i>	<i>201 537</i>	<i>206 792</i>	<i>225 491</i>	<i>234 207</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	24 687	22 159	22 525	21 500
<i>Sum bidrag</i>	<i>24 687</i>	<i>22 159</i>	<i>22 525</i>	<i>21 500</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	62 870	76 212	76 000	78 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	25 850	23 994	24 177	27 000
Oppdrag frå private	117 450	120 165	120 568	137 000
Andre inntekter	6 150	17 448	13 781	11 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>212 320</i>	<i>120 165</i>	<i>234 526</i>	<i>253 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>438 544</i>	<i>466 770</i>	<i>482 542</i>	<i>508 707</i>

Tabell 13.6 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2010–2012

Rekneskapspost	Rekneskap (i 1 000 kr)			Endring 2011 til 2012
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjørskonto i Noregs Bank	106 257	109 195	99 028	-10 167
Behaldning på andre bankkonti	-4 566	1 765	10 378	-8 613
Andre kontantbeholdningar	0	0	15	15
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>101 691</i>	<i>110 960</i>	<i>109 421</i>	<i>-1 539</i>
Avsetningar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår				
Feriepengar mv.	20 423	21 388	22 383	995
Skattetrekk og offentlege avgifter	3 394	11 222	15 640	4 418
Gjeld til leverandørar	34 760	46 798	34 644	-12 154
Gjeld til oppdragsgjevarar	0	0	10 337	10 337
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	0	0	7 216	7 216
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>58 577</i>	<i>79 408</i>	<i>90 220</i>	<i>10 812</i>
<i>Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	13 806	11 161	12 689	1 528
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	17 901	8 997	8 710	-287
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	1 042	1 042
Andre avsetningar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	510	510	0	-510
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>32 217</i>	<i>20 668</i>	<i>22 441</i>	<i>1 173</i>
<i>Andre avsetningar</i>				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	0	-2 495	-2 495
Fri verksemdskapital	10 884	10 884	-745	-11 629
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>10 884</i>	<i>10 884</i>	<i>-3 240</i>	<i>-14 124</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	13	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>57</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>101 691</i>	<i>110 960</i>	<i>109 421</i>	<i>-1 539</i>

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)

Tabell 13.7 Utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	Rekneskap (i 1 000 kr)			
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	Budsjett 2013
<i>1. Utgifter</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	41 849	42 947	43 164	49 500
Varer og tenester	11 332	10 028	10 892	11 750
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>53 181</i>	<i>52 975</i>	<i>54 056</i>	<i>61 250</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehold	0	158	143	0
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>158</i>	<i>143</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer frå verksemda</i>				
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalinger	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	3	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>3</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>53 184</i>	<i>53 133</i>	<i>54 199</i>	<i>61 250</i>
<i>2. Inntekter</i>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	15 876	17 648	13 316	25 890
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	1 202	1 372	835	0
Andre driftsinntekter	0	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>17 078</i>	<i>19 020</i>	<i>14 151</i>	<i>25 890</i>
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	34 889	35 628	43 126	36 016
Andre innbetalinger	0	0	0	0
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>34 889</i>	<i>35 628</i>	<i>43 126</i>	<i>36 016</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Innbetalinger ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>51 967</i>	<i>54 648</i>	<i>57 277</i>	<i>61 906</i>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<i>-1 217</i>	<i>1 515</i>	<i>-3 221</i>	<i>656</i>

Tabell 13.8 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kr)			
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	Budsjett 2013
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	23 481	23 142	23 142	23 906
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	11 408	12 486	11 842	12 110
<i>Sum løyvingar</i>	<i>34 889</i>	<i>35 628</i>	<i>34 984</i>	<i>36 016</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	11 864	12 072	15 658	16 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	88	330	1 700	1 750
Oppdrag frå private	3 132	5 082	3 800	6 000
Andre inntekter	1 944	1 536	1 135	2 140
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>17 078</i>	<i>19 020</i>	<i>22 293</i>	<i>25 890</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>51 967</i>	<i>54 648</i>	<i>57 277</i>	<i>61 906</i>

Tabell 13.9 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2010–2012

Rekneskapspost	Rekneskap (i 1 000 kr)			Endring 2011 til 2012
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjørskonto i Noregs Bank	21 696	23 211	19 900	-3 221
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>21 696</i>	<i>23 211</i>	<i>19 989</i>	<i>-3 221</i>
Avsetningar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår				
Feriepengar mv.	4 891	4 846	5 098	252
Skattetrekk og offentlege avgifter	2 734	3 316	3 372	56
Gjeld til leverandørar	1 131	655	2 426	1 771
Gjeld til oppdragsgjeverar	-1 580	1 709	-918	-2 627
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	-1 235	-3 498	-6 590	-3 092
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>5 941</i>	<i>7 028</i>	<i>3 388</i>	<i>-3 640</i>
<i>Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	0	0	0	0
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Andre avsetningar</i>				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	0	0	0
Fri verksemdskapital	14 412	15 122	15 823	701
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>14 412</i>	<i>15 122</i>	<i>15 823</i>	<i>701</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	1 344	1 061	778	-282
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>1 344</i>	<i>1 061</i>	<i>778</i>	<i>-282</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>21 697</i>	<i>23 211</i>	<i>19 989</i>	<i>-3 221</i>

Norsk institutt for skog og landskap

Tabell 13.10 Utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)			
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	Budsjett 2013
<i>1. Utgifter</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	134 958	138 110	144 745	153 900
Varer og tenester	55 264	53 559	54 489	56 200
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>190 222</i>	<i>191 669</i>	<i>199 234</i>	<i>210 100</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehold	2 887	4 938	9 347	4 000
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>2 887</i>	<i>4 938</i>	<i>9 347</i>	<i>4 000</i>
<i>Overføringer frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	8 614	2 601	7 520	8 000
Andre utbetalningar	5 373	6 760	5 806	5 300
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>13 987</i>	<i>9 361</i>	<i>13 326</i>	<i>13 300</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>207 096</i>	<i>205 968</i>	<i>221 907</i>	<i>227 400</i>
<i>2. Inntekter</i>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	41 236	26 949	10 263	10 500
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	995	981	3 244	1 000
Andre driftsinntekter	666	1 287	621	1 500
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>42 897</i>	<i>29 217</i>	<i>14 130</i>	<i>13 000</i>
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	252	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>252</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	177 241	184 079	200 939	208 200
Andre innbetalningar	5 459	11 093	11 267	10 500
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>182 700</i>	<i>195 172</i>	<i>212 205</i>	<i>218 700</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Innbetalningar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	0	61	61	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>0</i>	<i>61</i>	<i>61</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>225 597</i>	<i>224 450</i>	<i>226 587</i>	<i>231 700</i>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<i>18 501</i>	<i>18 482</i>	<i>4 680</i>	<i>4 300</i>

Tabell 13.11 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kr)			
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	Budsjett 2013
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	113 170	132 868	113 914	118 582
Løyvingar frå andre departement	400	400	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	25 631	10 057	24 576	24 618
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	38 039	40 754	62 449	65 000
<i>Sum løyvingar</i>	<i>177 240</i>	<i>184 079</i>	<i>200 939</i>	<i>208 200</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	1 546	2 487	4 000
Bidrag frå private	0	4 816	5 012	3 000
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	5 449	4 731	3 768	3 500
<i>Sum bidrag</i>	<i>5 449</i>	<i>11 093</i>	<i>11 267</i>	<i>10 500</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemdar	26 652	20 438	6 800	7 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemdar	38	528	683	1 000
Oppdrag frå private	10 622	6 224	1 320	2 500
Andre inntekter ¹	5 596	2 088	5 579	2 500
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>42 908</i>	<i>29 278</i>	<i>14 382</i>	<i>13 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>225 597</i>	<i>224 450</i>	<i>226 588</i>	<i>231 700</i>

¹ Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar

Tabell 13.12 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetningar i perioden 2010–2012

Rekneskapspost	Rekneskap (i 1 000 kr)			Endring 2011 til 2012
	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjørskonto i Noregs Bank	66 593	88 669	93 374	4 705
Behaldning på andre bankkonti	3 623	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	29	4	-25
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>70 216</i>	<i>88 698</i>	<i>93 378</i>	<i>4 680</i>
Avsetningar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår ¹				
Feriepengar mv.	11 442	11 547	11 768	221
Skattetrekk og offentlege avgifter	9 406	10 281	10 948	667
Gjeld til leverandørar	9 335	11 548	9 243	-2 305
Gjeld til oppdragsgjevarar	0	0	0	0
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	0	2 795	1 248	-1 547
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>30 183</i>	<i>36 171</i>	<i>33 207</i>	<i>-2 964</i>
<i>Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	5 353	3 719	7 019	3 300
Større påbegynte, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	19 990	19 529	21 477	1 948
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	10 804	9 261	10 637	1 376
Andre avsetningar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	13 741	14 389	18 226	3 837
Konkrete påbegynte, ikkje fullførte prosjekt finansiert av -løyvingar frå andre departement	0	0	5 865	5 865
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>49 888</i>	<i>46 898</i>	<i>63 224</i>	<i>16 326</i>
<i>Andre avsetningar</i>				
Avsetningar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	2 000	5 283	2 356	-2 927
Fri verksemdskapital	-11 855	346	-5 409	-5 755
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>-9 855</i>	<i>5 629</i>	<i>-3 053</i>	<i>-8 682</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>70 216</i>	<i>88 698</i>	<i>93 378</i>	<i>4 680</i>

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2013–2014) om statsbudsjettet for år 2014 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Landbruks- og matdepartementet blir i Prop. 1 S (2013–2014) statsbudsjettet for budsjettåret 2014 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 1100–1161, 4100–4162, 5576, 5651 og 5652

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.				
1100	Landbruks- og matdepartementet			
	01 Driftsutgifter		146 277 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		1 069 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>		2 926 000	
	50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter		272 000	150 544 000
	Sum Administrasjon m.m.			150 544 000
Matpolitikk				
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet			
	50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet		87 998 000	
	51 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Bioforsk		62 823 000	
	52 Støtte til fagsentra, Bioforsk		17 873 000	168 694 000
1115	Mattilsynet			
	01 Driftsutgifter		1 227 673 000	
	22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser		12 600 000	
	71 Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>		4 200 000	1 244 473 000
	Sum Matpolitikk			1 413 167 000
Forsking og innovasjon				
1137	Forsking og innovasjon			
	50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd		255 951 000	
	51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd		187 774 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	53	Omstillingsmidlar instituttsektoren m.v.	4 379 000	448 104 000
		Sum Forsking og innovasjon		448 104 000
		Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		
1138		Støtte til organisasjonar m.m.		
	70	Støtte til organisasjonar, <i>kan overførast</i>	25 603 000	
	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	4 037 000	29 640 000
1139		Genressursar, miljø- og ressursregistreringar		
	70	Tilskott til miljø- og ressurstiltak, <i>kan overførast</i>	17 898 000	
	71	Tilskott til genressursforvaltning, <i>kan overførast</i>	22 027 000	39 925 000
1141		Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringsstiltak i landbruket		
	50	Næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse	24 743 000	
	52	Kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling om arealressursar, skog og landskap	101 888 000	126 631 000
1143		Statens landbruksforvaltning		
	01	Driftsutgifter	185 880 000	
	60	Tilskott til veterinærdekning	134 449 000	
	70	Tilskott til beredskap i kornsektoren, <i>kan overførast</i>	5 386 000	
	72	Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	302 000	
	73	Tilskott til erstatningar m.m. ved tiltak mot dyre- og plantesjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	45 610 000	
	75	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagd beitenekt	1 000 000	372 627 000
1144		Regionale og lokale tiltak i landbruket		
	77	Regionale og lokale tiltak i landbruket, <i>kan overførast</i>	7 048 000	7 048 000
1147		Statens reindriftsforvaltning		
	01	Driftsutgifter	44 840 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	7 289 000	
	70	Tilskott til fjellstover	750 000	
	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	9 520 000	
	82	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i>	2 500 000	64 899 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
1148	Naturskade – erstatningar			
	71 Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>		185 700 000	185 700 000
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket			
	51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket		3 497 000	
	71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>		23 866 000	
	72 Tilskott til auka bruk av tre, <i>kan overførast</i>		28 980 000	
	73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>		43 470 000	
	74 Tiltak for industriell bruk av trevirke, <i>kan overførast</i>		5 000 000	104 813 000
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.			
	01 Driftsutgifter		2 500 000	
	50 Fondsavsetningar		1 190 653 000	
	70 Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>		290 800 000	
	71 Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i>		72 000 000	
	73 Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>		2 539 550 000	
	74 Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>		8 442 400 000	
	77 Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>		275 790 000	
	78 Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>		1 601 754 000	14 415 447 000
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen			
	51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet		33 100 000	
	72 Tilskott til organisasjonsarbeid		6 100 000	
	75 Kostnadsenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>		67 700 000	
	79 Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>		2 600 000	109 500 000
1161	Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn			
	70 Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver		13 549 000	
	75 Tilskott til oppsyn i statsalmenningar		9 939 000	23 488 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak			15 479 718 000
	Sum departementets utgifter			17 491 533 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.				
4100	Landbruks- og matdepartementet			
	01 Refusjonar m.m.		110 000	110 000
	Sum Administrasjon m.m.			110 000
Matpolitikk				
4112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet			
	30 Husleige, Bioforsk		19 180 000	19 180 000
4115	Mattilsynet			
	01 Gebyr m.m.		109 993 000	
	02 Driftsinntekter og refusjonar mv.		5 369 000	115 362 000
	Sum Matpolitikk			134 542 000
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak				
4143	Statens landbruksforvaltning			
	01 Driftsinntekter m.m.		38 625 000	38 625 000
4147	Statens reindriftsforvaltning			
	01 Refusjonar m.m.		39 000	39 000
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.			
	85 Marknadsordninga for korn		59 520 000	59 520 000
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap			
	90 Avdrag på lån		50 000 000	50 000 000
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet			
	71 Totalisatoravgift		125 000 000	125 000 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak			273 184 000
Forretningsdrift				
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet			
	85 Utbytte		5 000 000	5 000 000
5652	Statskog SF – renter og utbytte			
	80 Renter		4 700 000	
	85 Utbytte		121 000 000	125 700 000
	Sum Forretningsdrift			130 700 000
Sum departementets inntekter				538 536 000

II

Meirinnteksfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2014 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1100 post 01	kap. 4100 post 01
kap. 1115 post 01	kap. 4115 post 02
kap. 1143 post 01	kap. 4143 post 01
kap. 1147 post 01	kap. 4147 post 01

2. overskride løyvinga under kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald, med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom. Unytta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av overførbart beløp under løyvinga.

III

Forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2014 kan overskride løyvinga under kap. 1147 Statens reindriftsforvaltning, post 01 Driftsutgifter, med inntil 0,5 mill. kroner i samanheng med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gjevne løyvingar

IV

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2014 kan gje tilsegn om tilskott utover gjevne løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar	91,9 mill. kroner

Andre fullmakter

V

Sal av fast eigedom

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2014 kan

- a. selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil 16 mill. kroner.
- b. selje eigedom på Kjeller i Skedsmo kommune og nytte salsinntekter til å dekkje utgifter knytt til eigedommen.

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2013

